


# Avvik og identitet

---

Ei analyse av diskursar  
kring den kriminelle  
innan fengselsinstitusjon,  
politikk og media



**Malin S. Hauge**

---

Hovudfagsoppgåve i administrasjon- og organisasjonsvitenskap  
Universitetet i Bergen  
våren 2002

## Forord

Det er mange som har vore med på denne turen frå ikkje heilt å vite kvar vegen skulle bringe meg hen, til no straks å vere framme ved endestoppet – og som definitivt skal takkast for det:

Oppgåva har tatt form gjennom nokre ned- men flest oppturar. At prosessen for meg har vore så givande og ikkje minst motiverande vil eg først og fremst takke mine to rettleiarar Thorvald Sirnes og Jill M. Loga for. Tusen takk for imponerende fagleg innsikt samtidig med optimisme og engasjement i forhold til prosjektet mitt! Dette har gitt meg ein "driv" og ei stadig lyst til å lære, som har gjort hovudfagsprosessen både kunnskapsrik og spennande. Ikkje minst har kombinasjonen av solid erfaring og konkret og detaljert rettleiing gjort at de har utfylt kvarandre på ein for meg privilegert måte.

Takk også til alle som i ei eller anna form har vore bidragsytarar til oppgåva, særleg de som har stilt opp til intervju.

Det har vore godt å hatt plass på lille PC-stue; takk til alle der for å ha gjort dagane trivelege og sosiale, og for glimrande avkopling i "kake-kroken". Særleg skal Liv-Inga og Kristin takkast for både humør og oppmuntring frå sidelinja, som utvilsamt har gjort det lettare å takle innspurten. Ei spesiell takk til Solveig, blant anna for å ha lært meg å sette ting i perspektiv (som ikkje handlar om faglege perspektiv...), og til Siri for ei særeigen forståing for oppgåva si tilbliving.

Familie både heime og her i Bergen har heile tida gjort det mulig for meg å hugse på at det er fleire ting enn studiar som har vore viktige. Gamle og nye medarbeidarar på Den Stundesløse har også gjort studietida til noko meir, gjennom at eg har fått være del av eit unikt arbeidsmiljø. For oppmuntring og oppretthalding av kaféliv og anna sosialt utanom studiane skal særleg Magnhild, Hanne Grete og Veronica rettast ei stor takk. Og elles medstudentar og andre som utan å ha blitt nemnt her, likevel har betydd masse for meg heile vegen.

Likevel kan eg ikkje få uttrykt nok den takka - men mest av alt beundringa - som går til deg Anders. Du har alltid tru på meg, og har vist ei imponerende tålmodigheit i innspurten. Men no er eg straks ved denne turens endestopp – og der er jo du for å hente meg!

Malin S. Hauge

Bergen, 22.mai 2002

<b>1.0 Tema og problemstilling</b> .....	<b>1</b>
<b>1.1 Innleiing</b> .....	<b>1</b>
<b>1.2 Studien si tilnærming</b> .....	<b>2</b>
<b>1.3 Empirisk datagrunnlag</b> .....	<b>5</b>
1.3.1 Fængselsinstitusjon .....	6
1.3.2 Den politiske arena.....	7
1.3.3 Media.....	8
<b>1.4 Forholdet mellom teori og empiri</b> .....	<b>10</b>
<b>1.5 Struktur og innhald for studien</b> .....	<b>12</b>
<b>2.0 Teoretisk rammeverk</b> .....	<b>14</b>
<b>2.1 Innleiing</b> .....	<b>14</b>
<b>2.2 Normalisering og disiplinering. Michel Foucault</b> .....	<b>15</b>
2.2.1 Grunnlagsteoretisk plassering av Foucault .....	16
2.2.2 Diskursomgrepet, diskursanalyse og ”diskursteori” .....	18
2.2.3 Foucault om makt, kunnskap og sanning.....	20
2.2.4 Arkeologi og genealogi .....	23
2.2.5 Den gale og den kriminelle – om menneskets ”natur”.....	24
2.2.5.1 Frå innesperring til asyl.....	25
2.2.5.2 Disiplin og straff.....	26
<b>2.3 Ulrich Beck og risikosamfunnet</b> .....	<b>31</b>
2.3.1 Refleksiv modernisering .....	32
2.3.2 Tillitsomgrepet .....	32
2.3.3 Politikk og subpolitikk .....	33
<b>2.4 Oppsummering og avsluttande vurdering av teoriane sitt bidrag til analysen</b> .....	<b>34</b>
<b>3.0 Den kriminelle i ein historisk og kulturell kontekst</b> .....	<b>36</b>
<b>3.1 Innleiing</b> .....	<b>36</b>
<b>3.2 Historisk og moderne identitet</b> .....	<b>37</b>
3.2.1 Kriminalitetens natur og kultur .....	37
<b>3.3 Del I: Strategiar overfor den kriminelle i tidsrommet 1650-1870</b> .....	<b>39</b>
3.3.1 Staten sitt valdsmonopol .....	39
3.3.2 Innesperringshusa på 1600-talet.....	40
3.3.2.1 Moglege årsaker til innesperringa .....	41
3.3.3 1700-talet og tukthusa .....	42
3.3.4 Opplysningstid og klassisisme .....	43
3.3.4.1 Reformvilje.....	44
3.3.5 Klassisismen – handlinga er i fokus.....	45
<b>3.4 Del II: Individuell behandling – ein ny strategi</b> .....	<b>46</b>
3.4.1 Frå handling til person.....	46
3.4.2 Legevitskapen si betydning i denne perioden .....	47
3.4.3 Den humane og effektive straff.....	48
3.4.4 Behandlingstanken vik for allmennprevensjon.....	49
3.4.5 Behandlingsoptimisme - igjen?.....	51
<b>3.5 Oppsummerande vurderingar</b> .....	<b>52</b>
<b>4.0 Fængselsinstitusjonen og den kriminelle</b> .....	<b>55</b>
<b>4.1 Innleiing</b> .....	<b>55</b>
<b>4.2 Kriminalomsorga</b> .....	<b>56</b>

4.2.1 Fængselsvesen.....	57
4.2.2 Organisatorisk struktur.....	58
<b>4.3 Ny Start .....</b>	<b>61</b>
4.3.1 Kognitiv psykologi.....	62
4.3.2 Vegen frå Canada til Noreg.....	65
4.3.2.1 Teoretisk grunnlag for programmet .....	68
<b>4.4 Behandlingstanken og Ny Start .....</b>	<b>69</b>
4.4.1 Mediemerksemd .....	70
<b>4.5 Kommersialisering .....</b>	<b>71</b>
<b>4.6 Tilbakefallsproblematikken .....</b>	<b>73</b>
<b>4.7 Ressursar.....</b>	<b>75</b>
4.7.1 Økonomiske ressursar .....	75
4.7.2 Individuelle ressursar – kunnskap og kompetanse.....	76
<b>4.8 Fokus på den enkelte kriminelle .....</b>	<b>77</b>
4.8.1 Differensiering .....	78
4.8.1.1 Utveljingskriteriar .....	79
4.8.2 Ny Start – ein rett for den innsette kriminelle?.....	81
<b>4.9 Oppsummert .....</b>	<b>82</b>
<b>5.0. Kriminalpolitiske utspel på 1990-talet .....</b>	<b>83</b>
<b>5.1. Innleiing.....</b>	<b>83</b>
<b>5.2 Tidleg 1990-tal og den kriminelle .....</b>	<b>84</b>
5.2.1 Kriminalpolitiske hovudmål.....	85
5.2.2. Eit gryande fokus mot differensiert soningsinnhald .....	86
5.2.3 Oppfølginga i Stortinget.....	87
5.2.4 Oppsummerande merknader .....	88
<b>5.3 Den kriminelle sett i eit politisk lys siste halvdel av 1990-talet .....</b>	<b>89</b>
5.3.1 Ny kriminalomsorgsmelding.....	89
5.3.2 Justiskomiteen si innstilling .....	92
5.3.3 Til debatt i Stortinget.....	94
5.3.4 Oppsummerande merknader .....	102
<b>5.4 Oppsummert .....</b>	<b>102</b>
<b>6.0 Media – meir enn ein arena for kriminalsaker.....</b>	<b>105</b>
<b>6.1 Innleiing.....</b>	<b>105</b>
<b>6.2 Austbø-saka.....</b>	<b>105</b>
<b>6.3 Sykkylven-saka .....</b>	<b>119</b>
<b>6.4 Landås-saka .....</b>	<b>125</b>
<b>6.5 Oppsummerande aspekt.....</b>	<b>140</b>
<b>7.0 Avvik og identitet. Ei analyse av diskursar kring den kriminelle innan fængselsinstitusjon, politikk og media.....</b>	<b>142</b>
<b>7.1 Innleiing.....</b>	<b>142</b>
<b>7.2. Fengelet og disiplinering .....</b>	<b>143</b>
7.2.1 ”Det enkelte individ” i fengelet .....	143
7.2.1.1 Fængsel og identitetsdanning.....	144
7.2.2 Teknikkens tale .....	145
7.2.3 Ein ny type ”sjelsteknologi”.....	148
7.2.3.1 Bekjening og normalisering .....	149
7.2.3.2 Kognisjonar som ”det sjelelege fundament” .....	151

7.2.4	Frå vitskap til politisk arena - på eit teoretisk grunnlag.....	152
<b>7.3</b>	<b>Politikkens fraksjonerte taler.....</b>	<b>152</b>
7.3.1	”Det enkelte individ” på politikken arena .....	153
7.3.1.1	Menneskeverd og humanisme .....	154
7.3.1.2	Tilbakefall og normalisering .....	155
7.3.2	Fengselsinstitusjonens innverknad på politisk arena .....	158
7.3.3	Kringliggjande verdiar om omsorg og respekt.....	160
<b>7.4</b>	<b>Den kriminelle i medietalens makt .....</b>	<b>162</b>
7.4.1	Avvikets smerter .....	163
7.4.1.1	Normalisering? .....	163
7.4.2	Normalitetens smerter .....	164
7.4.3	Grensedragingar .....	165
7.4.4	Den emosjonelle dimensjon .....	167
7.4.5	Ulike taler og verknader .....	169
7.4.5.1	Media og politikk .....	170
7.4.5.2	Media og fengselsinstitusjon.....	173
7.4.5.3	Fengselsinstitusjon og politikk.....	173
<b>7.5</b>	<b>Den farlege kriminelle - ny risiko .....</b>	<b>175</b>
7.5.1	Det gjeld oss alle – om den doble risiko .....	176
7.5.1.1	Potensielle som offer .....	177
7.5.1.2	Potensiell som kriminell.....	177
7.5.2	Mistilliten til vitskapen - ein tvitydig dimensjon .....	178
7.5.3	Politikk i lys av medietalen og angstskaping .....	180
7.5.3.1	”Det nye regimet” – ein politisk fallitt? .....	181
<b>7.6</b>	<b>Oppsummert .....</b>	<b>183</b>
<b>8.0</b>	<b>Oppsummerande og avsluttande refleksjonar .....</b>	<b>186</b>
<b>8.1</b>	<b>Innleiing.....</b>	<b>186</b>
<b>8.2</b>	<b>Tilskjeringar og grensedragingar .....</b>	<b>186</b>
<b>8.3</b>	<b>Om Foucault og Beck som tilnærmingar til ”den kriminelle”.....</b>	<b>189</b>
8.3.1	Om fengselets fiasko på det kulturelle plan - ein empirisk samanheng.....	189
8.3.2	Om teoriane sine fordelar og veikskapar - teoretiske vurderingar .....	190
<b>8.4</b>	<b>Ei uhandterleg framtid? .....</b>	<b>191</b>
<b>Litteratur- og kjeldehenvisingar: .....</b>	<b>194</b>	
<b>Bøker, tidsskrift, artiklar o.l.: .....</b>	<b>194</b>	
<b>Offentlege dokument: .....</b>	<b>200</b>	
<b>Avisartiklar:.....</b>	<b>201</b>	
<b>Internettsider:.....</b>	<b>203</b>	
<b>Intervju: .....</b>	<b>204</b>	
<b>Anna: .....</b>	<b>204</b>	

## 1.0 Tema og problemstilling

*”Våre begreper er radikalt historiske i den forstand at de definerer mulighetsfelt for hva man ”ser”. Og disse begrepene er i sin tur uløselig knyttet til en rekke praksiser og institusjoner”*

Schaanning 1997:145

### 1.1 Innleiing

Studien omhandlar omgrepet om ”den kriminelle”. Temaet skal opplyst gjennom å freiste å forstå korleis normative menneskesyn formast som diskursive danningar innan tre ulike arenaer, eller sosiale system<sup>1</sup>. Desse er avgrensa til å gjelde fengselsinstitusjon, politikk og media<sup>2</sup>.

Det empiriske inntaket for studien rettar fokus mot hendingar og aktørar på 1990-talet, med særleg vekt på siste halvdel. I dette tidsrommet blei organisering av fengselssoninga sitt innhald eit eksplisitt politisk og fengselsinstitusjonelt mål, med eit særleg fokus på programverksemd. Det kognitive påverkingsprogrammet Ny Start blei sett i verk i nokre norske fengsel vinteren 1996-97, og vil utgjere eit konkret blikk inn mot fengselsarenaen. I tillegg har media ei aktiv rolle i si dekking av kriminalsaker. Med desse aspekta etablerast det oppfatningar om kriminalitet og den kriminelle. Fokuset skal liggje på ”blikket” som vert retta mot den kriminelle, gjennom korleis ulike talemåtar og presentasjonar på dei tre arenaer kan ha ein identitetsdannande og konstituerande karakter.

Michel Foucault sin teori om samfunnet si disiplinære, produktive og normaliserande makt vil spele den sentrale rolla i denne studien knytt til den kriminelle avvikar. Det handlar om maktkampen kring ”sanninga” om den kriminelle. Hans verk handla oftast om marginaliserte og stigmatiserte grupper (eksempelvis sinnsjuke og kriminelle), og er difor aktuelle bidrag for denne studien. Vektlegginga av marginalitet gjer arbeida hans sensitive overfor utanforskap, ulikskapar og identitetsdanning. Dette trer fram gjennom ulike diskursar. Foucault vert på

---

<sup>1</sup> Omgrepa arena, sosiale system, nivå, felt etc. vert i denne studien nytta om kvarandre gjeldande fengselsinstitusjon, politikk og media. Dette utan at det ligg nokon meningsforskjell i bruken av dei.

<sup>2</sup> I røynda er ikkje skilja mellom desse absolute, då det kontinuerleg flyt meningsstraumar mellom dei som knyter dei saman på ulike måtar, og gjer at dei påverkar kvarandre gjensidig. Slike meningsstraumar og påverkingsprosessar vert eit sentralt aspekt etter kvart som studien tek form.

bakgrunn av dette nytta *metodisk*<sup>3</sup> gjeldande identifisering av ulike diskursar knytte til konstruksjonen av den kriminelle, samt *teoretisk* gjeldande disiplinen som det strategiske og tekniske verkemiddel knytt til grensedragingar mellom det normale og det avvikande.

Eit utsnitt av Ulrich Beck si forståing av *risikosamfunnet* vert nytta som teoretisk grunnlag for å forstå mediearenaen og den budskapet som der kan gjevast av kriminalitet og ”den kriminelle” som å utgjere ein ny risiko i samfunnet. Beck omhandlar sosial produksjon av risiko, der ny risiko ikkje kan kalkulerast av vitskapen – dei er opne for sosial definering. Vitskapane sitt monopol på rasjonalitet er brote, og resultatet er ei førestilling om ein tapt tryggleik og *tillit*. Media spelar ei sentral rolle knytt til den *tillit/mistillit* som rettast mot vitskap og ekspertisen sine vurderingar. Med Beck sitt bidrag aktualiserast medietalen knytt til risiko og (mis)tillit, i større grad enn ”den kriminelle” som ein konstruert kategori knytt opp til normalitet/avvik. Siktemålet med å bringe dette teoretiske bidrag inn mot slutten av analysen, er håpet om å kunne få til ei analyse av diskursane som femnar breiare ved å utvide mitt teoretiske verkty. Samtidig håpar eg at det empiriske materialet vil gje rom for å vurdere begge dei teoretiske bidraga sine styrker og veikskapar<sup>4</sup>.

## 1.2 Studien si tilnærming

Utgangspunktet for denne studien er at omgrepet om ”den kriminelle” er ein kategori som vert gjeve sitt innhald ulikt alt etter kvar ein rettar blikket. Det ligg på ei og same tid ulike og skiftande *verdigrunnlag* til grunn når det er tale om forhold knytt til den kriminelle sitt liv. Med dette føl det at *andre* arenaer og innslagsfelt kunne gjort *andre* diskursar synlege. Studien er tufta på ei forståing av samfunnet som å bestå av meir eller mindre disiplinære institusjonar, i tråd med Michel Foucault sin teori om samfunnet si disiplinære, produktive og normaliserande makt. Ved å sjå fengsel, politikk og media i eit slikt lys, gjev eg desse arenaene ein status som gjer det mogleg å identifisere den makta som er omgjeve den kriminelle gjeldande å gje den ein identitet og eit omgrepsmessig innhald. Dette gjer studien til ei analyse både av uttrykk og uttrykksformer, men òg av makt. Desse elementa vert kopla saman av aktørane sine språkhandlingar, utan at dei sjølv ser det.

---

<sup>3</sup> Det må poengterast at å knytte metodeomgrepet til Foucault kan problematiserast, då han sjølv aldri nytta termen knytt til sine eigne studiar. Eg nyttar omgrepet som uttrykk for mi foucaultinspirerte tilnærming gjeldande å avdekkje ulike diskursar i spel kring den kriminelle som ein definerbar kategori.

<sup>4</sup> Beck sitt teoribidrag har i utgangspunktet ein underordna status for studiens analysedel, då den i hovudsak fokuserar på ulike diskursar som synast å gjeve innhald til omgrepet om ”den kriminelle”. Like fullt sjåast bidraget som sentralt og relevant som eit noko annleis perspektiv som avslutningsvis kan opplyse diskursane ytterlegare.

Mitt val av fengselsinstitusjon, politikk og media som forskingsarenaer er eit resultat av ein bearbeidingsprosess som har gått seg til over tid. Eg starta ut med eit fokus retta mot den såkalla ”fornya behandlingsoptimismen” innan den norske fengselsinstitusjonen, som frå nokre hald blei hevda å blusse opp at særleg midt på 1900-talet. Knytt til dette fatta eg særleg interesse for det kognitive påverkingsprogrammet Ny Start. Kjennskapen til programmet blei etablert gjennom eit forskingsseminar<sup>5</sup>. Etter inngåande jobbing med materialet, meldte det seg eit behov for ei utviding av fokus til å omfatte eit breiare granskingsgrunnlag – korleis kjem ”den kriminelle” til uttrykk på andre felt? I tillegg til *fengselsinstitusjon* og den kriminelle, blei det av interesse å studere *media* si rolle i danninga av ulike syn på den kriminelle. Media er ein sentral aktør på dette feltet, då kriminalstoff er ein viktig del av nyhendekvardagen. Vidare blei aktørar og handlingar på det *politiske* nivå sentrale, då kriminalpolitikk er eit av dei største og viktigaste satsingsområde i dagens politiske bilede.

For å kunne seie noko om omgrepet om ”den kriminelle” og korleis det knytt til normative menneskesyn kan få ulike innhald, vil eg gjere bruk av ei diskursanalytisk tilnærming. Eit slikt perspektiv gjev meg eit omgrepsapparat som knyter saman tekst og tale og det som skjer rundt. Eg kan gjere ei analyse av diskursar som utspelar seg i rommet kring den kriminelle, der formålet er å gå utover aktive aktørar si sjølvforståing og deira tale om seg sjølv. Slik aktualiserast omgrepet *meningsrom* i min søken etter meningsstrukturar i språket, for å uttrykkje det feltet kvar aktørar hentar si meining til omgrepet om den kriminelle. Tekst og tale har eit *meningspotensiale*, og eg legg vekt på at meining i ein tekst ikkje nødvendigvis ligg i sjølve teksten, slik den står skriven svart på kvitt – eller i ytringar slik dei beint ut står fram. Å ta stilling til dette er berre det fyrste steget i denne diskursanalysen, for siktemålet er ikkje berre å gjengje og beskrive utsegn og uttrykk: ”*Analysen må visa korleis dei blir produsert, og kva det er som styrer oppfatninga av kommunikasjonen, t.d. kva for kategoriar som blir brukt*” (Sirnes 1999:31). Eg reknar med at nokre meiningar og fortolkingar knytt til den kriminelle vil stå sterkare som ”riktige” og ”sanne” enn andre. Kvifor noko får hegemoni som å vere sant og normalt framfor noko anna, kan ved hjelp av ein diskursanalytisk innfallsvinkel synast gjennom ein *dekonstruksjon* av språket sanningane kjem fram gjennom.

---

<sup>5</sup>”Fengselsseminaret” fann stad våren 2000, og var under leiing av Jan Froestad og Bodil Ravneberg ved Institutt for administrasjon- og organisasjonsvitskap ved Universitetet i Bergen. Eg ser seminaret som sjølv inspirasjonsgrunnlaget for studien. Når dette er sagt, er det imidlertid Verdipolitikkseminaret ved same institutt, i regi av Thorvald Sirnes og Jill Loga, som har vore det sentrale diskusjonsforum for teoretiske og empiriske bidrag gjennom studien sin gang.



Dette gjev rom for å ta opp til vurdering at det ikkje er sjølvsagt kva som definerar og konstituerar den kriminelle, og bringar fram spørsmål som: Kvifor er ei forståing og oppfatning av 'den kriminelle' som meir hegemonisk enn ei annan? Korleis skjer det og kven er aktørar i eit slikt spel?

Studien har vidare ein plass innan ein større debatt gjeldande *normalitet* og *avvik*<sup>6</sup>. Sosiale avvik kan tolkast og møtast på ulike måtar, der ulike normer, verdiar og moralske vurderingar kan leggjast til grunn – den kriminelle kan sjåast som eit slikt sosialt avvik. Sirnes (1999) talar om ein diskurs som er styrt av omgrepsmotsetnaden normalitet/avvik, som historisk har sett normalitet som det attråverdige. Det "normale" må vernast mot det irregulære, og ein har vore oppteken av kva vilkåra er for eit sosialmoralsk fellesskap<sup>7</sup>. Knytt til denne studien vert det sentrale å studere korleis den fengselsinstitusjonelle, den politiske arena og mediearenaen står i relasjon til denne dikotomien normalitet/avvik. På kva måte er posisjonen og eksistensen til den kriminelle avgrensa og definert om ein legg denne dikotomien til grunn for vurdering innan desse systema? Med siktemål om at det sosiale livet i samfunnet skal fungere vert det innan ulike sosiale system debattert og vedtatt i forhold til ei oppfatning av kva som er normalt og kva som er avvikande. Det vert inkludert og ekskludert, slept fritt og sperra inne. Det som fell *utanfor* samfunnet vil kunne seie noko om det underliggjande nivået av maktstrukturar som resulterer i at noko vert definert *ut* av det normale. Det er i tråd med eit slikt syn på normalitet/avvik diskursen at denne studien av det kriminelle avvik òg kan vere eit inntak til det normale.

I fyrste omgong vert tilnærminga mi å presentere tre forteljingar knytt til den kriminelle i ei språkdrakt som dei aktive aktørane på arenaene kan kjenne seg att i. Imidlertid er forteljingane konstruerte gjennom kva som er samla inn av data og kva som er lagt vekt på som å vere av betydning i dei forteljingane som vert fortalte. Men konstruksjonen er freista minimert gjennom å leggje vekt på å sitere aktørane mest mogleg. Sjølv om desse empiriske talene vert presenterte *kvar for seg*, er ikkje tanken å avgrense desse som univers av idear,

---

<sup>6</sup> Sjø Thorvald Sirnes: "Alt som er fast, fordampar?" i *Normalitet og identitetsmakt i Norge* (1999), der dikotomien *normalitet/avvik* vert utførleg omhandla.

<sup>7</sup> Vidare hevdar Sirnes at denne diskursen kanskje kan kallast ein utreinskings-, segregerings- og beskyttelsesdiskurs. Men dei siste tiåra er det mykje som tydar på at avviket har fått ein positiv verdi. Dette skjer i følgje Sirnes (1999) når avvikargrupper støyter saman med medisin og psykiatri. Både profesjonar og avvikargrupper høyrer i dette tilfellet til same diskursen, og er i stand til å slåss om definisjonar og målsetjingar. Likevel har ikkje desse initiativa frå avvikarane nådd fram til det sentralpolitiske nivå, sosialdemokratiet har ikkje teke inn over seg klagemåla om at dei har drive normaliseringspolitikk (Sirnes 1999:35).

konstituseringar og praksisar som utgjer sjølvstendige, lukka system. Eit siktemål ved min bruk av ei diskursiv tilnærming er å freiste bryte opp i og problematisere ei slik tradisjonell grensedraging på institusjonsnivå.

På bakgrunn av Foucault si vektlegging av kontekstuelle og historiske tilfeldigeitar for diskursproduksjon, er eit siktemål å identifisere korleis talen om den kriminelle på eit diskursivt nivå ikkje er "fast" i den enkelte disiplin/arena/institusjon, men "flyt" og kan gå på tvers av tradisjonelle grensedragingar. Studien si eiga tilnærming hentar sin inspirasjon i Foucault sine arkeologisk/genealogiske metodiske grep. Inspirert av Nietzsche og hans genealogiomgrep gjorde Foucault sine eigne genealogiske studiar. Ei slik tilnærming har siktemål om å gjere reie for konstitusjonen av både vitskapar, diskursar og objektområde. Slik utgjer tilnærminga ei opphavsanalyse til ulike diskursar, der både utsegn, praksisar, institusjonar og vitensdisiplinar gjev form til diskursane. Vidare viser det arkeologiske omgrep hen til moglegheitsbetingingar for viten og kunnskap, og kan såleis nemnast med omgrepet "vitensarkeologi". Det sentrale er at diskursar bestemmast av sine ytre moglegheitsbetingingar. Desse dannar "arketypar" – som kan identifiserast i ulike språkhandlingar. Ved å tilnærme meg omgrepet om den kriminelle på bakgrunn av arkeologi og genealogi som metodiske grep, kan eg problematisere meningsstrukturar sin tilkomst. Eg kan spore korleis tenkinga som finn stad på dei ulike arenaene er fundamentert i visse grunnleggjande føresetnadar, og som kan syne seg i argumentasjon, tale og budskap knytt til ulike praksisar. Dette er føresetnadar som kan sjåast som historiske hendingar som kan produsere ulike verknadar. Studien vil på bakgrunn av ei slik foucaultinspirert tilnærming vonleg kunne fange opp meir underliggjande maktrelasjonar som er tause, men aktive, for meningsdanninga kring den kriminelle avvikar. Den makta det er tale om i eit diskursivt prosjekt er diffus og samansett og kan ikkje påvisast enten hos aktive aktørar eller i dei aktuelle institusjonar då den er overalt i sosiale praksisar. Eg vil på bakgrunn av dei tre empiriske forteljingar knytt til arenaene freiste få eit grep om dette tilfeldige og skjulte for å freiste forstå korleis diskursane har oppstått.

### **1.3 Empirisk datagrunnlag**

Dei utvalde arenaene vert i dette innleiingskapitlet forholdsvis kort omtala gjennom ein presentasjon av studien sitt empiriske kjeldegrunnlag, medan dei i kapittel 4.0, 5.0 og 6.0 i større grad vert gjort reie for. Desse kapitla utgjer dei empiriske utledingane knytt til

fengselsinstitusjon, politikk og media, sett i relasjon til studien sitt tema. Her vil dei ulike diskursive formasjonane tre fram - mot den endelege analysen som skal kome i studien sin tredje og siste del.

### 1.3.1 Fengselsinstitusjon

Kapittel 4.0 omhandlar den fengselsinstitusjonelle arena, meir presist norsk fengselsvesen og kriminalomsorga. Siktemålet er å freiste å utskilje ein fengselsinstitusjonell diskurs gjennom eit fokus på innhaldet i fengselsssoninga på 1990-talet. For å få eit innblikk på institusjonsnivå vert fokuset avgrensa til å omhandle det kognitive påverkingsprogrammet Ny Start. Dette vert mitt prisme for å få eit blikk inn mot den fengselsinstitusjonelle arena. Programmet, som er mynta mot gjengangerproblematikken, fungerer som eit døme eller ein praksis som eg aktivt kan studere i relasjon til normative syn på den kriminelle innan fengselsarenaen.

Ulike vitskaplege oppfatningar og vurderingar knytt opp mot programverksemd og Ny Start vert sentrale, då ulike fag gjerne baserar seg på ulike førestillingar om mennesket (Froestad 1999:86). Det er i stor grad den psykologiske vitskap som vert i fokus, då programmet tuftar på denne. Dermed vert det avgrensa mot tankar og kjensler rundt dette som den enkelte kriminelle sjølv er i eigedom av. Intervjuobjekta mine er *fagleg* forankra, og det har såleis ikkje vorte gjennomført intervju eller samtalar med verken innsette eller tilsette. Likevel kjem vurderingar frå desse partar stundom fram *gjennom* det empiriske materialet, samt frå nokre sekundære kjelder. Hovudfokuset er blitt lagt til det som skjer *i tilknytning* til fengselet og Ny Start – og normative syn på kriminelle identitet og ”natur” som det er mogleg å identifisere.

Arenaen vert opplyst gjennom eit relativt mangfaldig datamateriale. Artiklar og kronikkar i aviser og ulike tidsskrift, ulike publiserte bøker, lover etc. vil fungere som datagrunnlag. Utsegn, ytringar og tale frå dette datagrunnlagt vert supplert med intervju gjort med fagpersonar som har ein fagbakgrunn innan kriminologi, pedagogikk og psykologi. Eg intervjuar våren 2001 fire fagpersonar, to med pedagogisk bakgrunn, ein psykolog og ein kriminolog. Intervjuar viste seg å ha ein informasjonsutfyllande funksjon. Slike *primærkjelder* har stor verdi i ein fortolkande strategi, då fortolkingane ikkje føreligg men skal gjerast av forskaren sjølv. Då siktemålet er å freiste å få grep om meiningsdimensjonane kring den kriminelle, for så å avdekkje formingar av diskursar i relasjon til desse, vert intervjuar ei nyttig og utfyllande informasjonskjelde. Det må presiserast at intervjuar blei gjennomførte fleire år etter iverksetjing av program generelt og Ny Start spesielt. Ei viss etterrasjonalisering, samt

uttalningar på bakgrunn av andre utspel knytt til kriminalitet og den kriminelle som kan ha kome til i mellomtida, kan slik førekome.

### 1.3.2 Den politiske arena

Det politiske nivået i kapittel 5.0 vil i stor grad omhandle det sentralpolitiske, i form av aktørar på Stortinget sine argument og vurderingar på 1990-talet. Særleg vektlagt vert siste halvdel av 1990-talet, då det er i løpet av dette tidsrommet at innhaldet i soninga og påverkingsprogramma for alvor gjer sitt eksplisitte inntog. Det er i all hovudsak frå dette hald kampen mot kriminalitet vert signalisert som å vere eit hovudsatsingsområde. Vidare er det frå dette hald det vert sett i verk tiltak, samt delegasjonar nedover i systemet i samband med vedtaka. Fokuset vil liggje der kriminalpolitikken<sup>8</sup> takast opp, debatterast og utformast.

I kapitlet om den fengselsinstitusjonelle diskurs, blir det som sagt i stor grad lagt vekt på Ny Start programmet. Det føremålstenlege med denne innfallsvinkelen er å syne korleis meir generelle vurderingar knytt til gjengangerproblematikken seint på 1990-talet har gjeve seg utslag i ulike program, deriblant programmet Ny Start. Men sjølv om Ny Start må sjåast som ein del av ein *differensiert* strategi, er det på same tid ein del av dei meir generelle kriminalpolitiske hovudmål, og må følgjeleg ikkje vurderast uavhengig av slike generelle forankringspunkt. Kapittel 5.0 vil helle i større grad mot slike kriminalpolitiske hovudmål enn kapittel 4.0. I større grad er det generelle heller enn det spesielle i fokus. Slik er ikkje fokuset gjennom forteljinga frå arenaen retta mot ein særskild type kriminell eller kriminalitet, men er derimot av ein meir generell art.

Det er i stor grad ulike offentlege publikasjonar som utgjer datagrunnlaget. Kjeldematerialet vil følgjeleg vere ulike politiske dokument i samband med den kriminalpolitiske debatt, eksempelvis NOU'ar<sup>9</sup>, meldingar, innstillingar og andre relevante publikasjonar og skriv. Hovudvekta vert imidlertid knytt til to sentrale debattar. Dette kan beskrivast som *sekundærkjelder*, i og med at det er arbeid og fortolkingar som allereie føreligg, som andre har utført på førehand. I tillegg vert sentrale ytringar frå ulike intervju med relevante politikarar fletta inn der det vert sett naturleg i forhold til tema. Våren 2001 gjennomførte eg intervju med tre sentrale politikarar på Stortinget, og desse vil verte fletta inn og kommenterte der det

---

<sup>8</sup> Kriminalpolitikk kan definerast som: "[D]en bevisste planlegging og utforming av samfunnets forholdsregler mot kriminaliteten" (Andenæs, Bratholm, Christie 1966:31). Denne definisjonen ligg til grunn for denne studien sin bruk av omgrepet.

<sup>9</sup> NOU står som forkorting for Noregs Offentlege Utreiingar.

synast naturleg. Når dette er sagt må det presiserast at det som kjem fram i intervjuet ikkje er del av den offentlege debatt, men er ei samtale i eit meir uformelt fora der den som vert intervjuet kan tale meir fritt og uavhengig. Konteksten som desse talene inngår i er ulike, eksempelvis i form av arkitektur og slike i kringliggjande faktorar. Desse er med på å forme aktørane og deira taler i ulike settingar. Såleis har ikkje intervjuet same *status* som det som kjem fram i den offentlege debatt, desse kjeldane er ikkje på same nivå.

### 1.3.3 Media

Det er mange moglege framgangsmåtar som kan nyttast i det å skulle freiste å seie noko om forholdet mellom media<sup>10</sup> og "den kriminelle". Med media siktast det i denne studien til aviser<sup>11</sup>. Kapittel 6.0 sitt fokus er knytt til det faktum at det i stor grad er skandalar og oppsiktsvekkjande enkeltsaker og enkeltlagnadar som får spalteplass i avispressa<sup>12</sup>, og at desse kan ha ein kodeks som dreg budskapet i ulike retningar. Eg har definert meg vekk frå eit stramt opplegg der eg kunne retta fokus mot den enkelte journalist og redaksjon si aktive rolle som diskursprodusentar. Mitt diskursive fokus er i større grad basert på oppfatninga av at aviser framstiller og formidlar kriminalitet og kriminalsaker i relasjon til ein type "taus kunnskap", at ein type medielogikk utspelar seg på arenaen. For det fyrste ser eg på kva budskap media gjev knytt til den kriminelle, og for det andre er eg oppteken av kva verknadar medietalen kan ha. Eksempelvis i form av kva makt arenaen diskursivt kan ha knytt til andre arenaer. I denne samanheng må det påpeikast at studien sitt opplegg gjer det mogleg å kunne gjere komparasjonar mellom arenaene gjeldande ulike diskursive formasjonar og verknader. I hovudsak vil artiklar vere av interesse, men òg kronikkar og leiarar vert omhandla. Ein artikkel består ofte av tekst og bilete<sup>13</sup>, og både teksten i artiklane og bilete vert sentrale for

---

<sup>10</sup> I studien brukast nemningane media, presse og aviser vekselvis, sjølv om media tradisjonelt er eit samlebegrep. Men i tråd med innleiande avgrensingar, er det ved bruk av omgrepet i denne studien hovudsakleg aviser det siktast til. Årsaka til variasjon mellom desse ulike nemningane er ikkje innhaldsmessig, då det vert gjort for å unngå for stor grad av gjentakning.

<sup>11</sup> 'Avis' kjem frå fransk, og tyder "meddelelse" (Mathiesen 1993:23).

<sup>12</sup> Media si omtale av kriminalitet og kampen mot kriminalitet kan karakteriserast som omfattande, i den forstand at det slåast stort opp om temaet. Kriminalstoff får ein særskild framtrødande plass og omhandling i pressa, og særleg er fokuset på valdskriminalitet stort. I artikkelen "Volden: Realitet eller mediestyrt myte?" (BT 16.01.2002) er dette eit tema, og vi kan lese at: "*Voldskriminalitet er førstesidestoff og rettssaker blir høyt profilert*". Dette ytrar overlege Knut Steen, Bergen legevakt, og professor i allmennmedisin Steinar Hunskaar, UiB. Dei leiar for øvrig forskingsprosjektet "Vold i Bergen". Artikkelen nemnast her som eit prov på media sjølve si eksplisitte stillingtaking til rolla knytt til kriminalitet og vinklingar av den kriminelle. Denne storslåtte omtala skjer både i tabloidpressa og den delen av pressa som vert sett som meir "seriøs". Men det er i størst grad dei tabloide avisene som er avhengige av overskriftene, då desse i stor grad sel avisa.

<sup>13</sup> Innan medieterminologien nyttast omgrep som tittel, ingress, illustrasjon, brødtekst og layout om det som har å gjere med framstillinga av nyhende. Dette vert imidlertid sett som meir fagspesifikke nemningar, som det ikkje er av relevans å dvele over i denne studien

denne studien. Om vi legg til grunn at kriminaltekstar i media har sin eigen logikk, er siktemålet for kapittelet å få grep om budskapet eller den implisitte logikken, samt korleis den kjem til uttrykk diskursivt.

Datagrunnlaget utgjer i overkant av 100 ulike avisartiklar relatert til tre konkrete kriminalsaker, høvesvis Sykkylven-saka, Austbø-saka og Landås-saka<sup>14</sup>. Dette er tre svært ulike saker kva gjeld både merksemd og tidsaspektet, noko som kanskje kan vere ein faktor som gjev forteljingane eit breitt grunnlag. Både når det gjeld saker som i stor grad og over lang tid har vore oppe i mediebietet, og saker med snevrare og meir kortvarig merksemd kan det peikast på visse syn på den kriminelle. Vidare er sakene vilkårleg blitt valde ut, men har ein fellesnemnar i at dei alle omhandlar kriminelle som er eller har vore psykiatriske pasientar og som har vore eller er under ein type behandlingssopplegg. Grunngevinga for denne utveljinga er at det vert sett som føremålstenleg å ha ein fellesnemnar for sakene for lettare å ha noko å knytte funna opp mot. Vidare dreiar det seg òg her om behandling av ei kriminell gruppe, på same måten som gjengangerkriminelle skal få behandling gjennom Ny Start. At eit gjennomgåande tema er behandling kan såleis gjere det lettare å halde fokus. Imidlertid er fokuset mot kriminalitetstype av forskjellig art på mediearenaen i forhold til fengselsinstitusjonen. Ny Start er særleg retta mot gjengangerkriminelle, medan medieskildringane har ein fellesnemnar i psykisk sjuke kriminelle.

I utveljinga av aviser la eg vekt på at det skulle vere både landsomfattande og lokale aviser, samt både laussalsaviser/populæraviser (tabloide aviser) og aviser som sjåast for å vere meir ”seriøse”. På bakgrunn av desse kriterium er dei utvalde avisene Aftenposten, Bergens Tidende (BT), Bergensavisen (BA), Dagbladet og Verdens Gang (VG)<sup>15</sup>. Artikkane er henta både frå papirutgåvene samt frå nett-tenestene desse avisene kan by på. Hovudkjeldene er Internett og avisene sine egne databasar, samt arkivet på Universitetsbiblioteket. Med

---

<sup>14</sup> Denne saka må ikkje forvekslast med ”Landås-saka” frå 1993-94. Dette var saka der Eva Mai Larsen, som var hjelpepleier ved Landås meinigheit sitt eldresenter på Landås i Bergen, blei sikta for 10 drap som skal ha blitt gjorde i 1993-94. Men saka blei henlagt, og Larsen fekk erstatning.

<sup>15</sup> Aviser har ulikskapar i tradisjon for innhald og nyhendedekning, samt kva strata i folket dei rettar seg mot. Slike ulikskapar er viktige for å sjå i kva grad ulike meiningsbærande aviser inngår i og nyttar ein felles diskurs om den kriminelle – eller om det kan talast om ulike diskursar. Aftenposten reknast for å vere ei seriøs avis som forventast å vere deltakar i samt arena for den offentlege debatt. Det same karakteriserer Bergens Tidende, men den har ein større regional og lokal faktor enn Aftenposten. Likevel har den landsdekkjande stoff, og kan ikkje reknast for å vere ei rein lokalavis. Over Bergensavisen kviler det eit meir ”useriøst” preg, noko som gjer at denne avisa i større grad går i retning av det som karakteriserar tabloide aviser, men på eit lokalt og regionalt plan. VG og Dagbladet representerar i denne studien slike tabloide aviser, som òg går under nemninga laussalspresse/populærpresse. I denne oppgåva vil desse nemnast som tabloide aviser.

søkeord som 'kriminalitet', 'kriminell', 'vald', 'psykiatri' og liknande leita eg meg i fyrste omgang fram til tre saker på Internett<sup>16</sup>. Det vil igjen verte gjort eit utval mellom desse avisene, etter i kva grad sakene er omtala. Heller enn å freiste gjere ei total dekking av alle artiklane i alle avisene, vert eit ansett tilstrekkeleg utval av artiklar teke med. Fokuset er i hovudsak lagt til dei 4-5 fyrste dagane etter hendingane.

#### **1.4 Forholdet mellom teori og empiri**

Metodisk ser eg det som viktig å reflektere over og klargjere min eigen forskingsmessige posisjon. Mitt val av ei diskursiv tilnærming til datamaterialet opplevast som ein fordel, då den gjev moglegheiter for ei meir heilskapleg og grundig forståing av meiningsdimensjonen. Aspekt ved normative menneskesyn knytt til den kriminelle som kanskje ikkje er synlege på overflata kan hentast opp ved eit slikt grep om materialet. Når dette er sagt, gjev ei diskursiv tilnærming rom for ulike diskursive grep. Å ha valt Foucault si diskursanalytiske tilnærming som utgangspunkt for studien er utfordrande, då han ikkje gjev meg ei metodisk tilnærming som kan følgjast i detalj. På ei anna side er slik eg kan angripe det empiriske feltet på *min* måte, men etter inspirasjon av Foucault sine studiar der han har gjort bruk av ein diskursanalytisk metode.

Eit sentralt aspekt knytt til val av teoretisk og metodisk tilnærming er at desse føresetnadane hindrar meg i å sjå forhold ved empirien som eg kunne sett om andre teoretiske og metodiske føresetnadar var blitt valde. På ei anna side vil einkvar valde tilnærming kunne sjåast som subjektiv, då det er meg sjølv som forskar som utarbeidar relasjonen mellom teori og empiri. Til saman gjev dette seg i det "blikket" som vert tillagt meiningsdanninga kring den kriminelle på arenaene. Men også eg som forskar er utsett for delvis ubevisste og styrande mekanismar. Forskingsmessig står eg innan eit sosialstrukturalistisk perspektiv og slik som ein del av det samfunnet eg studerar, delvis som involvert i og som produkt av den kulturelle praksis eg kastar lys over. Slik er det vanskeleg å stå fullstendig på "utsida" av det som studerast.

---

<sup>16</sup> Nettversjonane kan avvike frå papirutgåvene. Variasjonane kan liggje i teksten, men i større grad i det visuelle. Ofte er det slik at både bilete og feite teksttypar kan fremme eit budskap på ein annan måte enn om ein les ein "rett fram" tekst på Internett. Det blei difor naudsynt å ty til papirutgåvene for å freiste få tak på ei meir heilskapleg framstilling av kriminalitetsstoffet. I seg sjølv er det ikkje sakene som er av størst interesse, men dei normative vurderingar og haldningar som kan identifiserast i dei ulike historier som vert skildra.

Likevel vil eg i søken etter å gripe diskursane freiste å distansere meg frå forskingsobjektet mitt. Ved å prøve å stille meg ved sida av diskursane, søker eg å sjå diskursane si utside. Eg vil freiste å få grep på korleis meinings- og handlingsnivået vert produsert av noko som ligg bak intensjonar. Ein diskursiv struktur kan ein oppdage ved hjelp av systematiseringa av idear, meiningar, omgrep, måtar å tenkje og oppføre seg på: ”*En diskursanalyse går utover aktørenes selvforståelse og tale om seg selv*” (Meyer 1999:21). Når dette er sagt, kan dette i røynda og reint metodisk by på problem, då det å stille seg sjølv utanfor det ein studerar reint praktisk ikkje er lett. Med val av empirisk stoff på bakgrunn av interesse og nyfikenkap, kan det i praksis vere vanskeleg å stille seg utanfor det. Eg kan slik risikere å ikkje sjå diskursane slik dei opptrer, rett og slett fordi eg har dukka for djupt ned i eit fengande og oppslukande materiale. Om det skjer er det derimot eg som vert påverka og farga av mine kjelder, og *del av* den diskurs dei produserar. På ei anna side kan eg i ein *for* hard freistnad på å distansere meg frå kjeldene mine, risikere å få ei for tilbaketrekt rolle. Dette kan gjere meg overflatisk i forhold til diskursane, og gjere at eg mistar essensen i det som utspelar seg i materialet mitt. Ei slik kynisk handsaming av det empiriske materialet er heller ikkje å trakte etter.

Eit anna aspekt ved å skulle gripe diskursane i spel, er valet av tre store og mangfaldige arenaer som innslagsfelt for studiens tema. Felta kunne kvar for seg ha danna utgangspunkt for både ein og fleire studiar i seg sjølv, og gjev ved å studerast saman i forhold til temaet eit enormt diskursivt potensiale. Storleiken og mangfaldet gjev i utgangspunktet svært mange moglege angrepsvinklar samt diskursive danningar som ikkje nødvendigvis vil kome fram gjennom studien. Dette som ein konsekvens av både potensielle vanskar med å skulle stille seg utanfor diskursane, men òg rett og slett på grunnlag av eit for stort og mangfaldig materiale. Eg må freiste ta eit forskingsmessig grep om det *eg* ser der ute. Slik vert blikket mitt retta mot arenaene på eit meir overordna og større plan, utan å freiste gå i detalj på alle dimensjonar som kan tre fram på og mellom desse sosiale systema.

Vidare legg studien si tilnærming til rette for at data kan tolkast og analyserast gjennom innsamlingsprosessen, og såleis vert det gjort mogleg at ei veksling mellom det teoretiske og det empiriske kan skje. Imidlertid er det ikkje mogleg å skilje fullstendig mellom teori og empiri<sup>17</sup>. Og dette er særleg eit fåfengt prosjekt i ein studie av ein slik diskursanalytisk

---

<sup>17</sup> Jeffrey C. Alexander (1982) hevdar at ”[a]ll scientific development is a two-tired process, propelled as much by theoretical as by empirical arguments”, og meiner med det at det ikkje kan trekkjast eit skilje mellom det teoretiske og det empiriske som to åtskilde verder.



karakter. Dette fordi det teoretiske og metodiske er vevd tett saman på ein heilt sær eigen måte, og at det slik kan vere vanskeleg å snakke om teori slik ein tradisjonelt gjer i ei problematisering av forholdet mellom teori og empiri. Likevel må det seiast at val av mitt fokus på det kriminelle avvik og val av Foucault sitt teoretiske bidrag (hans omgrep om disiplineringsmakt, ”sanning”, kunnskap, normalitet, avvik etc.) står som eit resultat av gjensidige påverkingsprosessar. Mine teoretiske føresetnadar har gjeve opphavet til problemstillingane, på same måten som temaet har vist meg kva aspekt ved det teoretiske bidraget som det har vore sentralt å fokusere på. Vidare har bidraget vore med både ved presentasjon og analyse av det empiriske materialet. Bidraget har slik til ei viss grad influert utforminga av det empiriske materialet, men er i hovudsak kome til nytte i analysen etter innsamlinga av empirien. På same måten som valet av teoretisk rammeverk er bestemmende for kva eg ser og vektlegg, vil mine egne verdiar og erfaringar og min ståstad også vere det. Følgjeleg kan eg reint metodisk umogleg sjå meg sjølv som ein forskar med ei objektiv rolle. Det ville vore eit utopisk prosjekt.

Som eit siste moment i min refleksjon over metodiske føresetnadar og grep, må det trekkjast fram at eit val av diskursanalyse som metode gjev rom for ei problematisering av teorien som er valt. Det sær eigne ved dette valet er som sagt at Foucault sine bidrag har gjeve meg både ein teori knytt til ”sanningar” om normalitet og avvik, samt eit metodisk grep som kan avdekkje aspekt ved menneskeleg åtferd i høve til sosiale relasjonar som ikkje kunne ha vorte avdekka ved andre innfallsvinklar<sup>18</sup>. På same tid kan empirien ”slå tilbake” på teorien og gje rom for refleksjon og eventuelt sjå eit behov for andre alternative teoriar. Det er slik delar av teorien til Ulrich Beck har kome til som eit bidrag etter kvart som studien har teke form.

## **1.5 Struktur og innhald for studien**

I kapittel 1.0 presenterast tema og problemstillingar, metodisk tilnærming til empirien samt ein kortfatta introduksjon til teoretiske bidrag. Kapittel 2.0 inneheld ei vidare utgreiing om dei teoretiske rammeverka som skal nyttast i studien. I kapittel 3.0 vil bakgrunn og historikk relatert til normative menneskesyn knytt til den kriminelle identitet og ”natur” verte presentert, som eit ledd i at dagens syn på den kriminelle står i relasjon til tid og rom. Kapitlet har slik eit siktemål om å poengtere at diskursar er konsekvensar av historiske, kulturelle og kontekstuelle forhold.

---

<sup>18</sup> At Foucault sitt bidrag både er teoretisk og metodisk, vert utdjupa i kapittel 2.0 – Teoretisk innfallsvinkel, då dette er eit sentralt grep for denne studien.

Den norske fengselsinstitusjonen og den kriminelle innsette vert i fokus i kapittel 4.0. Dette vil verte sett i kontekst gjennom eit konkret døme. Det kognitive rehabiliteringsprogrammet Ny Start vil fungere som eit inntak til å freiste å identifisere og forstå diskursar knytt til den kriminelle innan fengselsinstitusjonen. Kapittel 5.0 omhandlar det politiske spelet rundt den kriminelle og kampen mot kriminalitet. I hovudsak er det sentralpolitisk nivå som vert omhandla. Utgangspunktet er at både den kriminelle lovbrytar spesielt og kriminalitet generelt er sentrale politiske tema, og at det produserast diskurs knytt til den politiske sfære. I kapittel 6.0 skal vi sjå korleis medielogikken kan bere preg av ulike syn knytt til kriminalitet og den kriminelle. Tre ulike kriminalsaker som har fått merksemd i avispressa er valde ut som eit blick inn mot diskursproduksjon på arenaen.

Kapittel 7.0 er studien sin hovudanalytiske del. Her vert empirien analysert med utgangspunkt i det teoretiske rammeverket, og i relasjon til overordna problemstillingar. Det vil vidare vere av interesse komparativt å freiste sjå eventuelle samanhengar og skilnader mellom dei tre empiriske inntaka som har vorte omhandla i dei tre føregåande kapitla. Kapittel 8.0 vert ein oppsummerande og avsluttande refleksjon på bakgrunn av analysen og dei teoretiske tilnærmingane.

## 2.0 Teoretisk rammeverk

### 2.1 Innleiing

Ein studie med hovudfokus på diskursar rundt den innsette kriminelle gjer krav på eit teoretisk rammeverk som gjer det mogleg å få eit grep om den meiningsproduksjon som gjev næring til desse diskursane. Med eit siktemål som dreiar seg om å forstå korleis ulike normative syn på den kriminelle vert utvikla, endra og oppretthaldne, må det teoretiske rammeverket kunne opne opp for dei ulike meiningsrom som ulike aktørar er ein del av. Dette kapitlet vil omhandle den teoretiske innfallsvinkelen som kan vere sentral i å gje eit forståingsgrunnlag for analysen av språklege og handlingsmessige aspekt relatert til den kriminelle som avvikar. Med eit slikt fokus føl òg oppfatningar om kva som vert sett som det normale og akseptable i eit samfunn, noko den teoretiske innfallsvinkelen gjev rom for å analysere.

Temaet ber nærast om å nytte Michel Foucault (1926-1984) sitt teoretiske bidrag knytt til disiplinering og normalisering i samfunnet. Hans tilnærming kan vere eit sentralt utgangspunkt i å skulle syne korleis ”røynda” skapast av representasjon av den til ei kvar tid gjeldande ”sanning” i samfunnet, og utgjer mitt hovudteoretiske utgangspunkt. Foucault sitt fokus på konstrueringa av avvik som resultat av normaliserings- og disiplineringmekanismar i samfunnet aktualiserar hans bidrag knytt til denne studiens oppfatning av omgrepet om ”den kriminelle” som relativt og konstruert. Vi skal sjå korleis Foucault mellom anna skreiv historia om framveksten av den kriminelle som kategori, eit bidrag som er ein sentral del av det teoretiske rammeverket. Vidare må danningar av den kriminelle identitet sjåast som diskursar knytt til sjølvet og mennesket. Dette kapitlet skal utdjupe koplinga av, samt min bruk av Foucault sine bidrag som både å vere teoretiske og metodiske tilnærmingar. I tillegg skal kapitlet omhandle dei delar av Ulrich Beck (1944 - ) sine teoretiske bidrag som kan gje meg ein reiskap til å kaste lys over kriminalitet og ”den kriminelle” som ein fare for samfunnet. Desse empiriske aspekta aktualiserar Beck sin teori om *risikosamfunnet* og mangel på *tillit* til vitskapen som føl med dette samfunnet. Då Foucault utgjer studiens hovudteoretiske bidrag, vil presentasjonen av Beck sitt bidrag utgjere ein mindre del av omhandlinga av det teoretiske rammeverket.

## 2.2 Normalisering og disiplinering. Michel Foucault.

Då denne studien omhandlar omgrepet ”den kriminelle” og normative menneskesyn knytt til det kriminelle avvik, vert det både naturleg og sentralt å sjå til dei av arbeida hans som handlar om marginaliserte og stigmatiserte grupper. I tillegg til det sjølvsegte fokuset på kriminalitet og den *kriminelle* som kategori, vil eg kaste lys over framveksten av galskapen og den *gale*. På mange måtar er det samfunnets ”innside” og ”utside” han skriv om i begge desse historiene, noko som aktualiserar bidraga knytt til studien sitt tema. For det som fell utanfor i samfunnet kan seie noko om eit underliggjande nivå av *makt* som kan føre noko ut av det normale. Å ha makt til å definere det normale og det avvikande sjåast som å stå sentralt i alle samfunn, noko som gjer denne studien av det kriminelle avvik til ein slags innfallsport også til det normale. Siktemålet er ”...[å] vise at en vitensdisiplin er dypt forankret i det som dens utøvere selv mener befinner seg utenfor den, eller som de mener å kontrollere. Grensene mellom innside og utside er variable og går langs helt andre linjer enn det vitensutøverne selv tror” (Schaanning 1997:15).

Som poengtert i kapittel 1.0 er prosjektet sitt metodiske grep inspirert av Foucault sitt diskursanalytiske perspektiv. Foucault skapte på mange måtar *diskursen* som historisk og kulturelt undersøkingsobjekt (Sandmo i Foucault 2000:XL). Han syner gjennom sine studiar korleis menneske sin identitet og ”natur” må sjåast som resultat av historisk-kulturelle diskursar knytt til det menneskelege sjølvvet. Slik kan vi sjå den tette koplinga mellom bruken av Foucault både teorisk og metodisk. Dette gjer ei utdjuving av begge aspekt naudsynt, då eg nyttar hans bidrag som metodisk tilnærming knytt til diskursar, samtidig som hans teoretiske bidrag knytt til disiplin og kontroll, normalitet og avvik vert sentrale<sup>19</sup>. Mitt utgangspunkt er at Foucault sine historiske påvisingar knytt til disiplinering, normalitet og avvik - og tilhøyrande diskursar - kan vere eit fruktbart analyseverktøy for å freiste få grep om *dagens* diskursar kring kriminalitet og den kriminelle. På grunn av diskursomgrepet si tette kopling med den teoretiske tilnærminga vel eg å gjere ei utdjuving av omgrepet om diskurs i dette kapitlet (sjå 2.2.2).

---

<sup>19</sup> Imidlertid kan som sagt ikkje hans teori og metode sjåast åtskilde, slik ein kan få inntrykk av ved ei slik formulering. Gjennom presentasjonen av hans sentrale bidrag, samt praktiseringa av den gjennom denne studien, skal vi sjå koplinga i spel.

## 2.2.1 Grunnlagsteoretisk plassering av Foucault

På grunn av eit svært mangfaldige og annleis repertoar av studiar kan det vere vanskeleg å plassere Foucault i forhold til tradisjonelle vitskapsdefinerande omgrep og posisjonar. Det har vore nytta mange ulike omgrep og termar for å freiste ei slik plassering, som ”strukturalisme”, ”post-strukturalisme”, ”postmodernisme”, ”neo-strukturalisme”, ”anti-humanisme” og ”funksjonalisme”. I seg sjølv seier slike samlebetekningar ikkje så mykje om Foucault og hans bidrag, reint bortsett frå at dei alle synast å ha til felles at subjektsomgrepet setjast under kritikk (Schaanning 1997:147). Når dette er sagt, er det ikkje slik at det er uproblematisk å plassere Foucault innan slike samleomgrep eller nytte andre termar relatert til hans forskning og arbeide. Kanskje mest på grunnlag av at Foucault sjølv var svært oppteken av ikkje å få slike ”stempel”, men vere uplassert i det vitskaplege landskap. Derimot valde han sjølv i staden å nytte omgrepa ”arkeologi” og ”genealogi” knytt til eigen vitskap, som metodiske omgrep relaterte til hans historieskrivingar.

Imidlertid kan studien sin innfallsvinkel gjere det mogleg å lokalisere Foucault på det eg kallar ein grunnlagsteoretisk måte. Dette er ynskjeleg sett i forhold til at Foucault presenterar eit perspektiv på korleis vår oppfatning og forståing av verda er konstruert i eller gjennom *diskursar*. Utgangspunktet er at ”røynda” slik den framstår for oss, er sosialt konstruert. Slik kan Foucault, heller enn å koplast til spesifikke termar, knytast an til den meir rommelege tradisjonen *sosialkonstruktivisme*<sup>20</sup> - nærare bestemt til den franske konstruktivistiske tradisjon. Dette perspektivet kan verte knytt til ein idealistisk posisjon som vektlegg at vi sjølve konstruerer våre kategoriar og tolkingar av verda. Kva vi ser er eit fenomen som er fundert i den historiske og kulturelle samanhengen vi står i, og vår kunnskap om fenomenet er uløseleg knytt til samfunnsmessig makt og innflytelse over kva som gjeld som dei rådande kategoriar og definisjonar for beskriving av natur og samfunn (Froestad, Solvang og Söder 2000:18). Grunnlaget for å kunne hevde at Foucault er konstruktivist kjem av hans erkjenning av det å leggje vekt på kva det sosiale, i form av ulike sosiale praksisar, har å bety i konstrueringa av fenomen<sup>21</sup>. Omgrepet om sosial konstruksjon har i dag utvikla seg til ein

---

<sup>20</sup> Sjølve omgrepet om sosial konstruksjon blei opphavleg lansert i sosiologien gjennom Berger og Luckmann sitt klassiske arbeide, *The construction of reality* (1966). Dei argumenterar i dette verket for at ”[E]n videnssociologi beskæftiger sig med en analyse af den samfundsskabte virkelighed” (Berger og Luckman 1966:15). Hovudtesen i dette verket er at vitenssociologien må beskjeftige seg med den sosiale konstruksjon av røynda (ibid:27).

<sup>21</sup> Sett i ein vidare samanheng kan vi seie at sosialkonstruktivismen er inspirert av fenomenologisk og etnometodologisk tenking rundt sosiale fenomen. Innan fenomenologien kan ikkje sosiale fenomen betraktast som gjevne tilstandar i samfunnet, men som resultat av menneskeleg handling, fordi dei er skapt, forhandla fram

samlende term for fleire ulike synsretningar innan humaniora og samfunnsvitskapane. Desse retningane rommar alt frå mikrotekniske studiar innan moderne teknologi- og vitskapsososiologi med siktemål å studere konstruksjonen av vitskaplege og tekniske fakta til minste detalj, til Foucaultinspirerte studiar av makt/vitensdiskursar<sup>22</sup>. Følgjeleg ser eg det ikkje som problematisk å knyte han opp mot denne vitskaplege samletermen. Derimot er det ei sentral kopling, då det er i forlenginga av eit sosialkonstruktivistisk syn på verda som å vere sosialt konstruert vi må sjå Foucault sitt perspektiv på korleis verda er konstruert i eller gjennom *diskursar*.

Diskursanalysen er konstruksjonistisk i den forstand at objekta ikkje analyserast som noko utanforliggjande eller underforliggjande i forhold til diskursen; *”Den diskursive praksis former objektene, tillater oss å snakke om fenomener og kategorier på en måte som ikke er gitt i seg selv, og blir dermed også selv artikulert ved å vise til de objekter som den selv produserer* (ibid 2000:23). Ein kan ikkje stadfeste noko spesifikt punkt i verda som kan forklare denne verda sine mønstre og prosessar, difor må vi setje fokus på korleis ulike mekanismar i møtet med kvarandre skapar ein konstruert sosial orden, ein sosial orden som ikkje er fast men i stadig endring (Laclau og Mouffe 1985:110-114). Eller sagt med litt andre ord: *”Forskellige sociale verdensbilleder fører således til forskellige sociale handlinger, og den sociale konstruktion af viden og sannhed får dermed konkrete sociale konsekvenser* (Winther Jørgensen og Philips 1999:14 – mi understreking).

Slik vert identitetar og mennesket sin ”natur” resultat av nettopp diskursar, både historiske og notidige. Dette gjev form til ”menneskelege kategoriar”, og Foucault gjev oss nye perspektiv på makt, kunnskap og sanning. Ein kan ikkje tale om ei evig og manifestert ”sanning” om den kriminelle identitet og ”natur”. Kva som gjev omgrepet innhald er relativt og i endring gjennom ein evig kamp om *representasjonar* av det talte og gjorde – som gjev form til diskursar. Då kapitlet òg skal omhandle denne koplinga av diskursar med makt, kunnskap og

---

til, endra og organisert av menneske (Bauman 1978). Dette perspektivet setjast ofte i motsetnad til positivismen, som ser verda som positivt gitt ”der ute”. For positivistar er det vitskapleg det som kan bevisast (verifiserast) gjennom det som er empirisk observerbart. Konstruktivismen kan seiast å nyansere dette synet på røynda ved at ein innan dette perspektivet ser røynda som å vere sosialt konstruert. For å forstå sosiale fenomen må vi difor gripe *meninga* med menneskelege aktivitetar, resultat av aktivitetar og føresetnader for aktivitetane (Gilje og Grimen 1993:142).

<sup>22</sup> Eksempelvis syner spaltinga mellom aktør og struktur seg innan sosialkonstruktivismen. Michel Foucault og Niklas Luhmann sin ”antihumanisme” lar seg ikkje så lett sameine med dei aktør- og handlingsteoretiske retningar, som er gjeldande innan den angloamerikanske ”fortolkande” sosiologi. Sosial konstruktivisme utgjer på denne måten ingen teori, men den inneheld eit stort tal innbyrdes motstridande teoretiske innfallsvinklar (Järvinen og Bertilsson 1998:10).

sanning, vil eg før eg ser konkret til desse sistnemnde omgrep samt Foucault sine verk om galskap og særleg kriminalitet, utdjupe koplinga ved å sjå til diskursomgrepet. Dette sjåast sentralt for å poengtere det diskursive si betydning for studiens teoretiske rammeverk.

### 2.2.2 Diskursomgrepet, diskursanalyse og ”diskursteori”

Diskursomgrepet er mykje nytta innan mange ulike felt - ikkje berre i dei akademiske krinsar. Det er vanskeleg å gje nokon eintydig og konkret definisjon av ’diskurs’, fordi det eksisterar mange ulike oppfatningar av kva som ligg i omgrepet. Det franske ordet ’discours’ tydar ’språket’ (Heigre 2001:24). Men det er nettopp i Frankrike, på slutten av 1960-talet, at diskursanalysen vert forstått som noko anna og meir enn reint lingvistisk tekstanalyse oppstår, med Michel Foucault som det sentrale namn (Neumann 2001:21). Slik omgrepet brukast av Foucault er det ikkje nok å analysere språket, for hans prosjekt dreiar seg om at ”...[m]an må analysere hele det nettverk av utsagn, hjelpemidler, praksiser og institusjoner som settes i spill...” (Schaanning 1997:184). Foucault tek i sine diskursive analyser<sup>23</sup> utgangspunkt i sambandet mellom språk og handling. Slik kan diskurs sjåast som *praktisert* språk – ulike måtar å snakke, tenke og representere røynda på. Då vert diskursen *meir* enn språk<sup>24</sup>. Den er skapt i relasjon til sosiale strøimmingar, og kan ikkje forståast uavhengig av si tilknytning til ulike fysiske, økonomiske og politiske element. ”Gjennom diskursiv praksis konstrueres vår erfaring av virkeligheten og dermed den plattformen vi ser ut fra; diskursive formasjoner strukturerer vår sosiale praksis og innvirker derved på vår kontinuerlige produksjon og reproduksjon av samfunnet” (Hammer 1997:1). Eit slikt syn på diskurs fremmar Foucault i *The archeology of knowledge* (1972). Her vert ytringa sett som den mest elementære diskurseininga. Men sjølv om Foucault si diskursanalyse er analysen av ytringar, er den altså ikkje språkanalyse i tradisjonell forstand. Grammatikken og språket som system er ikkje i fokus hos Foucault, derimot er eit utsegn ein serie teikn som fungerer i ein samanheng (Risøy 1999:15). Slik uttrykkjer ikkje ordet berre det skrivne og det talte i seg sjølv, det er knytt til

---

<sup>23</sup> I eit svært sentralt essay teke diskursanalyse i betraktning, *Diskursens orden* (1999), med originaltittel *L'ordre du discours* (1970), framset og drøftar Foucault ulike prosedyre som verkar til å kontrollere, velje ut, organisere og fordele diskursproduksjonen i samfunnet. I dette verket kan Foucault si ”1970-fase” seiast å verte varsla, der eit programskifte blant anna kan skimtast i det synet at diskursane ikkje berre fungerer i maktsamanheng, ikkje berre er eit reiskap for makt, men at diskursen sjølv er makt. Det er ikkje denne studien sitt siktemål å detaljert greie ut om og ”slavisk” nytte disse mekanismane som ordnar og regulerar innan den enkelte diskurs, men dei vil likevel fungere som underliggjande moment i identifiseringa av diskursar.

<sup>24</sup> Eit anna perspektiv som også tek eit grep om dei sosiale sider ved den språklege konstruksjonen av røynda, er det *retoriske*. Innan eit slikt perspektiv har einkvar som snakkar eller skriv makt. ”Språk er makt, og retorikken er et språk om språket – den gir makt over språket, er en inngang til språket og er selv et språk” (Trippestad 1999:187).

andre sosiale element. Dette syner Foucault i sine historiske studiar knytt til eksempelvis galskap, seksualitet og kriminalitet.

På bakgrunn av dette er ein diskurs ein *kontekst* som regulerar sosial praksis, noko som gjer det diskursive nivået primært og praksisen sekundær (ibid:5). På denne måten er diskursar *kontekstuelle*. Dei er baserte i sosiale prosessar og sosial samhandling - her kan ein sjå diskursane. På same tid har ein diskurs i seg sin eigen *historisitet*, diskursen kan ikkje stillast utanfor tidsomgrepet (Vårdal 1993:18-19). Det er ved å bringe med oss den kontekstuelle og historiske dimensjon vi kan gjere greie for korleis diskursar kring den kriminelle dukkar opp, bevarast, endrast og forsvinn. ”Menneskedannande” diskursar, diskursar kring mellom andre den kriminelle, må sjåast som funksjonar av *ikkje*-språklege sosiale mekanismar. Ein må ty til instansar utanfor språket sjølv for å angje dei reglar som styrer dei ulike diskursar: institusjonelle innretningar, sosialstrukturelle posisjonar, maktinteresser og driftsytringar (Schaanning 1993:119).

Vidare er den foucaultianske nyttinga av omgrepa diskurs og diskursanalyse knytt til meiningshorisontar: ”[D]iskursanalysen avslører ikke en menings allmenngyldighet, den legger for dagen spillet av påtvunget knapphet og en grunnleggende bekræftende makt” (Foucault 1999:38). Sagt med andre og enklare ord kan diskurs karakteriserast som å vere ein måte å snakke om eller omhandle et fenomen. Frå eit foucaultiansk synspunkt er det å ville oppdage den verkelege meininga med tekstar ganske enkelt ein praksis som held tekstar og diskursar i sirkulasjon (Mills 1997:68). Men like viktig er kva som ikkje blir sagt eller gjort. Det skjer ved oppretthalding av diskursar ulike ekskluderingsar som set grenser for kva som kan bli sagt og ikkje: ”Exclusion is, in essence, paradoxically, one of the most important ways in which discourse is produced” (Mills 1997:67). Foucault sine arbeide har vore sentrale og viktige i utviklinga av teoriar som vert grupperte under nemninga ”diskursteori” (Mills 1997:16).

Diskursive formasjonar (ytringar, tekstar) eller praksisar utviklar seg ikkje tilfeldig, men er heller underlagt mekanismar som regulerar den og gjer nokre utfall meir sannsynleg enn andre. Dette kan kallast *formasjonsreglar* som er med på å fryse fast og legitimere den sosiale orden gjennom å disiplinere tenkinga og redusere handlingsalternativa (Hammer 1997:1). ”Formasjonsreglene tvinger seg på individene på en regelbundet og anonym måte. Det betyr ikke at formasjonsreglene er universelt gyldige. Tvert imot, de eksisterer og beskrives alltid



*innenfor spesifikke diskursive felt. En diskursiv formasjon har en avgrenset varighet og et avgrenset område*” (Vårdal 1993:23). I forlenginga av dette må det presiserast at eit sentralt omgrep for Foucault er *grensa*. Han trekkjer, som sagt, grenser mellom normalitet og avvik, galskap og fornuft, lovlydig og kriminell, sant og usant. Det er mellom slike grensedragingar at diskursar får sitt spelerom og tek form. For Foucault er grensa ein måte samfunnet markerar sin identitet på. Denne identiteten oppnår sin legitimitet ved å støyte ut uaksepterte fenomen – slik som den gale og den kriminelle (Klingsheim 2002:48). Vi skal no sjå på dei sentrale omgrepa som i spel gjev form og meiningsrom for diskursane.

### **2.2.3 Foucault om makt, kunnskap og sanning**

Maktomgrepet til Foucault er eit av dei mest komplekse, diffuse og førebelse omgrep i forfattarskapet hans (Heede 1992:37). Han avdekkjer maktkonstellasjonar som ofte er skjulte, og gjev med dette eit alternativ til eit meir tradisjonelt perspektiv på *makt*. Tradisjonelt har makt dreia seg om å ha makt over nokon eller noko, og at ein kan identifisere *kven* som har makt. Som ein slik kontrast til Foucault sitt maktomgrep kan det visast til den tyske samfunnsforskaren Max Weber sin kjende definisjon av makt, *”[E]t eller flere menneskers sjanse til å sette gjennom sin egen vilje i det sosiale samkvem, og det selv om andre deltakere i det kollektive liv skulle gjøre motstand”* (Weber 1971:53). Ut frå dette perspektivet er makta lokalisert hos ei bestemt gruppe menneske eller ein bestemt institusjon (”staten”, ”myndighetene”, ”borgarskapet”, ”menn” etc.) som konfronterast med dei som makta utøvast på (”individet”, ”arbeidarklassa”, ”kvinner” etc.). Denne førestillinga om eit kollektivt subjekt som manipulerar og undertrykkjer vil Foucault unngå. I hans maktperspektiv finnast det ingen kollektive subjekt som liksom styrer historia i ulike retningar. Makta er ”upersonleg” og ”overpersonleg” då den utspelast i eit nettverk av strategiar, taktikkar, mekanismar og praksisar som ulike sosiale grupper kan adoptere og transformere. I eit slikt maktvev er ikkje makta ”fastspent”. Den skiftar hender og sirkulerar (Schaanning 1993:213). Forenkla kan vi seie at hans førestilling om makt er at den fins overalt, den er usynleg og tvingande, nesten som lufta vi pustar inn (Engelstad 1999:12). Slik gjevast maktomgrepet eit nytt og annleis innhald.

Forskingsmessig kan det tenkjast å vere større problem knytt til forskning på ei slik makt, enn ved den forskning som er underlagt meir tradisjonelle maktdefinisjonar. Det relevante metodiske spørsmål vert korleis det kan forskast på ei makt som er usynleg, tvingande og finnast overalt. Eit svar på dette er at ein med Foucault må freiste å sjå individet sin identitet

og "natur" som eit produkt av denne makta. Altså bør ein reflektere over den *normaliseringstvangen* som kan vere nedfelt i ei identitetsdanning (Meyer 1999:12). Det er i kraft av disiplinerande og normaliserande mekanismar i samfunnet at ein må freiste spore makta som handlingsstrukturerande og identitetsskapande for individet sin autonomi. Med eit slikt utgangspunkt for analyse kan avdekkinga av diskursar og tilhøyrande maktnettverk verte meir handterleg og sannsynleg. Ved å leggje eit slikt fokus til grunn, kjem også forholdet mellom *makt* og *diskurs* til syne. For å kunne identifisere og "fange" ulike diskursar vert det avgjerande å klare å sjå dette saman med det maktomgrepet som Foucault set fram - maktomgrepet kan hevdast å forklare diskursomgrepet. Makta er slik produktiv, då den dannar meiningsrom for nye sanningar og kunnskapar, med dei avgrensingar og utelukkingar det bringar med seg - med produksjon og konstruksjon føl avgrensingar og eksklusjonar. I analysering av denne type makt må makta "*...heller tolkes som et nett av stadig spente, stadig virksomme relasjoner enn som et privilegium man kan være innehaver av. Som modell av makten må man heller bruke den stadige kamp enn en kontrakt som innebærer en overdragelse eller en erobring av et område*" (Foucault 1994:29). Vi ser korleis Foucault er oppteiken av ein makt- og konfliktdimensjon, ein dimensjon som kan gjere tydeleg Foucault sitt syn knytt til den omgrepsmessige relativitet. Vi kan ikkje tale om ei evig og fastsett "sanning" om den menneskelege essens, då identitet og "natur" heller er relative omgrep i stadig endring gjennom ein evig kamp mellom diskursar om sjølv og kva eit menneske "er".

Makt er nært knytt saman med *kunnskap* hos Foucault, noko hans studiar av bestemte kunnskap/makt-former er utslag av. Desse aspekta er relasjonelt innebygd i sosial praksis, der diskursen utgjer ein møteplass for omgrepsparet kunnskap/makt – som koplast saman til ei sterk "positiv" kraft i dei samfunnsmessige prosessane (Foucault 1995, sitert i Hammer 1997:8). Slik regulerast diskursive praksisar i eit samspel der kunnskapen fortel korleis verda er, og dermed mogleggjer utøving av makt. Det er tale om ytre moglegheitsbetingingar for diskursen, ikkje ei indre kjerne av mening. Makt produserar kunnskap, der individet og kunnskapen om det spring ut av denne makta sin produktivitet: "*[M]agten undertrykker ikke først og fremst individerne, men produserer heller undertrykkende individualiteter, individualiteter som både er magtens slutresultat og befordringsmidlet for dens fortsatte virkemåte*" (Heede 1992:24). Eller som Foucault sjølv uttalar seg i *Technologies of the self* (1998:18) om ein slik type kunnskap: "*My objective for more than twenty-five years has been to sketch out a history of the different ways in or culture that humans develop knowledge about themselves: economies, biology, psychiatry, medicine and penology. The main point is*

*not to accept this knowledge as face value but to analyze these so-called sciences as very specific "truth games" related to specific techniques that human beings use to understand themselves".*

På same måten som makta produserar visse kunnskapar, er kunnskapen ein føresetnad for denne makta. Ein må vite noko om eksempelvis den eller dei ein vil styre eller på ein måte ha kontroll over. I følge Foucault er det ved *eksaminasjonen* at samanhengen mellom makt og kunnskap blir aller tydelegast. Slike strategiar finnast både i skular, fabrikkar, verkstader, militærforlegningar og fengsel. I ein slik eksamineringssituasjon spørjast eleven, pasienten, soldaten, arbeidaren eller fangen ut av ei makt som på ein måte er skjult. Dette skaper individualitet, og kvart individ vert gjort til eit kasus der den enkeltes særeigenskapar vert definerte: *"Gennem eksamineringen bliver først og fremmest barnet, den gale, den kriminelle og den syge i det moderne samfund gjort til genstand for individuelle beskrivelser og biografiske beretninger; de gøres til "tilfælde" i denne synkrone diskursiverings-, underkastelses- og genstandsgørelsesproces"* (Heede 1992:117).

Den individualiserande kunnskapen, som er den Foucault er mest oppteken av, produserar *sanning*. Ikkje ei sanning i form av sanne uttalingar, men etableringa av domene der utøvinga av sant og falskt med ein gong vert gjort ordna og relevant (Burchell, Gordon, og Miller 1991:79). Visse *vitensfelt* får hegemoni over andre. Dei vert sett som gyldige og akseptable sanningar innan visse tidsaspekt, der viljen til sanning skapar "røynda" slik den trer fram for oss. Foucault meiner slike sanningar om mennesket kjem til uttrykk i diskursane, som såleis reint forskingsmessig vert det viktigaste granskingsobjekt. Ei slik kopling mellom makt, kunnskap og sanning gjev òg resultat gjeldande kriminalitet og den kriminelle sin posisjon i samfunnet. Det sentrale i denne samanheng er ikkje *kven* eller *kva* som har ei eller anna form for makt. Poenget er *korleis* denne makta fungerer knytt til å fylle omgrepet om den kriminelle med ulikt innhald: *"Vi er ikke suveræne subjekter, der frit kan disponere over vores tale, men underlagt er række oversubjektive strukturer, der styrer vores taleproduktion."* (Heede 1992:92). Slik er diskursen utsprungen av og underlagt ei mengde tvangsforhold, som fører til at alle samfunn har sine sanningsregime. Den inngår i ein heilt bestemt maktteknologi med tilhøyrande bestemte reglar og prosedyre. Her vert mitt anleggjande å få eit grep om kva mekanismar som produserar dei dominerande diskursane som gjev oss "sanningar" om den kriminelle "natur". Før eg gjev ein meir utførleg presentasjon av dei eksakte bidrag eg ser som teoretisk relevante knytt til siktemålet om å

eksplifisere denne trianguleringa mellom makt, kunnskap og sanning, er det naudsynt å presisere og klargjere hans metodiske grep ytterlegare. Dette kan vere til hjelp i å kunne sjå samanhengen mellom korleis det som her har vore omtala om makt, kunnskap og sanning utgjer hans teoretiske betraktningar i dei sentrale studiane om den *gale* og den *kriminelle* (som vert presenterte i 2.2.5).

#### 2.2.4 Arkeologi og genealogi

Det er vanleg å dele Foucault sitt forfattarskap inn i tre periodar (Schaanning 1992:113)<sup>25</sup>. Det sentrale her er korleis inndelingane kan sjåast i samheng med hans metodiske grep – *arkeologi* og *genealogi*. I den første perioden, fram mot ca. 1970, dreier arbeida hans seg om å vise korleis ein i bestemte epokar har heilt bestemte tenkjemåtar, det vil seie å undersøkje korleis tenkinga i ulike epokar er fundamentert i visse grunnleggjande føresetnadar. Foucault kallar si tilnærming her for arkeologi, som skal indikere at ein går i djupna - ein arkeolog grev fram det som skjular seg under overflata. Imidlertid driv ikkje Foucault arkeologi i tradisjonell forstand, derimot det han kalla ”vitensarkeologi”. Han undersøker moglegheitsbetingingane for kunnskapsproduksjon, kva praksisar som gjer etablering av viten mogleg (Schaanning 1993:192). Diskursar bestemmast av sine ytre moglegheitsbetingingar. Foucault er i denne perioden oppteken av ulikskap, av brot og av diskontinuitet innan bestemte fagdisiplinar. Han vil vise kva ”arkeologisk” (og strukturelt) fundament dei ulike vitensregima byggjer på, ved å leite etter ”arketypane” sitt opphav – i språket. Ved hjelp av arkeologien kan ein påvise fundamentale brot i vitenskapen si utvikling. Det som tilsynelatande kan synast som ei gradvis utvikling og forbetring av vitenskaplege metodar og teknikkar, kan på ”arkeologisk nivå” vise seg å skjule eit brot i sjølve det grunnlaget som vitenskapen byggjer på (ibid:192). Det er særleg i *Tingenens orden* (1996) at denne strategien kjem til uttrykk.

Den andre perioden vert sagt å starte rundt 1970. Hovudkonsentrasjonen synast no å liggje på eit genealogisk perspektiv – ”arkeologi”-omgrepet vert erstatta med ”genealogi”<sup>26</sup>. Med dette skiftar han fokuset vekk frå det ”djupare lag” som vitenskapane byggjer på, til ei avsløring av

---

<sup>25</sup> Imidlertid finnast det andre inndelingar. Hubert Dreyfus og Paul Rabinow arbeidar eksempelvis med to hovudfasar og lokaliserar ei grense mellom 1960- og 1970-fasen. Førstnemnde karakteriserast ved ein illusjon om autonome diskursar, medan den seinare fase rommar ein meir omfattande og brukbar genealogi over det moderne individ som subjekt og objekt (Heede 1992:98).

<sup>26</sup> Inspirert av Nietzsche skreiv Foucault sin eigen moralens genealogi. Tradisjonelt står omgrepet for ættegranskning. Men både Nietzsche og Foucault omdefinerte det til og å vere granskning av ulike vitenskapars herkomst og oppkomst. Det vil seie kva fortidige praksisar som lever vidare i danninga av nye vitenskapar (herkomst), og kva faktorar som spelar inn og mogleggjer at dei kan sjå dagens lys (oppkomst). Siktemålet er å avdekkje vitenskapen sitt stamtre og denne sine vekstvilkår (ibid:192).

den viljen til makt som dei er uttrykk for. Foucault vil vise korleis visse maktrelasjonar litt etter litt konstituerar seg frå og med 1600-talet fram til våre dagar. Tradisjonelle makt- og kunnskapsrelasjonar forbinder seg med nye makt- og kunnskapsstrategiar.<sup>27</sup>

I tillegg til denne todelinga kan det nemnast at ein kan snakke om ein form for tredje periode eller fase i Foucault sitt forfattarskap. Her skyvast fokuset frå modernitet til oldtid, og frå vitenskapshistorie til moralhistorie. Det dreiar seg om ”sjølvforholds-teknologiar” og ”sjølvforholds-praksisar” frå 300-talet f.Kr. til 200-talet e.Kr, og det er særleg dette Foucault skriv om i dei to siste binda av *Seksualitetens historie. Viljen til viten* (1995). Han understrekar her dei strategiar og praksisar som mogleggjer og set i scene bestemte former for moral. Det sentrale spørsmålet er ikkje lenger dei arkeologiske eller genealogiske føresetnadane for konstruksjonen av visse vitenskapar. Fokuset er på individet sitt forhold til seg sjølv: *”Unlike the prison book, then, which studies how people constrain others, the history of sexuality studies how people constrain themselves”* (Hoy 1986:16).

Sett i samanheng med denne studien vert det relevant å fokusere på noko frå den første perioden, men mest frå hans andre periode, det vil seie i perioden etter 1970. Men på same måten som ein ikkje kan oppretthalde eit konsekvent skilje mellom periodar i hans forfattarskap, må alle hans verk sjåast i ein samanheng. Hans historiske og arkeologiske/genealogiske studiar av både galskap, kriminalitet og seksualitet syner korleis makt gjennom diskurs dannar ”sanningar” om mennesket sin natur og identitet.

### **2.2.5 Den gale og den kriminelle – om menneskets ”natur”**

I forlenginga av Foucault sine metodiske og teoretiske tilnærmingar slik dei er presenterte overfor, skal dette avsnittet synleggjere dei ulike aspekta ved hans metode og teori gjennom to historier knytt til framveksten av to avvikande kategoriar. Han freista å gje dei annleise ei stemme ved å setje ord på og syne oss korleis ”dei andre” formast i eigne kategoriar ved makt,

---

<sup>27</sup> Sjølv om det er tale om eit slags skilje i Foucault sitt forfattarskap rundt 1970, er det feil å plassere omgrepa om arkeologi og genealogi på kvar side av *”Diskursens orden”* (1999), og oppretthalde eit konsekvent skilje mellom dei. Såleis er det i den første perioden ikkje berre snakk om ulikskap, men og om gradvise historiske transformasjonar og kombinasjonar av strategiar. På same måte er det ikkje berre tale om historiske makttransformasjonar i den etterkomande perioden. Her understrekast òg den fundamentale ulikheita i maktteknologiar før og no. Eksempelvis Schaanning meiner at om det i det heile kan talast om Foucault sin første og andre periode, så er det i høgda tale om tendensar (Schaanning 1992:115). Heller enn ei klår todeling kan ein hevde dei for å vere ulike forskingsstrategiar. Der det i den første perioden vert gått i djupna, sjåast det i den andre perioden meir på kva som mogleggjer ulike vitensfelt, eller vitenskaplege diskursar, som ein ved å gå i djupna har avdekka.

opprethaldast gjennom språk og gjevast namn av kunnskap (Sandmo i Foucault 2000:XLI). Slik syner han oss korleis marginaliserte grupper vert disiplinerte til tausskap, bekjenning eller normalitet. Dette engasjementet i ”dei andre” strekkjer ei line gjennom Foucault sitt forfattarskap og hans verksemd som politisk intellektuell. Kanskje mest slående finn vi det i *Overvåkning og straff. Det moderne fengsels historie* (Foucault 1994), der han avdekkjar språket og tankesystema si disiplinerande kraft overfor kriminelle. Men også i *Galskapens historie* (Foucault 2000) vert galskap oppdaga som ein eigen kategori, og sett under eit eksaminerande og individualiserande blikk. Difor sjåast dette verket som relevant i denne tilnærminga til Foucault sitt teoretiske bidrag knytt til normalitet og avvik. Ved å gjere ei arkeologisk-basert undersøking av framveksten av asylet og fengselet, syner han oss korleis omgrep som ”gal” og ”kriminell” er relative<sup>28</sup>. I tillegg er dette forteljingar om korleis institusjonar er viktige for diskursproduksjon.

#### 2.2.5.1 Frå innesperring til asyl

Foucault rettar i *Galskapens historie* (Foucault 2000) eit kritisk blikk mot medisinen si rolle, der psykiatrien mogleggjer differensiering og behandling av den gale. Verket er eit resultat av viljen til å studere måtane galskapen blei snakka om og skildra, samt institusjonaliseringa og kategoriseringa som former for representasjon og praksis rundt galskapen som fenomen. Historia kan gje oss ei forståing av måten vi i dag føreheld oss til og talar om menneske som på ulike måtar har falle utanfor i samfunnet. Eksempelvis kan vi trekkje parallellar mellom utskiljinga av den gale i klassisismens tidsalder og dagens måte å førehalde seg til kriminalitet og den kriminelle på.

Foucault syner den historiske koplinga mellom isoleringa og innesperringa av dei spedalske til framveksten av dei fyrste asyla som moderniteten sin behandlingsstad for dei gale. 1600-talets gryande utskiljing av den gale som kategori kallar Foucault for ”den store innesperringa”. Då grupperast fattige, arbeidsledige, forbrytarar og gale under *ufornufta* sin moralske forkastelegskap. Slik kan fornufta sjåast som ein form for normalitet: *”Galskap blir uorden, unormalitet og ufornuft som bringes til opphør. De gale sperres inne i interneringshus sammen med andre som kan true orden, moral og fornuft: fattige, homofile*

---

<sup>28</sup>Sjølv om han går historisk til verks frå 1600-talet og fram til moderne tid, og såleis opererar med eit anna tidsperspektiv, ser eg det som føremålstenleg å sjå etter liknande utvikling innan dei avgrensingar som er gjort for denne studien. Foucault sin bodskap handla om å gjere bevisst korleis eitkvart tankesystem strukturerar røynda, kategoriserar menneske og åtferda deira, på same tid som dei skaper normer for kva som er normalt.

*kriminelle etc.*” (Vårdal 1993:65). Slik markerar interneringa ei *grense* mellom galskapen og fornufta, der denne grensa også er teikn for samfunnet sine verdier. Galskapen blei ”oppdaga” saman med fleire andre grupper som den gale kunne sjåast saman med.

På det moralske plan fekk vi òg ei utskiljing av den gale sin umoral. Den gale var sjølv skyld i sin galskap, noko som mogleggjorde framveksten av den psykologiske disiplin. Med dette blei det skilt mellom kropp og sjel, noko som fører med seg eit skilje mellom den gale og den sinnsjuke. Fysisk pinsle blei i større grad erstatta med ein individualiserande viten. Det moderne asylet får òg sitt inntog som moderne behandlingsanstalt, med det sentrale mål om å tilbakeføre den gale til samfunnet. ”*Asylet skulle redusere avviket, undertrykke lastene, eliminere uregelmessigheter. Det skulle fordømme alt som stod i motsetning til samfunnets essensielle verdier*” (Foucault 2000:274). Asylet fører på denne måten med seg ei differensiering og ei innesperring av den gale si tale. *Galskapens historie* syner oss klassisismens tidsalder sitt syn på den menneskelege natur, og korleis dette synet kan vere i endring. Men det viktigaste er likevel kva denne skildringa - saman med fleire andre av hans verk - har å seie for eit omgrep si historie, og korleis historiske kontekstar og kulturelle forhold er avgjerande for den diskursproduksjon som omgjev den gale. Historia er viktig for å skjønne den situasjon vi har i dag.

#### 2.2.5.2 Disiplin og straff

I *Overvåkning og straff – Det moderne fengsels historie* (1994)<sup>29</sup> viser Foucault korleis strafferasjonaliteten og straffereaksjonane endra seg dramatisk i Europa i det korte tidsrommet mellom om lag 1750 og 1825. Framveksten av det moderne fengselssystemet vert eit krystalliseringspunkt for eit bestemt system av makt, viten og sanning. På same måten som i *Galskapens historie* er dette ei forteljing med vekt på den historiske og kulturelle kontekst si betydning for diskursproduksjon. Utviklingar av og endringar i forhold til kva som vert oppfatta som ”sanninga” om den kriminelle ”natur” må sjåast som resultat av slike kringliggjande faktorar. Bidraget vert via relativt stor merksemd i dette kapitlet, då det skisserar opp og posisjonerar den kriminelle ”natur” som ein historisk *ukonstant*. Men òg på grunn av den relevans ei slik skildring av fengselet og fengselsstraffa heilt konkret kan ha særleg for den delen av studien min som skal omhandle fengselsinstitusjonen generelt og det

---

<sup>29</sup> Original tittel er *Surveiller et punir. Naissance de la prison* (1975). I 1977 kom den fyrste norske utgåva, med tittelen *Det moderne fengsels historie*, medan den i 1994 kom med tittelen *Overvåkning og straff* (med undertittelen *Det moderne fengsels historie*).

kognitive påverkingsprogrammet Ny Start spesielt (jf. kapittel 4.0). Dette kan stå som eit konkret døme på eit vitensfelt sin metodiske reiskap knytt til den kriminelle.

Foucault er oppteken av korleis straffa gjennom tidene har innehalde forsøk på å kontrollere menneska sin kropp, og syner korleis objektet for kontroll skifta frå kroppen til sjela. Han freistar her å studere straffemetodane si endring med utgangspunkt i kroppen sin politiske teknologi, slik at resultatet vert ein historie felles for maktforholda og makta sine gjenstandar. Meir konkret er det *fengselet* si historie han skriv. Men det ligg visse avgrensingar til grunn for studien hans: ”*Jeg skal bare undersøke fengslets tilblivelse innen det franske straffesystemet. Siden fengselsinstitusjonen har utviklet seg forskjellig i de forskjellige land, ville forsøket på å gi et detaljert bilde av helheten bli for krevende, og derfor bare føre til at fremstillingen ble altfor skjematisk*” (Foucault 1994:32). Avgrensinga må sjåast som ei viktig presisering, då denne framstillinga frå Frankrike ikkje kan oppfattast som noko generelt kva gjeld *faktiske* forhold i andre land. Likevel må denne presiseringa demmast ned for kva framstillinga *faktisk* seier om kategoriseringa og konstitueringa av det kriminelle avvik som eigen kategori.

Boka sitt første kapittel bringar oss rett inn ei dramatisk skildring av den fysiske henrettinga av Damiens i Paris i 1757. Etterpå føl ei skildring som viser at det har skjedd eit fullstendig scenskifte. Foucault gjengjev reglementet for ungdomsfengselet i Paris frå 1838, eit reglement fullt av detaljar for åtferd, time for time. På denne måten viser Foucault på den eine sida pinsler, på den andre sida ei forskrift for bruk av tida. Mindre enn eit hundreår skil desse to beskrivingane. Ved sistnemnde skildring er den valdelege straffa vekke, i staden er det utvikla eit system for *disiplin*. Ved å stille opp desse to scenene vil Foucault prøve å seie noko om ei endringa av straffa sin art, ei endring av straffa sitt innhald, og ei endring av ei samfunnsform. Det kjem ein ny teori om lov og forbryting, og ei ny moralsk eller politisk rettferdiggjering av retten til å straffe – ein ny tidsalder for strafferetten. Denne endringa skjer mellom ca. 1750 og 1825 (ibid:9-32). Han stiller så spørsmålet om kva som kan ha bringa fram dette og kvifor denne endringa fann stad.

Blant endringane som skjer i denne perioden framhevar Foucault det faktum at *pinslene* forsvinn. Kroppen som avstraffinga sitt fremste angrepsmål var borte, og avstraffinga drivast no etter nye prinsipp. Når pinslene bortfell, er det altså avstraffinga som offentleg skåe som forsvinn. Men også grepet om *kroppen* vert frigjort. Kroppen har no rollen som reiskap eller



mellomledd - om ein innverkar på den ved å sperre den inne eller få den til å arbeide, er det for å frårøve individet ein fridom som sjåast både som ein rett og som eit gode. I følgje denne straffeoppfatninga plasserast kroppen i eit system av tvang og frårøving, av forpliktelsar og forbod. Den fysiske lidinga, kroppens eiga smerte, er ikkje lenger det vesentlege ved straffa. Ein heilt ny *moral* pregar straffegjeringa. Det er ikkje lenger kroppen, det er sjela som skal rammast. *Forbetringstanken* gjer seg etterkvart gjeldande. Ei heil rekkje vurderingar som vedrører det forbrytarske individ, inngår i den strafferettslege dommen – diagnosar, prognoser, moralske vurderingar. Dette gjev seg utslag i ei rekkje metodar, tiltak og strategiar som skal *disiplinere* den innsette. Gjennom overvaking, klassifisering og hierarkisering vert ikkje forbrytaren berre dømd for ei kriminell gjerning, han vert òg *bedømd*.

Det sterkt disiplinerte fengselsregimet hadde teke plassen. Straffa endra seg i denne perioden frå hemn- og skremselsstraff til ei *disiplinærstraff* der målet var at forbrytaren skulle forbeistrast. Detaljane vert viktige, fordi dei er eit haldepunkt for maktutøving. Såleis oppstår det under den klassiske tidsalder ei omhyggjeleg iakttaking av detaljen, og på same tid ei politisk utnytting av disse små ting med det føremål å kontrollere og gjere bruk av menneska. Slik oppsto i følgje Foucault den moderne humanismens menneske. I staden for at alle underkuast under eitt og på same måte – skiljast, analyserast og differensierast undersåttane, og denne oppsplittinga held fram heilt til ein når fram til kvar enkelt sine nødvendige og tilstrekkelege særsegenskapar. Disiplinen fabrikkarar individ, og suksessen er at verkemidla er så enkle, hevdar Foucault - det hierarkiske blikk, den normaliserande sanksjon og deira kombinasjon med ein særskild metode, nemlig eksaminasjonen. Disiplinen sin framvekst i samband med 1800-talet sine fengsel er ein ny måte å kontrollere kroppar på. Vekta ved disiplin låg på systematikk, oppdeling, oversikt og konsekvens. Grunntanken fann ein i Jeremy Bentham (1748-1832) sitt panoptiske prinsipp – ein modell til eit fengsel der arkitektur og system var slik at ein frå eit sentralt hald lett til fulle kunne kontrollere og passivisere ei stor masse. *Panopticon* er eit ord samansatt av det greske ord for ”all-” og for det som har med synet å gjere. I samband med dette vert det brukt som eit reiskap for å ”sjå alt”. Dei panoptiske verkemiddel gjer det mogleg å sjå utan stans, og hovudverknaden er at den innsette stadig skal vere, og vite at han er, synbar. Dermed fungerer makta automatisk.

For Foucault er det panoptiske disiplinifengsel ein modell for disiplineringa av 1800- og 1900-talet sitt vestlege samfunn generelt: *”Tilsynelatende var panoptikken bare løsningen på et teknisk problem, men denne løsningen skisserte en ny type samfunn”* (Foucault 1994:192).

Foucault innvender i denne samanheng at Panopticon ikkje må forståast som eit drømmeaktig byggverk, men som det ideelle diagrammet over ein maktmekanisme. I 'Oldtida' var det "å setje eit fleirtal menneske i stand til å halde auge med eit fåtal objekt" som gjaldt, medan 'Den moderne tid' stiller det motsette problem: "å gjere det mogleg for eit lite antal, eller dog eit einaste menneske, å ta raskt i augesyn ei stor mengd menneske".

Disiplinærstraffa har som funksjon å redusere *avvika*. Den skal altså først og fremst vere ein korreksjon. Den ytre grense mot det anormale markerast. Dei disiplinære institusjonar med si permanente straffemyndigheit som trengjer gjennom alt og kontrollerar alle augeblikk, samanliknar, differensierar, hierarkiserar, homogeniserar og utelukkar. I eitt ord - den *normaliserer* (ibid:165). Ved disiplinen trer norma si makt fram. Det *normale* får fotfeste som eit tvangsprinsipp på ulike område, eksempelvis innan skuleverket. I likskap med vaktinga vert normaliseringa eit av dei store *maktmidla* mot slutten av den klassiske tidsalder. Følgjeleg framtvingar på ein måte normaliseringa homogenitet. Men den individualiserar òg, ved at den gjer det mogleg å måle avvika, bestemme nivåa, fastsetje spesialitetane og dra nytte av ulikskapane ved å tilpasse dei kvarandre. Foucault karakteriserar utviklinga i straffesystemet som at "[e]t fint fengselsaktig nett, som omfatter så vel institusjoner som løsevne metoder og metoder med uklart anvendelsesområde, har avløst den klassiske tidsalders vilkårlige, massive og slett integrerte innesperring" (ibid:264). Det fengselsaktige gjer denne straffeinstitusjonen sin teknikk utbreidd over heile samfunnslegemet.

Sjølve domsmakta vert overført til *andre* instansar. Rundt strafferetten vrir det av tilkopla instansar. *Ekspertkunnskapen* gjer sitt inntog. På same måten som dei gale som kategori blei til sinnsjuke og gjenstand for psykologi og psykiatri, blir lovbrøyaren omkategorisert til kriminell og eit objekt for ei rekkje vitensdisiplinar. "*Strafferetten og menneskevitensdisiplinene (grener innen medisinen, psykiatrien, psykologien, pedagogikken, sosiologien og kriminologien) spiller her på lag og blir deler av en diskursiv formasjon*" (Schaanning 1997:248). Dei er alle avhengige av den kriminelle som sitt forskingsobjekt. Vedkomande sin evne og motivasjon til forbetring saman med hans personlegdom skal "avsløre" hans menneskelege "natur" og eventuelle vellykka tilbakevending til samfunnet. Med ynsket om forbetring føl òg det meir uuttala ynsket om *kontroll* gjennom den individualiserande viten. I tillegg til at målsetjinga med fengselet altså er prega av forbetringstanken, vert på denne måten fengselet ein del av samfunnet sitt sjølvforsvar mot den farlege kriminelle.

Kroppen finn seg også i eit felt av *politikk*. Myndighetene har eit direkte grep om den, omsluttar den, merker den, dresserar den, piner den, tvinger den til å arbeide, forpliktar den til å delta i seremoniar, krev visse teikn frå den. Denne politiske innverknaden på kroppen er på ein kompleks og gjensidig måte knytt til kroppen si økonomiske utnytting. Det er for ein stor del i eigenskap av produktivkraft at kroppen er utsett for makt og herredømme (Foucault 1994:28). Staten utviklar teknikkar til å påverke borgarane, som gjer vedkomande til eit mål og eit middel i den politiske styringa av samfunnet. Gjennom den store veksten av normaliserande verkemiddel, gjerast myndigheita si makt endå meir omfattande, hevdar Foucault<sup>30</sup>. Desse skildringane kan utdjupe Foucault sitt maktperspektiv ytterlegare, då Foucault ser overgangen frå pinsler til straff som ei fordekt humanisering og ein disiplineringsteknikk. Han ser ikkje framveksten av fengselet som ein meir human måte å straffe på enn ved pinslene si tid, men som å vere ein ny type maktutøving. Det er derimot straffeelementet og freistnaden på å få kontroll over menneskekroppen som er i Foucault sitt anleggjande. Det er her Foucault sitt syn på *subjektet* kan trekkjast inn. Foucault tek ikkje stilling til kva eit subjekt ”eigentleg er”, som er meir filosofiske betraktningar. For han har subjektet ingen indre og absolutt kjerne, men derimot er ulike kategoriseringar språkleg gjevne og såleis relative<sup>31</sup>. Det sentrale for han er å vise korleis subjektsførestillingar, eller sagt med andre ord, oppfatningar om den menneskelege identitet og ”natur”, har eller kan ha bestemte effektar. Gjennom den disiplinerande maktutøvinga som finn stad innanfor fengselsmurane, syner Foucault oss ein type subjektsførestilling som fører den innsette kriminelle inn i eit maktnettverk som gjer vedkomande fanga og ”underdanig”.

Ein sentral faktor ved boka er problematiseringa av korleis fengselet er ein fiasko, då det ikkje har ført fram nokon reduksjon i kriminaliteten. Tilbakefallsprosenten aukar i takt med kriminalstatistikkane. Likevel opptre verkemiddel og teknikkar i stadig nye former, det byggjast fengsel etter fengsel og straffene ser ut til å verte lengre og hardare. Derimot har det produsert gjentekne og nye tilbakefall, og blei ingen utprega forbettringsanstalt slik føremålet var. Kvifor har så fengselsinstitusjonen overlevd i alle desse år? Foucault ser dette i samheng med det moderne samfunn og nettopp manglande *forbettringseffektar*. Manglande

---

<sup>30</sup> Sjå 3.2.1 om Erling Sandmo si skildring av *statens maktmonopol*.

<sup>31</sup> Foucault er slik inspirert av Nietzsche i det å ville gå bakanfor etablerte kategoriar – etableringa av 'subjektet'. Nietzsche tek ikkje stilling til menneskets eventuelle gode eller onde substans, mennesket *er*. Det er heller etableringa og kategoriseringa av subjektet som er hans prosjekt, slik det også er for Foucault i hans studiar.

resultat gjev kontinuerleg næring til nye reformer og forbetningsprogram. Slik vert fengselets fiasko dets suksess – systemet fungerer i kraft av at det ikkje fungerer.

Avslutningsvis må det nemnast at verket frå ulike hald vert sett som banebrytande. Ikkje berre for kva det seier om utviklinga av fengselet spesielt, men òg meir generelt knytt til samfunnsutviklinga. Mange Foucault-fortolkarar snakkar om dette som det ”fengselsaktige samfunnet”, som at fengselet har est utover i samfunnet<sup>32</sup>. Desse har igjen vorte fortolka som å ha forveksla det fengselsaktige med det disiplinære, då Foucault sjølv ikkje brukar slike uttrykk i det heile. I tråd med dette er ikkje samfunnet fengselsaktig, men derimot *disiplinært*. Vi finn *disiplinformene* meir eller mindre utbreiddt i institusjonar som skule, militærvesen, sjukehus og fabrikk. Derimot utgjerast *det fengselsaktige systemet* av institusjonar og instansar som skal ta seg av dei som ikkje lar seg disiplinere innanfor desse tradisjonelle institusjonane. Fengselet er berre ein blant mange slike institusjonar og instansar (Schaanning 1997:86). Avslutningsvis skriv han: ”*Jeg avbryter her denne boken som skal danne historisk bakgrunn for forskjellige studier over normaliseringens makt og hvordan kunnskapen oppstår i det moderne samfunn*” (Foucault 1994:273). Vi ser korleis også han sjølv opphøgjar verket som eit viktig bidrag knytt til den normaliserande makt, samt kunnskap knytt til ”sanningar” om mennesket.

### 2.3 Ulrich Beck og risikosamfunnet

I denne siste delen av teorikapitlet skal eg presentere delar av Beck sin teori om ”risikosamfunnet” (”risikogesellschaft”)<sup>33</sup>. Det er Beck sitt omgrep om *risiko* og sentrale aspekt knytt til dette sett i lys av studien sitt tema som vert i fokus. Han definerar risiko som: ”[A] systematic way of dealing with hazards and insecurities induced and introduced by modernization itself” (Beck 1992:21). Han seier at vi har bevega oss frå eit industrielt velferdssamfunn som gjev oss gode, til et risikosamfunn som gjev oss onder. Dette vil eg no utdjupe knytt til det å kunne sjå kriminalitet og den kriminelle som *eit* fareelement i eit slikt risikosamfunn. Eg vil freiste å anvende teorien på mitt empiriske materiale, på bakgrunn av ei

---

<sup>32</sup> Ei anna sentral tilnærming til fengselet som institusjon er bidraga til Erving Goffman (1961, 1967). Han hevdar at fengselet, sett som ein *total institusjon*, endar opp med å motarbeide dei beste siktemål. Fengslet har mange totale trekk, og har i følge han samfunnet si verving som ei av sine uttala målsetjingar. Som det vil gå fram av neste avsnitt har Goffman si fortolking nokre klare parallellar til Michel Foucault si analyse av den moderne strafferassjonalitet. Men Goffman vil ikkje verte vidare omhandla her, då dette er ei historisk skildring sett ut frå eit foucaultiansk perspektiv.

<sup>33</sup> Framstillinga er i hovudsak basert på *Risk Society. Towards a New Modernity* (Beck 1992) samt den norske utgåva *Risiko og frihet* (1997), der originaltittelen er *Auf dem Weg in eine andere Moderne* (1986). Det har også vorte tydd til ulike sekundære kjelder.

oppfatning av at budskapet om kriminalitet og den kriminelle *også* kan seiast å utgjere eit aspekt ved samfunnet sine risikoar. Det skal vurderast korleis media kan hevdast å få ein nøkkelposisjon her. Vidare vert Beck sitt omgrep om *tillit* vurdert som å vere sentralt, opplyst gjennom media si rolle knytt opp til mistillit til både politikk og fagfelt/vitskap.

### 2.3.1 Refleksiv modernisering

Han knyter risikoomgrepet direkte opp mot omgrepet om *refleksiv modernisering*. Ved å setje ny risiko opp mot gamle farar, ser ein konsekvensane av modernisering og dens globalisering (i form av globale og ofte usynlige farar). Moderniseringa vert såleis *refleksiv* – den vert sitt eige tema og problem<sup>34</sup>. Den refleksive moderniteten er oppteken av sine utilsikta konsekvensar, sine risikoar og sitt grunnlag. Beck er oppteken av overgangen frå fordelingssamfunnet til risikosamfunnet som to ulike samfunnstypar, der det har skjedd eit skifte frå industrisamfunnet si velferdsspreiing til det moderne samfunn si risikospreiing. Omgrepet *risikosamfunn* viser til det moderne samfunnet sin produksjon av risikoar av ein ny type i forhold til tradisjonelle risikoar (Brekke 1995:220). I det moderne samfunn er den sosiale produksjon av velferd systematisk komplementert av den sosiale produksjon av risiko. Vi er inne i eit risikoparadigme<sup>35</sup>, der Beck ser samfunnsdebatten som særleg å fokusere på konsekvensane av den tekno-økonomiske utviklinga i samfunnet.

Knytt til den refleksive modernisering er òg den refleksive identitet. Det sosiale er i endring fordi klassar og tradisjonar ikkje lenger gjev individet ein stabil identitet. I motsetnad til dei gamle kollektiva og identitetane (t.d. industriarbeidar) kan nye identitetar lettare veljast framfor å vere gjevne frå ein er fødd. Slik vert også identitetane *refleksive*, skiftande og stadig aukande i mange og ulike framtoningar.

### 2.3.2 Tillitsomgrepet

I følgje Beck er risikosamfunnet kjenneteikna av at sentrale *verdiar* og *normer* som samfunnet er bygd rundt, er i ferd med å verte erstatta av andre. I lys av den aukande teknologiutviklinga og vitskapleg forskning kan *konsekvensane* av dette verte objektet for politisk styring og

---

<sup>34</sup> Beck poengterer i samband med dette at mange sosiologar, til dømes Foucault, førestilte seg moderniteten som fagkunnskapens fengsel; vi vert alle små hjul i den tekniske og byråkratiske fornufta sitt store maskineri (ibid:277).

<sup>35</sup> Her aktualiserast paradigmeomgrepet, som uunngåeleg er knytt til vitskapshistorikaren Thomas Kuhn, og verket *The Structure of Scientific Revolutions* (1962). Eit paradigme består av forskarar som knytt til eit tema eller område beset same type ”tenkjemåtar”, verdiar og teoretiske/metodologiske utsegn. Ut frå dette utovar dei det Kuhn kallar ”normalvitskap” ved å vidareføre etablerte grunnidear, heilt til nye tenkjemåtar og paradigme oppstår som ein konsekvens av anomaliar og fenomen som ikkje kan forklarast innan den gjevne teoriråma.

kontroll, men ikkje teknologiutviklinga i seg sjølv. Tradisjonelt har vitskapen sin funksjon vorte forstått som å avdekkje og finne sanninga, medan politikken si rolle har vore knytt til å skulle etablere og skape ei form for sanning gjennom kompromiss og forhandling. På denne måten har vitskapen vorte plassert utanfor, som ein nøytral og ikkje-politisk aktivitet. I dagens refleksive samfunn ser det ut til at dette er i endring, i følgje Beck. Skiljet mellom vitskap/ekspertise og politikk er ikkje like klårt, men heller i ferd med å bryte saman som ein konsekvens av moderniseringsprosessane. Ulike offentlege debattar kan sjåast i retning av ei svekka tillit til ekspertisen. Tilliten som tidlegare var der har fått sitt utspring i ein auka mistillit som kan føre til at ekspertisen delvis mister sin legitimitet.

### 2.3.3 Politikk og subpolitikk

I definisjonen av risiko vert vitskapane sine fornuftsomgrep og rasjonalitetsomgrep utfordra, fordi det finnast ingen ekspertar på risiko. Det er her det sosiale aspektet ved Beck sin teori kjem inn. Det er dei sosiale *verdiane* som må bestemme kvar ekspertisen skal setje sine grenser for kva som er sett som akseptable verdiar i samfunnet. Dei nye risikoane kan ikkje kalkulerast av vitskapen. Slik vert dei opne for sosial definerings. Risikoomgrepet rommar òg om ein normative og verdimesige aspekt, som peikar mot mistillit til ekspertvurderingar og vitskapen sin manglande rasjonalitet i det moderne risikosamfunnet. Det er i samband med slike forhold vi med Beck kan bringe inn omgrepet om subpolitikk. Med dette peikast det på korleis omgrepet opnar for at andre aktørar enn dei som befinn seg innan det tradisjonelle, institusjonaliserte politiske systemet tek del i samfunnet si utforming. *”Sentralpolitikken har ikke (lenger) definisjonsmakten for hva som er politisk, det bestemmes på andre nivåer, som sideeffekter av beslutninger foretatt i tradisjonelt ikkepolitiske arenaer”* (Brekke 1995:223).

Det kan i forlenginga av dette talast om ei form for *motmakt* som eit motstykke til den etablerte og institusjonaliserte fornufta. Mellom *anna media*<sup>36</sup> kan vere eit sentralt fora for ”subpolitisk kamp”. Media kan synast å ha eit eige *blikk* for risikoar, dei kan gjere ei slags kommersialisering av risikoar, men det kan vere ”...uklart om det er risikoene som er blitt skjerpert eller vårt blikk for dem” (Beck 1997:70). Som ein konsekvens kan ikkje politikarane ved risikokonflikter lenger stole på vitskaplege ekspertar, seier Beck, då skilja er viska ut og det er tale om nye risikoar. *”I risikosamfunnet truer unntakstilstanden med å bli normaltilstanden”* (Beck 1997:100). Slik er det politiske systemet trua av avmakt, medan det

---

<sup>36</sup> I tillegg kan det nemnast demonstrasjonar, boikottaksjonar, rettssalar etc.

demokratiske systemet framleis er i live. Dei politiske institusjonane vert administratorar av ei utvikling dei verken har planlagt eller kan styre. Likevel vert dei forventa å skulle rettferdiggjere den.

Men det moderne samfunn er kanskje ikkje så mykje eit risikosamfunn i form av ei kvantitativ auke av risiko og fare, som det er eit samfunn prega av mistillit til ekspertisen (sjå 2.3.2). Dette tek vekk deira profesjonelle makt. Politikkenes rolle i forhold til dette er, i følgje Beck, tvitydig. Om noko går gale, vert dei politiske institusjonane gjorde ansvarlege for avgjerder dei ikkje tok og for konsekvensar og truslar dei ikkje kjenner. Vidare må dei legitimere avgjerder tekne av andre<sup>37</sup>. Slik har ingen ansvaret for risikoane.

## **2.4 Oppsummering og avsluttande vurdering av teoriane sitt bidrag til analysen**

Foucault skriv det kriminelle avviket si historie, ei historie som òg vert eit døme i praksis på grensedragingar mellom avvik og normalitet. Foucault avdekkjer her språket og tenkjesystemet si disiplineringskraft over den kriminelle. Sentralt er framveksten av ein disiplinerande kontroll som breier om seg og medverkar i utskiljingar av kva som vert oppfatta som "sant" og "falskt" om avvik og normalitet. Det gjaldt ikkje berre fengselsinstitusjonen, men heile samfunnet vårt. Avvikaren vert støyta ut og ekskludert, for så å bli integrert tilbake til samfunnet igjen – ei normaliseringsprosedyre. Disiplinen som strategi og teknikk er det viktigaste verkemidlet i denne prosessen, og Foucault identifiserar ulike *diskursar* knytte til konstruksjonen av avviket. Ulike *maktforhold* er i tillegg til vitensfelt sentrale: "*Det moderne fengsel er et krystalliseringspunkt for et bestemt system av makt og viten*" (Schaanning 1997:228). For å sitere Foucault sjølv: "*Det fengselsaktige nett – med sine store og små anstalter og metoder, med sine integrasjons-, fordelings-, bevoktnings-, og observasjonssystemer – har i det moderne samfunn dannet den brede basis for den normaliserende myndighet*" (Foucault 1994:270). Eg ser desse omgrepa om makt og disiplin, normalitet, avvik og diskurs som sentrale i mi analyse av syn på den kriminelle. Samtidig vil hans historier om galskap og særleg om kriminalitet kunne bidra til å få eit grep om ulike diskursar som i dag kan utspele seg på og mellom arenaene for denne studien.

---

<sup>37</sup> Beck trekkjer her fram ulykker som eit døme, og at det eksempelvis ikkje vert føreteke noko avstemning i parlamentet om bruk og utvikling av mikroelektronikk, genteknologi eller liknande (Beck 1997:280).

Vidare har Beck sine relevante teoretiske bidrag knytt til denne studien, gjeve meg eit omgrep om risiko og (mis)tillit, som skal knytast opp til empirien og avslutte analysedelen i kapittel 7.0. Hans syn knytt på det moderne samfunn kan vere fruktbart i å få eit grep om det som utspelar seg særleg knytt til mediearenaen, og den budskap som der kjem fram gjennom deira dramatiske oppslag om enkeltsaker og enkeltlagnadar. Bidraget vil nyttast knytt opp til kriminalitet og den kriminelle som å utgjere eit aspekt ved samfunnet sine risikoar. Media synast å ha ein nøkkelposisjon her, også knytt opp til formidling av mistillit til både politikk og fagfelt/vitskap.

I det neste kapitlet vert det sett nærare på historiske og kulturelle dimensjonar knytt til den kriminelle "natur". Poenget er å syne korleis utviklinga av den kriminelle "natur" står i samband med dei meir generelle rammer som utviklinga finn stad innanfor, og korleis dei er historisk og kulturelt skapte. Kategorien kriminelle er ein historisk ukonstant, då vi ikkje kan tale om ein historisk og kulturell kontinuitet og fastskap.



### 3.0 Den kriminelle i ein historisk og kulturell kontekst

*”Tror jeg at det finnes effektiv behandling for lovbrytere, og at de kan forandres? Ja, så avgjort [...] Hemmeligheten med suksess i alle programmer ligger i å erstatte en straffende holdning med en terapeutisk holdning”*

Karl Menninger, amerikansk psykiater (1966)

(i Andenæs 1994:41)

#### 3.1 Innleiing

Dette sitatet kan fungere innleiingsvis som ein peikar på kapitlet sitt fokus. Denne delen av studien skal omhandle normative syn på den kriminelle sett i ein historisk kontekst. For å kunne studere korleis diskursar oppstår, endrar seg, utviklar seg eller forsvinn, vert ei historisk og kulturell kontekstualisering av betydning. Skildringa vil mellom anna syne korleis eit omgrep om behandling/rehabilitering sakte har vakse fram til å bli ein del av straffesystemet vårt, og korleis det i varierende grad har vorte - og framleis vert - legitimert som grunngeving for straff<sup>38</sup>. Sitatet står for eit fagforankra syn på den kriminelle lovbrutar, og trer fram som positivt med tanke på kva som kan gjerast for og med vedkomande innan fengselsinstitusjonen. Men ytringa står for *eit* av mange ulike standardar å vurdere den kriminelle ut frå. For å syne den til ei kvar tid skiftande vektlegging av ulike syn, vurderingar og formål i strafferettsideologien er det naudsynt å gå historisk og kulturelt til verks. Kapitlet tonar fram som å vere idéhistorisk<sup>39</sup> inspirert av Foucault sine tilnærmingar. Han har tilnærma seg strafferetten sitt område og synt at grensene mellom ”outside” og ”inside” er variable og går langs heilt andre liner enn det ulike vitensfelt kan vere i oppfatning av, noko som forsterkar hans relevans for også denne delen av studien.

Kapitlet startar ut med ei innleiande skissering av ulike måtar ein gjennom tidene har freista forklare kriminell identitet på. Dette sjåast her som ”kittet” mellom oldtid og det moderne samfunn, og vil liggje under – og dukke fram – gjennom dei ulike bidraga. Deretter har framstillinga preg av ei todeling. Først omhandlast historikken i ein større europeisk skala, frå om lag 1600 -1870. Deretter dreiest det mot det som kan karakteriserast som nærhistoriske

---

<sup>38</sup> Dette fokuset må sjåast i samanheng med at ein del av studiens fokus er retta mot eit kognitivt påverkningsprogram knytt til den fengselsinstitusjonelle arena – Ny Start (sjå kapittel 4.0).

<sup>39</sup> Foucault sine vitenskaplege prosjekt kan kallast for ein ”idéhistorisk intervensjon” (Schaanning 1997:15), der forhold mellom eksempelvis normalitet og avvik for intervenøren (forskaren) kan sjå annleis ut enn for utøvarar av ulike vitensfelt. Min geskjeft vert å freiste følge ein slik logikk knytt til omgrepet om ”den kriminelle”.

forhold frå om lag 1870 og fram mot i dag, med vekt på norske forhold siste halvdel av 1900-talet<sup>40</sup>. Det er særleg det meiningsrom som normalitet, avvik og disiplineringsmakt opnar opp for, som er av interesse i dette kapitlet. Då slike omgrep samtidig er ein del av det teoretiske grunnlaget for studien, vil dette naturleg farge den vidare framstillinga – som har som siktemål ikkje å verte ei for snever og einsidig historie<sup>41</sup>. Tanken bak det å gå historisk til verks på denne måten, er at studien treng historiske perspektiveringar som kan nyttast på eit meir analytisk stadium. På denne måten ser vi korleis denne studien sitt teoretiske (2.0) og historiske kapittel (3.0) er samanfallande på ein særreigen måte, då Foucault sine idéhistoriske teoretiseringar på same tid gjenspeglar mi metodiske tilnærming.

### **3.2 Historisk og moderne identitet**

Utvikling, endringar og framhald i syn på den kriminelle kan i tråd med denne studien si tilnærming sjåast som resultat av historiske og notidige diskursar om sjølv og mennesket. Ved at det slik stadig skjer menneskedanningar vert det i dette kapitlet sentralt å gå tilbake i tid, og sjå korleis ”sanninga” om den kriminelle har utvikla seg framover. Knytt til dette ser eg det innleiingsvis for kapitlet som relevant å sjå nærare på ulike måtar som har vore brukt og framleis nyttast i å skulle forklare ”den kriminelle” som menneske – som bakgrunn for både den historiske og moderne identitet.

#### **3.2.1 Kriminalitetens natur og kultur**

Utvikling, endringar og framhald i syn på den kriminelle kan historisk sjåast i relasjon til ulike forklaringsmåtar. Desse må også sjåast som ein debatt som fell inn under forholdet mellom *individ* og *samfunn*. På denne måten vert det òg eit forhold mellom biologi og kultur, der den kriminelle finn stad i debatten mellom desse to ytterpunkta. Den klassiske debatten mellom *natur* og *kultur* kan seiast å byggje på ulike menneskesyn, og får slik ein aktualitet for denne studien. Med tanke på den vidare framdrift for studien, må desse ytterpunkta sjåast som å femne om bevegelsar som kan danne diskursive mønster for korleis den kriminelle vert oppfatta.

---

<sup>40</sup> Desse forhold vert dekkja via ulike norske bidrag, sjølv om det er Foucault sine perspektiveringar som ligg til grunn òg for utbreiinga av dei norske bidraga.

<sup>41</sup> Fleire ulike kjelder vil her verte omhandla gjeldande kva dei seier om den historiske utviklinga overfor den kriminelle. Følgjeleg er dette inga framstilling bygd på *primærkjelder*, det er i all hovudsak *sekundærkjelder* og historisk forskning som utgjer fundamentet for dette historiske kapitlet.

Ein mogleg måte å sjå den kriminelle sin identitet på, er å ta utgangspunkt i vedkomande som å vere *atomistisk*. Då vert den kriminelle sett på som eit uforanderleg og ureduserbart individ, med ein ferdig utvikla natur og karakter, uavhengig av dei relasjonar ein er del av. Eit slikt verdsbilete går tilbake til Hobbes, som såg mennesket som ondt og egoistisk, og i stor grad å vere styrt av drifter. Han definerte ondskap som ein medfødd, naturleg eigenskap og som eit resultat av konkurranseforholdet menneske imellom. Mennesket sine handlingar er motivert av at dei vil sitt eige beste. Valden og ondskapen bur då inne i menneskekroppen, som vidare må disiplineras for at desse eigenskapane ikkje skal kome ut<sup>42</sup>. Samfunnet sin funksjon er å temme og kontrollere den menneskelege natur. Ei slik mekanistisk- og materialistisk naturoppfatning har ei forståing av individet som å befinne seg i det sosiale landskap som eit klassisk atom i det tomme rom (Kolnar 1999:151).

Som ein motpol til det atomistiske menneskesyn står det *organiske* menneskesynet. Her vert individet sett som ein uåtskiljeleg del av samfunnet, og formast i interaksjon med fellesskapet. Utvikling av begjær og fornuft, samt erverving av sin eigenart skjer gjennom uttrykket for gjeldande normer i samfunnet. Ei slik oppfatning byggjer på Rousseau og opplysningsfilosofane si tid. Dei såg mennesket som grunnleggjande godt, der det onde sto som eit resultat av samfunnsutviklinga. Slik vert individet kriminelt og valdeleg av samfunnet. Det onde bur ikkje i mennesket, men er derimot eit produkt av samfunnet.

Mellom desse to ytterpolane av natur og kultur skjer den kontinuerleg beveginga mellom måtar å sjå kriminalitet og den kriminelle avvikar på. Dette må sjåast som ei utdjuping av oppfatningar om forholda mellom individ, samfunn og kriminalitet. Poenget med å nemne desse moglege måtane å sjå individet innleiingsvis i dette historie- og kulturfokuserte kapitlet, er relevansen desse omgrepa har både for fortid og notid. Kriminalitetsdebattar også i det moderne samfunn må sjåast i forhold til denne motpolen og det meiningsrom som ligg mellom dei, noko som aktualiserar natur/kultur dikotomien for denne studien.

---

<sup>42</sup> Ein parallell kan trekkjast til Kant, som heller ikkje meinte at mennesket fundamentalt sett er godt. I skriftet *Det radikale onde* skreiv han at eitkvart menneske både er godt og ondt, og alltid må strekkje seg etter å gjere det gode. Mennesket kan i følge han forbetre seg, ikkje som individ, men gjennom sine historiske erfaringar og samfunnet sine institusjonar ([http://www.vg.no/din\\_verden/html/filosofi9.html](http://www.vg.no/din_verden/html/filosofi9.html)).

### 3.3 Del I: Strategiar overfor den kriminelle i tidsrommet 1650-1870

Denne delen av kapitlet vil fokusere på dei ulike strategiske innretningar som har funne stad overfor den kriminelle frå kring 1650-talet om lag 200 år fram i tid. Det vert inga uttømande framstilling, snarare ei skildring knytt opp mot forbedringstanken sitt innpass på den fengselsinstitusjonelle arena. Fokuset er ei understreking av at historia på mange måtar betingar dagens forhold for den kriminelle, samtidig som det har skjedd ulike brot med fortida. Vi skal fyrst sjå korleis staten etablerar sitt ”valdsmonopol”, og korleis fengselet som eit ledd i dette festar seg som ein straffemetode<sup>43</sup>.

#### 3.3.1 Staten sitt valdsmonopol

Knytt til rettssamfunnet og straffesystemet har staten som styringsinstans i aukande grad kome på bane knytt til å påverke borgarane. Retten starta frå byrjinga av 1600-talet av å orientere seg meir mot straff og mindre mot forsoning: *”Tingets gamle rolle som meklings- og fredsskapende organ er blitt svekket på bekostning av en mer rendyrket domstolsfunksjon”* (Sandmo 2000:55). Det kan sjåast som starten på historia om det sivile samfunn sin oppkomst og korleis dette var ein statsstyrt prosess. Sentralmyndigheitene gjekk i denne perioden inn i det lokale rettsapparatet på ein heilt ny måte. Dette skjedde gjennom eit hardt drive tiltak for å få bukt med den ukontrollerte maktbruken som fann stad blant folk utanfor dette statsapparatet, og at det er slik nemninga *statens valdsmonopol* har vorte etablert. Staten gjorde gradvis krav på einerett i forhold til utøvinga av lokal, fysisk makt og kriminaliserte private maktutøvarar som valdsmenn. Dette kan sjåast som eit møte mellom to diskursar - ein sentral og ein lokal: *”Denne diskursen (lokal – min merknad), med sin betoning av samhold, vennskap og forsoning, ble brutt mot en annen [...] Denne andre har tilknytning til staten, og utgår dermed fra et sentralt blick som kategoriserer handlingar ut fra andre kategorier enn lokalt”* (Sandmo 1999:273). Ideen om statleg kontroll over maktbruk er langt eldre enn 1600-talet, men i norsk samanheng var det på denne tida at prosessen skyt fart. Grunnlaget leggjast for det sivile, siviliserte samfunnet, eit samfunn som per definisjon er umyndiggjort (Sandmo 2000:56). Bekjempinga av valden i det eldre valdssamfunnet var òg ei bekjemping av ei gamal myndigheit med tilhøyrande gamle fellesskapsverdiar – nye verdiar tredde inn i staden.

---

<sup>43</sup> I denne samanheng kan det nemnast at auken i talet på straffa og auka i dei svært lange straffer har gjort at fengsla er sprengde, og køane av dei som ventar på å sone veks. Dette skildrast mellom anna i *Utenfor samfunnet* (Hauge 1986:31), men er ei utvikling som òg dei siste tiåra har vorte forsterka, om vi ser til politiske utspel og medieoppslag gjeldande fengsla og kriminalitet.

Slik vert omgrepet om "vald" i denne tidsperioden noko *anna* enn før. Med statens intervensjonering "...kom begrepet til å dekke et bredt spekter av handlingar som før hadde hatt ulik mening, men som kom til å bli deler av det samme illegitime, asosiale fenomenet" (Sandmo 1999:262). Likevel blei ikkje valden endeleg fastlagt og ferdig konstruert som omgrep og fenomen. Eksempelvis kan dei debattar vi fører i dag om lovgjeving kring abort og aktiv dødshjelp, vere manifestasjonar av korleis *grensene* for kva som er vald, framleis er i stadig endring. Ulike grupper kjempar om retten til å leggje desse grensene fast. Det er i endringa av valdsomgrepet sitt innhald at ein kan sjå konstruksjonen av fenomenet vald som noko som eksisterar uavhengig av dei menneska som reint fysisk tek del i valdshandlingar. Ved å syne "...oppkomsten av en ny forestilling om kategorien "vold"" (ibid:267) ser vi klåre parallellar til Foucault si tilnærming til omgrep og fenomen<sup>44</sup>. Ei slik tilnærming til omgrepet om "vald" må sjåast som konstruktivistiske eller "kulturalistiske": "Jeg har valgt å skrive om vold ut fra en tanke om at kategorien ikke er naturgitt, men en konstruksjon. Da mener jeg også at den er kultur i motsetning til natur: det finnes ingen "ren" eller ukomplisert "faktisk" vold å kartlegge. Den er et kulturprodukt, og dermed også kulturavhengig eller kulturrelativ" (ibid:267). Vi kjenner igjen Foucault sitt syn på eit omgrep sin relativitet. Imidlertid er det tematikken som er av størst interesse i dette kapitlet, då temaet omhandlar vald og kriminalitet – om følgjeleg syn på og inngrep overfor den kriminelle. I forlenginga av det vi har sett gjeldande staten sitt inntog på dette feltet, kan heile det sivile samfunn sjåast som eit samfunn som er blitt fråteke sine eigne maktmiddel, og "[n]år enkeltmedlemmer griper tilbake til disse maktmidlene, blir de kriminalisert" (Sandmo 2000:63 – mi understreking). Den vidare framstillinga vil meir konkret vere fokusert mot verksemdar knytt til behandling og straff av den kriminelle, der eit sentralt vendepunkt er framveksten av det moderne fengsel.

### 3.3.2 Innesperringshusa på 1600-talet

Fram mot 1600-talet var fysiske avstraffingar, landsforvising og fredløyse dømme på sentrale straffereformer. Men på 1600-talet byrja det derimot å skje noko på kontinentet. Ein starta å anvende innesperring i anstalt ved at det blei utvikla store innesperringshus. Ikkje som eit *alternativ* til dei gamle straffer, snarare som eit *tillegg*. I løpet av ein del tiår blei tusenvis av menneske sperra inne i store institusjonar, i Frankrike kalla "hospital", i Tyskland og Holland "tukthus", i England "arbeidshus" og "korreksjonshus". Vi såg i kapittel 2.0 korleis Foucault i

---

<sup>44</sup> Sandmo presiserar sjølv at han er inspirert av Foucault. Inspirasjonsgrunnlaget knyter han både til sin vilje til å studere korleis valdens historie òg er ei historie om korleis kategorien blei konstruert, samt til at den språklege forskyvinga knytt til at merksemda forskyvast frå røynda "i seg sjølv" til representasjonane av den – fyrst og fremst i form av språk (Sandmo 1999:55).

*"Galskapens historie"* (2000) skriv om innesperringa si historie. Dette er ei skildring av korleis dei sinnsjuke er blitt behandla i Europa frå middelalderen og fram til våre dagar, og skildrar framveksten av innesperringshusa på 1600-talet – ein byrja å anvende innesperring i anstalt. Kven var det så som blei sperra inne i denne fyrste fasen av fengselet si moderne historie? Historisk materiale frå ulike europeiske land syner at dei som blei sperra inne i 1600-talets innesperringshus i stor grad var *"...fattige løsgjengere, tiggere, folk som ikke hadde arbeid, folk som drev omkring og forbrøt seg mot andres eiendom. En stor og heterogen kategori som først senere i noen grad ble differensiert"* (Mathiesen 1987:17).

Vidare har denne reaksjonen blitt sett både som å ha ei økonomisk og ei ideologisk side. Det økonomiske låg i at billeg arbeidskraft blei nytta i offentleg samanheng – den som hadde gjort noko gale gjorde opp for seg på ein måte som kom resten av samfunnet til gode. Den ideologiske grunngevinga var å føre den *umoralske* tilbake på den smale og reine veg. Vi ser allereie her korleis det tidleg låg visse *normative* vurderingar til grunn for kva strategiar og reaksjonar som skulle nyttast overfor den kriminelle. *"Hospitalet var også en moralsk institusjon som hadde ansvar for å avstraffe og irettesette en viss moralsk "hjempløshet" som ikke fortjente noen vanlig domstol, men som heller ikke kunne rettes opp igjen utelukkende gjennom anger og bot"* (Foucault 2000:68).

Gjeldande innesperringa si form, var den ikkje prega av rettstryggleik og omhyggjeleg nyansering. Måten innesperringa gjekk føre seg var klart prega av tvangsarbeid for dei innsette, der arbeidsdrifta i dei nye institusjonane må sjåast i samanheng med eit siktemål om lønsemd. Dette gjaldt for ei rekkje sentrale europeiske land (Mathiesen 1987).

### 3.3.2.1 Moglege årsaker til innesperringa

Eit sentralt spørsmål er *kvifor* denne innesperringa kom. Eit viktig bidrag som opplyser dette spørsmålet er George Rusche og Otto Kirchheimer sin no klassiske studie av straffa si historie frå 1200-talet til 1900-talet (Rusche og Kirchheimer 1939). Deira grunntese er at arbeidsmarkeden regulerar straffene, ei tese som har stått sentralt i den rettssosiologiske debatten om anstaltane sin oppkomst. Det artar seg, i følgje dei, slik at i periodar med overskot på arbeidskraft vert straffene strenge, fordi ein ikkje treng arbeidskrafta til produktivt verke, og fordi det er viktig å ha strenge straffer for å kue dei arbeidslause gruppene. På den andre sida vert straffene mildare i periodar med underskot på arbeidskraft, fordi det dannar seg behov for arbeidskrafta til produksjon. Rusche og Kirchheimer hevdar at 1600-talet, i

motsetnad til 1400- og 1500-talet, var ein periode med underskot på arbeidskraft. Samtidig var det merkantilismen<sup>45</sup> sin periode, med vekt på nasjonal økonomisk vekst og merkantilistiske føretak, som eksempelvis veveri og spinneri. Og det var nett i denne perioden at lausgjengarar og uteliggjarar blei sette i anstalt og til å arbeide.

Rusche og Kirchheimer si tese vart sett som interessant, men den blei òg gjenstand for kritikk og motførestellingar. Ein slutta ikkje med fysiske avstraffingar i denne perioden, noko ein truleg skulle ha gjort om det berre var behovet for arbeidskraft som låg bak. Den store nedtrappinga av kroppspinsler kom seinare (Foucault 1994 og 2000). Det er vidare tvil om den historiske korrektheita av at det var eit generelt underskot på arbeidskraft i denne perioden, derimot har det vorte hevda at det fanst store hordar av arbeidslause då (Olausen 1976). Det har òg vore hevda at det var langt frå sikkert at dei som blei sperra inne var skikka og brukbare til arbeid. Vidare var anstaltane i praksis berre unntaksvis lønsame. Dette er faktorar som tilseier at ein kanskje må sjå vidare enn berre til arbeidsmarkeden for å freiste gje svar på kvifor innesperringa kom.

Denne påpeikinga av moglege årsaksforhold er teken med for å syne kor ulikt slike kausale forhold kan vurderast alt etter ståstad. På same måten kan det syne at det òg på denne tida fanst ulike vurderingar av den innesperra. Vi let med dette omhandlinga av eventuelle kausale forhold liggje her, og går vidare over i 1700-talet.

### **3.3.3 1700-talet og tukthusa**

Om vi går til norske forhold var det midt på 1700-talet to slag straffeanstaltar her i landet – festningane og tukthusa. I åra 1735-1790 blei det oppretta fire tukthus i Noreg. Det fyrste norske tukthus vi kjenner til blei oppretta i Trondheim omkring 1630. I åra 1735-1789 blei det bygd tukthus i Trondheim, Kristiania, Bergen og Kristiansand (Langelid 1982:18). Det er tukthusa som er dei mest interessante i denne konteksten, i og med at dei hadde oppsedings- og forbetringstanken med seg frå starten av.

Målet med straffa midt på 1700-talet var å bøte for misgjerningane gjennom ei straff som svara til alvoret i brotsverket. Men *”[s]traffesystemet som møter oss midt på 1700-talet var brutalt og hardt sett med våre augo [...] Den som spotta Gud, fekk skore ut tunga”* (ibid:16).

---

<sup>45</sup> 'Merkantilisme'; system for økonomisk statspolitikk frå pengehusholdinga si byrjing på 1500-tallet til den industrielle revolusjon på slutten av 1700-tallet (Caplex leksikon 2001).

Slik var lova, men i praksis var det mange som fekk ettergjeve straffa fordi domane var så strenge. På same tid som bruk av fysiske straffemiddel minka, gjekk ein over til å nytte tap av tid som straffereaksjon. *Fridomsstraffa* gjorde sitt inntog. Føremåla med denne fridomsstraffa var fleire. Siktemål som å straffe lovbrytarane, å skaffe arbeidskraft til offentleg bruk og halde samfunnet fritt for omstreifarar og andre ”snyltarar” stod som sentrale innan dette strafferegimet (Andenæs 1974:359). På denne måten kan vi sjå at anstaltane som vaks fram blei utforma til å tene fleire grupper og føremål. Likevel kan det seiast at utforminga svinga mest i retning av samfunnsorienterte løysingar, der den kriminelle som individ i mindre grad blei teken omsyn til.

Trass fokuset på å verne samfunnet kom med tukthusa *forbetringstanken* inn i det norske fengselsvesen. Ein internasjonal pedagogisk idé blei teken opp og ført over på norske tilhøve. I tukthusa fall den straffande, i form av *hemn*, og den *hjelpande* funksjonen saman. Ein skulle gjennom ei kristeleg innretta opplæring og oppseding lære seg å arbeide. Vi ser her tendensar til ei gryande tru på den kriminelle. Det var ikkje lenger berre tale om å sperre vedkomande inne for å verne resten av samfunnet, men strategiane gjekk på dette tidspunktet i lei av at den kriminelle òg kunne ha evner, evner som ein burde få fram i lyset og som kunne gjere nytte både for den kriminelle sjølv og resten av samfunnet.

Eit av dei første tukthusa i Europa, tukthuset i Amsterdam, blei grunnlagt så tidleg som i 1596. Målsetjinga for dette tukthuset som for liknande hus seinare var arbeid, religion, skule og sjølvsgatt disiplin. *Rehabiliteringsideologien* kunne skimtast i tukthusa. Det har vorte påstått i ein studie at tukthusa – i motsetnad til slaveria – var tenkt som oppsedingsanstaltar (Bugge 1969:127). Midt på 1700-talet var det faktisk i stor grad dei ikkje-kriminelle som fylte tukthusa, det viktigaste var at ein skulle tuktast gjennom arbeid. Men skildringa av framveksten av tukthusa er viktig å ta med her, fordi tukthusa etterkvart gjekk over til å bli *reine* straffeanstaltar for kriminelle. Dette skuldast at tukthusa etterkvart blei fritekne for å tene som anstaltar for andre grupper, eksempelvis skulle sambandet mellom fattigvesenet og tukthusa kome til å bryte. *Fridomsstraffa* avløyste meir og meir dei andre måtane å straffe på (Langelid 1982:21).

### **3.3.4 Opplysningstid og klassisisme**

Vi ser at strafferetten ikkje alltid har vore like opptatt av å *forbetre* den som straffast. Det finnast absolutte straffeteoriar som ser straffa som ei moralsk naudsynt *gjengjelding* av den



onde handling som er gjord, same kva verknader straffa har på den spesielle person som straffast eller på allmennheita. Slik opprettast likevekta, og lovbrytaren kan såleis oppnå forsoning med samfunnet. Men frå 1700-talet har det vore vanlegare å forsvare straffa ut frå den nytta den har som eit middel mot kriminalitet (Huitfeldt 1987:75).

I tida mellom 1750 og 1825 (på kontinentet, noko seinare i Skandinavia) vaks dei eigentlege *fengsla*, institusjonar innretta særskilt mot lovovertredarar, fram i Europa. Samtidig blei bruken av fysiske avstraffingar for alvor avtrappa. Fengsla kom no i staden for og ikkje i tillegg til dei gamle straffer (Christie 1987:20). Denne framveksten av fengselet som straffeanstalt har vore omhandla i kapittel 2.0, då den inngår som ein sentral del i min bruk av Foucault som teoretisk bidrag. Dette kapitlet vil i mindre grad omhandle denne hendinga ved å bruke hans bidrag. Mitt vidare fokus er basert på andre sentrale bidrag<sup>46</sup>.

#### 3.3.4.1 Reformvilje

Overalt i det 18. hundreåret sin siste halvdel protesterast det mot torturen som teknikk og valden som førte med den. Det kom ein reaksjon mot den strafferettsfilosofien som hadde rådd grunnen tidlegare. Eit reformarbeid som hadde eit meir humant straffesystem som mål, tok form (Langelid 1982:21). Filosofar og rettsretorikarar, juristar og andre innan rettsvesenet, parlamentsmedlemer, dei offentlege sine opphavsmenn og medlemer av dei lovgjevande forsamlingar - dei går alle inn for at det må straffast på ein *annan* måte (Foucault 1994:69)<sup>47</sup>. Om vi ser til kontinentet, var dei fremste teoretikarane store namn som Montesquieu, Beccaria og Bentham. Også dei såg avskrekking som eit hovudføremål med straffa, og særleg den generalpreventive verknad av straffa. ”*Men det var ikkje dei grusomme og strenge straffene som var avgjerande – for strenge og harde straffer kunne føre til auka kriminalitet – men at straffa kom som ein rask og sikker reaksjon [...] Straffene måtte stå i eit visst forhold til brotsverket*” (Langelid 1982:21). Som ein konsekvens kom *fengsla*, som medførte at ein i løpet av den klassiske tidsalder oppdaga ein for alvor kroppen som gjenstand og angrepsmål for maktutøving. Med det moderne fengselet som straffeinstitusjon kunne *disiplinen* utviklast

---

<sup>46</sup> I dette kapitlet har Foucault meir ein status som (idé)historikar, og vert nytta meir eller mindre ”på lik linje” med dei andre bidraga. Imidlertid er dette ei sanning av modifikasjonar, då heile denne studien må sjåast som eit foucaultinspirert prosjekt.

<sup>47</sup> Foucault skriv på utførlig vis om den offentlege tortur (ibid:33-65). Han ser tortur som å vere ein teknikk, som ikkje må forvekslast med lovlaust, ubeherska raseri (ibid:34). Den ekte torturen sin funksjon er å få sanninga til å ”glitre” – og det er med dette for auge at den offentlege torturen held fram der det pinlege forhøyret slapp. Det pinlege forhøyr fungerte som tortur for sanninga si skuld (sjå s. 35-40).

og dyrkast. Dei nye fengsla blei nettopp disiplinens, med sterk vekt på pinleg orden, reglementer og liknande (Mathiesen 1987:21).

### 3.3.5 Klassisismen – handlinga er i fokus

Om vi igjen går direkte over til norske forhold skal vi sjå at med opplysningstida kom det som vert kalla den klassiske retning innan strafferetten, og av nokre kalla *klassisismen*. Nils Christie skriv i *Pinens begrensning* at klassisismen blei båret fram av kravet om lik straff for borgarskap og adel når dei hadde gjort den same type lovbrøt (Christie 1982:38). Om ein legg til grunn Foucault sine termar skjer det som vi kanskje kan kalle for ei slags disiplinering av den kriminelle gjennom fokus på den enkelte kriminelle sine rettar.

Hovudspørsmålet i den strafferettslege debatt på 1700-talet og i byrjinga av 1800-talet var å innføre skrankar for staten si maktutføring. Borgarskapet brukte sin nyvunne fridom til å krevje at lovreglar skulle bestemme kva som skulle straffast eller ikkje. Einevaldskongen hadde ikkje vore så nøye på det. Legalitetsprinsippet, som krev heimel i lov for inngrep, betydde rettssikkerheit, og borgarane kunne førutberekne kva følger handlingar kunne få. For å sikre ein slik likskap for lova, måtte straffeutmålinga verte fastsett i detalj på førehand etter kor grov gjerninga var, og ikkje etter gjerningsmannen sin stand eller dommaren sitt skjønn. Straffa skulle no stå i forhold til *handlinga*, og blei såleis tidsbestemte. Med denne forholdsmessigheita som straffeutmålingsprinsipp oppnådde ein at like tilfelle blei behandla likt utan omsyn til lovbrøtaren sin status. Vedkomande si skuld var i så måte ein føresetnad for straff, og det var *moralske* standardar og *rettferdsomsyn* som styrte i straffeutmålingar. Sett i relasjon til problemstillingane for denne studien, må dette seiast å vere ein sentral periode å omtale her.

Følgjeleg finn vi i siste halvdel av 1700-talet ein slags reaksjon mot den strafferettsideologien som til då hadde råda. Eit reformarbeid som frå ulike hald blei hevda å ha eit meir *humant* straffesystem som mål tok form. Som ein konsekvens av dette arbeidet skulle ikkje lenger grusamme og strenge straffer vere avgjerande, heller skulle straffa komme som ein rask og sikker reaksjon. Synet på at for strenge og harde straffer kunne føre til auka kriminalitet starta og å gjere seg gjeldande i denne tidsperioden. Slik var ei sikker rettshandheving viktig, straffene måtte stå i eit visst forhold til det brotsverket som var gjort.

### 3.4 Del II: Individuell behandling – ein ny strategi

Vi går no frå den eldre historia og over til det vi kan kalle den nyare tid, gjeldane dette tema. Fokuset vert her lagt frå slutten av det 18. hundreåret, og fram mot i dag. Hovudtyngda vert mot 1950-talet og framover. Årsaka til dette er at det i denne perioden skjer mykje – både i tale og handlingar - gjeldande behandling av den kriminelle, og som gjev seg konkrete utslag innan mellom anna fengselsregimet.

#### 3.4.1 Frå handling til person

Om lag på 1870-talet braut ei ny tankeretning fram, som av nokre fekk tilnamnet ”Den positive skule”, eller positivismen. Tilhengarane av denne meinte at klassikarane (”Den klassiske skule”) ved å setje *handlinga* i sentrum, ikkje klarte å førebyggje ny kriminalitet frå lovbyrtaren etter enda soning. I staden var det *personen* som måtte setjast i sentrum, straffa skulle verke individualførebyggjande. Myndigheitene dreia med dette merksemda frå handling til person – frå lovbrøt til lovbyrtar. Siktemålet var å endre fangane slik at dei skulle slutte å utføre lovbrøt og slik at myndigheitene kunne nå målet om å bekjempe kriminalitet.

Klassikarane kan hevdast å ha sett på mennesket som eit rasjonelt handlande vesen, som dermed var ansvarleg for sine handlingar. Men den positive skule såg ikkje på lovbrøt som ei moralsk sviikt, men som eit utslag av enten medfødt eller miljøavhengig anormalitet hos lovbyrtaren. Og når lovbrøtet skuldast biologiske eller sosiale forhold, meinte positivistane at noko av grunnlaget for den personlege klandringa fall vekk. Likevel hadde samfunnet rett til å forsvare seg mot kriminalitet – men positivistane meinte at andre strategiar måtte til i kampen mot kriminalitet.

Årsakene til kriminalitet blei no plassert inne i kroppen, og kriminelle blei erklært ulike frå dei fleste andre menneske. Dei måtte i følgje positivistane møtast med vitenskaplege metodar. Ein måtte ta seg av dei etter *behova til den enkelte kriminelle* (Christie 1982:24). Vi kan her kjenne igjen det som innleiingsvis blei skissert opp gjeldande måtar som nyttast i å skulle forklare den kriminelle som menneske. Ei meir individsentrert haldning til den kriminelle trer slik fram. Sjølv om det er behova til den enkelte som hevdast å vere i fokus, plasserast òg årsaka til valden og ondskapen inne i menneskekroppen, og vi kan skimte det atomistiske menneskesyn. Samfunnet vernar seg mot den kriminelle natur vel å freiste temme og kontrollere den.

Med førebiletet i naturvitskapar som fysikk, kjemi, biologi og legevitskap ville positivistane gjennom eksperiment og observasjon finne *årsakene* til kriminaliteten. Med ein slik kunnskap kunne ein finne rasjonelle kriminalpolitiske tiltak for å forhindre kriminalitet, samt verkemiddel mot den når skaden likevel var skjedd. Kriminalsociologiske teoriar la etterkvart vekt på miljøet som kriminalitetsframbringande. Påverkingar i barndomen, i form av mangelfull oppseding, liten omsorg og tilhøyre, førte til feilutvikling og seinare til lovbrøt. Med denne årsaksforklaringa hadde dei òg svar på kva *behandling* som var naudsynt for å rette opp skadeverknadane frå miljøet. Lovbrytaren måtte påverkast ved hjelp av psykologiske og pedagogiske metodar eller få psykiatrisk behandling. Ei tru på diagnose og behandling kunne skimtast, om ein berre fekk kartlagt den enkelte lovbrøytar sine behov skulle vedkomande verte helbreda for sin ugagn og fåast inn på rett spor.

### **3.4.2 Legevitskapen si betydning i denne perioden**

Etter modell frå legevitskapen blei den såkalla *behandlingsideologien* framherskande. I den legevitskaplege verda er det klienten og omsynet til han eller ho som skal stå i sentrum – på same måten såg ein tendensane til at fangen, og vedkomande sine behov blei sett i fokus. Innan medisinen blei det innført eit skilje mellom symptoma og dei underliggjande patologiske prosessar eller strukturar som gjev opphav til disse. Symptoma er overflate, men gjennom ei diagnose knytast sambandet mellom symptoma og den underliggjande patologiske tilstanden og i neste omgang løyser dette ut ein bestemt terapi som helst skal føre til behandling. Dette skilje mellom symptom og patologi er heilt sentralt for moderne legevitskap, og følgeleg kan medisin gjennom denne vurderinga sjåast som å ha hatt stor terapeutisk suksess (Froestad 2000:2).

Det nye var å sjå på forbrytaren som på ein eller annan måte å vere sjuk, og difor nesten bestemt på førehand til å handle i strid med lova. Tap av fridom blei grunngjeve med at lovbrøytaren skulle *behandlast* for kriminaliteten, om lag som når ein lege behandlar ein pasient (Langelid 1982:36). Målet med behandling var å førebyggje tilbakefall hos den enkelte lovbrøytar. Tilhengarane til denne ideologien trakk etterkvart den konklusjon at tidsbestemte straffer som på førehand blei utmålte av domstolane ikkje svara til ideen om behandling. Derimot måtte ein innføre *tidsubestemde straffer*, der ein følgde lovbrøytaren under fullbyrdinga. Blei det forbetringar, kunne vedkomande sleppe ut. Dette synet betydde eit avgjerande brot med klassikarane sin rettstryggingstankegang. Verdiar som

forholdsmessigskap og likskap blei nedprioriterte, til fordel for differensiering og individuell behandling (Huitfeldt 1987:76-77).

### 3.4.3 Den humane og effektive straff

Medan ein tidleg på 1800-talet såg ein forbrytar som eit menneske som var ansvarleg for handlingane sine, skjedde det mot slutten av dette hundreåret ei nyorientering i synet på straff, kriminalitet og lovbrytar. Frå å snakke om moralsk skuld og straff, byrja ein no å tale om førebyggjande tiltak og behandling. Det var berre på overflata at forbrytaren blei dømd som gjerningsmann for ei forbryting og fridomsstraffa blei av mange sett som nok straff i seg sjølv. Frå ulike hald blei det hevda at for å straffe humant, rettferdig og effektivt måtte lovbrytaren sin karakter og personlege forhold no inndragast i straffeutmålinga og i utforminga av straffetiltaka. Ein konsekvens av dette system var ei delvis forkasting av førestillinga av moralsk skyld og fri vilje, og dermed òg ei undergraving av individet sin status som rettssubjekt. Hemn- og skremselsstraff var blitt endra til ei *disiplinærstraff* der målet var at forbrytaren skulle forandrast til det betre. Objektet for kontroll skifta dermed frå kroppen til sjela. Vi fekk mellom anna sikring, vi fekk tidsubestemde domar, vi fekk ekspertar til å bestemme lauslatingsaugeblikket og vi fekk spesialinstitusjonar for psykopatar og alkoholikarar. Alt i alt blei *særreaksjonar* mot lovbrytarar viktige tiltak innan kriminalpolitisk arbeide, og dermed innan den utforminga ein fekk institusjonelt.

Men når dette er sagt, så føregjekk denne utviklinga relativt langsamt i Noreg. Domstolane heldt fram i straffeutmålingspraksisen med i stor grad å leggje vekt på handlinga, den moralske skyld og at straffa skulle verke allmennførebyggjande – det vil seie verke avskrekkjande. Konsekvensen av dette var at straffene for same forbrytingar i stor grad blei like, *utan* den individuelle differensieringa som tanken om behandling skulle tilseie. Vidare kan det samla sett seiast at behandlingstanken førte til mildare straffereaksjonar for dei fleste kriminelle, fleire fekk betinga dom og ubetinga fengsel blei av kortare permanens.

På mange måtar var det tida etter at domen var falt, fullbyrdingsstadiet, som var behandlinga sitt høgdepunkt. Eksempelvis fekk vi i 1962, med grunnlag i den nye fengselslova av 1958, eit fengselsreglement som var sterkt prega av behandlingsoptimismen. Her var det detaljerte reglar om ”opplegg og gjennomføring av individuell behandling”. Likevel viste idealet om individuell behandling også innan fengselsvesenet å vere vanskeleg å setje ut i livet i praksis.

Rettferd og likebehandling var verdiar som hadde større gjennomslagskraft enn individuell ulikebehandling etter forbetningskriteriar. Tanken blei såleis sterkare enn gjerninga.

#### **3.4.4 Behandlingstanken vik for allmennprevensjon**

Tanken om at det går an å *behandle folk frå avvik* døydde på slutten av 1960- og byrjinga av 1970-talet. Den massive kritikken av særeksjonane si urettvise og hardhendte inngripen i folk sine liv førte til ei nedlegging av desse i mange land i den vestlege verda. I tillegg viste dei fleste undersøkingar at behandling av avvikarar ikkje virka slik formålet var. I nokre tilfelle viste det seg til og med at behandlinga hadde negative verknader for dei som blei utsette for den. Dette gjaldt særleg av lovbrutarar i fengsel. Resultatet av den harde kritikken var ei fornya interesse for *allmennpreventive teoriar* som grunngeving for straff - allmennprevensjon blei igjen straffa si legitimeringsgrunnlag (Hauge 1996, Larsson 1997, i Strømmen 1998:1). I det store og det heile var vi tilbake til eit system med tidsbestemte domar avsagt av domstolane. Behandlingstanken bleikna, og behovet for allmennprevensjon erstatta den.

Ein kan seie at kritikken tok sitt utgangspunkt i ulike forhold alt etter kva politisk standpunkt ein la under seg. Frå radikalt hald hevda ein at behandling som grunngeving for straff braut med allminnelege humanitets- og rettferdsideal. Frå konservativt hald hevda ein at behandling innebar ei form for ettergivenskap og dulling med forbrytarane, som hadde fråteke straffa den avskrekkande verknaden (Hauge 1996:260). Denne kritikken kan truleg delvis tilbakeførast til generelle politiske forhold. Siste del av 1960-åra samt byrjinga av 1970-åra var på mange måtar ei politisk brytningstid prega av protestar mot det etablerte samfunnssystem, og då i stor grad frå utanomparlamentariske grupper. Desse hadde ofte sitt utspring i USA, som i etterkrigstida hadde ei dominerande stilling i den vestlege verda, både militært, økonomisk og kulturelt. Gjennom massemedia blei det som skjedde der raskt til allmenn kunnskap, og fekk sine utløparar i mange andre vestlege land (ibid:260).

På denne måten er det igjen den kriminelle *handling* som får prioritet for straffing av den kriminelle. Det skapast ein automatisk samanheng mellom lovbrøt og straff, slik at når lovbrøtet er klassifisert, er påføringa av lidning sitt omfang også i det vesentlege bestemt (Christie 1982:50). Medan behandlingssideologien understreka den enkelte lovbrutar sitt særpreg når tiltak skal setjast i verk, la nyklassisismen, til liks med klassisismen, vekt på lovbrøtet sin art.

Frå nokre hald blei det vidare hevda at det i nyklassisismen ligg ein føresetnad om ein *sterk stat*. Det er tale om lover gjevne på førehand som er like bindande for alle menneske i alle situasjonar, det er ikkje tale om å diskutere seg fram til stadig nye løysingar tilpassa situasjonen og individet sitt behov. Etter eit slikt synspunkt er tanken at nyklassisismen skapte eit system som både treng og styrkar den sterke sentraliserte stat. Dette kan nok diskuterast. Om ein legg eit foucaultiansk perspektiv til grunn, kan det kanskje hevdast at ein ved å leggje vekt på den enkelte lovbytar sitt særpreg og vedkomande sine behov nettopp *ikkje* treng og føreset ein sterk stat, men derimot eit sterkt fengselsvesen<sup>48</sup>. Christie (1982) har uttala seg gjeldande slike forhold. Han hevdar at dess meir stat, dess meir leggjast forholda til rette for bruk av straff, og dess mindre stat, dess mindre vil forholda oppmuntre til bruk av straff (Christie 1982:50). Vidare hevdar han i *Kriminalitetskontroll som industri* at hovudfaren ved kriminaliteten i moderne industrisamfunn kanskje ikkje først og fremst er kriminaliteten, men at kampen mot kriminaliteten kan leie samfunna i retning av ei totalitær utvikling (Christie 2000:16).

Mot humanismen kan det synast som at det frå nokre i denne perioden vart påpeika at systemet med tidsubestemde straffer som blei fastsette fordi ein ikkje visste kor lang tid det ville ta å behandle den enkelte, opplevdes som lite humane samt urettferdige. Vidare førte behandlingssideologien sitt *sjukdomsbilete* av lovbytare til ei individualisering av årsakene til kriminalitet. Ei sterk innvending mot dette var at lovbrøt ikkje lar seg behandle vekk på individnivå. Resultata av behandlinga, målt i residiv<sup>49</sup>, viste nedslåande resultat. I det heile eksisterte det ei oppfatning om at det var lite som tyda på at behandlingstanken hadde noko føre seg gjeldande å få ned kriminaliteten, og særreaksjonane forsvann. Behandling av kriminalitet blei sett som nyttelaust, og det som har blitt nemnt som nyklassisismen kan seiast å ha blitt den dominerande kraft i straffa sine grunngevingar. Tanken om behandling som overgripande system var blitt lagt attende, og ein tala om 'behandlingssideologien sin død'.

---

<sup>48</sup> Det vil ikkje verte gått vidare inn på dette. Siktemålet her er derimot å problematisere stat og maktutøving med ei eksemplifisering frå moderne tid (sett i relasjon til Sandmo og *statens valdsmonopol*, sjå 3.3.1).

<sup>49</sup> 'Residiv' tyder tilbakefallsprosent.

### 3.4.5 Behandlingsoptimisme - igjen?

I den seinare tid ser det likevel ut til at behandlingstankegangen ikkje er så død som mykje i ein periode kunne tyde på. Det har blitt hevda at det var tanken om behandling som legitimering for straff som døydde på 1970-talet, ikkje tanken om behandling i seg sjølv (Christie 1983, Hauge 1996). Likevel har det vore lite legitimt å snakke om behandling i strafferettsapparatet etter den massive kritikken for snart 30 år sidan (Larsson 1997, i Strømmen 1998:1). Men dei seinare åra har det skjedd ting, i alle fall på eit *uttala* nivå. Ein god indikasjon på dette er den Stortingsmeldinga som blei lagt fram om kriminalomsorga våren 1998. Her kan ein blant anna lese: *”Kriminalomsorgen må under gjennomføringen av straffen legge vekt på dens individualpreventive virkning og påvirke den domsfeltes adferd for å søke å forhindre ny kriminalitet. [...] Straffen skal i den fremtidige kriminalomsorg gjennomføres med større systematikk og målorientering enn det som tradisjonelt har vært vanlig, og hovedmålet om å motvirke ny kriminalitet skal være ledende ved utformingen av innholdet i fullbyrdingen.”* (St.meld. nr.27 (1997-98):6 og 62).

I tillegg til dette vert det innført eit nytt omgrep om korleis fullbyrdinga skal organiserast. Ein ”framtdisplan” skal opprettast, og den skal omfatte dei tiltak som skal gjennomførast i løpet av soninga. Planen skal omfatte delmål, innhald og tidsbruk for kvar av tiltaka. Tiltaka i disse planane omfattar både dei generelle, som arbeid, skule, og fritidsaktivitetar, og dei såkalla ”påverkingsprogramma”. Men deltaking i slike program føreset at den domfelte erkjenner ansvar for eigen kriminalitet og er motivert for endring. Utvikling av slike program framhevast og prioriterast i stortingsmeldinga: *”Departementet vil fortsatt bygge på, utvide og utvikle de tradisjonelle virkemidlene. Det vil imidlertid bli lagt særlig vekt på å bygge ut programvirksomheten (påvirkningsprogrammene), slik at flere domfelte kan få anledning til å delta i programmer som er relevante for deres situasjon. Kriminalomsorgens mål er i løpet av en femårsperiode å kunne gi et relevant programtilbud til alle innsatte og samfunnsstraffedømte”* (ibid:61). Døme på slike program er mellom anna Ny Start, ”Stifinner’n”, promilleprogram, generelle livsmeistringsprogram. Påverkingsprogramma har ei eksplisitt kriminalitetsførebyggjande målsetjing. Målet er å førebyggje kriminalitet, samt hindre tilbakefall ved enda soning: *”Kjernen i kriminalomsorgens virksomhetside er å beskytte samfunnet ved å gjennomføre fullbyrdelsen slik at risikoen for ny kriminalitet blir holdt på et lavest mulig nivå”* (ibid:29).



### 3.5 Oppsummerande vurderingar

Vi har no vore gjennom ei historie som starta med fysiske pinsler, og enda opp i eit uttala fokus på den enkelte kriminelle sine behov med tanke på å hindre tilbakefall til ny kriminalitet. Om vi ser desse nærast som to ytterpolar, har det skjedd ei gradvis utvikling av strafferettssystemet og forhold for den kriminelle, både i tid og rom. Mange vil hevde at det med denne utviklinga har skjedd ei stegvis forbetring for tilhøva som den kriminelle går i møte i den fengselsinstitusjonelle kvardag. Og om ein berre ser på dei reint fysiske forhold, og det faktum at ein med tida har gått vekk frå fysiske pinsler legemsstraff, kan denne forbetringa hevdast med rette. Men som påpeika er det *andre* element som har kome *med* denne dreininga av fokus frå legemsstraff og handling, til sjel og person. Det talast om humanitet og menneskeverd som sentrale verdiar. Dette kan imidlertid, sett frå eit foucaultiansk perspektiv, problematiserast. Dette påpeikast her, og vert henta opp att i studien sin analytiske del.

Innleiingsvis vart den historiske skildringa knytt til forhold for den kriminelle perspektivert vidare gjennom å setje fram to ytterpunkt som ulike posisjonar som både historiske og dagens syn på den kriminelle og vedkomande sin identitet kan finne stad mellom. Knytt opp til haldningar til den kriminelle som har kome fram gjennom dette kapitlet, kan det kanskje hevdast å kunne sporast ei *atomistisk* oppfatning. Gjennom framveksten av trua på å kunne behandle og forbetre den kriminelle, har det kanskje parallelt vorte gjeve næring til synet om ondskapen og valden som å liggje inne i mennesket. Kriminalitetens grunnlag må identifiserast gjennom ei bekjenning frå den kriminelle si sjel, for så å kunne verte temja og teken kontroll over. Det ser imidlertid ut til at eit *organisk* menneskesyn i mindre grad kan relaterast til forbetringstanken, då denne tanken står fram i eit svært individorientert perspektiv. Derimot kan tanken kanskje sjåast i samanheng med dei føremål straffa hadde for fleire hundreår tilbake. Føremåla med fridomsstraffa var då fleire. Siktemål som å straffe lovbrutarane, å skaffe arbeidskraft til offentleg bruk og halde samfunnet fritt for omstreifarar og andre ”snyltarar” stod som sentrale innan dette strafferegimet. Slik kan det seiast at utforminga svinga mest i retning av samfunnsorienterte løysingar, der den individuelle kriminelle i mindre grad blei teken omsyn til. Når dette er sagt, vert ikkje den kriminelle fullt ut sett som eit *produkt* av samfunnet i eit slikt perspektiv, men heller som eit middel for å nå samfunnsmessige mål. Likevel er det ein slags parallellitet der, i at individet i større grad formast gjennom interaksjon med fellesskapet. Det vert i denne perioden mellom anna

vektlagt korleis mennesket sett i eit fellesskapsperspektiv kan bidra som arbeidskraft. I eit slikt syn kan det nok tenkast at den enkelte utviklar sin fornuft, som er i tråd med det organiske menneskesynet knytt til erverving av sin eigenart.

Som ei vidareføring av dette må det seiast at syn på den kriminelle pendlar mellom fokuset på *individ* og fokuset på *samfunn*. Dette omgrepsparet er knytt til vurderingar og føringar for historiske forhold gjeldande normative syn på den kriminelle, men syner seg òg i dagens debatt kring kriminalitet og den kriminelle. Det er ikkje tale om nødvendigvis *enten* fokus på individet *eller* fokus på samfunnet - debattar i samtida har vist at ein ikkje kan nøye seg med som endeleg mål verken å verne individet ved at ein set til side samfunnet sine krav, eller med ei dyrking av kollektivet på kostnad av enkeltindividet. Ein kan i denne samanheng tale om behovet for ei syntese mellom dei (Batiffol 1990:104)<sup>50</sup>.

I samband med dette må det nemnast to omsyn som står i klår relasjon til dikotomien individ/samfunn, og som kan nyansere og utvide omgrepsparet. Med *individualprevensjon* meinast forhindring av at den straffa lovbrytar skal gjere nye kriminelle handlingar. Dette tenkjast nådd ved å forbetre lovbrytaren, ved å avskrekkje han, eller ved å uskadeleggje han. Med *allmennprevensjon* meinast forhindring av at andre enn den straffa sjølv skal gjere kriminelle handlingar. Gjennom straffa sin avskrekkjande, moraldannande, eller vanedannande verknad på andre tenkjer ein nå dette (Mathiesen 1987:48). Vidare er dette argument som har vore knytt til ulike påstandar om *formålet* med straff. Vi kan på bakgrunn av dette kapitlet sjå gjennomgang sjå korleis tanken om *behandling* av lovovertrедaren dei siste to hundre år har stått sentralt i utforminga av fengselsvesenet. Tanken med behandling er at individet og omsynet til individet skal stå i sentrum. Likevel har formene for behandling skifta (Andenæs 1994:41). Dette har vi sett utspele seg, då tanken om behandling finn stad i ei evig konflikt med ei anna målsetjing, den som dreiar seg om å gjennomføre *straff* og kva reaksjonar som skal setjast inn overfor den kriminelle.

Etter dette historiske og kulturelle fokuset knytt til syn på den kriminelle avvikar, vert det gjort eit perspektivskifte ved at studien sine tre empiriske forteljingar vert skildra i andre del. Utgreiinga av det empiriske materialet startar med den fengselsinstitusjonelle diskurs i kapittel 4.0, som er studien sitt mest *spesifikke* nivå. Deretter vert det gått vidare til den

---

<sup>50</sup> Når det er sagt, fell dette fokuset i stor grad utanfor denne studien sitt domene. Det sentrale er ikkje individ *eller* samfunn *eller* begge – men korleis talen kring den kriminelle kan finne stad i lys av ein slik dikotomi.

sentralpolitiske diskurs i kapittel 5.0, og sist til det mest generelle nivå representert ved det som kan karakteriserast som ein mediediskurs i kapittel 6.0. Tanken er at i hovudsak vil ulike forteljingane verte fortalt i studien sin andre del, gjennom å følge aktive aktørar sitt eige språk og diskursive meiningsrom. I den tredje og siste delen gjerast det ei analyse som freistar å gå utover aktørane si sjølvforståing og tale – det vert sett etter det uuttala, det som aktørane sjølve ikkje er seg bevisste knytt til sine eigne måtar å tale om og omhandle ”den kriminelle”.

## 4.0 Fengselsinstitusjonen og den kriminelle

### 4.1 Innleiing

Denne fyrste delen av studien sine meir empirisk relaterte delar omhandlar fengselsinstitusjonen og normative syn knytt til den kriminelle lovbrutar, slik dei kan kome til uttrykk via aktive aktørar sitt eige språk. Gjennom denne forteljinga leggjast føresetnadane for ei utskilling og identifisering av den fengselsinstitusjonelle diskurs slik den trer fram på feltet. Vi skal med andre ord sjå korleis diskursar rundt den kriminelle kan skrive seg inn mot fengselsinstitusjonen. Fokuset er retta mot Ny Start, som fungerer som eit prisme for å få eit blick inn mot denne fengselsinstitusjonelle diskursen. I fokus er det nye strafferegimet som i løpet av 1990-talet angjeveleg har teke form gjeldande soningsinnhaldet i fengsel. Kva ulike syn ligg til grunn for og er knytt til det som på 1990-talet har skjedd gjeldande innhaldet i fengselssoninga? Dei seinare år har behandlingstiltak, påverkingsprogram og andre prosjekt, på ny fått ein stadig større plass og sterkare posisjon innan fengselsmyndigheitene. Dette har vidare gjeve seg utslag i den fengselsinstitusjonelle kvardag. Eit døme på dette er påverkingsprogrammet Ny Start og den kognitive rehabiliteringsmetodikken som Ny Start baserar seg på.

Før dette programmet konkret vert omhandla, vert det gjeve ei kort oversikt over dei delar av straffesystemet og strafferettsinstitusjonane som har ansvaret for soning i anstalt – Kriminalomsorga og Fengselsvesenet. Det føresetjast at visse faktiske og organisatoriske trekk ved dagens Kriminalomsorg og Fengselsvesen bør liggje til grunn forut for den diskursive analysen. Kapitlet har ein todelt status, då i større grad meir faktabasert empiri vert presentert i kapitlet sin fyrste faktadel, medan argument og tale frå mellom anna tidskrift, intervju og avisartiklar utgjer forteljinga i neste omgang. På denne måten får den fengselsinstitusjonelle forteljinga i størst mogleg grad ”tale sitt eige språk”, og tone fram på ein for studien sine problemstillingar naturleg måte.<sup>51</sup>

---

<sup>51</sup> Det må nemnast at kjeldene for den fyrste framstillinga i hovudsak er henta frå kriminalomsorgsmeldinga av 1997, samt publikasjonar henta frå Justisdepartementet sine nettsider (<http://www.odin.dep.no/jd/>). Årsaka til bruken av informasjon henta frå desse offentlege nettsidene er sidene si oppdatering i forhold til dagens situasjon innan kriminalomsorga. På denne måten vert framstillinga av faktiske forhold i størst mogleg grad riktige opp imot dagens situasjon. Til skilnad frå dette vil det meiningsdimensjonelle rom utspringe seg innan eit større tidsrom. Her vert det vist til stoff frå Ny Start sitt opphav på 1980-talet og fram til i dag, det vil seie eit tidsrom på om lag tjue år. Likevel vil hovudfokuset dreie seg om siste halvdel av 1990-talet, då det er i dette tidsrommet programmet har vorte gjort bruk av og festa seg innan delar av den norske fengselsinstitusjonen.

## 4.2 Kriminalomsorga

*”Aktiv kriminalomsorg – tryggere samfunn”*

(Kriminalomsorga sin visjon,

frå St.meld. nr. 27 (1997-98):28)

Kriminalomsorga sin visjon, gjengjeve overfor, uttrykkjer det overordna perspektiv for kriminalomsorga, heiter det i St.meld. nr.27 (1997-98) Om kriminalomsorgen. Denne visjonen skal vere retningsgjevande for det arbeide som vert gjort i denne etaten, og føreset ei handlekraftig og målretta kriminalomsorg samt eit engasjert personale med høg og naudsynt kompetanse, skrivast det i same meldinga. Kriminalomsorga er den delen av straffesakskjeda som har ansvaret for soning i anstalt<sup>52</sup>, det vil seie gjennomføring av fengselsstraff. Den fullbyrdar såleis reaksjonane som er vorte avgjort av domstolen eller påtalemyndigheita. Det er fengselsvesenet som fullbyrdar straffa i fengselsanstaltar, med eit variert innhald og bruk av ulike soningsalternativ.

Den største utfordringa og hovudmålsetjinga for kriminalomsorga er å medverke til å *”reducere tilbakefallet til kriminalitet etter enda soning”* (ibid). Og sett saman med visjonen uttrykt overfor, ser vi samfunnsvernet tre tydeleg fram. Relatert til denne oppgåva sitt innslagsfelt, ser vi korleis denne utfordringa for kriminalomsorga kan seiast å breie om seg, og å verte splitta opp i ulike seksjonar, med ulike teknikkar utforma etter siktemål. Gjeldande innhaldet i soning i anstalt, er ulike teknikkar og metodar dei som har fått sitt utslag gjennom programverksemda. Program vert sett som å ha ei kriminalitetsførebyggjande målsetjing av etaten sjølv, og *”tar utgangspunkt i sosiale og personlige problemar som antas å medvirke til at kriminalitet begås”* (ibid:71). Det rettast fokus mot den enkelte kriminelle, men som eit ledd i ein kriminalitetsførebyggjande strategi. Vi skal etter ein presentasjon av fengselsvesenet og organisasjonsstruktur gå konkret inn i delar av programverksemda, synt gjennom *ein* strategi - Ny Start programmet.

---

<sup>52</sup> Omgrepa ”anstalt” og ”fengsel” vert brukte om kvarandre utan at det ligg nokon meiningsforskjell i dette.

#### 4.2.1 Fengselsvesen

Fengselsvesenet administrerer gjennomføringa av straff i praksis, på ein slik måte at fridomsfrårøvinga gjev minst moglege skadeverknadar (<http://www.odin.dep.no/jd/>). Gjeldande reglement for fengselsvesenet i denne gjennomføringa av straff er fengselslova. Den fyrste samla fengselslov kom i 1903<sup>53</sup>. Denne blei i 1958 erstatta av ei ny fengselslov<sup>54</sup>, som har vore gjeldande fengselsreglement fram mot i dag. Vidare er det i ei innstilling til Odelstinget blitt fremma forslag om ei ny lov om gjennomføring av straff (straffegjennomføringslova)<sup>55</sup>. Denne lova og forskriftene blei sett i verk 01.03.2002, og kriminalomsorga si verksemd styrast no av desse.

Knytt til fengselsinstitusjonen eksisterer det to typar hovudmålsetjingar<sup>56</sup>. Den eine målsetjinga innan fengselsinstitusjonen er å gjennomføre dei reaksjonar som sluttast av påtalemyndigheit eller påleggjast av domstol straks dei er rettskraftige. Dette er den kontrollerande og restriktive delen av målsetjinga. Relatert til denne målsetjinga er synet om at lovbytaren skal få si straff og gjere opp for det gale som er gjort, hemntanken kan seiast å gjere seg gjeldande her. Den andre målsetjinga handlar om å tilføre kunnskapar, ferdigheitar og positive haldningar under straffegjennomføringa for å medføre til den domfelte si tilpassing til samfunnet og motverke ny kriminalitet. Eit slikt siktemål hellar meir mot behandling, hjelp og støtte for lovbytaren. Her vert fridomsfrårøvinga sett som nok straff i seg sjølv, og i forhold til dette satsast det i stor grad på å førebu den innsette på å leve eit lovlydig, fullverdig liv utan kriminalitet etter enda soning. Ny Start programmet er eit av dei tiltaka som er sette i gang for å nå denne andre målsetjinga (Danielsen og Meek Hansen 1997:81). Vi ser her korleis omgrepa om straff og behandling utspelar seg innan den fengselsinstitusjonelle diskurs. Desse to hovudmålsetjingane kan vidare karakteriserast som døme på ei målkonflikt. Ei målkonflikt kan verte kjenneteikna ved to eller fleire målsetjingar som det enten er vanskeleg eller umogleg å nå samtidig. Denne målkonflikten kan nok hevdast å opplevast ekstra belastande for dei som arbeider med eller står i ein tilknytande relasjon til fengselsinstitusjonen og det soningssystemet som ligg til grunn for praksisen der. *Det er klart at der er rammevilkår som fengselet representerar som er vanskelege.*

---

<sup>53</sup> Lov om fengselsvesenet og om tvangsarbeid av 12.desember 1903.

<sup>54</sup> Lov om fengselsvesen av 12.desember 1958 nr.7.

<sup>55</sup> Innst.O. nr.60 (2000-2001) Innstilling fra justiskomiteen om lov om gjennomføring av straff mv. (straffegjennomføringslova).

<sup>56</sup> 'Målsetjinga' i ein institusjon har fleire funksjonar, blant anna å gje retning for arbeidet, å legitimere verksemda og å gje grunnlag for å vurdere verksemda opp mot målsetjinga (Repstad 1993).

*Kriminalomsorg og fengselssystem har ei tosidig oppgåve, dei skal gjennomføre friheitsberøvelsen fordi at nokon har brote lovene, det er det eine. Det andre er at dei skal hjelpe til for at fangen, eller den innsette, skal komme tilbake til samfunnet. Og det er jo ei slik målsetjing som ikkje er så enkel, og det er klart at fengselssystemet og dei rammene i ein del samanhengar gjer det vanskeleg for å drive skule og for at skulen skal bli så lik som det skulen ute i samfunnet er (intervju med Torfinn Langelid 06.04.2001).*


Målkonflikten oppfattast ikkje av alle berre som å liggje på det normative nivå gjeldande spenninga mellom den kontrollerande og hemnande delen av straffa i motsetnad til det hjelpande element. Det er òg spørsmål om sjølve *settingen* for å kunne utføre slik satsing overfor den kriminelle lovbrutar. Ytringa peikar mot det forhold at eit fengsel må hevdast å ikkje umiddelbart kunne samanliknast med andre "vanlege" institusjonar, som er opne og kanskje med mindre grad av disiplinerande ordningar for dei som er nøydde å opphalde seg der. Men det er ikkje alle som stiller seg negative til denne settinga, og kva som kan utførast innan denne råma for sosial åtferd: *Murene er skjønne, det er en fantastisk mulighet en stor gruppe mennesker har hvis de møter et fengsel som er oppegående aktivt, og gir et endringstilbud [...]. Ja, og så er det det med fengselet – at i et fengsel så er det stor grad av sosial kontroll, så er det masse disponibel tid, og så er det folk der. Og en annen kvalitet med fengselet er at det er stort sett åpent for alle. Det er ikke sånn at; nei du får ikke lov til å komme inn...*(intervju med Leif Waage 04.04.2001). Vi ser at synet på fengselet som arena for endring av den kriminelle kan grunnast i ulike vurderingar og normative syn. Overfor kjem det fram skilnadar mellom høvesvis den pedagogiske og psykologiske disiplin. Sjølv om begge områda ser og aksepterar det at den innsette, i tråd med Stortingsmeldinga av 1997, skal verte mykje meir aktiv og deltakande når det gjeld eiga soning i anstalt – ser det likevel ut til at fengselet si rolle i denne prosessen kan vurderast og oppfattast svært ulikt. Fengselet har ein målsetnad om å skulle leggje til rette for ein aktiv og deltakande soningsdyktig, men det har vore stilt spørsmål frå ulike hald om fengselssettinga er den rette i så måte - kan ein få til denne målsetjinga med dei råmer og den arkitektur eit fengsel har? Fengselet som arena for endringsinstitusjon synast ikkje sjølvsgt. Dette er forhold eg vil hente opp att seinare i studien.

#### **4.2.2 Organisatorisk struktur**

1.januar 2001 sette kriminalomsorga i verk ein ny organisasjonsstruktur med tre nivå. Det *sentrale* nivå består av Justisdepartementet og Kriminalomsorga si sentrale forvaltning. Det

*regionale* nivå omfattar kriminalomsorgsregionar som føl fylkesgrensene og består av regionsadministrasjonane og dei fengsla og friomsorgskontora som ligg innan regionen sine grenser. Desse er regionane Aust, Nordaust, Sør, Sørvest, Vest og Nord (sjå [Figur I](#)). Det er vidare desse regionale einingane som er det viktigaste nye ved organisasjonsstrukturen, ved at dei har fått avgjerdslemyndigheit. Dette medverkar til det overordna målet om at avgjerdene skal gjerast nærast dei det gjeld. På *lokalt* nivå finn vi fengsla og fylkeseiningane i friomsorga (<http://www.odin.dep.no/jd.norsk/publ/>). Arbeidsoppgåver fordelast mellom disse nivå. Hovudoppgåver for det sentrale nivå er å vere etatsleiar for kriminalomsorga – utforme policy, hovudmål, resultatmål, regelverk og retningsliner. For det regionale nivå er hovudoppgåvene å utforme regionale mål, resultatmål og retningsliner, fordele midlar til lokale einingar, handsame klagesaker for avgjerder fatta på lokalt nivå. Hovudoppgåva for det lokale nivå er sjølve straffegjennomføringa.

**Figur I:** Oversikt over dei nye regionale einingane av 1. januar 2001



Kjelde: <http://www.odin.dep.no/jd/norsk/publ/>



Då kriminalomsorgsmeldinga av 1997 blei lagt fram var ordninga for leiing og administrasjon todelt, i forhold til dagens tredeling. Dei to delane besto av den sentrale leiinga i Kriminalomsorgsavdelinga/Fengselsstyret, og den distriktsvise og lokale leiinga som blei utøva av fengselsdirektøren ved sentralanstaltane og fengselsdistrikta eller kontorsjefen ved fylkeseiningane for kriminalomsorg i fridom. Fengselsstyret blei 1. oktober 2001 erstatta med Kriminalomsorga si sentrale forvaltning.


Siktemålet med denne omlegginga av kriminalomsorgsstrukturen er i følgje 1997-meldinga å skulle oppnå progresjon, systematikk og samanheng i straffefullbyrdinga, etablere effektive administrative ordningar samt delegere og desentralisere avgjerslefullmakt som den gong låg på sentralt hald. Kor vidt dette er nådd som følgje av omstruktureringa er ikkje denne studien sitt område, omlegginga stadfestast her berre som eit faktum i det å skulle gje ei oversikt over struktur og arbeidsfordeling som verkar i relasjon til ”den kriminelle” knytt til den fengselsinstitusjonelle arena.

Når det gjeld fordeling av oppgåver skjer dette mellom (sjå [Figur II](#)):

- fengselsvesenet (kriminalomsorg i anstalt),
- friomsorga (kriminalomsorg i fridom),
- KRUS (kriminalomsorga sitt utdanningscenter) og
- KITT (kriminalomsorga si It-teneste).

I figuren under synast denne fordelinga av oppgåver mellom dei fire instansane:

Figur II: Tilknytning og oppgaver mellom instansar



Kjelde: <http://www.odin.dep.no/jd/norsk/publ/>

### 4.3 Ny Start

*"Build brain cells, not jail cells"*  
(R&R<sup>57</sup> project, sitert i *Time to think* (1985))

Ny Start karakteriserast som eit meistringsprogram for innsette kriminelle<sup>58</sup>. Programmet har sine røter i Canada, der det blei utvikla som eit resultat av at fengselsvesenet i Canada blei utsett for sterk kritikk i 1970-åra. Programmet fekk der namnet "Cognitive Skills Training Programme" (Rapport frå besøk<sup>59</sup> i canadisk kriminalomsorg 1993:4). Her i Noreg kjøpte

<sup>57</sup> R&R står for Reasoning and Rehabilitation Training Programme, og er namnet på den nasjonale modellen Cognitive Skills seinare blei etablert som i Canada.

<sup>58</sup> Sjå 4.7.2 for kva kriteriar som må oppfyllest om ein skal få tilbod om å delta i Ny Start programmet.

<sup>59</sup> Rapporten er utarbeida av (stillingar den gong) avdelingsdirektør Asbjørn Langås ved JD, Kriminalomsorgsavdelinga, førsteamanuensis Svein Rognaldsen ved UiB, og første konsulent Torfinn Langelid ved Kyrkje-, utdannings- og forskingsdepartementet (KUD), etter gjennomføring av eit 10 dagar langt studieopphald i Canada. Turen omfatta besøk i det nasjonale hovudkvarteret for fengselsvesenet i Ottawa

justisdepartementet det inn og sette det i verk i Trondheim krinsfengsel, Skien krinsfengsel, Ila landsfengsel og sikringsanstalt og Bergan landsfengsel vinteren 1996/97. Programmet fekk altså namnet Ny Start.

Dette programmet er *eit* av mange ulike tiltak og program som siste halvdel av 1990-talet har vorte sett i verk i delar av den norske fengselsinstitusjon, med siktemålet om å gjere innhaldet i soninga meir fruktbart gjeldande å redusere tilbakefallsprosenten gjeldande ny kriminalitet etter enda soning<sup>60</sup>: *”Kriminalomsorgen har etablert et spekter av påvirkningsprogrammer for å sette endrings- og læringsprosessen inn i systematiske og faglig gode former”* (<http://odin.dep.no/jd/norsk/publ/rapporter/>). Det ser altså ut til at det er ein tendens til å ty til nye program, som søker å påverke dei underliggjande tankeprosessar eller det sjeleliv kvar denne åtferda har sitt opphav.

#### **4.3.1 Kognitiv psykologi**

Programmet byggjer på kognitiv psykologi, som omhandlar korleis mennesket innhentar, bearbeidar og nyttar informasjon om verda rundt seg. Som vi skal sjå har opphavspersonane bakgrunn innan både psykologi og kriminologi, noko ei overskrift i *Østre* syner klårt: *”Kriminolog + psykologiprofessor = nye tankebaner”* (Arveng 1996:9). Den faglege bakgrunnen kan kanskje gjenspeglast i den form Cognitive Skills har fått, med tanke på det individuelle og kognitive fokus. Når dette er sagt, er det psykologien som har vore utslagsgjevande, og frå 1970-80 åra har det skjedd ei stegvis tilnærming mellom dei kognitive- og åtferdsorienterte psykologiske retningane. I dag leggjast det vekt på at metodane som er basert på dette grunnsynet, er grunngeve i eit teoretisk rammeverk, stadfesta gjennom forskning og empiri og funne eigna i praktisk arbeid med lovbrutarar. *”Den kognitive retningen legger vekt på forståelsen av informasjonsprosessen (persepsjon), betydningen av språk og ”indre tale”, selvregulering og selvoppfatning. Både den kognitive og adferdsregulerte tradisjonen har sterk forankring i generell klientbehandling og psykoterapi. Den praktiske tilnærmingen har vært et vesentleg grunnlag for teknikker og metoder som er utviklet i arbeidet med lovbrutere. Hensikten er å utvikle en forståelse av det komplekse samspillet mellom tanker, følelser og adferd”* (notat JD 2001:10).

---

(Correctional Services of Canada), som langt på veg tilsvarar Kriminalomsorgsavdelinga i Justisdepartementet i Noreg.

<sup>60</sup> Døme på andre satsingar er Stifinner'n, promilleprogram, valds- og sedelegheitsprogram, program for sexforbrytarar, samt fleire andre program og temagrupper for dei domfelte om førebuing til lauslating og generell livsmeistring.

Ny Start programmet gjev undervisning på ulike område, som problemløysing, sosiale ferdigheitar, forhandlingsferdigheitar, kontroll av kjensler, kreativ tenking, forsterking av kjensler og kritisk tenking. Eit slikt program kan verte sett som ein *teknologi* som nyttast overfor dei innsette kriminelle, i målsetjinga om å hindre at vedkomande tyr til ny kriminalitet etter enda soning. Teknologi kan definerast som *”de metoder, teknikker og tiltak som tas i bruk for å nå en institusjons målsettinger”* (Meek Hansen og Danielsen 2000:86). Det talast altså om teknikk og metode som kan nyttast overfor det kriminelle avvik, og som frå fagleg hald synast å verte oppfatta som å kunne endre vedkomande til å leve eit kriminalitetsfritt tilvere. I prosjektplanen for oppstart av programmet framhevast hovudmålet innleiingsvis: *”Utarbeide nye soningsprogrammer som kan redusere tilbakefall til ny kriminalitet (...) Avklare valg av modell. Innkjøpt fra Canada eller selvkomponert”* (Prosjektplan ”Ny Start” 27. februar 1996:2b – mine understrekingar). Det er interessant å sjå korleis ulike aktørar som i ei eller anna form er aktive i forhold til Ny Start eller andre program, synast å stå for ein type modelltankegang<sup>61</sup>.

Det handlar om å freiste opparbeide ei viss grad av *sosial kompetanse* for den kriminelle. Retningsliner for dette arbeidet finnast i *Rekommendasjon nr R (89) fra ministerkomiteen til medlemsstatene om opplæring i fengsel*, som blei vedteken av Europarådets Ministerkomité den 13. oktober 1989. Denne lovgjevinga byggjer på at innbyggjarane i landet skal ha same rett til tenester og tilbod, dei same plikter og det same ansvar. Her heiter det om sosial kompetanse og sosial opplæring at: *”Sosial opplæring bør inkludere praktiske elementer som setter fangen i stand til å mestre dagliglivet i fengselet med henblikk på å lette hans tilbakevending til samfunnet”*. Knytt til denne målsetjinga har KUF<sup>62</sup> presisert at *”Straffedømte skal, så langt råd er, ha tilgang til samfunnets ordinære tjenester. Dette gjelder også opplæring, jf bl a St.meld. nr.23 (1991-92) om bekjempelse av kriminalitet”* (Evaluering av fengselsundervisninga, KUF/SU-H, 1999:5). Om ein ser fengselsundervisninga i relasjon til Ny Start, skal opparbeidinga av denne kompetansen skje på bakgrunn av ein kognitiv modell, som har sitt opphav i grunnboka *Time to think* som i 1985 blei gjeven ut av opphavspersonane Fabiano og Ross<sup>63</sup>: *”In short, the modell suggests that the offenders need to learn social*

---


<sup>61</sup> Dette er aspekt som vert henta opp att i kapittel 7.0.

<sup>62</sup> Det tidlegare Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet (KUF) blei 01.01.2002 delt opp i Kultur- og kirke departementet (KKD) og Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD).

<sup>63</sup> Sjå 4.3.2.1 for meir om den teoretiske bakgrunnen for Ny Start (Cognitive skills).

*competence*” (Fabiano og Ross 1985:178). Denne kognitive modellen presenterar dei i grunnboka slik:

Figur III: Cognitive skills for social competence



Kjelde: *Time to think* (Ross og Fabiano 1985:179)

Vi skal no sjå litt meir generelt på den psykologiske vitskap og fagforankring som Ny Start er tufta på. Innan den kliniske psykologien har det vore hevda å ha skjedd ein ”kognitiv revolusjon” på 1970-80 talet. Ein revolusjon som innebar at mange ulike terapeutiske retningar blei påverka av kognitiv psykologi. Kognitive teknikkar og betraktingsmåtar fekk ei auka meining. Målet i den kognitive behandlinga er å hjelpe individ til å bli bevisste sine feiltolkningar og forstå korleis tenking, kjensler og åtferd heng saman. På bakgrunn av denne bevisstgjeringa startar ein prosess med omstrukturering av såkalla negative skjema slik at dei vert meir rasjonelle og tilpassa vanskelege situasjonar.

Ein vesentleg føresetnad innan den kognitive modellen er at tankeverksemd, syn på verda, forståing av andre, resonnering og problemløysing spelar ei viktig rolle for den kriminelle si åtferd. Den grunnleggjande trua innan modellen er at lovbrytarane sin tankegang bør vere eit primært mål for rehabilitering av lovbrytarar. Programmet sitt viktigaste mål er å *lære*

lovovretredarar sosiale ferdigheitar, og å vidareføre dei verdiar og holdningar som er naudsynte for sosial tilpassing. Handlar dette om kva vedkomande er disponerte for, eller kan det sjåast som evner? Fabiano og Ross, opphavspersonane bak programmet, seier det slik: *”It is tempting to think that the offender’s egocentricity, impulsivity, lack of empathy and other characteristics are matters of temperament, disposition or inclination. However we believe that there is both a theoretical justification and a practical value in viewing them not simply as inborn traits or character defects but as cognitive deficits which are a consequence of social history and which can be overcome by an educational process”* (ibid:1985:140). Vi ser at læring er ein sentral faktor, samt ei tru på at denne læringsprosessen er noko alle, inkludert den kriminelle, kan klare å meistre. *[D]e lærer i praksis å gjøre ting på en riktig måte [...] læring av adferd er det som foregår* (intervju med Asbjørn Langås 03.05.2001).

Satsinga på eit slikt program innan kriminalomsorg generelt og fengselsvesen spesielt er uttrykk for ei eksplisitt kriminalitetsførebyggjande målsetjing. Målet om eit kriminalitetsfritt tilvære etter lauslating ligg som det *overordna motiv* for å setje i verk ein slik teknikk og metode overfor den innsette kriminelle. Det er i dag brei semje om ei slik *modellsatsing* frå politisk hald. Eit døme på dette kan hentast frå ei relativt ny innstilling: *”Det vil bli lagt særlig vekt på å bygge ut programvirksomheten (påvirkningsprogrammene) [...] [H]ar en eksplisitt kriminalitetsforebyggende målsetting”* (Innst.S. nr.6 (1998-99):6). Vi skal i det neste avsnittet sjå korleis og kvifor denne satsinga har funne vegen inn i det norske fengselssystemet.

#### 4.3.2 Vegen frå Canada til Noreg<sup>64</sup>

Det blei frå ulike hald midt på 1990-talet hevda at den kanadiske kriminalomsorga sitt flaggskip er eit program som heiter ”Cognitive skills training program”, utarbeida av Frank Porporino (dr.grad i klinisk psykologi) og Elizabeth Fabiano (bachelor i sosiologi, magister i anvendt kriminologi)<sup>65</sup> (Langelid 1995:4). Eit utsegn henta frå det canadiske forskingsmiljøet

---

<sup>64</sup> Sidan Ny Start blei sett i verk i nokre norske fengsel på midten av 1990-talet, vil denne framstillinga av korleis dette skjedde i stor grad bli prega av artiklar, rapportar og andre relevante publikasjonar frå dette tidsrommet. Vidare vil dette verte fletta saman med uttalingar frå intervju med sentrale aktørar som på ein eller annan måte står i relasjon til Ny Start, der desse intervjuar er utførte i år 2001. Dette vert ikkje sett som ein hemsko ved framstillinga av det empiriske materialet, heller som ein fordel for det spenn eit slikt tidsperspektiv gjev. Når dette er sagt vert ikkje tida eksplisitt vektlagt som ein sentral faktor. Det viktigaste er meningsrommet som dei ulike aktørane finn stad innanfor eller utanfor, og intervjuar vert vurderte som å kunne gje ein grundigare kunnskap relatert til problemstillingane.

<sup>65</sup> Fabiano har vore knytt til Correctional Services of Canada (CSC), og Porporino er tidlegare leiar for forskingsavdelinga i fengselsvesenet i Canada.

kan syne dette: *"Cognitive Skills Training is the cornerstone of the Correctional Service of Canada's Living Skills Programs"* (Robson 1995:1). Opphavspersonane reiser i dag verda rundt og "sel" den kognitive modellen. Men dei sel ikkje berre eit konsept, dei føl sjølv med og lærer opp instruktørar i vedkomande land. Vi ser også frå grunnleggjarane eit fokuset på effektivitet i forhold til å redusere tilbakefallsprosenten: *"Elizabeth og Frank har altså gått sammen for å overbevise de rette myndigheter om at deres program, ideer og arbeidsmetoder er verdt å innføre for å prøve å redusere tilbakefallsprosenten, noe som er blitt et hovedmål i de fleste lands kriminalomsorg"* (Arveng 1996:9) [...] *"Fordi modellen treffer tenkemåten med kriminell atferd direkte, er den ansett for å være svært lovende for utviklingen i fengsler. Undersøkelser om dens effektivitet har vært positive"* (Fabiano, Porporino, Robinson 1996:27).

Behandlingsoptimismen i Canada har hatt ein voldsam smitteeffekt også til andre land<sup>66</sup>. Årsaka vert hevda i stor grad å liggje i det at dei der har framskaffa eit verkty som igjen legitimerar tanken om behandling i fengsel. I Noreg blei det av Stortinget løyvd kr 2 mill. i 1996 som blei nedfelt i St.prp. nr.1 (1995-96). Det skulle setjast i verk livsmeistringsprogram for valdsdømde, sedelegheitsdømde, rusmisbrukarar og andre grupper. Det uttrykte målet med programsatsinga var å arbeide for *reduisert tilbakefall til nye kriminelle handlingar*. Ny Start blei definert innan ramma av livsmeistringsprogram og fikk 2 mill. kr til utvikling og iverksetjing av programmet (Danielsen og Meek Hansen 1997:16): *"Det er indikasjoner på at det i forhold til visse typer kriminalitet kan bli oppnådd større reduksjoner i tilbakefallet ved bruk av spesielle soningsprogram. I andre land har dei prøvd slike program både i knytte til vald og til sedskapskriminalitet. Departementet utviklar no eit grunnlag for slik spesialsoning, og vil setje i verk forsøk for å vinne praktisk erfaring med dette. Forsøket vil omfatte både fengselsstellet og friomsorga, og det vil krevje opplæring med hjelp frå KRUS"* (St.prp. nr.1 (1995-96):62).

Under prosessen fram mot vedtak blei det av ulike embetsmenn og forskarar gjennomført fleire studiebesøk til andre land. I tillegg til Canada var både Sverige og Danmark

---

<sup>66</sup> Det har òg skjedd ein smitteeffekt her i Noreg, noko vi kan sjå gjennom arbeidet med å vidareføre Ny Start til arbeidslivet. Dette er eit oppføljingsprosjekt som A-etat i Trondheim, Bergen, Stavanger og Oslo starta i 1998, der siktemålet er å følge opp innsette for å auke deira moglegheiter til å få og behalde arbeid etter lauslating. Prosjektet har ei varigheit på fem år (Øiern 2000:26). Arbeid kan sjåast som linken mellom individet og samfunnet: *"[K]anskje er det gjennom arbeidet individet beviser sin rett til å eksistera"* (Bøe 2000:19), noko dette prosjektet syner.

inspirasjonsgrunnlag og hyppig besøkte land i denne fasen. ”Bakgrunnen for å forsøke *Cognitive Skills* er de gode erfaringar som nå gjennomføres i Sverige og Danmark. Deres konklusjon etter 1-2 års drift er å utvide *Cognitive Skills* til nye anstalter” (Prosjektplan ”Ny Start”, februar 1996:4). Fagmiljøa i Danmark og Sverige gav positiv tilbakemelding på programmet og den opplæring dei hadde fått av dei kanadiske fagfolka. Vidare tilråda svenske og danske myndigheiter ei grunnopplæring direkte frå canadiarane, heller enn ein skandinavisk opplæringsmodell som også var inne i biletet. Danske og svenske myndigheiter innan kriminalomsorga bestemte seg for å utprøve programmet R&R – eller *Cognitive Skills* - etter eit seminar med Elisabeth Fabiano, som blei gjennomført i Sverige vinteren 1993<sup>67</sup>. Representantar frå den norske Kriminalomsorga hadde eit møte med denne føregangskvinna under seminaret. Det blei på bakgrunn av dette utarbeida eit referat som innehaldt forslag om å starte liknande verksemd i Noreg. Vidare var også tilbakemeldingane frå studiereisene positive gjeldande programmet frå Canada<sup>68</sup>.

I november 1995 utlyste Kriminalomsorgavdelinga prosjektleiarstilling og nedsette ei arbeidsgruppe. Prosjektleiar Rune Fjeld blei tilsett 01.11.1995. Denne arbeidsgruppa leverte si innstilling til departementet i februar 1996, og anbefalte der kjøp av den Canadiske modellen på linje med det danskane og svenskane hadde gjort. Det skulle, i følge innstillinga, veljast ut tre anstaltar og eit friomsorgskontor der programmet skulle implementerast, og det skulle setjast av øymerka midlar i prosjektperioden. Namnet på prosjektet skulle altså vere Ny Start. Arbeidsgruppa si innstilling blei i hovudsak følgd, og programmet og opplæringsdelen skulle kjøpast av firmaet T3 Associated Training Consulting Inc. (heretter T3). Det vidare arbeidet skulle leiast av ei prosjekteining i kriminalomsorgsavdelinga som besto av avdelingsdirektør Asbjørn Langås og prosjektleiar Rune Fjeld. Denne eininga skulle direkte leggjast under toppleiargruppa i departementet. Vidare blei det føreset at forsøkeiningane skulle plukkast ut på grunnlag av søknad om deltaking.

I kontrakten som blei inngått gav firmaet T3 Justisdepartementet rettar til programmet. Firmaet forplikta seg til å gje grunn- og etterutdanning av norske tenestemenn, samtidig som dei skulle godkjenne instruktørane. Samtlege einingar i Kriminalomsorga blei inviterte til å

---

<sup>67</sup> Dei fyrste kursa i *Cognitive Skills* i Danmark og Sverige starta i 1994.

<sup>68</sup> Eksempelvis gjennomførte statsråd Grete Faremo, statssekretær Øystein Meland, ekspedisjonssjef Erik Lund Isaksen og prosjektleiar Rune Fjeld ei studiereise til Amerika dels som førebuing til stortingsmeldinga, men òg for å få kunnskap om ulike program (Danielsen og Meek Hansen 1997:16).



delta som forsøksseiningar for utprøving av Ny Start, og det kom inn 14 kvalifiserte søknadar. I april 1996 blei det på KRUS halde eit introduksjons- og motiveringsseminar, der to erfarne kursleiarar frå Danmark var henta inn for å fortelje om sine erfaringar. Vidare blei det for å førebu instruktørane på opplæringsseminaret som skulle skje på engelsk, avhalde eit to dagars kurs i engelsk på KRUS. I september 1996 underviste dei kanadiske programutviklarane Elizabeth Fabiano og Frank Porporino dei norske kursleiarane i 12 dagar. 20 personar deltok heilt eller delvis på seminaret, og til stades var også prosjektleiarane og rettleiarane.<sup>69</sup>

#### 4.3.2.1 Teoretisk grunnlag for programmet

Det teoretiske grunnlaget for programmet finn ein i boka *Time to think. A cognitive model of delinquency prevention and offender rehabilitation* (1985), skriven av Elizabeth Fabiano og Robert R. Ross. Det var desse forskarane som introduserte den kognitive modellen i canadisk fengselsvesen. Denne publikasjonen er eit resultat av ein større teoretisk studie der det blei føreteke ei nærare undersøking av effekten av mange typar program. Utgangspunktet for undersøkinga var eit ønske om å etterprøve det negative biletet som blei teikna av programma si manglande effekt på 70-talet. "Nothing works" blei snudd til "what works"-doktrina, som postulerte at visse typar programverksemd kan føre til mindre residiv. Vidare er boka utgangspunktet for dei programma som seinare er utvikla i canadisk fengselsvesen av Elisabeth Fabiano, Frank Porporino og David Robinson.

I introduksjonskapitlet i denne boka kan vi lese at forskinga deira indikerar at å forbetre forbrytarar sine kognisjonar kan vere ein essensiell faktor for deira rehabilitering. Likevel presiserar dei følgjande: "*We do not suggest that cognitive deficits are a cause of crime. The model we present in this book is not a theory of crime. It is a model for delinquency prevention and rehabilitation programs*" (Fabiano og Ross 1985:11 – mi understreking). Fleire stadar i boka vert det stadfesta at den cognitive modellen ikkje er ein teori om kriminalitet, men at den snarare utgjer ein *modell* for rehabilitering. Vi ser korleis modelltenkinga som via mellom anna Ny Start kan seiast å breie om seg, har tungt rotfeste i heile prosjektet sin grunnteoretiske føresetnad. Det verkar òg svært sentralt for dei å få fram at kognitive manglar ikkje kan unnskylde kriminell åtferd: "*Cognitive deficits do not excuse his*

---

<sup>69</sup> Ein stor del av dei faktiske forhold kring iverksetjinga av Ny Start som er presenterte her, er henta frå evalueringsrapporten *Ny Start for norsk Fengselsvesen?* av Trond Danielsen og Wilhelm Meek Hansen (1997). Denne er eit resultat av at Justisdepartementet i samband med innføringa og etableringa av Ny Start gav Kriminalomsorgen sitt utdanningscenter (KRUS) i oppdrag å evaluere programmet. Sosiolog Danielsen og rådgjevar Meek Hansen fekk denne oppgåva.

*criminal behavior. They merely make it more difficult for him to obtain the satisfactions and rewards that he might wish to obtain through legitimate prosocial behavior because they limit the number of behaviors in his repertoire*” (ibid:156). Vidare påpeikar dei at forbrytarar ikkje er ei homogen, eller einsretta, gruppe – medan nokre har kognitive manglar, kan andre ha andre typar manglar: *”Emphasizing the cognitive deficits evidenced by offenders does not mean that they do not have other needs and problems which must be addressed. Offenders are not a homogeneous group*” (ibid:14). Og vidare: *”Many perfectly rational men break the law for perfectly rational reasons*” (ibid:67).

Forskarane som gjennomførte studien som ligg til grunn for boka *Time to think* har gjennomgått eit stort teoretisk materiale og basert på dette altså danna seg ei oppfatning av at det eksisterte samanhengar mellom kognitive manglar og kriminalitet. Deira syn er at ei adekvat kognitiv fungering kan verke førebyggjande på utvikling av kriminell åtferd, og at det difor er viktig å identifisere denne gruppa av innsette som har slike manglar og gje dei eit læringstilbod som kan stå i forhold til slike manglar. Dei gjev såleis eit modulisert tilbod i form av ein modell sett som ein metodisk reiskap for å skulle kunne endre den kriminelle si åtferd, som den norske kriminalomsorg har kjøpt inn frå Canada.

#### **4.4 Behandlingstanken og Ny Start**

Trass eit relativt hardt politisk klima på 80- og 90-talet, med strengare og lengre straffer, vert det altså frå fleire ulike hald innført eit nytt omgrep om korleis fullbyrdinga skal organiserast. I fullbyrdinga sitt *innhald* vert det lagt sterk vekt på individualpreventive omsyn, noko som stadfestar at tankane om at det går an å behandle folk frå avvik, i dette tilfelle behandle den kriminelle, på ny brer om seg. Det skjer ei nytenking rundt behandling, rehabilitering og terapi relatert til den kriminelle lovbrytar, som festar seg i argumentering og talen kring den kriminelle. Men strengare og lengre frideomsstraffer som set *krav* til den innsette, vert ikkje frå alle hald nødvendigvis oppfatta som motstridande til tankar om å kunne forbetre og behandle folk frå avvik: *Jeg tror ikke at det at man skal påføre straff vil forsvinne selv om en gir folk behandling og sørger for at de får muligheten til å kunne begynne et annet liv, nesten tvert imot! [...] De som kommer inn i det, som møter seg sjøl, holdt jeg på å si, og tar et oppgjør med seg sjøl og erkjenner hva dem har gjort og erkjenner at det er dem som sjøl har ansvaret for det og er de eneste som kan gjøre noe med det, de kommer jo videre. Men de sier jo at det var det tøffeste! Altså, det mest behagelige en som sitter inne kan gjøre, det er den derre cellesjuken. At du mest mulig, så langt du får lov til det, sniker deg til å ligge på benken på*

*cella. Det er den mest uforpliktende, du bare liksom sløver deg gjennom de månedene du måtte ha å sitte inne. Og det er ikke noe straff i det, altså!* (intervju med Ane Sofie Tømmerås, Ap, 02.05.2001).

Desse uttalingane syner ei sterk vektlegging av *innhaldet* i soninga, her frå politisk hald. Det vert frå nokre hald sett for å vere svært viktig at det satsast på den kriminelle lovbrutar i form av å setje krav, vurdert ut frå vedkomande sine behov og eignaskap. Den innsette skal ikkje kunne gjennomføre ei soning utan å *tenkje over* situasjonen sin samt kva vedkomande eventuelt vil gjere med den. Her er motivasjon viktig. Som vi skal sjå vidare i denne skildringa av ein fengselsinstitusjonelle arena, kan dette tendere mot å vere ei oppfatning frå fleire hald, ikkje berre frå politisk hald.

#### **4.4.1 Mediemarksemd**

Trass i det som kan verke som ei storsatsing og markante endringar i den fengselsinstitusjonelle kvardag, må Ny Start programmet seiast å få liten mediemarksemd i tida kring iverksetjing. Søk på Internett og mikrofilm, der "Ny Start" og andre relevante omgrep utgjorde søkjeorda, resulterte i ei handfull artiklar som konkret gjekk på prosjektet<sup>70</sup>. Dette kan forsterke inntrykk gjeve frå fagleg hald: *"Det er slik at fanger er et lavstatusklientell og vi embedsmenna som jobber med fangene er lavstaturembedsmenn [...]. Og sett i befolkninga så er også fangene i fengslene lavstatusklientell"* (intervju med Asbjørn Langås 03.05.2001). Kanskje kan slike oppfatta haldningar, samt at det ikkje dreiar seg om skandaleoppslag<sup>71</sup>, syne den manglande interessa frå media her.

BT trykkjer artikkelen "Tenkehjelp for fanger", eit halvsides skriv som fortel oss at *"innsatte i norske fengsler skal lære å tenke på en ny og positiv måte for å klare å styre unna lovbrudd etter endt soning"* (BT 18.06.1996). Fengselsdirektør Per Sigurd Våge hevdar ny Start programmet kan spare samfunnet for både menneskelege tragediar og store økonomiske tap. Nøkkelen er å auke fangane si sjølvinnsikt. Det vert vist til Canada og gode resultat der. BT har om lag eit år etter på trykk ein artikkel som fortel to innsette sine erfaringar (BT 16.05.1997). Dei hevdar å ha blitt rolegare, men kjem òg med kritikk: *"Det virker som om enkelte av øvelsene er laget av fagfolk som ikkje skjønner at fangene er ganske vanlige folk"*.

---

<sup>70</sup> Det er ingen garanti for at dette representerar absolutt alle artiklar publiserte kring Ny Start, men omfanget oppfattast som å gjenspegle inntrykket av eit labert fokus.

<sup>71</sup> Ei slik undring må sjåast i samanheng med kapittel 6.0, som gjev eit innblikk i media og fokuset på skandalar og katastrofar.

Vidare rettast det i same avisa kritikk mot manglande ressursar til tiltak: *”Stramme budsjetter gjør det svært vanskelig å gjennomføre programmer med tilstrekkelig omfang og kvalitet”*, seier underdirektør Per Helge Nilsen ved Bergen landsfengsel. Året etter skriv Aftenposten om *”Ny Start for eks-kriminelle, i ein liten notis (Aftenposten 30.11.98)*. Det er samarbeidet mellom Arbeidsdirektoratet og Justisdepartementet som er i fokus her, og det er arbeidsdirektør Ted Hanisch som legg dette fram på ein konferanse same dagen. Målet er klart: *”Vi ønsker å hindre at så mange kriminelle ikke takler arbeidslivet”*, seier han til avisa. Vi ser at artiklane har fokus på den innsette og på samfunnet i sin heilskap. Dei er tekne med her for å syne korleis dette kan utspele seg i ein mediesamanheng, knytt til Ny Start. Dette utan at eg vil gå vidare inn på fleire artiklar her, då poenget var å syne beskjeden pressedekning.<sup>72</sup>

#### **4.5 Kommersialisering**

Ut frå det som til no er skildra av satsinga på dette kognitive rehabiliteringsprogrammet, ser ein at der føreligg faktiske forhold som både kan knytast til eit økonomisk og eit kommersielt aspekt. Slik sett kan programmet sjåast som ei vare som vert seld til interessentar som er i stand til å betale for seg. I eit slikt lys vert det kanskje ikkje så bemerkelsesverdig at opphavspersonane er engasjerte og villege til å reise land og strand for å *”reklamere”* for vara si. Som ein psykolog som har jobba aktivt med Ny Start og andre program i Bergen landsfengsel svara, på spørsmål om kva han syns om det økonomiske aspektet i det at firmaet T3 reiser rundt og sel denne programpakken: *Jo, altså, jeg er imot denne kommersielle ideen, så derfor skal vi unngå sånne ting. Og jeg advarte Justisdepartementet mot dette fordi vi kunne få det engelske programmet. Men den gangen var det kanadiske programmet mer gjennomarbeidet enn det engelske [...] [J]eg syns ikke det skal være butikk å utvikle psykologisk kunnskap* (intervju med Leif Waage 04.04.2001).

Som ein konsekvens av at det dreiar seg om kjøp og sal får altså økonomiske og kommersielle aspekt innpass på den fengselsinstitusjonelle arena. Ikkje berre på grunn av det reint

---

<sup>72</sup> Ein interessant artikkel i forhold til tilbakefallsproblematikken meir generelt, er ein artikkel i Dagbladet, som presenterar ei undersøking gjennomført av Statistisk Sentralbyrå. Det er fyrste gong på 25 år det har vore gjennomført ei slik undersøking, og den viser at *”to av tre dømt for grovt tyveri i 1987 ble tatt for nye kriminelle handlingar under fem år etter at de slapp ut fra fengsel. Av dem med mange straffer bak seg ble ni av ti tatt for nye forbrytelser. Verken forskere eller tidligere innsatte er overrasket over de høye tilbakefallsprosentene”* (Dagbladet 09.08.1996). Det vert peika på at innsette ikkje får nokon sjanse til å klare seg når dei kjem ut: *”De fleste som er gjengangere i fengsel har ingenting å gå til når de kommer ut”*, seier Fred Wold til avisa, han er fengselsstøtte og miljøarbeidar i Kirkens Bymisjon.

økonomiske faktum at det kostar å kjøpe det inn, men òg som følgje av aspektet med marknadsføring. For dei sel ikkje berre programmet sitt, men dei reiser òg rundt for å freiste reklamere og få flest mogleg til å fatte interesse for produktet sitt. Dette fører oss direkte inn i ein økonomisk terminologi – det handlar om kjøp, sal, produkt, vare og reklamering<sup>73</sup>. Eit sentralt aspekt her vert den faglege kompetanse sett i forhold til dette økonomiske moment. Argumenta knytt til dette går på at det kan tenkjast ein risiko for at økonomiske vinstar for opphavsmenna kan gå på kostnad av fagleg og vitskapleg forankring. Frå nokre hald kan det kanskje verke som at ein refleksjon over slike forhold manglar, eller at det var heilt naudsynt å gjere det på denne måten. På spørsmål om synspunkt gjeldande det at Porporino og Fabiano reiser rundt og sel eit produkt, og om dette er riktig å gjere, var eit svar som kom fram dette: *Hvem er det ikke som reiser rundt med et produkt, da? [...] Ja, vi kunne i hvert fall ikke fått tak i det på annen måte! Vi kunne ikke det! Og når de har solgt dette produktet sitt, så er jo vi da selvforsørget, vi behøver ikke å spørre dem om noe mer, for da er vi jo topp kvalifiserte. Vi har våre egne instruktører som hele tiden kan utdanne nye og nye og nye. Vi behøver ikke å spørre Frank og Elisabeth. Så jeg synes ikke det er så ille, jeg, at vi gjorde det. Det er jo ganske dyrt med den førsteanskaffelsen, men så er vi jo ferdige med det. Det er en engangsanskaffelse. Det er som å kjøpe en PC, en engangsanskaffelse* (intervju med Asbjørn Langås 03.05.2001). Dette synspunktet står for ei nedtoning av at kommersialiseringa kan tenkjast å føre med seg negative aspekt. Argumentet går mot eit syn på kjøp som å vere den einaste utveg om ein skulle kunne gjere seg nytte av programmet. Vidare peikast det på at vinstane i ettertid er så store at eingongsinvesteringa er verd det. På ei anna side kjem uttalingane av ein person som har vore sterkt inne i biletet i initiativfasen, og det skal moglegvis ein del til for vedkomande å ikkje forsvare òg det økonomiske ved importeringa av det kanadiske programmet. Når dette er sagt, syner ytringane ein underliggjande optimisme og kjensle av at det var naudsynt og på sin plass å setje i verk programverksemda generelt innan fengselsinstitusjonen. *[J]eg har veldig tru på Cognitive skills og andre programmer, som er individbaserte* (intervju med Asbjørn Langås 03.05.2001). Vi ser med dette at det frå nokre hald kjem til syne det som kan karakteriserast som ei lovprising av programverksemda generelt og Ny Start spesielt samt kva programmet kan gjere gjeldande å endre den kriminelle, knytt opp mot eit kriminalitetsfritt tilvere.

---

<sup>73</sup> Dei økonomiske og kommersielle forholda knytt til Ny Start gjev klare parallellar til aktivitetar innan legemiddelindustrien. Også her handlar det om marknadsføring, kjøp og sal av produkt.

## 4.6 Tilbakefallsproblematikken

Det overordna målet med prosjektet var å gjennomføre forsøk med spesielle soningsprogram, der St.prp. nr. 1 (1995-96) og St.meld. nr.27 utgjør det hovudsaklege arbeidsgrunnlaget for dette forsøket. Hovudmålet var å utarbeide eit soningsprogram som kan redusere tilbakefall til ny kriminalitet etter gjennomføring av soning i anstalt. På denne måten vert det som skjer gjeldande innhaldet i fengselssoninga sett som å kunne leggje grunnlaget for målingar av effektar *etter* soninga.

I denne samanheng må det presiserast at det ved behandlingsopplegg både tidlegare og no, argumenterast for at det kan vere eit problem ved måten ein målar suksessen ved opplegga og programma på - nemlig *residiv*. Ein vid definisjon av residiv er "*antall lovbrutere som faller tilbake til kriminalitet etter løslatelse fra fengsel*" (Sti 1998:8). Det har vore svært vanleg å nytte residiv som mål på behandlingseffekt, synt gjennom tilbakefallsprosenten. Det er imidlertid vanskeleg å seie noko om faktisk tilbakefall, det er berre den registrerte kriminalitet eller tilbakefall som målast. Hammerlin (1994) påpeikar at det ikkje er godt å vite kva ein eigentleg målar ved residivet. Han nemner moglege forhold som samfunnet sin dårlege re-integrerande evne, fengselet sin fiasko, eller individet sin kriminelle vilje og aktivitet eller manglande sosiale ferdigheit (Hammerlin 1994:98).

Men mål på effekt kan nyanserast. Til dømes Kyvsgaard (1997) ser imidlertid ikkje tilbakefallsprosenten som eit heilt uviktig kriterium for effekt, fordi tilbakefallsprosenten gjenspeglar lovbrutaren sin situasjon. Følgjeleg ligg det implisitt i ynskje om å få ned denne prosent, eit ønske om ei forbetring av vedkomande sin situasjon. Likevel meiner han at effektivitet ikkje bør vere det einaste målet for behandlande tiltak. Det er viktig at akseptabel behandling representerar moglegheit for hjelp og forbetring av lovbrutaren. I følgje Kyvsgaard må *humanistiske* og *etiske* standardar stå i sentrum i utviklinga av behandlingsopplegg. I forhold til slike standardar vert effektivitet sekundært. Likevel ser han evalueringar av effektivitet som eit viktig middel som fortel om antakingar er korrekte, og er slik eit viktig middel for å halde liv i behandlingsoptimismen. Vi ser korleis ein kan pense innom verdiar utover det som har med effektivitet å gjere, men likevel ikkje gje slepp på denne effektiviteten som sådan: *Det er veldig mange andre indikatorer som burde vært målt også, men det er likevel viktig og riktig å måle tilbakefallsprosentet* (intervju med Kristin Krohn-Devold, H, 03.05.2001).

Gjeldande effektiviteten si sekundære stilling, konkluderte ei rekkje forskingsrapportar midt på 1990-talet med at The Mission<sup>74</sup> og særleg Cognitive Skills Training Program har ført til klårt betre forhold i fengsla (Langelid 1995:7). Dette hevda ein ut frå at drap i fengsla gjekk ned, til liks med at reduksjonar i gisseltaking, vald mot andre innsette, vald mot personalet og rømming gjekk ned. Undersøkingar blant tilsette underbygde påstanden om at forholda i fengsla var blitt mykje betre. Vi ser allereie då korleis nokre er inne på tanken om at det ikkje er berre *effektivitetsmål* relatert til tilbakefall til ny kriminalitet som kan liggje som resultatindikator for kva verdi satsingar på program kan ha<sup>75</sup>. Det er imidlertid det lovlydige individ som er i hovudfokus knytt til programverksemda: *"The Mission...signaliserar eit positivt menneskesyn med tru på den innsette sine utsikter til å leva som eit lovlydig individ med føresetnadar om vekst, utvikling og endring"* (ibid:4 – mine uthevingar). Vi ser korleis argument om eit positivt menneskesyn vert kopla saman med effektivitetskriteriar som handlar om å hindre tilbakefall. Men vinklinga går derimot i favør av den enkelte kriminelle sine livsutsikter, heller enn å vere retta mot tilbakefallsstatistikkar. Vi ser korleis tilbakefallsproblematikken vert nyansert i lys av dei aktive aktørar sine utsegn.

Kriminologen Herdis Dugstad (1999) har gjort ein studie med fokus på kva tankar dei innsette kan ha om ulike tiltak i lys av dei målsetjingane tiltaka har om å redusere tilbakefallsprosenten. Konkret tok ho for seg satsingane på soningsplanar, kontaktbetjentordninga og kontraktsoning. Ho hevdar her å kunne påvise at det var gjennomgåande, i intervju med fangane, at dei syns det var utruleg tøft å sone i ope fengsel etter å ha kome frå lukka. På eit ope fengsel var det knytt så mange *forventningar*, så mykje vedkomande måtte vere med på – på lukka kunne dei jo berre slenge seg inn på senga si og sjå på TV eller sove seg gjennom heile dagen: *Det var i alle fall noen som prøvde å forklare dette; det var noe med at dagene var så like, at når de tenkte tilbake så var det liksom ikke noen forskjell i den strømmen av dager som hadde vært, så da tenkte man at tiden hadde gått ganske fort, da* (intervju med Herdis Dugstad 03.05.2001).

---

<sup>74</sup> The Mission Dokument kan sjåast som sjøve grunnlova for Cognitive Skills Training Program og den verksemda programmet inngår i. Hovudoppgåva i The Mission er å: *"[C]ontribute to the protection of society by actively encouraging and assisting offenders to become lawabiding citizens, while exercising reasonable, safe, secure and human control"* (Langelid 1995:4).

<sup>75</sup> Ny Start kan tenkjast å bringe med seg andre og utilsikta humanitære verdiar enn det dei eigentlege målsetnadane peikar mot. Dette er eit aspekt som vil verte teke opp att seinare.

Det som kjem fram her kan nok seiast å støtte opp om synet presentert overfor. Det at det vert stilt krav og forventingar direkte i samband med soninga, hevdast altså frå fleire hald å opplevast som svært tøft og uvant for den innsette kriminelle. Kanskje kan desse uttalingane sjåast som å gå litt på tvers av synet om at det berre er strengare straffer som kan hjelpe i arbeidet med å få ned tilbakefallsprosenten. I alle fall ser det ut til å vere store sprik her, særleg om ein knyter slike kriminologiske standpunkt opp mot ein Framstegspolitisk ståstad, der eit krav om strengare straffer dominerar deira kriminalpolitiske ståstad<sup>76</sup>.

## 4.7 Ressursar

Ei slik nysatsing som den programverksemda som har vorten utvikla innan den norske fengselsinstitusjonen krev auka ressursar. Det kjem til syne eit nærast unisont krav om auka ressursar om vi ser til dei ulike aktive fagpersonar innan vitenskap og fagfelt som er knytt til Ny Start. Vi skal no sjå nærare på denne argumenteringa.

### 4.7.1 Økonomiske ressursar

I fyrste omgang og mest iaugefallande gjeld krava ei auke i *økonomiske* ressursar. Å take i bruk nye teknikkar og opprette nye soningsinstitusjonar krev løyvingar som står i forhold til storleiken på satsinga. Dette vert ytra frå ulike vitenskaplege og faglege hald, og både i ulike skriftlege kjelder, samt i dei ulike intervjua gjennomførde for denne studien sitt formål. Frå pedagogisk hald sjåast det som *veldig synd, det er beklagelig at man ikke har funnet å kunne gi midler til programvirksomhet i større grad. At programvirksomheten kommer til å bli fremtidens utvikling i fengslene, både i norsk og internasjonalt fengselsvesen, det er jeg ikke i tvil om!* (intervju med Asbjørn Langås 03.05.2001). Også politiske ytringar er av same art, då *det må mer penger inn i det, det tar tid å bygge opp et nytt regime, ikke sant, få de nye tinga igjennom* (intervju med Ane Sofie Tømmerås, Ap, 02.05.2001).

Synet på ressursar som å vere manglande og sviktande kan hevdast å vere ei gjennomgåande oppfatning frå fagleg hald. Personar innan psykologiske, pedagogiske og kriminologiske felt som eg samtala med i relasjon til denne studien gjev uttrykk for det. Utan å generalisere for mykje, tydar det på at frustrasjonar gjeldande manglande ressursar er ei relativt eintydig oppfatning frå desse fagområda.

---

<sup>76</sup> Sjå kapittel 5.0 – Kriminalpolitiske utspel på 1990-talet, for meir om politiske ståstadar.



#### 4.7.2 Individuelle ressursar – kunnskap og kompetanse

Ei anna aspekt ved omgrepet ressursar er det som dreiar seg om *individuelle* ressursar. ”*For innsatte og ansatte som er direkte involvert i denne programvirksomheten, betyr det ny kunnskap og økt kompetanse*” (Melvold 1997:6).

Gjennomføringa av program skal primært gjennomførast med deltaking av kriminalomsorga sine tilsette, det var eit sentralt moment i initiativfasen å velje ut program som kunne handterast av etatens eigne tilsette. ”*[R]ehabiliteringen av lovovertreidere skal ikke bare drives av høyt utdannede spesialister som psykologer, psykiatere og sosionomer, men også av andre faggrupper som fengselsbetjenter og verksbetjenter samt ansatte i friomsorgen*” (Lund-Isaksen 1996:3). Dette kan oppfattast som *riktig i forhold til at en fengselsbetjent kan være en like god fagperson som en sosionom og en psykolog og en lærer, det er de personlighetsmessige forutsetninger...* (intervju med Asbjørn Langås 03.05.2001). Og vidare vil ”*et slikt forsøk (Ny Start – min merknad) også passe bra inn i arbeidet med tjenestemannsrollen*”<sup>77</sup> [...] ”*De nye soningsprogrammene skal fortrinnsvis drives fullt og helt av tjenestemennene. Tjenestemennene skal være inspiratorer, påvirkere og tilretteleggere i forhold til de innsatte. De skal yte veiledning og motivere den straffedømte, og tilstrebe et miljø som stimulerer til læring av nye ferdigheter*” (Prosjektplan ”Ny Start 1996:3). Det krevjast difor ein vesentleg innsats på opplærings- og rettleiingssida. Det sentrale aspekt er at det er fengselsbetjentar som er kursleiarar, eller instruktørar ved den praktiske gjennomføringa av programmet. Leksjonane er skrivne ned i ei omfattande handbok som gjev ei temmeleg strukturert råde for undervisinga. Haldninga er at eit ferdig utforma program skal gjennomførast slik det føreligg av tenestemenn som er ”*i besittelse av gode evner og personlige egenskaper*” (Lund-Isaksen 1996:5). Endringar som ikkje er svært godt grunngevene vil kunne svekke effekten av programmet, og gjere det vanskeleg gjennom forskning og evaluering å finne ut i kva grad det medverka til redusert kriminalitet (notat frå JD til kriminalomsorgas etatsleiing 2001:31).

---

<sup>77</sup> Tenestemannsrolleprosjektet blei starta i 1988 og varte ut 1991. I eit notat til Statsråden, datert 21.01.1987, blei hovudmålet med TR-prosjektet presisert: ”*I arbeidet med fengselsetatens personalpolitikk er det sentralt å utforme en fengselsbetjentprofesjon som er tilpasset en tidsmessig fangebehandling. Dette arbeidet anser Kriminalomsorgsavdelinga som et viktig og nødvendig effektiviseringsiltak*”. Prosjektet var særleg retta mot ei frigjering av tenestemennene sine ressursar til eit meir konstruktivt arbeid som strekkjer seg utover dei tradisjonelle vaktar- og sikkerheitsoppgåver (Hammerlin 1993:9).

Undervisinga baserar seg i stor grad på kursleiarane si evne til kontakt og verbalt samspel med deltakarane, den viktigaste metoden er altså kursleiarane si evne til å skape god dialog med deltakarane. Det er ikkje kursleiarane som skal formidle kva som er riktig eller gale, men dei skal i dialogen med deltakarane vere spørjande og utfordre til refleksjon og bevisstgjerung. Det vert hevda å ha mykje større effekt når idear og forslag kjem som resultat av ein aktiv prosess frå kursdeltakarane si side, enn om dei vert fortalt ulike fasitløysingar (Meek Hansen og Danielsen 1997:14). På denne måten stillast det også krav til den innsette og det øvrige anstaltapparatet rundt, og *"kursinstruktørene er avhengige av responser fra den innsattes nettverk [...] de respektive må ha inngående kjennskap til Ny Start-programmet"*. Dette indikerar eit krav om kunnskap og kompetanse både frå innsett, fengselsbetjent og set øvrige apparatet rundt for å *"innlemme aktivitetene som en naturlig del av fengselshverdagen"* (Melvold 1997:6).

#### **4.8 Fokus på den enkelte kriminelle**

Det ligg fleire individuelle faktorar til grunn for, og som konsekvens av, ei satsing på Ny Start innan den norske fengselsinstitusjonen. Likevel må det påpeikast, om ein ser i retning av det politiske nivå overfor fengselsinstitusjonen, at haldninga her er gjenspegla av at fullbyrding av straff skal skje i ei for samfunnet betryggjande form: *"Det vil i praksis kunne innebære at tiltak som kan ha en positiv individuell effekt, i enkelte tilfelle vil måtte vike av hensyn til samfunnsbeskyttelse, likebehandling og fare for unndragelse"* (St.meld. nr.27 1997-98:69). Trass denne presiseringa frå den bestemmande myndigheit, må det seiast å vere tilfelle at det med denne satsinga på eit fokus på den individuelle kriminelle i større grad er gjeve innpass for eit syn som skal ivareta den enkelte sine behov. Slik må ikkje dette individuelle fokus tolkast som ei satsing som går på kostnad av tryggleiken i samfunnet. Det offisielle siktemålet er å *samtidig* skulle gjennomføre tiltak relatert til den enkelte sine behov, men for å verne om samfunnet. Poenget synast å vere at for stor satsing på det individuelle nivå igjen kanskje kan hevdast å gå på kostnad av likebehandling i vårt demokratiske samfunn. I den same meldinga presiserast det at: *"Likhetskravet er et allminnelig demokratisk prinsipp som også gjelder under straffullbyrdinga"* (ibid:27).

Umiddelbart kan kanskje den doble målsetjinga om både å skulle verne om samfunnet og ha omsyn for den enkelte sine behov, synast som fine ord som det i praksis kan vere vanskeleg å gjennomføre. Om vi ser til stortingsmeldinga frå 1997, ser vi korleis denne doble målsetjinga nedfellast i det nokre vil kalle store ord: *"Straffen blir et uttrykk for graden av bebreidelse"*

*mot den enkelte lovbrøyer og skal ivareta allmenn- og individualprevanive hensyn. Kriminalomsorgen må under gjennomføringa av straffen legge vekt på dens individualprevanive virkning og påvirke den domfeltes adferd for å søke å forhindre ny kriminalitet. Samtidig er det viktig å ivareta hensynet til humanitet og likebehandling. Disse hensynene kan stå i et motsetningsforhold til hverandre, og balansegangen er en utfordring for etaten". Det interessante ved sitatet er erkjenninga av denne doble målsetjinga i siste setning. På denne måten synast ei "innrømming" av vanskane med å freiste nå begge disse forhold, noko imidlertid ikkje alle vil kunne einast om. Visse uttalingar kan kanskje stå som døme på denne forakta for fine ord i offentlege dokument: [O]g dei seier jo voldsomt mykje fagert som aldri fører til noko som helst. Det er ikkje innhald i det, altså, ein kunne jo tatt det eine området etter det andre (intervju med Torfinn Langelid 06.04.2001). Og vidare: Alle proposisjonar er fulle av svulstige ord, men det er det å omstille ord i praksis. Alt dreier seg om å omsette ting i praksis. Og hvis du vil omsette ting i praksis, hvis det skal lykkes, så må du ha noen personer som er i stand til det (intervju med Asbjørn Langås 03.05.2001).*

#### **4.8.1 Differensiering**

I NOU 1988:37 Ny fengselslov kom det forslag om eit soningssystem som skulle vere meir *differensiert* enn det dåverande systemet. Fengselslovsutvalet sitt forslag innebar ei utbygging av soningsalternativa som gjekk frå lukka anstaltar der sikkerheitsforanstaltningane er strenge, vanleg lukka anstalt, open anstalt, anbringelse i hybelhus og til andre opplegg utanfor anstalt. I følgje utvalet burde soninga vore individuelt tilpassa kvar fange. Stortingsmelding nr. 27 Om kriminalomsorgen legg Fengselslovsutvalet sitt forslag til grunn for si drøfting av eit differensiert soningssystem. Ei stegvis utslusing til opnare soning må i følgje denne meldinga stille større *krav* til fangane, dei må syne at dei er *motiverte* og at dei tek *ansvar* for sin eigen situasjon. Differensieringa skal skje på bakgrunn av fangane si utvikling og eventuelle framsteg medan dei sonar, og i meldinga vart det presisert at ei slik differensiert basert på progresjon ikkje eignar seg for alle fangar. Forhold som fangen sin motivasjon, krav om samtykke og eignaheit, sikkerheits- og kontrollvurderingar og straffetida si lengde, kan vere med på å hindre fangen i å gjennomføre ei slik strukturert soning (Dugstad 1999:47).

Vi ser her at ei vurdering av fangen si rehabiliterings*vilje*, som skal kome til syne gjennom vurderingar av den enkelte sin motivasjon og ansvarlegskap, som er avgjerande for val av soningsalternativ. Som ein konsekvens av slike kriteriar, ser vi korleis Ny Start programmet vert tilbydd dei fangane som sjølv tek ansvar og er motiverte til å skulle kome inn i eit

kriminalitetsfritt tilvære. Likevel ligg det visse utslingsmekaniskar i at programmet i størst grad ser ut til å ha vorte anvendt på innsette med størst tilbakefallsrisiko. Ettersom programmet si teoretiske bakgrunn (jf. Fabiano og Ross: *Time to think* (1985)) klårt hevdar at programmet rettar seg mot ein høgrisikokategori av kriminelle, skjer val av dei som får tilbod om Ny Start programmet etter visse kriteriar i tråd med desse teoretiske føresetnadane: *"This program was developed for offenders with deficits in self-control, interpersonal problem-solving, social perspective taking and critical reasoning skills which have led them in the past to criminal behaviour. Offenders who lack these skills and whose criminal behaviour would benefit from learning these skills are considered appropriate candidates for treatment"* (Robinson 1995:67, Research Report).

#### 4.8.1.1 Utveljingskriteriar

Ved utveljing av deltakarar til programmet skal domfelte sin risiko- og behovsprogram leggjast til grunn. I *Offender selection criteria*, eit rundskriv for canadiske fengsel, ser vi at også utval er knytt til tilbakefall: *"By targeting the most appropriate candidates, this will ensure that the program will have the greatest impact on reducing recidivism* (Robinson 1995:68). Det vert anteke at ein ved å velje ut dei mest "passande" kandidatane etter desse kriteriane, vil kunne sikre at programmet har mest mogleg innverknad i å kunne redusere residiv. *"This program has demonstrated success with appropriate referrals (high-risk/high-need offenders) end ineffective with appropriate referrals (low-risk/low-need)"* (ibid:68). Intensive program skal ikkje gjevast dei med låg tilbakefallsfare. Dei vert hevda å ikkje profittere på intensive tiltak, men kan derimot verte verre. Eit anna aspekt er at det vert hevda å vere dårleg økonomi å satse på dei domfelte som må antakast å kunne leve kriminalitetsfritt utan særskilde tiltak. Kursleiarane meiner at kurset passar best for innsette med følgjande kjenneteikn; valdsproblem, impulsivitet, generelle åtferdsvanskar, sosiale manglar dårleg sjølvbilete, lange domar og er motiverte på førehand. Kurset passar dårleg for innsette som er psykopatar, har store psykiske problem, er unge, har korte domar eller har store narkotikaproblem (Strømmen 1998:11).

Måten ein finn dei egna kandidatar på er at dei innsette på ulike måtar vert informert om kurset, gjennom brosjyrar, video, personleg kontakt og generell informasjon. Så må dei

innsette sende ein skriftleg søknad om å få delta. Her ser vi korleis motivasjon<sup>78</sup> kjem inn som ein sentral faktor. I tillegg eksisterar det eit såkalla ”pre-screening-skjema”, som vert levert ut til betjentar som kjenner den innsette godt. På grunnlag av søknaden, skjemaet og kursleiaren si vurdering avgjerast det om den innsette skal kallast inn til eit inntaksintervju. Til slutt avgjer ein om den innsette skal få tilbod om ein plass på kurset (ibid:11). Vi ser korleis forhold som framferd og motivasjon legg grunnlaget for om den innsette får tilbod om å delta på Ny Start programmet.<sup>79</sup>

Ei differensiering innan fengselet sine murar inneber altså å dele opp noko som tidlegare frå nokre hald har vore oppfatta i større grad som ei einsarta og heil gruppe, ved å tilby forskjellige program til dei forskjellige individ. Individ som tidlegare blei sett som ein heilskap, men som med denne satsinga vert sett som einskilde individ med ulike behov. Eit slikt differensieringsprinsipp sjåast i nokre auge som å innebere ulikebehandling, det vil seie ei ulikebehandling av innsette. Når dette er påpeika, vert nødvendigvis eit fylgjande *normativt* spørsmål i kva grad dette kan oppfattast som bra eller dårleg – eit gode eller eit onde. Om ein ser dette i høve til dei innsette som har lyst til å nytte soningstida til noko konstruktivt får noko igjen for soninga – kanskje kan det òg føre til eit liv utan kriminelle ugjerningar. Men om ein derimot snur på det og ser det opp mot dei som *ikkje* ”passar” til å gjennomføre Ny Start, og då heller ikkje får tilbodet, for dei vil nok ordninga følast som noko urettvis. Og vidare er det jo slik at det som sjåast som ”passande” ikkje avgjerast av den sonande sjølv, men av tilsette innan fengselsinstitusjonen. Det kan hevdast at det på denne måten førast ei ein-sided verdsetjing av éin *type* kriminell, med *visse* åtferdscharakteristikkar, noko som kan gå på kostnad av dei som ikkje maktar å oppfylle desse kriteriane.

Ikkje alle stiller seg like positive til den ein-sidede vektlegginga av kognitive evner gjennom utveljingskriteria. Kriminolog Kristin Skjørten problematiserar fleire aspekt ved Ny Start på

---

<sup>78</sup> Motivasjon gjeldande å delta i aktivitetar i fengselet kan vere mangfaldige. I 1997 fekk Justisdepartementet utarbeida rapporten *De innsattes syn på hva som kan minske residivet*. Noko av det dei kom fram til gjekk på det som har med motiv å gjere: ”Sammenlignet med de ansatte, så ønsket de innsatte ”nesten alt” av tiltak og systemer som kan hjelpe dem til å bruke soningstiden positivt og støtte dem i tiden etter løslatelse” (JD, rapport 1997:50). Dette syner korleis motiv kan grunne i alt frå rein nyfikenkap, avveksling frå ein einsformig kvardag, positiv omtale frå andre innsette. Likevel ser det ut til at ønsket om å *lære* noko kan vere eit sterkt motiv for å søkje, noko som er i tråd med siktemålet med programmet.

<sup>79</sup> Eit sentralt element å nemne her er at det knytt opp mot evaluering og utveljing av kandidat, kan reisast spørsmål om omsyn til fangens integritet. Gjennom spørjeskjema og videooptak kjem det fram sensitive opplysingar, der problem gjeldande både oppbevaring og bruk av desse opplysingane kan oppstå. Her har KROM uttala seg, og meiner at dei kriminalpolitiske myndigheiter må klarere slike spørsmål med Datatilsynet (høyringsuttaling 2001:5).

eit seminar: *"According to Fabiano and Ross, Cognitive Skills is best suited for offenders who have some, but not too many, cognitive deficiencies. Therefore, one must filter out both those who function too poorly, and those who function too well [...] If this program is meant to serve rehabilitation goals then it should, to a larger degree, be linked to type of offense committed rather than to general evaluations of the offenders cognitive skills"* (Skjørten 1997: 9). Dette kritiske innlegget er vidare interessant som eit brot med den meir generelle optimismen som kan sporast innan kriminologisk argumentasjon, kva gjeld omsyn til den enkelte kriminelle meir generelt. Skjørten problematiserar òg det at *"offenders are described as a totally unique group of people, entirely different from the rest of us [...] when offenders are described as differing from others, we should be told something of how others are [...] then we can problematize what it might mean to be normal and think right"* (ibid:7 – mine utheingar). Desse utsegna tek plass i debatten som gjeld kva som er *normalt* samt kva som vert sett som *avvikande* frå denne normalen. Når dette er sagt, kan det synast som ein kritikk til opphavsmenna, som ikkje dreg parallellar mellom dei kriminelle og andre grupper i samfunnet i sitt prosjekt.

#### **4.8.2 Ny Start – ein rett for den innsette kriminelle?**

Eit aspekt relatert til programverksemda og Ny Start er ideen om at fangar sine rettar og andre livsvilkår skal svare til livsvilkåra elles i samfunnet. I *Rekommendasjon nr R (89) fra Ministerkomiteen til medlemsstatene om opplæring i fengsel* (1989) er dette nedfelt. Her heiter det mellom anna: *"Alle fanger skal ha tilgang til opplæring" [...] Opplæring i fengsel skal sikte mot å utvikle hele personen*". I denne rekommandasjonen vert i særleg stor grad dei rettar ein innsett har stadfesta, rettar som ikkje skal vere dårlegare enn rettar dei på utsida har. Ny Start må sjåast i relasjon til dette, og eit relevant moment i samband med denne stadfestinga er i kva grad ein kan tale om Ny Start som å vere ein rett som den kriminelle gjengangar kan gjere krav på i den fengselsinstitusjonelle kvardag. Det er jo eit faktum at det er mange på *utsida* av fengselsmurane med kognitive manglar, som derimot ikkje har krav på eller får hjelp mot dette.

Hans Jørgen Engbo (1997) er ein som har teke opp aspekt ved den enkelte innsette kriminelle sine rettar. I artikkelen *Om behandling og anden fængselservice* omtalar han dette som normaliseringsprinsippet: *"Udover indesperringen i sig selv konstituerer straffedommen ikke en ret for staten til at gribe ekstraordinært ind i det enkelte menneskes liv under afsoningen"* (Engbo 1997:100). I følgje Engbo bør normaliseringsprinsippet vere eit sjølvstendig og

overordna mål for verksemda i fengsla. Dette kan støttast opp under ved ytring frå pedagogisk hald: *Stortingsmeldinga Om kriminalomsorga, som kom i 1997-98, seier jo at dei innsatte har same rett og tilgang til samfunnets øvrige sørvistiltak som borgarane for øvrig. Det er jo eit viktig utgangspunkt, og sågar dei ulike departementa og institusjonane må ta dette på alvor* (intervju med Torfinn Langelid 06.04.2001). Likskapen og relasjonen mellom den innsette og den øvrige samfunnsborgar bringast på bane. Dermed takast steget over i å tale om likskap og rettferd ut over fengselet sine murar. Det handlar ikkje om det som skjer innan fengselsinstitusjonen – vurderingar av den enkelte sine kognisjonar og motivasjon. Vurderingane gjeld heller det å sjå dei som sonar som ei einsretta gruppe, opp mot 'dei andre' – samfunnsborgarane *utanfor* murane. Eller sagt på ein annan måte, det handlar om grensedraginga mellom (Oss ute i) samfunnet og (dei Andre) innsette kriminelle.

#### **4.9 Oppsummert**

Kapitlet presenterte innleiingsvis kort dei sentrale organisatoriske og faktiske forhold gjeldande Kriminalomsorga og Fengselsvesenet. Vidare har hovudfokuset vore knytt til presentasjonen av påverkingsprogrammet Ny Start. Eit dominerande fokus på Ny Start som å vere ein metode/modell/teknikk overfor den enkelte kriminelle har utspelt seg. Den psykologiske vitskap, og i noko grad den kriminologiske, ligg tungt bak dette påverkingsprogrammet. I tillegg kjem eit fag som pedagogikk fram då det er tale om ei form for opplæring, gjennom målsetjinga om at den kriminelle skal lære seg å tenkje rett. Det kan sjå ut til at det utartar seg nærast ein gjennomgåande optimisme knytt til det å setje i gang med programverksemd i fengselet, gjennom forteljinga om Ny Start.

Vi har vidare sett korleis både kommersialiseringsaspektet og tilbakefallsproblematikken er gjenstand for nyansert tale kva gjeld ulike syn knytt til den kriminelle. Vidare er nokre positive til tanken om å behandle den kriminelle vekk frå sin kriminelle "natur", medan andre ser det som eit overgrep mot den enkelte sin integritet og menneskeverd.

Det har vore denne framstillinga sitt siktemål å fortelje ei forteljing slik den kan kome fram frå aktive aktørar og fagfelte sjølve – deira stemmer og taler har stått i fokus. Vidare har det vorte påpeika nokre aspekt som skal freistast omhandlast på ein meir kritisk-analytisk og diskursiv måte i kapittel 7.0.

## 5.0. Kriminalpolitiske utspel på 1990-talet

### 5.1. Innleiing

Fokuset vendast no vekk frå ein meir spesifikk setting til det som utgjer ein noko vidare innfallsvinkel gjeldande normative syn knytt til den kriminelle - ifrå den fengselsinstitusjonelle arena til eit politisk nivå. Vi kan på dette nivå sjå eit særleg eksplisitt fokus på tilbakefalls- og gjengangarproblematikken siste halvdel av 1990-talet: ”*Den største utfordringen for kriminalomsorgen er å bidra til å redusere tilbakefallet til kriminalitet etter endt soning*” (St.meld. nr.27 (1997-98) *Om kriminalomsorgen*:5)<sup>80</sup>. Det vert kasta eit kort blick mot kriminalpolitiske utspel tidleg på 1990-talet, for å syne argumenteringa der sett opp mot det som utspelar seg andre halvdel av 1990-talet og kring kriminalomsorgsmeldinga frå 1997.

I kapitlet skal relasjonen mellom politikk og den kriminelle verte omhandla, med særleg vekt på offentlege myndigheiter og aktørar på Stortinget sine vurderingar og argumenteringar knytt til differensiering i fengselssoninga sitt innhald og programverksemda sitt inntog i den norske fengselsinstitusjonen<sup>81</sup>. Politiske parti og til ei viss grad enkeltaktørar sine verdigrunnlag vil verte gjenspegla. Siktemålet er i fyrste omgong å setje fokus på fora der eksplisitte haldningar til kriminalitet og den kriminelle vert uttala, samt sjå korleis det uttala kan få politiske utspel. Innleiingsvis må det presiserast at Stortings- og parlamentsdebattar vert vist mest merksemd. Det er i debattane at meiningsdanninga skapast, prøvast ut og diskuterast direkte, noko som skil dei frå ferdige meldingar. I debattane talar dei enkelte politikarane meir direkte til og på vegne av sine veljarar. I meldingane er ulike argument og vegen fram mot standpunkt i stor grad utelukka til fordel for dei ferdigstilte konklusjonane. På eit meiningsnivå ”mellom” desse kjem innstillingane i komiteane, der partimessige skilnader i større grad kjem fram. Likevel skjer det ikkje ei tilsvarande meiningsutveksling slik som i debattane. Følgjeleg vil dette kapitlet òg ha opningar for eventuelle parti- og personpolitiske skilnader og likskapar.

---

<sup>80</sup> Innan kriminalomsorga snakkar ein om ”tilbakefall” når personar gjer ny kriminalitet etter gjennomføringa av ein tidlegare straffereaksjon (ibid:22).

<sup>81</sup> Som ein konsekvens av dette får kapitlet ei dreining inn mot den politiske diskurs som er knytt til programverksemd meir generelt, til forskjell frå fokuset i kapittel 4.0. Imidlertid er det ikkje programma *i seg sjølve* som er det sentrale, men derimot det uttrykk og syn på den kriminelle vert gjeve via dei vurderingar som ligg bak og føl med denne satsinga på innhaldet i fengselssoninga. På denne måten vert det freista å kaste lys over den kriminelle og dei normative vurderingar som er knytt opp til vedkomande.



## 5.2 Tidleg 1990-tal og den kriminelle

Avsnittet omhandlar dei meiningar og det biletet som tek form gjeldande den kriminelle tidleg på 1990-talet på den stortingspolitiske arena. På bakgrunn av i hovudsak den stortingsmelding, innstilling og debatt som kom frå politisk hald knytt til kriminalpolitisk arbeide i dette tidsrommet, skal det gjevast ei kortfatta forteljing av desse utspela. Siktemålet er å gjere reie for påverkingsprogramma si kriminalpolitiske bakgrunn på eit tidleg stadium. Fokuset vert på eit meir generelt grunnlag, med mindre fokus på partimessige fraksjonar. Dette vert meir aktuelt når vi kjem til den seinare delen av 1990-talet (sjå 5.3).

Etter ein periode utan publikasjonar knytt til kriminalitet og den kriminelle på den politiske arena, ser det ut til at vedkomande igjen kjem i fokus når St.meld.<sup>82</sup> nr.23 (1991-92) Om bekjempelse av kriminalitet vert lagt fram tidleg på 1990-talet. Ei ytring frå dåverande justisminister kan syne dette: *”Den meldinga vi nå debatterer, er den første invitasjon til Stortinget faktisk på 14 år til å drøfte kriminalitet og samfunn i full bredde. Forrige gang var da Inger Louise Valle la fram sin melding i 1978”* (Justisminister Kari Gjesteby i Stortingsdebatt av 12.06.1998:3987). Ytringa må kunne seiast å stå for ei oppfatning om at det er på høg tid å igjen bringe kriminalitet og samfunn inn på den politiske dagsorden. Det er mange år sidan justisminister Inger Louise Valle i 1978 la fram den føregåande stortingsmeldinga med same tema – det handla òg den gongen om kriminalitet og kampen mot dette omfattande samfunnsproblemet. Justisministeren hevdar vidare at det ser ut til at ein med mellom anna 1991-meldinga er på god veg: *”Det er få som i dag vil bestride resonnementene i kriminalmeldingen av 1978, og det meste som har foregått av utvikling på denne sektoren det siste tiåret, bygger også på forslag derfra. Den stortingsmelding som vi har lagt fram, er på mange måter en forlengelse av 1978-meldingen [...] ”Jeg vil understreke betydningen av at meldingen inviterer til en debatt om kriminalpolitikk på et bredt og prinsipielt grunnlag”.* 1978-meldinga synast å ha markert eit vegskilje innan kriminalpolitikken då den blei lagt fram. Den skal angjeveleg ha skapt heftige reaksjonar og debattar, og blei motteken med storm, lovord og utskjelling. Men det viktige ved den var, om ein les offentlege publikasjonar samt lyttar til uttalingar frå politikarar og andre som har vore intervjuja i samband med denne studien, at den egga til *debatt*.

---

<sup>82</sup> Stortingsmeldingar nyttast når regjeringa vil presentere Stortinget utan at dei er knytt til lov- eller plenarvedtak. Meldingane, og behandlinga i Stortinget, vil ofte danne grunnlag for ein seinare proposisjon.

### 5.2.1 Kriminalpolitiske hovudmål

Innleiingsvis i den ”etterlengta” 1991-meldinga presiserast det at Regjeringa legg fram ei melding som byggjer vidare på og utvidar den kriminalpolitiske handlingsplanen som Justisdepartementet utarbeida hausten 1989 under regjeringa Syse, men som ikkje blei førelagt Stortinget og ikkje får nokon formell status. Vidare heiter det: *”Ved utarbeidelsen av meldingen har Regjeringa lagt vekt på både å omtale konkrete tiltak og gi en bredest mulig orientering om kriminalpolitiske problemstillinger og det arbeid som pågår på de forskjellige områder. På denne måten skulle Stortinget kunne få mulighet til den samlede gjennomgang og prioritering som justiskomiteen har lagt opptil”* (St.meld. nr.23 (1991-92):7). Gjeldande kriminalpolitiske hovudmål vert det fastslått at samfunnet har ei plikt overfor den kriminelle når det gjeld resosialisering, men at kvar enkelt må stå til ansvar for sine handlingar. Ein heilskapleg kriminalpolitikk føreset at søkjelyset rettast mot begge desse forhold. Straffa vert sett som viktig - den symboliserar og signaliserar samfunnet sitt syn på forbrytinga. Den skal ikkje vere ei primitiv hemn, men uttrykk for det siviliserte samfunn sin fastskap og dets normgrunnlag. Men behandling av enkeltmennesket må vere *human* og *menneskeverdig*, og skje slik at tradisjonelle rettstryggingsgarantiar er sikra: *”Institusjonenes behandling av enkeltmennesket må skje på en slik måte som kan forebygge ny kriminalitet”* (ibid:11). Målet for dei tiltak som meldinga legg opp til i kampen mot kriminaliteten, er å redusere omfanget av kriminelle handlingar i samfunnet vårt.

Meldinga omhandlar vidare kva forhold som kan ha noko å bety for kriminaliteten sin art og omfang, der dette er forhold som knyter seg både til *samfunnet* og til *individ*a. Men risikofaktorane bak ulike former for kriminalitet er så ulike og samansette, at det ikkje er mogleg å finne noko *”generalmedisin som kan ta knekken på alt ondt”* (ibid:30), og det presiserast på same tid at ikkje alle risikofaktorane kan endrast ved hjelp av tiltak som på same tid både er praktisk moglege å realisere og kriminalpolitisk akseptable. Gjennomføring av ein kriminalitetsførebyggjande strategi kan òg møte ulike typar motstand. Eksempelvis kan tiltak som meir direkte *grip inn* i folk sitt daglegliv møtast med motstand som er grunngeve med den enkelte sin personlege fridom, som eksempelvis spørsmålet om ulike tiltak overfor forbruket av alkohol.

Kampen mot kriminalitet må skje ved ulike konkrete tiltak, heiter det vidare. Dei to hovudstrategiane her er førebyggjande tiltak som setjast inn for å forhindre at det gjerast straffbare handlingar, og etterfølgjande tiltak som setjast inn etter at den straffbare handlinga

er gjort. Det talast òg om *ressursar*, og det vert påpeika at auka satsing på kriminalitetsførebyggjande arbeid ofte vil framstå som eit spørsmål om auka ressursar. Men det er ikkje eit einssidig krav om auka ressursar som skisserast: ”[B]evisste valg av strategi og mål kan være like viktig som ressursøking alene [...] [S]pørsmålet om kriminalitetsførebygging bare er et spørsmål om økte ressurser, synes derfor et stykke på vei å måtte besvares med ”nei”” (ibid:32).

### 5.2.2. Eit gryande fokus mot differensiert soningsinnhald

I meldinga presiserast det at det eksisterar to sentrale prinsipp for straffeapparatet si verksemd. For det første prinsippet om at det bør reagerast raskt mot den som gjer straffbare handlingar: ”Under ellers like vilkår vil en reaksjon som kommer rett etter at den kriminelle handling er begått, ha bedre effekt enn en reaksjon som kommer lenge etter den straffbare handling”. For det andre prinsippet om at det reaksjonsapparatet som står til disposisjon skal vere nyansert<sup>83</sup>, slik at det kan tilbydast reaksjonar som er tilpassa den enkelt lovbrøtstype og den enkelte lovbrøytar. Variasjonsmoglegheitene når det gjeld fullbyrding av straff har utvikla seg gjennom lang tid, og har vore særleg rask dei siste 20 åra (per 1991). Dette er ei utvikling som bør halde fram i tråd med prinsippet om *nyanserte* reaksjonar på kriminelle handlingar, heiter det i meldinga. Vi ser korleis variasjon poengterast, og det som kan vere ei byrjande fokusering på differensiert soning kan slik skimtast.

Også i den påføljande Innst.S.<sup>84</sup> nr.192 (1991-1992) Innstilling fra justiskomiteen om bekjempelse av kriminalitet, vert slike aspekt føljt opp. Om kriminalpolitiske hovudmål peikar komiteen på at ein heilskapleg kriminalpolitikk føreset at søkjelyset rettast mot den enkelte lovbrøytar sitt ansvar for sine handlingar, og mot samfunnsforhold som særleg påverkar omfanget av kriminaliteten (ibid:5). Men komiteen stadfestar einstemmig i stor grad at målet er å få kriminaliteten lågast mogleg og at det må arbeidast for å få ned *tilbakefallsprosenten*. Likevel visast det til at det eksisterar partimessig nyansar, då komiteen sine medlemmer frå Høgre (H) viser til at det er nær samanheng mellom det samfunnssyn dei enkelte parti står for og dei forklaringar og problemløysingar dei har når det gjeld kriminalitetsutviklinga,

---

<sup>83</sup> I behovet for eit nyansert reaksjonsapparat ligg det at ein lovbrøytar må straffast for den handling som er gjord. Men straffereaksjonen må leggje forholda til rette for *rehabilitering* av den straffedømde, og i tillegg bør reaksjonen ha ein *normdannande* verknad på lovbrøytaren, andre potensielle lovbrøytarar og samfunnet generelt.

<sup>84</sup> Ei Inst.S. er stortingskomiteens vurderingar av dei enkelte proposisjonar og meldingar, og komiteens forslag til vedtak i Stortinget. Stortinget behandlar så saka i plenum, og gjer vedtak.

”[D]erfor vil det også være ulike oppfatningar om hvordan den kriminalpolitiske strategien skal utformes” (ibid:2).

### 5.2.3 Oppfølginga i Stortinget

I den påføljande Stortingsdebatten<sup>85</sup> debatterast innstillinga frå justiskomiteen om bekjemping av kriminalitet (Innst.S. nr.192 (1991-92)). Denne byggjer igjen på den føregåande meldinga.

Edvard Grimstad (Ap) innleiar med å hevde at når det ikkje har lukkast å demme opp mot kriminalitetsutviklinga, må ein sjå på dei arbeidsmetodar som brukast, på organiseringa av heile apparatet i kampen mot kriminalitet. Vidare går saksordføraren kort inn på ei rekkje ulike tema i meldinga. Sentralt for denne studien er mellom alle desse tema blant anna det faktum at tydinga av eit *differensiert* tilbod i soning i anstalt i stor grad understrekast. Odd Eriksen (Ap) konsentrerar sitt innlegg rundt straffefullbyrdinga, der han peikar på føresetnaden om at soning i anstalt skal vere ei trening for tilbakeføring til det sivile samfunn, i tillegg til at det er ei fridomsfrårøving i høve til dom: ”Vi må også huske på at det her handler om enkeltmennesker, med de krav og muligheter det medfører” (ibid:3971). Vidare refererast det til *tilbakefallsprosenten* som vert sett som å vere altfor høg, der det vert indikert at ein på mange måtar har mislukkast når det gjeld målsetjinga om *rehabilitering*. Vi ser korleis det kan synast antydningar til at ein treng å gjere meir på dette området.

Vidare vert det retta eit kritisk blick mot meldinga som føreligg av enkelte politikarar. Wenche Frogner Sellæg (H) karakteriserar den som eit ordrikt dokument med ei god problembeskriving – men som å vere dårleg eigna som grunnlag for ein kriminalpolitisk debatt der meiningar brytast. Ho karakteriserar kriminaliteten som eit symptom på ei normuvise hos det enkelte menneske, ei avspegling av ein generell tendens til normoppløysing og redusert respekt for menneskeverdet i vår tid. Vidare saknar ho ein *verdidebatt*, særleg den som alltid tvingar seg fram når vi vert nøydde å grunngje våre prioriteringar. Vidar Kleppe (Frp) er einig i at kriminalmeldinga ikkje er så bra som den burde ha vore, sidan det er få konklusjonar i den, men vil ikkje gje all skyld til Regjeringa, slik som Sælleg gjorde i innlegget før han. Kleppe meiner at dei sjølve som representerar for ulike parti og ulike retningar når det gjeld kriminalpolitikken sjølve har eit ansvar for å gjere ein jobb.

---

<sup>85</sup> I ein Stortingsdebatt tek Stortinget ei føreliggjande innstilling si sak opp i plenum, omhandlar ho og gjer vedtak.

Soningsforholda takast så eksplisitt opp til vurdering. Det er eit tankekors for Lisbeth Holand (Sv) at det ikkje stillast spørsmålsteikn frå Regjeringa om kva midlar som er akseptable i *behandlinga* av innsette i norske fengsel, og at det heller ikkje inviterast til debatt om dette i meldinga. Ho er med andre ord kritisk til meldinga, og meiner den i for liten grad debatterar, eller inviterar til debatt om behandling i fengsla.

Justisminister Kari Gjesteby (Ap) påpeikar at i kampen mot kriminalitet eksisterar det to drivande krefter - ny *kunnskap* og gamle *haldningar*, der desse verkar mot kvarandre. Ny erkjenning blir møtt med skepsis enten det er tekniske nyvinningar eller innsikt i menneska sine åtferdsmønster: "*Vi vil forme et bedre samfunn, og da innebærer denne konflikten krevende manøvreringer*". Vidare presiserar ho at: "*[S]iden de handlinger som er belagt med straff, er meget forskjellige, og siden lovbrøyterne utgjør en svært uensartet gruppe, må behandlingen av de enkelte straffbare handlinger i størst mulig grad tilpasses den enkelte lovbrøyter og den straffbare handling som er begått*". I tillegg arbeider departementet med å utvide spekteret av soningstilbod, for å kunne legge til rette soningsforholda ut frå dei innsette sine særskilde behov, samtidig som samfunnet sitt behov for vern mot nye lovbrøt ivaretakast. Ho er òg glad for at komiteen støttar arbeidet med å få vekk sonings-køene og med å differensiere soningstilboda. Her vert aspektet med eit differensiert soningsinnhald eksplisitt omhandla i denne debatten.

Trass ein del kritikk er det ikkje alle som kritiserar meldinga. Marie Brenden (Ap) syns det er ei grundig og konstruktiv melding som denne dagen vert diskutert, trass i at det er fleire som er misnøgde. Ho syns vidare det er veldig viktig å få betre forhold for *behandling* i soningstida, den såkalla § 12-soninga<sup>86</sup>, men innser samtidig at det ofte er dei økonomiske ordningane som er til hinder for at dette kan skje.

#### **5.2.4 Oppsummerande merknader**

Gjennom det som har kome fram gjennom sentrale dokument og debatten tidleg på 1990-talet, ser vi korleis politikarane talar for å verne om samfunnet, men at eit fokus på det enkelte

---

<sup>86</sup> Representanten talar her om § 12 i Lov om Fengselsvesenet av 12.12.1958, nr 07 (Fengselslova). Den lyder slik: "*Hvis det finnes hensiktsmessig på grunn av vedkommendes helbred, sinnstilstand, arbeidsevne, tilpasningsevne eller andre særlige grunner, kan en person som utholder fengselsstraff, overføres til sikringsanstalt, pleieanstalt, hybelhus under kriminalomsorg i frihet, kursted eller annen behandling sinstitusjon for den gjenstående del av straffetiden. I særlig tilfelle kan det bestemmes at straffullbyrdelsen skal ta til i behandling sinstitusjon som nevnt i første punktum.*".

individ gjennom at mellom anna omgrep om eit nyansert og differensiert soningsinnhald, rehabilitering og behandling er bringa inn i den kriminalpolitiske debatt. Vidare talast det om ein manglande verdidebatt og usikkerheita rundt hevdvunne normer knytt til kriminaliteten. Vi vert gjevne ei kjensle av at noko er i emning gjeldande fengselssoninga sitt innhald, og skal vidare sjå korleis dette får sitt kriminalpolitiske utspel eit halvt tiår fram i tid.

### **5.3 Den kriminelle sett i eit politisk lys siste halvdel av 1990-talet**

Denne delen gjeldande normative kriminalpolitiske syn siste halvdel av 90-talet vil verte presentert meir detaljert i si forteljing basert på den melding, innstilling og debatt som kom i dette tidsrommet. Det er i denne perioden at fengselssoninga sitt innhald kjem i eit ytterlegare fokus og at påverkingsprogramma vert sett i verk i den norske fengselsinstitusjonen. Det vert òg av større aktualitet å sjå til partipolitiske fraksjonar i argumentasjonane.

#### **5.3.1 Ny kriminalomsorgsmelding**

Våren 1998 legg Regjeringa fram St.meld. nr.27 (1997-98) *Om kriminalomsorgen*. Kriminalomsorga definerast her som ”[D]en delen av straffesakskjeden som fullbyrder reaksjonene besluttet av domstolen eller påtalemyndigheten” (St.meld. nr.27 (1997-98):6). Fleire stader i denne meldinga presiserast det at den største utfordringa for kriminalomsorga er å medverke til å *reducere tilbakefallet til kriminalitet* etter enda soning. Meldinga innleiest med å stadfeste at grunngevinga for å straffe har endra seg frå hovudsakleg å vere eit privat føretak basert på den enkelte sitt ynskje om *hemn* til å bli eit samfunnsbasert føretak der rettferdig gjengjelding og behovet for sosialt forsvar mot samfunnsskadelege handlingar står sentralt.

Kriminalomsorga sin posisjon som ein del av samfunnet sitt maktapparat gjer det viktig å ha eit verdi- og normsett som regulerar utøvinga av makta, heiter det vidare. Det verdimesseige grunnlaget vert så lista opp i ei rekkje punkt, før kriminalomsorga sin visjon ”aktiv kriminalomsorg – tryggare samfunn” vert stadfesta som å vere retningsgjevande for etaten sitt arbeid. Ut frå denne visjonen spring følgjande idé for verksemda: ”*Kriminalomsorgen er samfunnets straffegjennomføringsapparat. Straffen skal gjennomføres på en måte som sikrer samfunnet og gjør at de straffedømte har best mulig forutsetninger for en kriminalitetsfri tilværelse. Arbeidet i kriminalomsorgen skal være preget av rettssikkerhet og høy faglig standard*” (ibid:6).

Meldinga omhandlar straffereaksjonar og gjennomføring av straff. Her understrekar det at kriminalitet er ei krenking av normer for kva som er akseptert åtferd, og at ved slike krenkingar har samfunnet varsla at det må reagerast med bruk av straff. Samfunnet sin bruk av straff har mange formål (ibid:32). Straffa blir eit uttrykk for graden av klandring mot den enkelte lovbrutar, og skal ivareta allmenn- og individualpreventive omsyn, heiter det. Det vil seie å høvesvis hindre at andre enn den straffa sjølv gjer nye kriminelle handlingar, og hindre at den straffa sjølv gjer nye kriminelle handlingar. Hovudutfordringa er å strukturere ei straffegjennomføring som totalt sett gjev betre tilrettelegging for eit kriminalitetsfritt tilvære. Kjernen i dette er at verkemidla under soninga må brukast systematisk og målretta for å påverke den domfelte si åtferd. Skal ein kunne oppnå det vil ein difor måtte ha større fokus på forståing av fortida, ansvarsmobilisering, pedagogiske prosessar og gradvis kvalifisering til nye måtar å tenkje og handle på. Likevel skal fullbyrding av straff skje i ei for samfunnet tryggjande form, og innhaldet i soninga (arbeid, skule, program og fritid) må tilpassast dette hovudomsynet. Det vil i praksis kunne innebære at tiltak som kan ha ein positiv individuell effekt vil måtte vike av omsyn til vern av samfunnet, likebehandling og fare for unnadraging, heiter det.

Kriminalomsorgspopulasjonen representerar eit stort mangfald og krev ei *differensiert* straffegjennomføring om ein har ambisjonar om å påverke den kriminelle åtferda, heiter det vidare. Vi ser her ei vidareføring av argument som frå nokre aktørar kom fram i den tidlege 90-tals kriminalpolitikk. Dei straffedømde er ei ueinsarta gruppe med omsyn til oppvekst, sosial bakgrunn og tilhøyre, utdanning, helse og sosialt nettverk. Fengselsvesenet rår i dag over eit vidt spekter av verkemiddel, frå svært strenge regime til soningsplassar med stor grad av fridom. Fullbyrdinga sitt *innhald* vert via stor merksemd i denne meldinga. Innhaldet i fullbyrdinga og tiltak av rehabiliterande art må tilpassast det overordna omsyn om å hindre tilbakefall til ny kriminalitet. Men kriminalomsorga si ideelle målsetjing om eit varig lovlydig liv for domfelte, er i mange tilfelle altfor optimistisk, vert det vedgått her. Grunngevinga for dette er mellom anna at den motivasjon og medverknad som er nødvendig frå domfelte si side ikkje er til stades i tilstrekkeleg grad (ibid:61). Difor vert det presisert at det er realistisk å forvente eit visst tilbakefall til ny kriminalitet, og det vil vere eit mål i seg sjølv å motverke at det skjer ei segmentering eller forverring av forholda. Det vert peika på fleire faktorar som kan ha medført at moglegheitene for eit "vanleg liv" berre er til stades i avgrensa grad - faktorar som dårleg økonomi, ustabile familieforhold, avbrotten skulegang, rusmiddelbruk og eit avvikande levesett.

Departementet slår fast at dei framleis vil byggje på, utvide og utvikle dei tradisjonelle verkemidla<sup>87</sup>. Det vil imidlertid bli lagt vekt på å *byggje ut programverksemda* (påverknadsprogramma), slik at fleire domfelte kan få høve til å delta i program som er relevante for deira situasjon. Målet er i løpet av ein femårsperiode å kunne gje eit relevant programtilbod til alle innsette og samfunnsstraffedømde, heiter det i meldinga. Vi ser her ei endring i talen kring den kriminelle, og at dette gjev seg utslag i den praktiske kriminalpolitik, ved at nye strategiar og metodar vert sett i verk. Programverksemda sitt eksplisitte mål er å motverke kriminalitet ved å auke den domfelte sin kompetanse og stimulere til haldningsendringar. Ut frå slike målsetjingar kan vi seie at påverkingsprogramma har ei kriminalitetsførebyggjande målsetjing. Dei tek utgangspunkt i sosiale og personlege problem som ein trur medverkar til at kriminalitet vert gjord. Vidare heiter det i meldinga at det i fengselsvesenet og friomsorga i åras løp har vore ei rekkje tiltak som har hatt som mål å påverke domfelte til å ta større ansvar for sine handlingar og unngå ny kriminalitet: ”*Som et ledd i kriminalitetsbekjempelsen går departementet inn for en markant utbygging av disse tiltakene*” (ibid:71)<sup>88</sup>. Behovet for ei utvikling på dette feltet krev òg kunnskapsauke blant kriminalomsorga sine tilsette, og ei vellykka straffegjennomføring vil i stor grad vere avhengig av dei tilsette sin *kompetanse*.

I ei intervjuundersøking<sup>89</sup> blant innsette for å kartleggje deira syn på kva som kan medverke til mindre tilbakefall, meiner dei fleste at det er mogleg å bruke soningstida positivt. Men mange seier at dei vel å halde seg passive under soning fordi dei manglar *tillit*<sup>90</sup> til systemet. Dette vert nemnt i denne samanheng, då det syner at det kan eksistere ein viss optimisme og hos den innsette *sjølv* knytt til kva ein kan få ut av soningstida - at det ikkje berre er frå sentralpolitisk hald at dette vert hevda å skulle vere det rette gjeldande å få ned tilbakefallsprosenten. Men det er likevel ikkje nokon udelt positivitet som gjer seg gjeldande, då det i undersøkinga vert framsett ein manglande tillit til systemet.

---

<sup>87</sup> Arbeid, skulegang, fritidsaktivitetar og ulike tiltak og program er kriminalomsorga sine tradisjonelle verkemiddel i tillegg til dei som føl av sjølve straffa si gjennomføring (ibid:61).

<sup>88</sup> I denne meldinga omtalast tiltaka som ’program’ for å understreka at gjennomføringa skal gå føre seg på ein målretta og systematisk måte. Systematisk arbeid med den domfelte for å motivere til ansvar for eige liv vert innan kriminalomsorga sett som eit viktig bidrag til redusert tilbakefall.

<sup>89</sup> Undersøkinga er utført for Justisdepartementet av Markeds- og mediainstituttet Oslo i februar 1997.

<sup>90</sup> Tillitsomgrepet i denne studien kan knytast opp mot Anthony Giddens sin definisjon av tillit: ”*Tiltro til en persons eller et systems pålitelighet med hensyn til et bestemt sett av resultater eller begivenheter, der denne tiltroen uttrykker en tro på en annens redelighet eller kjærlighet, eller på riktigheten av abstrakte prinsipper (fagkunnskap)*” (Giddens 1997:32).



### 5.3.2 Justiskomiteen si innstilling

I Innst.S. nr.6 (1998-99) *Innstilling fra Justiskomiteen om kriminalomsorgen* støttar komiteen sitt fleirtal - alle unnateke medlemne frå Frp - dei verdiar, prinsipp, hovudmål og resultatmål som meldinga legg til grunn. Medlemne frå Frp og H fordrar Regjeringa om å leggje inn *tilbakefall* som eitt av dei kriteria som skal målast for å vurdere ulike soningsalternativ, og såleis gjere det til eit resultatmål ved utforminga av kriminalomsorga. Effekten av tiltak for tilbakefall er nemnt som eit hovudmål, men er i meldinga ikkje blitt angitt som ein resultatindikator. Desse representantane vil understreke at sjølv om rehabiliteringselementet i straffa er ein viktig del, bør ikkje dette framstå som det nærast einaste vesentlege trekk ved ein straffereaksjon. Dei meiner det bør utformast strategiar for å synleggjere dei avskrekkande verknadane ved kriminalomsorga. Vidare minner medlemne frå Frp om at eit av siktemåla med straffereaksjonar er at den innsette skal føle at straffa er ubehageleg, slik at vedkomande misser *lysta* til å gjere nye straffbare handlingar. Dei vil difor åtvare mot å gjere fengsla til så behagelege stadar å sone at denne avskrekkande verknaden forsvinn: *”Noen få måneder i et fengsel med de fleste bekvemmeligheter vil neppe virke særlig skremmende på unge lovbrytere”* (Innst.S. nr.6 1998-99:8).

I den delen som omhandlar straffereaksjonar og gjennomføring av straff viser komiteen til at samfunnet sin bruk av straff har mange formål. Omsynet til kortvarig verning av samfunnet vil måtte vegast mot tiltak som på lengre sikt motverkar kriminalitet, og denne avveginga må gjerast av både domstolane og kriminalomsorga. Fleirtalet, unnateke Frp og H viser til hovudregelen om at ingen skal sone under strengare forhold enn det som er sikkerheits- og kontrollmessig naudsynt, og at fullbyrding av straff skal skje straks domen er rettskraftig når ikkje anna er særskilt bestemt. Medlemne frå Frp og H meiner at eit resultatmål om at gjennomføringa av straffa skal vere påbegynt innan to månader etter at domen er rettskraftig er uakseptabelt, og viser til at det finnast døme på at ein straffedømd har gjort ny og alvorleg kriminalitet i løpet av den tida vedkomande har venta på innkalling til soning. Dei viser vidare til den alvorlege belastinga det er for *ofra* å risikere å treffe den straffedømde på gata i dagane etter at ein rettskraftig dom er avsagt, og meiner at soning skal påbyrjast straks domen er rettskraftig.

Komiteen støt departementet i at domfelte som ledd i ei progresjonsretta<sup>91</sup> soning bør gå mot eit stadig meir *normalisert* tilvære, og at slik soning må byggje på individuelt utforma tilsynsprogram og klare vilkår. Eit fleirtal i komiteen, unnateke medlemene frå Frp vil understreke at *individuelle* vurderingar må innebere avgrensingar slik at kriminelle gjengangarar ikkje får høve til å misbruke ordninga til framleis kriminell verksemd. Når det gjeld kor strenge straffer vi skal ha i dag påstår medlemene frå Frp at ordninga med samfunnsteneste i praksis i dag inneberer ei vesentleg redusering av straffebyrden, fordi den i dag berre kan nyttast som erstatning for ubetinga fengsel. Sjølv om samfunnstenesteordninga er billegare å gjennomføre enn soning i lukka anstalt, meiner disse medlemene at denne ordninga bør opphøyre i si noverande form, og eventuelt erstattast med ei ordning som berre gjeld som erstatning for betinga domar og under ingen omstende for kriminelle *gjengangarar* eller for personar som er dømde for valdsutøving, sedskapskriminalitet eller narkotikakriminalitet (ibid:18). Medlemene frå Frp og H er ueinige i at fullbyrdingsbehovet bør møtast med auka bruk av fullbyrding utanfor fengsel og ved auka bruk av samfunnsstraffer, og vil sterkt åtvare mot at mildare straffeformer vert nytta for å spare pengar (ibid:26). Medlemene frå H vil at bruk av samfunnsteneste skal avgrensast mot alvorlege narkotikasaker, ulike typar valdsforbrytingar og sedskapskriminalitet, og viser til Ot.prp. nr.72 (1989-90) Endringer i straffeloven mv (samfunnstjeneste), der dette går fram. Disse synspunkta skil seg frå komiteen sitt fleirtal, unnateke Frp og H, som viser til Innst.S. nr.192 (1991-92), der ein samd komité uttalar at: "*Komiteen vil understreke at samfunnstjeneste må bygges ut til å bli et reelt og benyttet alternativ i soning av straff pådømt etter en begått kriminell handling*". Disse synspunkta syner partimessige delte meiningar når det gjeld synet på straffer (ibid:18-19).

Om fullbyrdinga sitt innhald meiner komiteen at ein i ei straffefullbyrding med rehabiliteringsomsyn må ta utgangspunkt i individuelle behov og føresetnader som støttar opp om domfelte sitt ansvar for og vilje til å bryte med kriminaliteten, og er vidare samd i at det må leggjast særskild vekt på å byggje ut *påverkingsprogramma* (ibid:23). Komiteen viser til departementet sin gjennomgang av generelle tiltak og av påverkingsprogram, og meiner dette utgjør ei god breidde i tiltaka, der rehabiliteringsmålsetjinga vert gjord tydeleg og der

---

<sup>91</sup> Progresjonsretta soning vil normalt innebere ei stegvis utslusing frå restriktive og lukka regime til meir opne og ansvarskevjangende soningsformer, der den innsette sitt engasjement og si uthaldenheit er vesentlege faktorar for å lukkast. Her vil også bruk av opne plassar, frigongsplassar, hybelhus og fullbyrding utanfor fengsel stå sentralt (St.meld. nr.27 (1997-98):44).

mangfaldet i fangepopulasjonen vert nådd. Vidare visast det til kva dei *tilsette* har å bety for rehabiliteringa av dei straffedømde, og at endra og nye oppgåver i samband med straffegjennomføringa krev ein annan og delvis ny kompetanse. Komiteen framhevar at det må fokuserast på dei domfelte sitt eige ansvar for sitt kriminelle handlingsmønster og vilje til eige ansvar for å endre si kriminelle åtferd. *Komiteen vil òg framheve den store utfordringa som ligg i å finne fram til verkemiddel som kan påverke dei domfelte slik at risikoen for ny kriminalitet motverkast og evna til å meistre livet sine utfordringar på ein sosialt akseptert måte stimulerast.* Kva gjeld rehabiliteringssiktemål legg komiteen elles vekt på oppfølgingstiltak for å førebyggje tilbakefall etter soning.

Når det gjeld forvaltningssamarbeid vil komiteen understreke det grunnleggjande prinsipp om at landet sine innbyggjarar skal ha same rett til tenester og tilbod, og same plikter og ansvar. Dette inneber at personar som er straffedømde ikkje misser sine ordinære rettar og plikter som samfunnsborgar, med dei innskrenkingar som straffegjennomføringa medfører. Komiteen støttar såleis departementet i at ein vidareførar dei gode erfaringar ein har med importmodellen<sup>92</sup> på utdannings- og helsesektoren til nye områder. Departementet sitt syn er at importmodellen og normaliseringsomsynet<sup>93</sup> framleis bør gjerast gjeldande for så vidt gjeld tenester etter sosiallovgevinga i fengsla. Men når dette er sagt, vert det presisert at komiteen ser eit behov for ei nærare utgreiing av spørsmålet om sosiale tenester i fengsla.

### **5.3.3 Til debatt i Stortinget**

Innleiingsvis i Stortingsdebatten av 22.10.1998 peikar Vidar Bjørnstad (Ap), ordførar for St.meld nr. 27 (1997-98), på den breie semja i justiskomiteen og Stortinget om målsetjingane for kriminalomsorga og innhaldet i straffegjennomføringa som den føreliggjande meldinga legg opp til. Bjørnstad vektlegg den heilskaplege politikken i kampen mot kriminalitet. Han seier det er nødvendig å gjere det, og er fornøgd med at ein einstemming justiskomité stiller seg bak ei slik analyse. Vidare poengterast det at årsaker og verkemiddel er samansette og kompliserte og såleis krev av politikarane at dei går *under* overskriftene og *symbolpolitikken*. Det er ei hovudutfordring å finne fram til tiltak og metodar som kan medverke til å motverke framtidig kriminalitet og dermed auke tryggleiken i samfunnet: *”Det må tas utgangspunkt i individuelle behov og forutsetningar som støtter opp om domfeltes ansvar og vilje til å bryte*

---

<sup>92</sup> Importmodellen inneberer ”import” av tenester der tenesteytarane er til stades i fengsla i staden for at fengsla sjølv byggjer ut slike tenester.

<sup>93</sup> Normaliseringsprinsippet omhandlar ulike teknikkar og strategiar slik at tilsette kjem nærare det miljø dei skal leve i etter lauslating (St.meld. nr.27 (1997-98):39).

*med kriminaliteten. Det er et mål at alle straffedømte skal kunne få et relevant programtilbud. De nye mål for innholdet i soninga krever kompetanseutvikling og etter- og videreutdanning for ansatte i kriminalomsorgen” (Stortingsdebatt 22.10.1998:265). Det er full semje i komiteen om ambisjonsnivået på dette området, fortel Bjørnstad. Vidare gjentek han den breie politiske semja om store delar av kriminalomsorgsmeldinga, og seier at alt dette er for å sikre samfunnet og bidra til mindre kriminalitet: ”Da må vi ta innover oss at dette vil kreve økte ressurser både til investeringer og bemanning. Dagens rapporter om stengte avdelingar, et stillinger ikke skal fylles med fravær og om vurderinger av nødvendigheten av aktiviteter understreker dette”. Han avsluttar det innleiande innlegget med ei oppfordring: ”Vi må sammen bidra til at de gode intensjonene i kriminalomsorgsmeldingen og dagens innstilling ikke ender kun som verbale ønsker. Dette er en utfordring til alle partier”.*

Etter dette innlegget føl ei debattering rundt strengare straffereaksjonar, sett i gong av Frp-medlemen Jan Simonsen. På vegne av partiet skuldar han H for å vere eit parti som gjennom sin politikk i praksis stiller seg på forbrytaren si side: *”Høyre har i de fem årene jeg har vært medlem i justiskomiteen, stemt ned en hel rekke forslag om strengere straffereaksjoner. Og i dag kommer Høyre til å stemme ned åtte forslag fra Fremskrittspartiet som alle har til hensikt å sikre strengere straffer og et hardere regime for de kriminelle”* (ibid:266). Men det er ikkje berre H han skuldar: *”Høyres kriminalpolitikk er viljeløs og slapp i likhet med Regjeringens, Arbeiderpartiets og SVs. Det er trist. For det Norge trenger nå, er en kompromissløs og hard kamp mot kriminalitet og dermed for et bedre samfunn for oss alle.* I følgje Simonsen kan ikkje ein straffereaksjon virke preventivt med mindre den følast som ei straff, og åtvarar mot denne utviklinga. Den medverkar til auka kriminalitet, og den fører til stor risiko for at nye menneske kan bli ofre for kriminalitet gjord av kriminelle som er ute i gatene medan dei burde sitte bak lukka dører. Simonsen sin bodskap er at vi må få ein fast, klar og grensesetjande fangepolitikk om vi skal oppnå auka tryggleik for lovlege samfunnsborgarar. Som ei forlenging av dette kan det her visast til eit intervju gjort med Jan Simonsen i samband med denne studien, der han uttalar følgjande om strengare straffer: *Viss ikke du blir tatt såpass kraftig at du forstår at dette ikke er behagelig, ikke er fornuftig, så blir du jo bare stimulert til å fortsette og til slutt så blir det jo bare en vane. Og dårlige vaner er vonde å vende, så da er du jo inne på en kriminell løpebane som du ikke klarer å komme deg ut av. Så jeg tror at altfor milde straffereaksjoner vil skade også den kriminelle, eller gjør han til å bli*

*en kriminell [...] Fengselsstraffen må være såpass lang og såpass tøff at du oppdager at dette ikke var verdt det* (intervju med Jan Simonsen, den gong Frp, 02.05.2001)<sup>94</sup>.

Astrid Marie Nistad (Ap) spør om ikkje Frp ser moglegheitene som ligg der til å gje ein kriminell innsett ein ny start, til å gje han ei ny moglegheit til å kunne starte opp på ny - utan at ein nærer oppunder tanken på *hemn*. For ho meiner at ved at ein viser til at ein skal ha strengaste straff frå domstolane og meir disiplinærstraff i fengsla for dårleg oppførsel, så nærer ein opp under at den kriminelle skal kunne ta igjen når han ein gong slepp ut. I staden må ein prøve å få dei til å forstå, og samtidig gje dei ei moglegheit både sosialt, utdanningsmessig og arbeidsmessig til å gå tilbake til samfunnet lovlydig, meiner ho. Vidare hevdar ho at det ikkje er samanheng i Frp sin politikk; *"Når det gjeld å straffe menneske, er Frp konservativt, men når det gjeld for eksempel å ha våpen liggande i heimane eller fritt i samfunnet, då er dei særst liberale"*. Til svar gjev Simonsen (Frp) at det sjølvsagt er viktig at ein fange forstår at han må starte ein ny livsførsel når han er ferdig med soninga, men han må og forstå at det får ein *ubehageleg* konsekvens å gjere ei kriminell handling. Tilsynsordning og hjelp må starte *etter* soning: *"Vi kommer jo ingen vei hvis tilbakeføring til samfunnet skal starte nesten før man har startet soninga"* (ibid:268). Finn Kristian Marthinsen (Krf) spør så om Simonsen og Frp meiner at vegen til eit mindre kriminalisert samfunn utelukka går via å vere streng og hard i kriminalpolitiske vedtak. Andre rehabiliteringsmetodar synast å vere fullstendig stilt i skuggen framfor denne eine som det hamrast på gjentekne gongar: *"Har Fremskrittspartiet noen annen tilnæringsmåte enn strenghet og hardhet?"*. Til svar viser Simonsen til at vi lever i eit samfunn med ei stor grad av normoppløysing, og at tida difor no er inne for ei mykje sterkare grad av fastheit for å setje grenser, særleg for ungdomskriminelle. *"Det burde ikke minst Kristelig Folkeparti ha forståelse for, så mye som dette partiet snakker om problemer med normoppløsing"*, slår han tilbake. Marthinsen peikar i sitt innlegg på viktigheita av å ha ei kriminalomsorg med eit menneskesyn som framhevar einkvar sin eigenverdi og krav på respekt og støtte, og tek sikte på at individa skal endre haldningar og åtferd. Dette gjentek han seinare, og meiner at det gjennom det som seiast i meldinga, tydeleg går fram eit *menneskesyn* som framhevar einkvar person sin eigenverdi og

---

<sup>94</sup> I denne samanheng må det imidlertid nemnast at desse ytringane ikkje kjem som ein del av den offentlege debatt, men heller frå ei friare samtale knytt til denne studien sine problemstillingar. Sjølv om Simonsen nok tala partiet si sak, er det lettare å "slå seg laus" og tale både friare og meir etter egne meningar i ein slik meir uformell samanheng. Dette gjeld òg for intervjuet gjorde med sentralpolitikarane Ane Sofie Tømmerås (Ap) og Kristin Krohn-Devold (H).

krav på *respekt og støtte*: ”En kriminalomsorg som tar sikte på at mennesker skal endre holdningar og adferd, må nettopp ta utgangspunkt i respekt og egenverdi for å fremelske og stimulere de positive mulighetene til forandring”. Og vidare: ”Samtidig er det nødvendig å ivareta samfunnets og ofrenes behov for beskyttelse, respekt og rettferdighet [...] Etter Kristelig Folkepartis mening viser meldinga en god kombinasjon av realisme og visjonær målsetting. Samtidig argumenterar han for naudsynet i å ivareta samfunnet og offera sine behov for vern, respekt og rettferd. Vidare ser han at den breie semja om innhaldet i Regjeringa si melding bør vere eit trygt fundament for administrasjon og andre tilsette til fornya og forsterka innsats til beste for samfunnet og for rehabilitering av og minska tilbakefall blant tidlegare lovbrytarar.

Kristin Krohn-Devold (H, leiar av justiskomiteen) opplyser om det ho ser som viktige nyansar mellom Høgre og Frp, og framhevar at Høgre vektlegg at einkvar domstol skal kunne vurdere det enkelte individ og det enkelte individ sin situasjon. Simonsen (Frp) tek til motmæle her og hevdar at problemet med Høgre sitt forslag er at det som *tilsynelatande* er meint som innstrammingar i deira politikk, opnar for så mange unntak at det i løpet av nokre år i praksis vil føre til utgliding og ny liberalisering, slik at ein kjem tilbake dit verken Frp eller Høgre ynskjer å vere, som han seier: ”Høyre, som snakker om at vi ønsker å få et humant og godt samfunn, bør først og fremst tenke på at målet må være å få ned kriminaliteten og bruke nødvendige virkemidler for å nå denne målsetjinga”. I følge Kristin Krohn-Devold tek kriminalomsorgsmeldinga eit lite steg i riktig retning, og justiskomiteen forsterkar i si innstilling dette vesle steget: ”Det innføres sterkere krav om konsekvenser for brudd på soningsbetingelser, samtidig som den enkelte lovbryter gis positive muligheter til å forbedre seg gjennom soningsforløpet” (ibid:269). Ho vil òg gjere tilbakefall til kriminalitet til ein tydeleg *resultatindikator* for Justisdepartementet, slik at vi for framtida kan sjå kva straffer som verkar og for kva grupper kriminelle. I eit intervju gjennomført med Devold i samband med denne studien, nyanserar og problematiserar ho imidlertid det som har med mål på tilbakefall å gjere. *Selvfølgelig er ikke det (tilbakefall - min merknad) det eneste som burde måles, det er sikkert andre ting òg, for eksempel hvor mange av de som har tilbakefall som har et sterkt narkotika-/rus-problem, hvor mange av de har faktisk fått tilbud om å komme bort fra rusproblemet sitt, hvor mange fikk behandlingstilbud? Det er veldig mange andre indikatorer som burde vært målt også, men det er likevel viktig og riktig å måle tilbakefallsprosenten* (intervju med Kristin Krohn-Devold, H, 03.05.2001).

Vidare viser Devold i debatten til at *media* har omtala fleire saker der drapsmenn som er vurdert ikkje å vere strafferettsleg tilregnelege sleppast ut på gata få veker etter at dei er sendt inn på psykiatrisk institusjon, grunna manglande plass. Trass i at dette sorterar under Helsedepartementet, ber Devold justisministeren om å ta initiativ overfor helseministeren for å forsikre seg om at det lagast eit tilbod til denne gruppa slik at vi har den naudsynte tryggleiken i samfunnet, for det har vi ikkje, i følgje Devold. Eit anna tema er open soning, der Devold trur det vil svekke samfunnet sin *tillit* til både politikarane og til rettssystemet om dei med domar på inntil to år kan få dette tilbodet, mot dagens situasjon på seks månader. Ho viser igjen til det sentrale ved at justisministeren og fleirtalet avgrensar kva *typar kriminelle* ein tenkjer seg skal gå rett inn i open soning. Når dette er sagt er H glad for at komiteen gjer tydelege dei straffande elementa i dei ulike straffeformene, og er nøgde med å skjerpe reaksjonane.

*Gråsoneproblematikken* vert igjen omtala, og Simonsen (Frp) spør kvifor ikkje H kan støtte Frp sitt forslag om å byggje ein riksdekkjande sentralinstitusjon for dei personar som ikkje kan dømmast til fengsel fordi dei er utilreknelege. Der kan dei få behandling i eit fengselsliknande, rømmingsfritt miljø, og ein kan vere sikre på at dei ikkje slepp ut i samfunnet igjen før dei er friske. Devold syns det er eit ope spørsmål om svaret ligg i dette alternativet frå Frp. Ho problematiserar òg omgrepet gråsoner, ved å hevde at det *eigentleg* ikkje er ei gråsoner mellom Sosial- og helsedepartementet (SHD) og Justisdepartementet (JD), fordi personar som ikkje er strafferettsleg tilreknelege, høyrer inn under SHD sin sektor, medan personar som er tilreknelege, høyrer inn under JD sin sektor. Problemet er at det finnast eit tilbod i sistnemnde, men ikkje i førstnemnde (ibid:271-272). I intervjusamanhengen seier ho dette om gråsoneproblematikken: *Problemet er jo de gangene du blir definert som ikke tilregnelig og så bare slippes ut på gaten og fortsetter å true omgivelsene dine [...] da gjør ikke samfunnet jobben sin. Og der har ikke helsevesenet fungert, og derfor er det blitt en sånn gråsoner mellom de som er farlige, truede mennesker, men som ikke kan straffes av fengselsvesenet* (intervju med Kristin Krohn-Devold, H, 03.05.2001).

Tore Nymo (Sp) karakteriserar i sitt innlegg kriminalomsorga for å vere ein del av samfunnet sitt *maktapparat*, samt at det difor er viktig å slå fast at kriminalomsorga sine avgjerder framleis skal forankrast i eit *humant* og *demokratisk* verdigrunnlag. Det er i følgje han grunn til å slå fast at kriminalitet krenkjer grunnleggjande samfunnsverdiar og råkar både fellesskapet og enkeltmenneske, og kriminalomsorga sine oppgåver byggjer på at

lovbrytarane skal straffast og at samfunnet skal vernast. Ågot Valle (Sv) vektlegg *rehabilitering* og *differensiert* straffegjennomføring i sitt innlegg, og at det er viktig at påverkningsprogramma og andre fagopplegg ikkje avgrensast av ressursmessige grunnar. Straffa skal i følgje ho ha som formål å motverke samfunnsmessig uakseptable handlingar og medverke til å oppretthalde lovlydigheit og *moralske* standardar.

Harald Hove (V) gjev ros og honnør både til stortingsmeldinga og komitéinnstillinga, i og med at Venstre ikkje er representert i justiskomiteen. Vidare kommenterar han Frp sine utspel: *"Når det gjelder Fremskrittspartiets dissender, vil jeg klart si fra om at de er av en slik karakter at skulle man ha fulgt dem, ville vi hatt med en helt annen kriminalomsorg og straffegjennomføring å gjøre enn det de øvrige partiene står for"*. Han kommenterar òg Høgre, men er meir usikker på korleis ein skal karakterisere partiet: *"Men slik det fremtrer i innstillinga, er det vel riktig å si at også Høyre er med på det som betegnes som rimelig bred enighet"*. Men til Frp gjeldande ein generell mindre bruk av samfunnsteneste og eit strengare strafferegime truleg vil føre til langt fleire straffbare handlingar, seier han: *"[S]å det Fremskrittspartiet prøver å gi uttrykk for, nemlig at vi andre på en måte er på forbryternes parti, blir en fullstendig misforståelse og et feilspor i debatten"*.

At vi må ha eit *individuell* tilpassa opplegg for å få kriminelle til å ta ansvar, presiserar også Ane Sofie Tømmerås (Ap). Åtte av ti som vert dømde, er tidlegare straffa, og Ap har i mange år hevda at det primære er å hindre tilbakefall, seier ho. Ho syns det er oppløftande og også oppsiktsvekkjande at ein samla komité er heilt einige i det - også Frp. Men dette må følgjast opp, slik at ein sørgjer for at reforma ikkje berre blir fine ord i ei melding og i ei innstilling. Den må følgjast opp med økonomi (ibid:275). Om vi her ser til eit intervju gjort med Tømmerås knytt til denne studien, påpeikar ho i tillegg til det som har med økonomi å gjere på Ap sin ståstad her: *Og så har vi jo den økonomiske situasjonen innafor Kriminalomsorgen. Det er ingen tvil om at det burde vært mer penger til Kriminalomsorg [...] i mitt parti så er det i alle fall stor forståelse for det (at pengebevillingar må aukast - min merknad), og jeg håper at vi får gjennomslag hos de andre sektorpolitikere og om at nå må vi satse på å legge mer penger inn i Kriminalomsorgen, altså!* (intervju med Ane Sofie Tømmerås, Ap, 02.05.2001). Bjørn Hernæs (H) meiner derimot det er ganske freidig at Tømmerås brukar denne debatten til å gje ein hyllest til Ap sin kriminalpolitikk frå 1970-åra og fram til dette tidspunkt. Han meiner at: *"[D]enne innstillinga, som vi i betydelig grad er enige om, er*



*basert på det faktum at komiteen er kommet til enighet om en retning som er klart innskjerpende i forhold til den praksis som har vært tidligere” (ibid:279).*

Justisminister Aud-Inger Aure uttalar seg så: *”Det er ikke hver gang jeg står på denne talerstolen at det er lett å være justisminister, men i dag er det en god dag for meg. Jeg tror også at det er en god dag for alle stortingsrepresentanter som er opptatt av kriminalpolitikk. I tillegg er det en god dag for en av våre mange etater, nemlig kriminalomsorgen”*. Ho seier at ho gjennom arbeidet med meldinga fekk stadfesta at straffegjennomføringspolitikk ikkje er ein arena for enkle løysingar, men eit område der verdier og haldningar er viktig for politikkkutforminga. I tråd med dette påpeikar ho at vi både i vårt land og i andre land ser at straffetiltak kan få veldig mange ulike former, det er difor grunnleggjande viktig at utøving av samfunnsmakt må baserast på *eit verdigrunnlag, eit samfunnssyn og eit menneskesyn*. Justisministeren er òg tilfreds med å konstatere at det no er få som trur at det går an å *skremme* folk frå å gjere ny kriminalitet, og at det går an å kontrollere seg vekk frå tilbakefallsproblem. Dette kan tolkast som å vere sagt med klår adresse til Frp, då dei tidlegare i debatten har ytra slike standpunkt. *”Jeg innledet med å si at vi er ved en milepæl. Når Stortinget nå har tydeliggjort det kriminalpolitiske fundamentet for kriminalomsorgen og gitt rammer for organisering av etaten, går vi over til neste fase: å realisere alt dette. Jeg går nå tilbake til Justisdepartementet med tydelige bestillinger fra Stortinget, og vi setter straks i gang”*, avsluttar ho i sitt innlegg. Men ho understrekar at kriminalomsorgsmeldinga har eit tidsperspektiv på 5-10 år, etter å ha fått spørsmål frå Jan Petter Rasmussen (Ap) der han spør på kva måte justisministeren tenkjer å løyse dei reint ressursmessige utfordringane på. Også Sigvald Oppebøen Hansen frå Ap siktar til økonomiske forhold gjennom å påpeike at det har vore og er ei brei politisk semje om å satse på opplæring og fengselsundervisning når det gjeld rehabilitering: *”Dessverre har dette tilbudet hatt store økonomiske reduksjonar dei siste fire åra, det har altså vore ei reell nedbygging, men framlegget til statsbudsjett for neste år tyder på at det no er politisk vilje frå Regjeringa si side til å auke litt på løyvingane innafor dette området”* (ibid:277). At det i behandlinga av stortingsmeldinga ofte vert beskrive kva ein ønskjer og kva ein burde gjere noko med, men at det utan pengar ikkje vert anna enn ynskjetenking, stør Ap-representanten Inger Lise Husøy. Ho viser òg til *media* si rolle ved å påpeike paradokset, som også Oppebøen Hansen (Ap) har vore inne på, at mange politikarar kappast om å få kriminalitet i sentrum i avisoverskrifter, samtidig som det er ein generell nedgang i beviljingane til fengselsvesenet. Ein annan Ap-representant, Astrid Marie Nistad, forfektar at det for Arbeidarpartiet er viktig å ha ei god kriminalomsorg, viktig for at vi skal

ha eit godt og trygt samfunn å leve i for alle: ”Å finne ein balansert struktur som tek vare på sosiale forhold og rettstryggleik og for den enkelte og samfunnet er viktig, samstundes som vi må tilpasse kriminalomsorga eit moderne samfunn som tek vare på nærleiken rundt omkring i vårt langstrakte land”.

Frp-representanten Jørn Atle Stang konstaterar, slik partikollega Hakon Lunde tidlegare i debatten har gjort det, at det er ein del *snillisme* overfor lovbrytarar som kjem til uttrykk i denne debatten, etter å ha høyrte Krf med fleire: ”Kriminalomsorgen er, i dokumentet, mykje tilrettelagt for kriminelle” (ibid:278). Han viser til at det eksempelvis ikkje vert teke tilstrekkeleg omsyn til narkotikaproblematikken i norske fengsel, og at det trengs ressursar her. I intervju samanhangen svarar Simonsen dette på spørsmålet som siktar til ytringane frå desse representantane - om han meiner andre parti driv med ”snillisme”: *Ja, det blir det, altså (”snillisme”, min merknad). Det blir det når man trapper ned straffene så fort at de er ute lenge før den tiden er gått som man er dømt til. I et samfunn hvor man får så liberale og korte fengselsstraffer så blir det en slags ”dum-snillisme”, vil jeg vel heller kalle det for* (intervju med Jan Simonsen, den gong Frp, 02.05.2001).

Høgrerepresentanten Bjørn Hernes påpeikar at iverksetjinga av soninga er ei viktig sak, og problematiserer med dette *offeret* si stilling. Han meiner at omsynet til offeret i store delar av innstillinga no leggast vekt på i minst like stor grad som omsynet til gjerningsmannen, og at det opplevast som opprørande for svært mange av ofra at dei kan treffe gjerningsmannen i ein situasjon der det faktisk føreligg ein rettskraftig dom. På vegne av Høgre vil han komme til å følge denne praksisen svært nøye, ” [...] og ser ikke bort fra at hvis dette ikke får en retning vi mener ligger i premissene her, vil vi måtte komme tilbake til saken i egnet form”. òg Frp-representant Simonsen stilte spørsmål ved dette tidlegare i debatten: ”Aksepterer Arbeiderpartiet at personer som har begått alvorlige voldtekter, eller som har begått annen alvorlig kriminalitet, til og med drap, kan treffes på gaten av de pårørende til sine ofre etter at de er blitt idømt straff?” Til svar får han av Bjørnstad frå Ap at det nok ikkje er så stor meiningsforskjell når det gjeld *hovudmålet* for innkalling til soning, som er at ein bør påbegynne soning av straffa *straks* etter at rettskraftig dom er forkynt. Det problematiske ligg meir på det praktiske plan, hevdar han, og ein må difor rett og slett ha omsyn til både straffa sine ulike formål og til alvoret i den kriminalitet som er gjord.

Finn Kristian Marthinsen (Krf) stadfestar at meldinga har både samfunns- og individomsyn ved å påpeike at den handlar om korleis straffa skal gjennomførast, det vil seie samfunnet sitt forsøk på å verne seg sjølv og rehabiliterer forbrytaren. Vidare viser denne representanten til det han ser som Frp si bastante hamring på kravet om *strengare straffer* og *hardare regime*, men at dei likevel ser i den skrivne komitéinnstillinga at Frp er meir nyanserte enn den munnlege framstillinga gjev inntrykk av (ibid:279). Han trur ikkje det er usannsynleg at den skarpe retorikk brukast for å ta merksemda vekk frå viktige føregåande medverkande årsaker til at kriminalitet gjerast: *"Det er nemlig neppe noe annet parti som så tydelig er medskyldig i å legge til rette for at vold utøves, som Fremskrittspartiet er gjennom sin alkoholpolitikk. Rus avler vold"*. Til motsvar stussar Vidar Kleppe (Frp) over den uro og den mangel på eiga tru som representantar frå Krf har når det gjeld dei kriminelle. Han seier at Frp ikkje vil " [...] være så opptatt av hva politiske konkurrenter i denne sal mener, men av hva det norske folk trenger, og det det norske folk trenger, er et sterkt Fremskrittsparti som kan være med på å gjøre sitt til at kriminalitet i dette landet synker" (ibid:280). Gjeldande rus reagerar Simonsen på Marthinsen sitt utspel og hevdar han freistar å bruke ein debatt om kriminalomsorgsmeldinga, om fengselsvesenet, til å dra i gong ein generell alkoholdebatt, noko Simonsen ikkje trur er det rette tidspunktet. Han meiner òg at når ein diskuterar rusmiddel i samband med fengselsvesenet, må ein fokusere på narkotikaproblemet. Han inviterar vidare til samarbeid: *"Jeg håper at Kristelig Folkeparti vil være med Fremskrittspartiet i å følge opp med mer effektive tiltak for å stanse misbruk av narkotika og alkohol innenfor fengselsveggene"*.

#### **5.3.4 Oppsummerande merknader**

Med den eksplisitt uttrykte vektlegginga av programverksemd og innhaldet i fengselssoninga mot slutten av 1990-talet, ser vi korleis talen kring den kriminelle avvikar til dels får eit nytt og anna innhald frå politisk hald. Det skjer eit skifte i dei politiske argumenteringar kring den kriminelle knytt opp mot at det i auka frekvens og intensitet talast meir om individuelle omsyn, den enkeltes behov samt endring i soningsstrategiar overfor den kriminelle. Desse argumenta er knytt til det overordna målet om å nå redusert tilbakefall til ny kriminalitet for den innsette kriminelle.

#### **5.4 Oppsummert**

Siktemålet med dette kapitlet har vore å presentere fora der det som kan sporast av normative syn knytt til den kriminelle kan identifiserast, med vekt på å få tak i rørsle i det politiske

verdigrunnlag. Det er ingen full semje om kva verdiar og omsyn det skal leggjast vekt på, partipolitiske fraksjonar syner mangfaldige standpunkt og argument. Likevel er eit gjennomgåande trekk knytt til verdigrunnlaget i løpet av det tiåret som her har vore i fokus, er ei gradvis framheving av eit fokus på det enkelte individ av stortingspolitikarane. Om vi ser seint 90-tal opp mot tidleg 90-tal, ser vi at det har skjedd ei utvikling mot ei eksplisitt uttala samt handlingsmessig satsing på programverksemd, i form av ulike teknikkar og strategiar knytt opp mot denne verksemda. Det er siste halvdel av 90-talet at programverksemda festar seg i kriminalomsorg og fengselsvesen, og med dette har det skjedd ei endring i aktørane si tale og argumentering. Vi skal avslutningsvis freiste å summere opp dei mest markante standpunkt og argument, slik dei frå aktørane sjølv vert sett fram siste halvdel av 1990-talet. Dette er i seg sjølv ikkje særleg ”overraskande” eller nye standpunkt frå desse aktørane, men dei syner nyansane under det overordna mål om å nå redusert tilbakefall til ny kriminalitet.

*Straffa sin strengskap* er sentralt i den kriminalpolitiske debatt. Dette er derimot ikkje noko nytt emne, og det eksisterar mange og ulike argument relatert til strafferammene. Reint partipolitisk skil Frp seg ut som å vere det partiet som ynskjer ei heving av strafferammene og såleis eit hardare strafferegime. Ein sentral aktør som er mykje på bana knytt til dette er Jan Simonsen. I media trekkjer han ofte fram dette aspektet, og vi har her sett det i denne studien sitt datamateriale, både i debatten og i intervjusamanhengen. Sjølv om Frp merkar seg ut i denne samanheng, er også Høgre eit parti som talar for strengare straffer. Men representantane for partiet kjem likevel med mindre oppsiktsvekkjande utspel, og dei vert følgjeleg skulda av Frp for å vere med dei andre partia her, som ikkje like einsidig og hardnakka hevdar at strengare straffer er det rette verkemiddelet. Det kan vidare sjå ut til at Høgre kanskje ikkje vil bli oppfatta som å vere i same lei som Frp på nett dette området, dei vil ha strengare straffer, men argumenterar meir nyansert. Men for begge parti hevdast siktemålet med strengare straffer å vere at den kriminelle skal gjere opp for seg og skjøne alvoret i den kriminelle gjerninga, samt å freiste å nå eit betre og tryggare samfunn for dei lovlydige.

I motsetnad til slike verdigrunnlag og normative syn kan det peikast på ytringar som står for *nestekjærleik* og *menneskeverd* i datamaterialet. Det skal satsast på ei human og demokratisk straffegjennomføring, hevdast det i tråd med dette. Bak ytringar i denne lei er det særleg Krf som utmerkar seg, men også Sv hellar mot slike verdiar. Sistnemnde parti saknar òg ein

verdidebatt gjeldande metodar i kampen mot kriminalitet, både i byrjinga av 1990-talet, og mot slutten. Vidare har vi sett korleis debatten i heile denne perioden i stor grad har hella frå å tale om ei differensiert soning på eit generelt grunnlag, til å konkretisere dette i programverksemd som eit eksplisitt satsingsområde. Særleg Ap understrekar i stor grad målet om redusert tilbakefall. Her er tanken å vurdere behova til den kriminelle og tilpasse eit opplegg til dette, men som eit ledd i det overordna målet om å få ned tilbakefallsstatistikken.

Når det gjeld andre tema politkarane framhevar vert *offeret* via relativt stor merksemd i debatten knytt til den kriminelle. Her har det òg skjedd ei utvikling på 90-talet, og det er særleg mot slutten av 90-talet at viktigeita av å ikkje gløyme offeret vert uttala<sup>95</sup>. Her kan vi sjå parallellar til det som har med strafferåmer å gjere. Det ser ut til at dei partia som talar mest og høgast om strengare straffer, òg er dei som framhevar offeret si stilling. Med andre ord ser vi at det i stor grad er Frp, og i noko grad Høgre som påpeikar at vi må ta omsyn til offeret. Medan særleg Krf ser ut til å uttrykkje vekt på verdier som nestekjærleik og humanitet for offeret, men òg for den kriminelle lovbrutar. Dei femner med andre ord vidare i si omsorgstale enn det Frp gjer. Eit anna, meir gjennomgåande tema partipolitisk sett er *ressursar*. Den debatten står sterk både tidleg og seint på 1990-talet, og det finnast knapt partipolitiske fraksjonar knytt til ressursdebatten. I all hovudsak er det ei stadfesting av mangelen på ressursar som kjem fram.

Det er eit slående lite fokus på *media* og deira dekning av kriminalitet i materialet som her har vorte presentert, om det takast til omsyn kor mykje av det stoffet som vert presentert i media i ei eller anna form omhandlar kriminalitet og den kriminelle. Neste kapittel er gjenstand for media og kriminalsaker.

---

<sup>95</sup> Utover den konkrete debatten som er datamateriale for denne studien, får vi på 90-talet òg ein gryande debatt om oppretting av eit Valdsofferfond. I NOU 1997:11 heiter det: *Et voldsofferfond etter de retningslinjer som er kommet til uttrykk i stortingsdebatten, vil kunne være et viktig bidrag for å hjelpe og støtte voldsofre*. I Ot.prp. nr. 4 (2000-2001) vert det vist til at Stortinget 7. mars 2000 bad Regjeringa om å «foreta en samlet gjennomgang av nasjonale og internasjonale tiltak som kan styrke valdsotra sin situasjon, og legge frem konkrete tiltak», jf. Innst.S. nr.113 (1999-2000). Det siste som har skjedd knytt til offeret si stilling er ei utredning gjort på oppdrag frå JD. Denne tek for seg fornærmas stilling i straffesaker, med sikte på forslag om styrking av deira rettar i straffeprosessen. Utredninga påviser ulikskapar blant dei nordiske landa her, og Noreg ” [...] ligger ikke spesielt godt an i denne forbindelse ” ([www.jussnettavis.no/news](http://www.jussnettavis.no/news)). Utredninga konkluderar med at fornærma i norske straffesaker bør gjevast adgang (men ikkje plikt) til fullverdig deltaking. Vi ser med desse døma korleis offeret får ein sentral posisjon i denne perioden.

## 6.0 Media – meir enn ein arena for kriminalsaker

*Ord og bilder er mektige våpen, misbruk dem ikke!*

*(frå Vær Varsom-plakaten<sup>96</sup>, norsk  
presseforbund sine presseetiske reglar)*

### 6.1 Innleiing

Dette kapitlet omhandlar media og den kriminelle, der media er avgrensa til å omfatte ulike aviser. Medieoppslag er ofte normative - i form av at dei inneheld normative vinklingar og vurderingar av enkeltindivid. Dette gjer det mogleg å identifisere medias moralske og verdimesige budskap knytt til den kriminelle og denne sin identitet. Siktemålet er å få eit grep om denne budskapen, som vert fremma i tekstar gjennom ulike avisartiklar med fokus på kriminalstoff. Det er sentralt å presisere at dette fokuset er diskursivt retta mot at aviser synast å framstille kriminalsaker knytt til ein type medielogikk eller ”taus kunnskap”. Innan ei slik forståingsramme vert media sett som å kunne vere både arena og aktør i sin konstruksjon av den kriminelle sin identitet. Eit samfunn sine dominerande verdiar kan i meir eller mindre grad verte representerte i tekstar via produksjonen av desse<sup>97</sup>. Tre kriminalsaker som seint på 90-talet har vore framstilte og blitt gjeve merksemd i ulike aviser vil verte nytta som mine prisme inn mot mediediskursen, og vert i studien nemnde som Austbø-, Sykkylven-, Landås-saka. Vi skal sjå på korleis ulike aviser slår opp om desse sakene, der det særleg vert fokusert på dei fyrste dagane etter hendingane.

### 6.2 Austbø-saka

Av dei tre utvalde sakene, er dette den som fekk mest landsdekkjande pressemerksemd<sup>98</sup>. Kort fortalt vert to politimenn drepne på øya Austbø i Nordland natt til 11. mars 1998. Ein 46 år gammal mann, som i lengre tid har vore pasient ved Nordland Psykiatriske Sykehus, ringjer sjukehuset og trugar med å drepe alle som nærma seg bustaden hans på Austbø. Væpna politi

---

<sup>96</sup> Denne kan finnast i sin heilskap på <http://www.presse.no/varsom.asp>.

<sup>97</sup> Fokuset vil i hovudsak liggje på avisene og mediediskursen i denne prosessen. Journalistane sine framstillingsmåtar vert sett som å skje innan både bevisste og ubevisste framstillingsstrategiar som er rådande i vedkomande avis journalisten jobbar i, som del av ein type medielogikk.

<sup>98</sup> Dette kan hevdast ut frå den mengda med artiklar som viste seg å vere tilgjengelege i datainnsamlingsprosessen. Av denne grunn er det gjort ei avgrensing til i hovudsak å nytte artiklar frå Aftenposten, Bergens Tidende (BT) og Dagbladet. Avgrensinga gjev eit spenn, då avisene kan karakteriserast som ei meir ”seriøs”, landsdekkjande avis (Aftenposten), ei ”tilsvarande” avis, men denne av meir lokal karakter (BT) og ei tabloid, landsdekkjande avis (Dagbladet).

rykkjer ut for å sikre at mannen skal bli i huset og ikkje skade andre. Det endar i tragedie for ein lensmann og ein lensmannsførstebetjent. Med ei jaktrifle skyt og drep 46-åringen dei to tenestemennene.

Hendinga vert omtala i dramatiske vendingar i tabloidversjonen frå Dagbladet dagen etter drapa (Dagbladet 12.03.1998). Saka har fått heile framsida, med overskriftene: *"Identitetskrise gjorde ham til dobbeltmorder"* og *"jeg vet ikke hvem jeg er"*. Teksten er trykt oppå eit bilete av to politimenn som held den tildekte gjerningsmannen mellom seg. Inne i avisa er det sett av sju sider til hendinga, samt leiarkommentaren. Over dei første to sidene prangar *"Meid ned i nattemørket"*. Nedanfor denne er det skriva med mindre tekst: *"Jeg skal skyte noen kråker, sa drapsmannen – og lånte naboens jaktrifle"*. Det er òg på trykk bilete av dei omkomne tenestemennene, med overskrifta *"Ofrene"*. Dei neste to sidene i Dagbladet er prega av eit dominerande bilete av den 46 årige gjerningsmannen som først i land i Sandnessjøen av fire politimenn. Her forteljast det om korleis mannen fire år før hendinga fekk vite at han var adoptert, men at han vart avvist av si biologiske mor. Beskjeden *"[D]u er ikke min sønn"*, frå den biologiske mora, snudde angjeveleg opp ned på heile tilværet<sup>99</sup>: *"Men det gikk forholdsvis greit i begynnelsen. Det var for et år siden problemene virkelig startet [...] Han hadde kontakt med Nordland psykiatriske sykehus (NPS) i en måneds tid, og sykehuset forsto til slutt at han hadde behov for hjelp. Men etter min mening var ikke hjelpen tilstrekkelig"*, seier kameraten. Dette tonar fram som ein type *systemkritikk*, eller ansvarsfråskriving til forsvar for den drapssikta. Kameraten synast å grunnkje hendinga med utanforliggjande faktorar i forhold til gjerningsmannen. Det er systemet det er noko gale med – ikkje den kriminelle gjerningsmann. Bodskapen ber preg av å vere retta mot *politisk hald*, og det er openbart ein kritisk bodskap som vert sett fram.

Denne kritikken forsterkar Dagbladet i sin eigen leiarartikkel sin same dagen (12.03.1998): *"[D]et er tragisk om det måtte et dobbelt politidrap for å få politikerne til å ta krisen i psykiatrien på alvor. For øvrig tror vi mange kommer til å slutte å lytte til lederen for Stortingets justiskomite om hun fortsetter å uttale seg så spontant og populistisk om*

---

<sup>99</sup> I same artikkelen kan vi lese at Foreininga Adoptertes Landsforening sidan oppstarten i 1993 har hatt mange hundre henvendingar frå adopterte som har slite med psykiske problem etter at dei har fått vite at dei er adoptert, og nestleiarer, Svein Andersen, kan fortelje om sjølv mord og sjølv mordsforsøk blant folk som i årevis har trudd at mor og far er deira biologiske foreldre. Når dei får vite at dei er adoptert, er det ikkje uvanleg at dei hamnar i ei identitetskrise.

*vanskelige og sammensatte problemer*". Uttalingane det her vert sikta til kjem frå justiskomiteen sin leiar, Kristin Krohn Devold. Rett etter hendinga i Austbø gjekk ho inn for å setje fleire psykiatriske pasientar i fengsel, strame kraftig inn på tilgangen til å innvilge psykiatriske pasientar permisjon og å byggje ut det psykiatriske behandlingstilbodet i *"hurtigtogs fart"* (ref. frå leiaren). Ein annan leiarartikkel som tek for seg Devold sitt forslag om fleire psykiatriske fangar i fengsel vert trykt i BA, med tittelen *"Tid for ettertanke"* (BA 13.03.1998). Argumenta går på at *"så lenge folk ikke har gjort noe straffbart, kan verken psykiatriske pasienter eller andre samfunnsborgere sperres inne"*. Det vert vist til justisminister Aud-Inger Aure, som seier at fengsel skal brukast som straff for forbrytingar som er gjorde, og ikkje som førebyggjande middel for sinnslidande. Argumentasjonen i denne leiaren må tolkast i favør av den kriminelle, og også i favør av den psykiatriske vurderinga – men derimot i politisk disfavør: *"[S]å langt det er mulig å bedømme det, var det ikke mulig for legene å forutse at han faktisk skulle komme til å ta andres liv. Så lenge det bygger på tilgjengelig medisinsk faglig viten og skjønn etter langvarig observasjon av mannen, er det vanskelig å klandre noen for tragedien"*. Vi ser at Devold får hard medfart i fleire aviser her. Både Dagbladet og BA har heilt klart lagt premissane for kva som vert godteke av sentralpolitiske utspel, på vegne av den kriminelle sine rettar.

Dei neste to sidene skildrar hendinga time for time, under tittelen: *"Politiaksjonen som gikk galt"*. Vi får i detaljert beskrivingar og tidfestingar vite kva som gjekk føre seg, med fokus på politiet sine bevingingar, og både bilete og kart av åstaden er på trykk. Likevel er det biletet av politiet si spesielle antiterrorgruppe, og teksten til dette store biletet som fremmar bodskapen. Teksten lyder slik: *"Den lille øya på Austbø så i morgentimene i går ut som en beleiret øy i en krigssone. Få timer tidligere ble to politimenn skutt ned og drept, før politiets spesielle antiterrorgruppe kom fram"*. Også geværet er skildra i den minste detalj - her skal lesaren kunne detaljorientere seg om kva som har føregått. Kartteikningar og avmerkingar av bygningar, hendingar og tidspunkta for desse tydar òg på dette. Deretter omhandlast stemninga blant befolkninga etter hendinga over ein tosides artikkel i same avisa. Artikkelen *"Skuddene lammet øya"* innleiest slik: *"Det var uhyggesstemning på den vesle øya Austbø i går. En iskald vind blåste snø over stedets eneste vei, der tungt bevæpnet politi var ute og gikk med finlandshetter og skuddsikre vester [...] Øya virket øde. Det var få mennesker å se ved husene og langs veien. Bare en sjelden gang en bil – og politi som så ut som soldater i en krigssone"*. Framstillinga av saksforholda minner meir om å vere henta frå ei bok, enn ei avis. Det gjerast bruk av forteljartekniske verkemiddel som skal framheve dramatikk og spenning.



Men det er likevel *biletet* som går over 1 ½ side som dominerar. Her ser vi sju lokale folk avbilda der dei står ansikt til ansikt med ein politi i kledd finlandshette, og bildeteksten lyder: ”*Sjokk og fortvilelse: Politi med finlandshetter og skuddsikre vester er heldigvis et sjeldent syn. En uvirkelig stemning preger øya Austbø*”. Vi får inntrykk av eit hjelpelaust folk, som uforskylda har hamna i ein fortvila situasjon som dei har liten kontroll over.

Vidare let Dagbladet delar av den lokale befolkninga uttale seg, som fortel sine oppfatningar om det som har skjedd. Frank Savjord (45) har kjent drapsmannen på Austbø heilt sidan barndomen, men han visste ingenting om at barndomsvenen hadde psykiatiske problem. Det visste truleg heller ingen andre på øya, kan Dagbladet fortelje. ”-*Jeg vokste opp sammen med drapsmannen og kjenner ham godt frå vi var små [...] Han virket helt normal og grei. Jeg ante ingenting om at han hadde psykiske problemer. Det kom totalt overraskende på meg*”, seier Savjord. Han beskriv Austbø som ein stille og fredeleg stad, og syns det er synd at øya skal bli kjend for ein slik tragedie. I same artikkelen seier Randi Johnsen, rektor på barne- og ungdomsskulen, at Austbø er ramma av ein forferdeleg tragedie, og at det er fælt for dei som bur der. Ho tør ikkje seie korleis tragedien vil påverke øysamfunnet, men håpar at den ikkje vil skape varige sår. Det vert fortalt om dei vaksne på øya som har vore samla for å tale om tragedien, og kva dei skal gjere for ” [...] *å få det vesle øysamfunnet i gjenge igjen*”. Vi ser ei framheving av kor opprivande det er for eit lite øysamfunn å oppleve ei slik hending. Eit budskap om ei fortvila hjelpeløse kan skimtast.

Dagen etter får barndomskompis Rolv Magnussen (44) uttale seg, han var sannsynlegvis den siste som snakka med den drapssikta før tragedien (Dagbladet 13.03.1998): ”-*Jeg var på besøk i helga, seinest søndag kveld. Han følte seg truet og forfulgt av Nordland psykiatiske sykehus*”, seier Magnussen til Dagbladet. ”-*Jeg kan ikke ut fra min beste evne forklare det som har skjedd. Alt er meningsløst. Jeg regner med at det ligger flere sammensatte årsaker bak ugjerningen, men den påståtte overvåkingen kan ha vært en utløsende faktor*”. Magnussen fortel om ein aktiv og engasjert barndomskamerat, om ein mann som etter kvart blei svært depressiv. Også Magnussen er avbilda i storformat over denne tosides artikkelen. Same dagen er artikkelen ”-*Visste ikke at jeg skjøt politi*” trykt i Dagbladet. Igjen ser vi bilete av ein tildekt gjerningsmann mellom politimenn, i storformat. Vi kan òg lese om den skjelvande 46-åring som tok plass i forhøyrretten. Dagbladet skriv vidare: *En rekke personer Dagbladet har snakket med de siste dagene, stiller seg uforstående til at 46-åringen på permisjon fra psykiatrisk sykehus i Bodø skulle ende opp som politimorder og*

*dobbeltdrapsmann*". Vi ser korleis Dagbladet gjer seg sjølv til ein aktiv aktør i denne saka. Det er tydeleg viktig å få fram kor overraskande drapa er. Denne budskapet vert forsterka i Dagbladet dagen etter i artikkelen "*Drapsmann på piller og øl*", med underteksten: "*Ufattelig at 46-åringen ble drapsmann*". Her fokuserast det på mannen si psykotiske tilstand som skal ha veksla mellom raseri og depresjonar. Det er mannen sin forsvarar, Rolv Dørum, som uttalar seg om uforståelegheita: "*Den handlinga min klient har erkjent, virker helt på siden av hans personlighet [...] –Jeg bygger dette på opplysningar utenfra, kombinert med min legmannsskjønn*". Igjen trykkjast biletet av mannen som blir ført i land mellom to politimenn, og til biletet trykkjast ein tekst der det vert antyda at den drapssikta kan ha vore ute av kontroll på grunn av pillar og alkohol. Forholda framstillast nokså bastant, trass i at det er for tidleg å konkludere, og Dagbladet synast sjølve å vere aktørar og synsarar i denne framstillinga.

Avisa BT dekkjer hendinga over to sider dagen etter den har funne stad. Ein av artiklane har fokus på at få i lokalsamfunnet visste at gjerningsmannen var sjuk (BT 12.03.1998). "*Vi visste ikke at han var syk*", hevdar Jan Eriksen og faren Karsten Eriksen, som er naboar til eigedomen der drapa finn stad. For nokre var det kjent at mannen var psykiatrisk pasient, for andre var det ukjent. "*Men han var i hvert fall ikke kjent som noen farlig mann. Hvordan skulle noen tro at noe sånt da kunne skje?*", spør Jan Eriksen. Vi ser korleis vener og naboar "støttar" og forsvarar gjerningsmannen, samtidig som ei *fortvilning* kjem fram gjennom desse ulike artiklane.

Men hovudopplaga i BT denne dagen er likevel artiklane "*Siktet for forsettelig drap*" og "*Det skrekkelige døgnet*". Sistnemnde er endå ein artikkel som skildrar dag for dag og time for time, og vidare dominerar eit bilete av barndomsheimen til gjerningsmannen denne sida. Bilete av dei drepne er òg på trykk, under overskrifta "*Dyktige og sympatiske*". I den same BT-utgåva får drapsmannen dei beste skulsmål frå sin arbeidsgjevar, og desse uttalingane kan synast å stå som ei forsterking av "forsvaret" frå vener og naboar som avisa fremmar: "*Vi har overhodet ingen negative opplevingar med denne personen [...] Vi er dypt sjokkert. Dette er en katastrofe både for ham selv og alle oss andre. Vi tenker ikke minst på de pårørende. Nei, dette har ikke vært noen enkel dag*", konstaterer regionleiaren i firmaet mannen var tilsett i. "*Slik jeg kjenner ham er han en kjærnekar. Vi forstår ikke hvordan dette kan ha skjedd*", seier han, og hevdar vidare at ingen skal ha hatt noko å utsette på mannen verken sosialt eller fagleg. I Aftenposten vert dette bilete av gjerningsmannen nyansert ytterlegare (Aftenposten

12.03.1998). Overskrifta *"Venner i sjokk over kameraten"* forsterkar inntrykket av mannen som å vere eit menneske som ein kunne like: *"Han var en rolig og avbalansert humørspreder (venn) [...] Jeg har ikke et eneste vondt ord å si om ham (kollega) [...] Han var en kjernekar som aldri laget problemer (bonde) [...] Han var verdens hyggeligste mann. Det var aldri noe bråk eller trøbbel med ham. Han hadde godt humør og slo ofte om seg med vitser og fleip (mann på lokal kro)"*.

Ein annan type tale som får kome til i mediedekkinga står avdelingsoverlege Olav Andresen sjukehuset for. På framsida av BT lyser det mot oss eit bilete av tungt væpna politi på åstaden. Vi kan lese at sjukehuset er rysta over politidrapa: *"Ante ikke at han var farlig"*, er overskrifta med store bokstavar. Overlegen kan ikkje sjå at dei har gjort noko gale. Han grunngjev dette med at vedkomande ikkje var tvangsinnlagt, han lei av depresjon, men hadde aldri vist paranoide trekk (BT 12.03.1998). *"-Nordland psykiatriske sykehus hadde ingen mulighet for å forutse at deres pasient var farlig"*, seier han. Også i Aftenposten same dagen er leiinga ved Nordland psykiatriske sjukehus på bane, også her i ein sjølvforsvarande posisjon: *"-Vi hadde ingen indikasjoner på at han kunne være farlig"*, seier direktør Atle Aas. Vidare vil politiet oppnemne to rettsmedisinsk sakkyndige og to rettspsykiatrisk sakkyndige for å freiste å avklare kva han *tenkte*, ikkje berre kva han gjorde<sup>100</sup>. Dette opplyser Bodø sin politimeister Bjørn Hareide.

Fagleg hald er òg sitert, og rettar fokus mot manglande *ressursar*. Pasientombod for psykiatri i Hordaland, Kari Nesfossen, vert direkte sitert i BT, der ho òg er avbilda: *"-[D]et er et varsku om at det bør skaffes nok ressurser når folk har avsluttet eller er i ferd med å avslutte en behandling i institusjon [...] [D]en desentraliserte psykiatritenkingen ønsker vi at færrest mulig skal være institusjonspasienter i 10, 20 eller 30 år slik det var vanlig før. Men da er det viktig å legge til rette forholdene i nærmiljøet slik at tragedier som den i Nordland ikke skjer. Disse menneskene må ikke bli isolerte i sine leiligheter. Fremdeles skjer det dessverre en viss stigmatisering av dem"*. Ho meiner det er umogleg å gardere seg mot hendingar som den på Austbø, i alle fall så lenge ein er einige om at slike pasientar ikkje skal plasserast bak lås og slå. Dessutan kan *"rullegardina gå ned"* for folk som det aldri har skjedd med før, som ho seier. *"-I gruppen psykiatriske pasienter er det like mange forskjeller som blant somatiske.*

---

<sup>100</sup> Her kan parallellane trekkjast til Ny Start (sjå kapittel 4.0), og dette programmet sitt fokus på kognitiv meistring. Programmet skal lære den kriminelle gjerningsmann å *tenkje* over konsekvensane av sine handlingar. Imidlertid høver ikkje programmet for psykotiske, og kunne ikkje vore tilbydd denne gjerningsmannen.

*Det er derfor viktig å legge til rette forholdene etter ulike behov [...] I det psykiatriske ettervernet er det generelt fortsatt mye som bør bli bedre. Et kjernepunkt er om lokalsamfunnene som pasientene skal tilbake til har det apparatet og de rammene som trengs".* Psykologispesialist Dagfinn Jacobsen ved Sandviken sjukehus i Bergen hevdar i ei uttaling at det er like umogleg å føreseie kva psykiatriske pasientar som vil gjere alvorlege kriminelle handlingar, som det er å vite om naboen din vil gjere ei alvorleg forbryting. Dette faglege synspunktet kan nyanserast ytterlegare i ein artikkel i Dagbladet (12.03.1998), der psykolog John Sandstrøm hevdar at drapsmannen umogleg kan ha vore på "bedringens vei", slik leiinga ved Nordland psykiatriske sjukehus hevdar. Sandstrøm meiner at mannen sin sjukdom må ha utvikla seg over tid.

Aftenposten fokuserar 12.03.1998 sine på *ofra* for tragedien på Austbø (nettversjon). Dette er ein relativt detaljert artikkel som skildrar kva hendinga har hatt å seie for den næraste familie, kollegar, vener, samt for øysamfunnet og landet for øvrig. Lesaren vert gjeve inntrykk av eit folk nærast i sjokktilstand, og overskriftene er dramatiske: *"Familie og kolleger bearbeidet sorgen i fellesskap i formiddag. Blomster og kondolanser"*. Dette forsterkast dagen etter med artikkelen *"Øyboerne søker trøst hos hverandre"* (nettversjon). Ei anna avis som òg har denne tematikken er Dagbladet, som same dag har på trykk ein artikkel med overskrifta *"Ofrene"* i si papirutgåve. Denne syner både med bilete og tekst at det sit kone og born att etter tragedien, og teksten fortel om to aktive og populære tenestemenn som har felle bort: *"Lensmannsbetjent Trond Kristian Kirkeby (41) og lensmann Sigurd Wang (47) var godt likt og allment kjent som hedersmenn"*. I Aftenposten same dagen har saka fått framsideoppslaget, med tittelen: *"Tung ferd etter dobbeltdrap"* (Aftenposten 12.03.2002). Det siktast her til spesialtrena politifolk frå Rana politistasjon som følgde gjerningsmannen, og som uttala: *"-Det er vanskelig å sette ord på hva vi føler nå"*. Vidare er det trykt eit stort bilete av politiet og ein tildekt gjerningsmann som går i land etter båtturen. Dei drepne politimenna er òg avbilda og namngjevne på framsida, i tillegg til at dei er avbilda i heilfigur inne i avisa, samt at ulike personopplysingar er ramsa opp. Igjen ser vi offerfokuset. Inne i avisa lyder hovudoppslaget: *"Psykiatrisk pasient siktet for drap"*. Her forteljast det i relativt korte drag om hendinga, og fokuset er tydeleg lagt til å få fram det som hende i detaljerte drag - ved hjelp av bilete av bygda, samt skildringar på ulike klokkeslett, ein type "minutt-for-minutt-referat". Vidare er representantar frå fagfelt trekte inn i debatten i den same Aftenpostenutgåva. På framsida kan vi lese at forskarar meiner at mange alvorleg sinnslidande sleppast ut i samfunnet for tidleg, samt at fagfolk meiner nedbygginga av

sentrale psykiatriske institusjonar har vore for ukritisk. Det påpeikast òg at *"Debatten om sikring og psykiatriske pasientar blussar no opp att"*. Både psykiatri, psykologi og medisin er representerte i artikkelen inne i avisa. *"-Vi er for optimistiske i utskrivningen av psykotiske pasienter til nærmiljøet"*, seier psykiater og overlege ved Gaustad sjukehus, Randi Rosenquist<sup>101</sup>. Ho er også avbilda i denne artikkelen. Ho fortel til avisa at ho sjølv har hatt mange pasientar som er skrivne ut til sitt nærmiljø fleire gongar, utan å klare det. Rosenquist hevdar at kunnskapen knytt til om pasientane kan bli farlege er langt større enn tidlegare: *"-For 20 år siden trodde vi det var umulig å forutsi risiko for farlige gjerninger. Det er ikke riktig lenger, men det er fremdeles vanskelig. Nå vet vi mye mer om farlighetsvurdering. Tidligere sykehistorie, den akutte nå-situasjonen og ytre omstendigheter pasienten skal møte i fremtiden er de grunnleggende faktorene for vurdering av farlighet"*. Ho meiner òg at nedbygginga av sentrale psykiatriske institusjonar har føregått for ukritisk, og at trua på rehabilitering har vore for optimistisk. Vidare er professor i medisin ved seksjon for sosialmedisin ved Universitetet i Oslo, Kjell Norevik, referert i same avisa. Han er einig i at pasientar vert skrivne for fort ut, og at resultatet av dette er dei såkalla "svingdørspasientar" – dei hardast ramma pasientane som gong på gong må inn att på institusjonen. *"-Denne typen pasientbehandling øker risikoen for slikt som har skjedd i Austbø. Personalet rekker ikke å bli godt nok kjent med pasientene før de må ut igjen [...] Vi har kommet lenger, og det utarbeides nye måter å vurdere farlighet på. Det finnes skjemaer for slik vurdering, men disse er mye basert på skjønn. Man har veldig få objektive holdepunkter. Vi nærmer oss et akseptabelt nivå, men vi kommer aldri til å kunne forutsi alt"*, seier Norevik til Aftenposten. Professor i psykologi, Bjørn Rishovd Rund, sluttar seg i Aftenposten dagen etter til det synspunkt at det alltid vil vere vanskeleg å føreseie hendingar som skjer sjeldan (Aftenposten 13.03.1998). Han meiner difor det er malplassert når politikarar kritiserar psykiatrane for ikkje å ta nok ansvar: *"-Med mindre det her er snakk om feil diagnostikk, er det helt urimelig å klandre dem"*.

Gjeldande den stadig pågåande debatten mellom juss og psykiatri<sup>102</sup>, trykkjer Aftenposten den kritiske artikkelen *"Fengsel feil for sinnslidende"* (Aftenposten 18.03.1998). Som overskrifta

---

<sup>101</sup> Rosenquist er på dette tidspunktet midt i eit forskingsprosjekt for Statens helsetilsyn der ho gjennomgår drap og alvorlege valdshandlingar gjorde av personar erklært som "sinnslidande i gjerningsaugeblinken" i åra 1993, 1994 og 1995. Prosjektet skal avdekkje eventuell systemsvikt.

<sup>102</sup> Denne debatten har nyleg vore aktualisert gjennom at nye strafferettslege utilrekelegskapsreglar og særreaksjonar tredde i kraft ved ny lov av 01.01.2002. No skal dei utilrekelege ikkje lenger kunne setjast i fengsel då det skal vere helsevesenet si oppgåve og ta vare på dei (i *Nordisk Kriminologi*, nr. 1/2002:48-49).

indikerer vert det hevda at behandling på sjukehus er det som må til i slike tilfelle, heller enn fengsling. Dette vert hevda frå ulike hald. Psykiater Randi Rosenquist får igjen kome på bane, og vert sitert på sine synspunkt om at psykiatriske pasientar definitivt ikkje høyrer heime i fengsel. Fengselslege Lars Os ved Ila landsfengsel sluttar seg til dette og ytrar at fengselet er feil stad for sinnslidande menneske. Vidare er det trekt fram eit *enkelttilfelle* gjeldande ”Bjørn” (60) som er kriminell, alvorleg sinnslidande og treng behandling. Han er avbilda (med ryggen til) på ei trong celle, der han står og ser ut vindaug. Biletet er teksta: *”Bjørn er kriminell og alvorleg sinnslidende. Hans hjem er på Ila der han ikke får relevant behandling”*. Os meiner situasjonen for ”Bjørn” er alvorleg, at han ikkje skulle vore i fengsel. Han synast det innimellom er frustrerande å vere fengselslege med så mange sinnslidande innsette, og hevdar: *”-Slike innsatte blir ikke bedre i fengsel, tvert imot. For enkelte innsatte fungerer fengselet som en ren oppbevaringsplass”*. Likevel vert det frå han gjeve eit inntrykk av at enkelte sinnssjuka kan ha det brukbart på Ila, at nokre til og med ytrar ynskje om å vere der: *”-Så lenge det fortsatt mangler behandlingsplasser og kvalifisert personell på sikkerhetsavdelingene, kan Ila, dessverre være det beste alternativet for noen”*, seier Os oppgjett i følgje Aftenposten. Vidare kan vi i denne artikkelen lese at leiar i Norsk Fengsels- og Friomsorgsforbund, Roar Øvrebø, set sin lit til at den nye regjeringa kan rydde opp: *”-Jeg vil ikke påstå at tidligere regjeringer har ønsket å spare penger, men tanken er meg ikke helt fjern. Alvorlig sinnslidende må ut av fengselet. Husk at de fleste av disse skal ut i samfunnet igjen. Uten relevant behandling kan de være tikkende bomber”*, seier Øvrebø. Statssekretær Idar Magne Holme i Sosial- og helsedepartementet synes situasjonen er ”ulykkelig”, men lovar betring: *”-Vi vil øke antall behandlingsplasser i de regionale og fylkeskommunale sikkerhetsavdelingene de to neste årene, uten at jeg kan si hvor mange plasser det dreier seg om”*, er hans svar til dette. Ein annan aktør er jussprofessor Ståle Eskeland, som meiner at det er brot på norsk lov å plassere alvorleg sinnslidande i fengsel, og viser til straffeprosesslova sin § 459 som set forbod mot at sinnslidande skal sone i fengsel. Svært mange, og ulike, aktørar får her uttale seg og slutte opp om kor feil det er å halde psykisk sjuke kriminelle vekke frå fengsla. Bodskapen synast på bakgrunn av dette knippet av artiklar å gå i lei av at både politikk og psykiatri må gjere noko i forhold til slike saker.

Også sentralpolitikarane er trekte inn i debatten knytt til denne saka (Bergens Tidende 12.03.1998). Helseminister Dagfinn Høybråten (Krf) seier til NTB at regjeringa vil foreslå meir pengar til behandling av psykiatriske pasientar i revidert nasjonalbudsjett dette året. *”-Vi skal da legge frem en opptrappingsplan for psykiatrien. Vi kan ikke trappe opp innsatsen uten*

å komme med pengar”. Han seier vidare: ”-Jeg vil understreke at ikke alle psykiatriske pasienter er voldelige og farlige. Vi ser økende voldsbruk i samfunnet og det er ikke overraskende at psykiatriske pasienter er involvert i noen tilfeller. Jeg er bekymret over forståelsen i samfunnet og tilgjengeligheten til skytevåpen”. Til Aftenposten varslar Høybråten ein opptrappingsplan for psykiatrien, noko som vil bety auka bevillingar, utan at statsråden vil insinuere kor mykje det er snakk om å satse (Aftenposten 12.03.1998). ”-Behandlingstilbudet innen psykiatrien er ikke godt nok, og opptrappingsplanen vil gi et samlet bilde av situasjonen”, seier han.

Dagen etter trykkjer BT ein leiarartikkel med tittelen ”Bak tragedien”. Her peikast det på at tragedien sannsynlegvis kunne hende same kva psykiatrisk omsorg vi byggjer ut, og same kor streng våpenlovgjevinga måtte bli. Inne i avisa skrivast det om den sorg som pregar kontoret der lensmann Wang var tilsett. Det er trykt eit stort bilete av lensmannsfyrstebetjenten på kontoret, der han tek seg av blomster og kondolansar. Inntrykk av ei gjennomtrengande sorg, både på kontoret og elles i det vesle lokalsamfunnet, synast å vere bodskapen. Vidare ytrar psykologispesialist Dagfinn Jacobsen gjeldande permisjonar at det er ein måte å teste pasienten si evne til å inngå og halde avtaler på. Dette seier han som eit motsvar til leiar i justiskomiteen, Devold, som tek til orde for ei innstramming i permisjonsordningar for farlege pasientar. Vi ser korleis ei avis bringer på bane ueinigheitlar mellom *politikk* og *ekspertise* - her representert ved ein sentral politiskar, og ein fagleg ekspert innan den psykologiske disiplin.

Jan Simonsen<sup>103</sup>, Frp sin medlem av justiskomiteen, meiner det bør innførast reell livstid på offentlege tenestemenn, i alle fall om drapa er overlagte, som eit viktig signal overfor organisert kriminalitet (Aftenposten 12.03.1998, nettversjon). Simonsen meiner også at strafferettslege utilrekelege personar bør sperrast inne på ein rømmingssikker institusjon. ”-Den institusjonen bør vi snarest se å få bygget [...] Det sier seg selv at adgangen til permisjon må skjerpes inn. Samtidig må vi bygge ut det psykiatriske behandlingstilbudet”. Vidare er, som tidlegare nemnt, Kristin Krohn-Devold raskt ute og hevdar at psykiatriske pasientar bør setjast i fengsel (Dagbladet 13.03.1998). Høgre-kvinna vert som ein følgje av

---

<sup>103</sup> Det må nemnast at Simonsen er ein markant politiskar i media når det gjeld kriminalstoff. Årsaka ligg nok i det at han har bastante og klare meiningar, som både kan provosere og egge til debatt. Han er sjølv oppteken av kva media kan ha og seie for politiskarar: ”Ordets makt [...] mediene er mye mektigere enn det vi (politikarane - min merknad) er” (K7 Bulletin 01/2002:12).

dette skylda for usmakeleg kynisme ved å trekkje for raske og bastante konklusjonar midt under ein tragedie. Dette (bort)forklarar ho med å hevde at føresetnadene og nyansane for uttalingane er vekke, samt at ei setning er teken ut av sin samanheng: *"-Jeg burde ha vært klarere. Vi må gjøre noe med gråsonepasientene, men ingen kan selvsagt komme i fengsel uten å ha begått lovbrudd. Mine uttalelser var ment å være generelle. Kanskje burde jeg presisert at jeg ikke kjenner denne saken"*, seier ho.

I Dagbladet eit par dagar etter kan vi lese at: *"46-åringen skjøt for ikke å bli tvangsinnlagt"* (Dagbladet 15.03.1998). Her fortel eit vitne at 46-åringen nok frykta tvangsinnlegging etter sine telefontruslar mot namngjevne personar ved sjukehuset. Vitnet seier til Dagbladet at 46-åringen ikkje ville tilbake etter permisjonen, og at han kan ha fått denne oppfatninga i rus: *"-Jeg kan ikke skjønne annet enn at 46-åringen må ha skiftet karakter i løpet av kvelden tirsdag, og at dette er et mulig motiv"*. Vi ser her korleis Dagbladet gjer seg bruk av eit *anonymt vitne*<sup>104</sup>. Dagen etter svarar rettspsykiater og professor Berthold Grünfeldt nei på spørsmålet Frode Hansen for Dagbladet stiller gjeldande om vi kan tale om ei smitteeffekt: *"-Nei, det er en hypotetisk problemstilling. Alvorlige sinnslidende er mer opptatt av det som skjer rundt dem, helt konkrete ting [...] Mye gjenstår før vi kan forstå en slik pasient godt nok"* (Dagbladet 16.03.1998). Dagbladet sin leiar denne dagen tek òg for seg Austbø-saka under tittelen: *"Krafttak for psykiatrien"*. Det rettast også her kritikk mot politikarane og deira uttalingar om behovet for nye institusjonar og for strakstiltak i kjølvatnet av drapa: *"Plutselig overgår politikerne hverandre i velvilje overfor en del av vårt helsestell som alltid har vært lavt prioritert av de samme politikerne"*.

46-åringen sin sambuar får relativt detaljert skildre tilstandar ved den drapssikta i ein Dagbladet-artikkel som står på trykk 19.03.1998. Det forteljast om depresjonar og sjølv mordstankar, og rettast i forlenginga av dette kritikk mot helsevesenet og deira manglande oppfølging. Det at sambuaren snakkar ut, er fokus på heile førstesida: *"-Verdens*

---

<sup>104</sup> Bruken av *anonyme kjelder* har rundt årsskiftet 2001/2002 vore gjenstand for oppslag i avisene. Medieforskar Sigurd Allern har i stor grad omtala dette, og kritiserar særleg VG sin utstrakte bruk av anonyme kjelder. Han presiserar i denne samanheng i ein artikkel i BT (21.01.2002) at det er mangel på kjeldekritisk evaluering av stoffet han har kritisert. I boka *Flokkdyr på Løvebakken* beskriv Allern fleire slike saker i Aftenposten, Dagens Næringsliv, og Dagsrevyen. Vidare skriv han i denne boka om at nyhendebedrifter og journalistar må, saman med nyhende kjeldene, sjåast som politiske aktørar i eit kommunikasjonsfelt: *"Pressens påvirkning skjer ikke bare gjennom lederartikler og politiske kommentarer, men også på nyhetsplass. Den kan både være intendert – og ha utilsiktede konsekvenser"* (Allern 2001:16-17). Dette sitatet takast med her, for å syne korleis nyhendeproduksjon både bevisst og ureflektert er knytt til ståstad og verdiar - det skjer utveljingar, prioriteringar, vinklingar og kjelderelateringar i framstillinga av saker, deriblant kriminalstoff.



*snilleste mann*”, kan vi lese på framsida. Sambuaren har i følgje denne artikkelen bestemt seg for å gå ut med sin historie for om mogleg å hindre at denne typen tragediar skjer på ny. Men ho har i tillegg eit anna motiv: *”-Samtidig vil jeg fortelle hvordan Helse-Norge fungerer overfor en psykiatrisk pasient og hans nærmeste*”. Ho får her kome med openlys kritikk av psykiatrien, på vegne av sambuaren, seg sjølv og andre pårørande. Ho avsluttar med at alt var normalt fram til tysdag den 10., dagen før episoden: *”Da skjedde det for meg en uforklarlig forandring med ham. Jeg fatter bare ikke at han kan ha gjort dette*”.

I artikkelen *”Fagfolk har sin del av skylden*” (Aftenposten 20.03.1998), skrivast det om korleis politikarane ikkje lenger vil ha skylda for elendigheita i psykiatrien<sup>105</sup>. Leiar av Stortingets sosialkomité, John Alvheim (Frp), slår her tilbake mot kritikken som møter dei politiske myndighetene: *”-Det er ikke bare penger som er problemet i psykiatrien, den må gå i seg selv. Psykiatriens fagfolk har stilltiende vært med å bygge ned psykiatriske institusjoner*”. Han meiner at det ikkje er tvil om at det er ein direkte samanheng mellom drap utført av psykiatriske pasientar den siste tida og nedbygging av tilbodet. Han får støtte av komitékollega Annelise Høegh (H). Ein annan medlem av sosialkomiteen, Are Næss (Krf), vil ikkje leggje skylda for krisa i psykiatrien på nokon: *”-Det er ikke nødvendigvis et onde å få folk ut av institusjoner, bare det finnes oppfølging [...] men slik har det ikke vært*”. Olav Gunnar Ballo (SV) i sosialkomiteen kritiserer på si side heller kollegaer enn fagfolk: *”-Politikerene er ikke troverdige så lenge de ikke greier å prioritere*”, seier han til Aftenposten. Det sentrale her er ikkje *kva* dei ulike politikarane meiner, heller det at det ikkje nødvendigvis alltid er slik at politikarar går i forsvarsposisjon – men at dei derimot kan vere tilbøyelege til å ta sjølvkritikk. I ein kronikk i Dagbladet dagen etter kommenterar Ballo si eiga rolle som lege og politikarar. Han tek vakter som lege innimellom, og omtalar her korleis han var lege til ein sinnslidande mann som knivdrap sin venn i 1987. *”Tankene plager meg ennå [...] Som lege*

---

<sup>105</sup> I Aftenposten si kommentarspalte same dagen presenterast psykiatriens historie (Aftenposten 23.03.1998). Vi kan lese om utviklinga frå den fyrste dårekista (døllhus) kom i 1676, til framlegging av [Stortingsmelding nr. 25 \(1996/97\) Om psykiske lidelser og tjenestetilbudet](#). Det vert omtala korleis overtru og førestilingar om avvikarar besette av demonar prega behandlinga av psykiatriske pasientar heilt fram til slutten av 1700-talet, og at i dette hundreåret har psykiatrien vore prega av ei rivande utvikling: *”Nye medisiner og behandlingsformer har erstattet de gamle asylene, men stempelet som samfunnets forsømte gruppe er stadig like sterkt*”, kan vi lese i dette meir faktabaserte innlegget i Aftenposten. Overfor denne utgreiinga står det på trykk ein kommentar av Lars Hellberg, der han peikar på manglande politiske prioriteringar av det psykiatriske helsevesen. Han hevdar likevel at det ikkje er berre mangel på pengar som er skuld i krisa i psykiatrien (som han tydeleg meiner er den utilstrekkelege kapasiteten for behandling av farlege pasientar), men òg ei rekkje gale avgjerder som blei tekne i 1970- og 80-åra. Det skal ikkje gåast vidare inn på meiningane i denne kommentaren, poenget er å påpeike at det verkar som om psykiatri alltid er eit interessant tema for avisene. Ein gjeldande regel ser ut til vere at det er negative aspekt ved psykiatrien som vert teke opp, omtala, kommentert og debattert.

har jeg flere ganger opplevd å være i kontakt med mennesker i ubalanse som opptrer truende. Men det har ikke endret mitt syn på at må ha en humanistisk holdning til psykiatrien. I dag er jeg mer ydmyk når pasienter og pårørende gir uttrykk for at de trenger hjelp”, seier han til Dagbladet. Han hevdar vidare at det ikkje hjelper å sperre inne folk. I staden må vi sjå på samfunnet som heilskap: ”Hva er det som gjør at volden generelt øker?”, spør han avslutningsvis. Kronikken kan sjåast som eit døme på forholdet mellom faglege vurderingar og det politiske nivå, der ein og same person her står med ’ein fot i kvart felt’, og korleis avisene får fram dette. At Dagbladet trykkjer denne kan nok syne deira ynskje om å få fram kompleksiteten som er knytt til psykiatrien og deira vurderingar. Vidare er det relativt personlege forhold som skildrast i media. Dette kan tolkast som eit verkemiddel ikkje berre når det gjeld å skildre den enkelte kriminelle, men også her i ’utleveringa’ av den enkelte politiskar. Vi får eit relativt sterkt inntrykk av ein debatt som har blussa opp. Ei underoverskrift som lyder slik: ”Psykiatrien – en evig krise?” gjev òg inntrykk av ein nærast evig debatt kring psykiatriske spørsmål. Det er vidare knytt ein artikkel gjeldande kva dei sjukaste sinnslidande kostar resten av samfunnet, under overskrifta: ”20 pst. av de sykeste står for 50 pst. av utgiftene”. Her vert det fokusert på at med eit dårleg psykiatrisk helsetilbod og ettervern blir pasientane sjukare ann naudsynt, og at dette ikkje berre medfører lidningar for den enkelte. Rådet for psykisk helse dokumenterer at kostnadane til hjelp og behandling aukar kraftig jo sjukare pasientane blir: ”-Det er enorme forskjeller i behovet for hjelp. Hvis man kan stoppe sykdomsutviklingen i en tidlig fase, vil det være en viktig investering ikkje bare for den enkelte pasienten”, seier Arild Bakken, som er generalsekretær i Rådet for psykisk helse. Psykiske lidningar som ikkje vert teke tak i, kostar ’oss andre’ ute i samfunnet.

Media si rolle vert påpeika av forskar, psykiater og overlege ved Gaustad sjukehus, Randi Rosenquist (Aftenposten 22.03.1998). ”-Mediene glorifiserer og lager show av dramatiske politiaksjoner. Derfor blir resultatet en smitte-effekt. Psykisk labile personer suggerer til å begå destruktive handlinger [...] -Er det virkelig nødvendig? Vi begynner å få CNN-tilstander i Norge når man absolutt må dekke slike tragedier på direkten. Jo mer action og dramatik, dess bedre, virker å være enkelte mediers filosofi”, hevdar ho. På spørsmål om ikkje media bør dekke eller omtale slike episodar, seier ho at sjølvsagt må dei det. Det er ikkje eit spørsmål om, men korleis. Ho trur at media kan dekke slike dramatiske aksjonar utan å sjølv vere aktør, og at det er naudsynt å vise ei meir tilbakehalden rolle akkurat når ting skjer. Ho får støtte av nestleiar Arne Johannessen i Politiets Fellesforbund. Derimot er generalsekretær i Norsk Presseforbund, Per Edgar Kokkvold, ueinig, og syns ikkje at pressa går for langt: ”-Jeg

tror ekspertene er uenige og synes mye om medias rolle og påvirkning. Det er ingen dokumentasjon som underbygger at det blir flere voldshandlinger i kjølvannet av medias dekning av slike saker. Vi må alltid ha for øye å innhente og formidle informasjon”, seier han. Media si rolle tematiserast vidare dagen etter i artikkelen ”Skyteepisodene er ingen voldsbølge” (Aftenposten 23.03.1998, nettversjon). Operasjonsleiar Jan Wessel ved Oslo politikammer meiner at ”-mediedekningen av de siste to ukers skyte- og forskansingsdramaer overdimensjonerer problemet. Vi er ikke inne i en voldsbølge<sup>106</sup>”. Førsteamanuensis i journalistikk, Jo Bech-Karlsen, meiner at vi treng ein diskusjon om kor tett på og direkte media skal dekke slike episodar. Problemet med smitteeffekt oppstår når heile nasjonen får ei fortetta dekning og er opptekne av det same samtidig. Han har meir tru på tilfeldigheter enn smitteeffekt, då alle typar ulykker og kriminalitet går i bølger. Han meiner media har ei viktig rolle på godt og vondt i samband med ulykker og kriminalitet, og er ikkje i tvil om at tabloidavisene si sterke fokusering på dødsoffer i trafikken for nokre år sidan faktisk reduserte talet på ulykker i ein periode. Dette syner eit brot med den vanlege negative mediekritikken - media kan òg verte vurderte i *positiv* lei. Wessel er bekymra for overdimensjonering av vald og ulykker, både i tabloidaviser og i ”øyeblikks-mediene”, som han kallar det (radio og tv). Han meiner dei *journalistiske verkemidla* må dempast. Media må vere varsame med å gå for tett på og rapportere for mykje på direkten, dei må velje sine forteljartekniske verkemiddel med omhug: ”-Vald brukes som underholdning i nyhetene, fastslår Wessel, og viser til at det er uviktig for folk flest å få med seg detaljene i en lokal voldssak”. Han understrekar at media må vakte seg vel for å verte aktørar i hendingane. Vi ser her parallellen til Rosenquist sine uttalingar overfor.<sup>107</sup> Her setjast det strek for forteljinga om Austbø-saka, og vi går over i ei forteljing av mindre omfang, men likevel av relevans knytt til eit fokus på mediebodskap og verknader av bodskapen.

---

<sup>106</sup> Det visast i artikkelen til fleire hendingar desse siste vekene: ”Etter at en psykiatrisk pasient skjøt ned og drepte to politifolk på Austbø 11. mars, har politiet seks-sju ganger rykket ut på farlige og potensielt farlige episoder hvor det har vært skyting eller trussel om våpenbruk. Senest lørdag var det tre politiaksjoner i henholdsvis Sandefjord, Oslo og Sandnes. Psykisk ustabile personer står bak de fleste episodene”.

<sup>107</sup> Avslutningsvis kan det takast med at rettspsykiatrane som undersøker 47-åringen konkluderar med at 47-åringen er strafferettsleg tilrekneleg, og at han blir tiltalt for overlagt drap under særdeles skjerpande omstender (Dagbladet 23.07.1998). Vidare vekkjer det oppsikt då den tiltalte, Dag Helge Rønning, vel å stå fram offentleg under straffesaka i heradsretten. Men det er ikkje semje om korvidt han var tilrekneleg eller utilrekneleg. Eksempelvis hevdar psykolog Ellen Kolsrud Finnøy at Rønning var sinnssjuk i gjerningsaugneblinken fordi han var skada av alle medikamenta psykiatrane gav han mot ein alvorleg depresjon (VG 04.11.1998). Men i motsetnad til psykologen finn ikkje dei rettsoppnemnde sakkyndige nokon teikn på sinnssjukdom då drapa blei gjorde. Mannen vert dømd til 21 års fengsel, lova si strengaste straff (Dagbladet 24.11.1998).

### 6.3 Sykkylven-saka

Samanlikna med dei to andre kriminalsakene som er valt ut, og då særleg Austbø-saka, må dette seiast å vere saka med minst merksemd rundt<sup>108</sup>. Kort fortalt tilstår ein 29 år gamal mann at han har teke livet av sin 24 år gamle sambuar i Hundeidvik i Sykkylven på Sunnmøre. Den drapssikta har gjennom lang tid hatt psykiske problem. Han blir sett som ein ”svingdørspasient” i psykiatrien, då han i fleire år har gått inn og ut av psykiatriske behandlingstilbod. Vidare har han dagen før drapet bedt kommunelegen i Sykkylven om å bli lagt inn for psykiatrisk behandling på grunn av ein tung depresjon, noko som blei avslått.

I VG dagen etter (05.10.98) dominerar hendinga heile framsida: *”Psykiatrisk pasient slo i hjell kjæresten: -Ba om hjelp dagen før drapet”*. Det er openbart at det er ny og oppsiktsvekkjande informasjon som gjev denne saka ein annan dimensjon – og dermed større oppslag - enn den vesle spalteartikkelen dagen før<sup>109</sup>: *”Dagen før han slo i hjel sin samboer, skal 29-åringen angivelig ha bedt kommunelegen i Sykkylven om å bli lagt inn til psykiatrisk behandling ”*. Det er ein nær kjenning av den drapssikta som opplyser dette. Kjenningen opplysar vidare i denne tosides artikkelen, som heiter *”Drepte kjæresten”*, at denne bøna om hjelp blei avslått: *”-Fredag kveld fortalte han meg på telefon at han var veldig depressiv. Jeg oppfattet han slik at han ønsket å bli innlagt, men følte seg avvist”*. Vidare heiter det at: *”29-åringen har i en årrekke vært såkalt svingdørspasient i psykiatrien, og både mannens familie og venner mener at han ikke har fått den hjelpen han trenger”*. Fokuset i denne artikkelen vert vinkla inn på tilstanden til drapsmannen. Vi får òg eit bilete av ein ”angrande syndar”: *”-Jeg har gjort noe forferdelig”*, dette skal ha vore det fyrste han fortalte familien sin. Her kan ein sjå korleis media ikkje berre skildrar saka og den kriminelle ”frå utsida” - gjennom andre aktørar. Ei uttaling frå gjerningsmannen *sjølv* får kome på trykk.

---

<sup>108</sup> Den mindre mengda av artiklar funne om denne saka frå dei utvalde avisene indikerar det. Det vert følgeleg ei meir kortfatta framstilling av Sykkylven-saka enn framstillinga av media si dekking av Austbø-saka (sjå overfor). Avisene VG, Dagbladet, Aftenposten og Bergens Tidende dekkar saka i varierende grad. Bergensavisen hadde ingen artiklar om denne saka. Lokalavisa Sunnmørsposten blei trekt inn, i nyfikenkap knytt til om denne saka fekk dekning lokalt.

<sup>109</sup> Dagen etter hendinga kan vi lese i ein liten spaltenotis i VG (04.10.98) om hendinga: *”En 24 år gammel kvinne ble i natt funnet drept i et hus i Hundervika i Sykkylven kommune på Sunnmøre”*. Ein person er pågripen og blir same natta avhøyr av politiet. Vi ser at dette er på eit veldig tidleg stadium i saksforlaupet, i og med at etterforskningsleiar Kåre Hanken ved Sunnmøre politikammer seier dette: *”-Vi har foreløpig ikke tatt stilling til om den pågrepne har status som mistenkt eller vitne”*. VG skriv vidare at dødsårsaka førebels er ukjent, og i følge Hanken vil kvinna bli sendt til obduksjon. Artikkelen berer preg av å vere ein forholdsvis kortfattelig og faktabasert artikkel, det skrivast lite som kan gje oss eit blick inn mot ”den kriminelle” her.

Som i Austbø-saka overfor, kjem det fram kritiske argument retta mot *psykiatrien*. 29-åringen sin forsvarar, advokat Erling Flisnes, skyv med sine ytringar fokuset over på psykiatrien i seg sjølv og ettervernet spesielt: "[I] denne saken vil det være naturleg å se på om det psykiske ettervernet har sviktet totalt". Dette er uttalingar som vitnar om at verken individuelle forhold eller det at 29-åringen er ein psykiatrisk pasient er det sentrale, heller vert det peika på det som kan karakteriserast som *systemsvikt* i psykiatrien. Heilt konkret svikt i forhold til ettervernet etter soning eller behandlingsopplegg. Ein annan aktør som vert referert i denne artikkelen er kommunelege Øystein Hove, som hadde vakt då 29-åringen skal ha ringt. Han viser til si tausskapsplikt og vil verken stadfeste eller nekte på at han blei kontakta av den tiltala. Artikkelen består òg av eit stort bilete av den 24 år gamle kvinna som på bære bærast ut av bustaden i Hundeidvik, noko som kan tolkast som ein *forsterkande* strategi gjeldande det tragiske ved denne saka. Å *sjå* offeret, her ei død kvinne på ei bære, må seiast å stå som eit forsterkande element i tillegg til det som kjem fram gjennom språk og tekstvinkling.

Det kjem vidare fram at 29-åringen den 04.10.98 blir sikta for forsettleg drap og framstilt for varetekstfengsling 05.10.98. "*Etter en legeundersøkelse er mannen innlagt på psykiatrisk storavdeling ved Fylkessjukehuset i Molde*", seier politiinspektør Ingar Bøen. VG viser til at 29-åringen så seint som same sommaren, 27. juli, trua med å drepe sin sambuar, samtidig som han skal ha slått og sparka ho ei rekkje gongar. Han blei på dette tidspunktet framstilt for fengsling, sikta for truslar og grov vald mot sambuaren, samt vald mot politiet. "*Sunnmøre forhørsrett ville imidlertid ikke fengsle 29-åringen, og konkluderte med at det ikke var "fare for gjentagelse av straffbare handlingar som kunne medføre fengsel i mer enn seks måneder"*". Det visast til at politiinspektøren på pressekonferansen dagen før hadde lese opp forhøyrretten si grunngeving for ikkje å fengsle 29-åringen etter at han hadde slått, sparka og drapstrua sambuaren sin sommaren same året. "*Bøen sier han ikke hadde andre motiv enn å bringe domstolens begrunnelse vidare som ren faktainformasjon. Påtalemyndighetene påkjærte ikke forhørsrettens kjennelse om å løslate 29-åringen*", heiter det vidare. Det vert avslutningsvis i artikkelen poengtert at 29-åringen to år seinare altså gjer alvor av desse drapstruslane og slår sambuaren sin i hel med eit slagvåpen. Forholdet mellom 29-åringen og sambuaren vert i ein liten rammetekst omtala som turbulent og som eit hat- og kjærleiksforhold, men overskrifta: "*Eksplodivt forhold*". Det er lensmann Erling Lillevik i Sykkylven som brukar desse karakteristikkane. Framstillinga i denne artikkelen kan gje inntrykk av å fremme eit budskap om at det ikkje er 29-åringen som i hovudsak kan lastast for utfallet i denne saka. Det gjerast eit stort poeng av at han har bede om hjelp *før* tragedien

hende, utan å verte bønnhøyr. Heller vert det peika i retning av psykiatrien, det psykiatriske systemet rundt den kriminelle, og kritikkverdige forhold der.

Også Bergens Tidende har ein artikkel på trykk, med overskrifta: "*Siktet for drap på 24-årig kvinne*" (BT 05.10.98). Artikkelen er liten, og svært faktabasert, den refererar i stor grad saka slik den står på dette tidspunktet, at den pågripne gjerningsmannen har erkjent handlinga, og sjølv fortalte til politiet at han hadde gjort noko forferdeleg. Også Dagbladet slår i lite format opp om saka, i artikkelen "*Kvinne (24) drept i Sykkylven i natt*". Dette er på eit tidleg stadium i saksforholda, noko vi ser av det faktum at politiavdelingssjef Kåre Hanken seier til Dagbladet at ingen har status som sikta i saka. Imidlertid kan ei anna sak som står trykt på same sida, i ein langt større dimensjon, seiast å gjeve inntrykk av kva som får "innpass" i avisa, og kva som skal ut til folket. Det trykkjast ein artikkel om at "*Et gjengmedlem er livstruende skadd etter et brutalt slagsmål mellom ungdomsgjenger av somalisk og pakistansk opprinnelse*". Her er det òg trykt eit bilete av ambulanspersonell med ein person på bære, med bildeteksten: "*Drama på Oslo S. En 19-åring ble brakt til Ullevaal sykehus med livstruende skader etter gjengslagsmålet på Oslo S*", samt eit bilete av politiet med nokre av dei pågripne somaliarane. Poenget i denne samanheng er å problematisere korleis ei hending som kan framstå som meir *dramatisk* får eit langt større oppslag enn saker med eit saksforhold som kan tyde på *lite* dramatikk.

Den andre og siste artikkelen som Dagbladet har på trykk om Sykkylven-saka har fått tittelen "*Nina fryktet å bli drept*", med store og feite typar (Dagbladet 05.10.1998). Det er ein annan dimensjon over denne artikkelen. Vi ser mellom anna eit stort bilete av huset der den 24 år gamle kvinna blei drepen. Samt biletet av ambulansmannskap som berer kvinna ut av huset er på trykk. Vi ser korleis *offeret* er namngjeve i denne artikkelen, ein er til og med på *fornamn* med offeret – Nina. Artikkelen berer preg av å vere ei skildring av offeret, i større grad enn av å vere ei skildring av gjerningsmannen. Det skjer ei personifisering av offeret. Det er truleg nye og oppsiktsvekkjande opplysingar som har kome til, som gjev denne artikkelen eit større oppslag. Eit forhold er at offeret fredag kveld måtte få politihjelp vekk frå kjærasten – dagen etter blei ho funnen drepen. Vidare var den drepne *sjølv* langtidspasient ved ei psykiatrisk avdeling ved sentralsjukehuset i Ålesund, og var i gong med eit rehabiliteringsopplegg. Vi kan lese at dei i heimbygda hugsar ho som ei utadvent og positiv jente. Dei møtte kvarandre som pasientar på den psykiatriske institusjonen, og VG hevdar at kjelder fortel at ho blei mishandla. Overfor vener og familie skal ho ha gjeve uttrykk for at ho

var redd og frykta å bli drepen. Frå fagleg hald visast det til tausskapsplikta på spørsmål frå VG, eksempelvis på om 29-åringen blei sett som farleg (avdelingsoverlegen). Kommunelegen ville av same grunn ikkje uttale seg om den drepne og den sikta. Avslutningsvis vert lesaren fortalt at behandlingsapparatet rundt den drepne og den sikta no vil møtast og gå grundig gjennom dei taklingar og disposisjonar som er gjorde: *”-Vi vil jobbe tungt med dette framover for at ikke noe liknende skal skje igjen”*, avsluttar avdelingsoverlege Arne Ruset ved Hjelset psykiatriske institusjon.

Aftenposten omtalar saka fyrste gong to dagar etter hendinga, med den vesle artikkelen *”Forsøkt fengslet i juli – drepte samboeren lørdag”* (Aftenposten 05.10.98). Denne er retta i kritiske drag mot forhøyrretten og denne sine vurderingar, i favør av politiet, som freista å få gjerningsmannen varetektsfengsla. Dagen etter kan vi i ein endå mindre spalteartikkel med tittelen *”Fengslet for drap på samboeren”* lese at: *”[G]jerningsmannen blei varetektsfengsla i 12 veker [...]”-Han trenger behandling nå. Senere vil han bli undersøkt av rettspsykiatere, som skal avgjøre om han er strafferettslig tilregnelig”* (Aftenposten 06.10.1998). Dette er politiadjutant Arnt-Erik Oust ved Sunnmøre politikammer som ytrar dette til Aftenposten. Det vert vist til psykiatrane som skal avgjere dette, samt til at det vil bli reist sikringssak mot han om dei kjem til at han er strafferettsleg utilrekneleg. Oust opplyser vidare at 29-åringen har gjeve opplysningar til politiet om kva som kan ha vore motivet for drapet, men at desse er av ein slik karakter at dei må undersøkjast nærare. Andre *aktørar* som trekkjast fram i denne artikkelen er folk i lokalmiljøet, som det vert påstått lenge skal ha frykta at noko tragisk ville hende, på bakgrunn av mannen sin valdelege oppførsel og hans openbare psykiske problem. Her ser er det ei klar motsetning i forhold til Austbø-saka, der svært få visste om problema til gjerningsmannen, samt at vedkomande her ikkje var frykta.

Artikkelen avsluttast med kritikk retta mot *retten* og rettsapparatet - Sunnmøre forhøyrrett - i denne sin tidlegare handsaming av den no 29 år gamle gjerningsmannen: *”I sommer i år truet 29-åringen med å drepe samboeren, samtidig som han skal ha slått og sparket henne. Sunnmøre forhøyrrett ville da ikke varetektsfengsle mannen, fordi man mente det ikke var fare for gjentagelse av straffbare handlinger som kunne medføre fengsel i mer enn seks måneder”*. Også i denne artikkelen opplever vi at kritiske ytringar retta mot det psykiatriske støtteapparatet får nå ut til offentlegheita, retten vert framsett i eit dårleg lys.

Vi ser at det berre er to små artiklar Aftenposten vier denne saka. Når dette er sagt, har dei i tillegg på trykk ein relevant kronikk av Siri Lill Thowsen, styreleiar i AURORA<sup>110</sup> (Aftenposten 08.10.1998), i samband med Verdensdagen for psykiatrisk helse 10. oktober, altså to dagar etter. Ho er kritisk til den måten vurderingar av den enkelte innan psykiatrien, og dei diagnosane som vert gjevne der. Ho meiner psykiatrien sine spørjeskjema bør setjast under lupa. Vidare spør ho om ei psykiatrisk diagnose kan ugyldiggjere menneskerettane (MR). Ho avsluttar den krasse kronikken slik: *”Skal vi noen gang kunne ha håp om å få en forsvarlig psykiatri, må det skje en grundig utlufting og et oppgjør med gamle synder”*. Poenget med å ta med denne kronikken i denne framstillinga er at den syner eit forsvar for den kriminelle, som å ha visse rettar. Dette i disfavour av vurderingar gjort i psykiatrien gjeldande det å stille psykiatriske diagnoser.

Same dagen slår VG igjen stor opp om saka i artikkelen *”Vennen sjekkes”* (VG 06.10.1998). Ein 35 år gamal nær kjenning av den drapssikta si eventuelle rolle i drapet på Nina Rantapelkonen vert her påpeika (vi ser korleis *offeret* også i VG vert namngjett og avbilda). VG forstår det slik at drapssikta sin forsvarar, Erling Flisnes, i eit møte med politiet skal ha bede dei etterforske om 35-åringen kan ha drive noko form for psykisk påverking. Vidare hevdar to *kjelder* VG har tala med uavhengig av kvarandre at 35-åringen skal ha hatt ei sterk innflyting over 29-åringen. Samt at 35-åringen skal ha vore manipulerande i forholdet mellom den drapssikta og den drepne kvinna.<sup>111</sup>

VG held fram å slå stort opp om denne saka, sett i lys av relativt beskjeden dekking i dei andre avisene. I artikkelen *”Hodet fullt av stemmer”* karakteriserast 29-åringen som å ha vore i *”meget sterk psykisk ubalanse”* då han tok livet av sin sambuar: *”Etter det VG kjenner til skal 29-åringen blant anna ha forklart at han ble drevet av et utall ukjente stemmer inne i hodet sitt da han slo i hjell sin samboer med et slagvåpen i parets avsidesliggende enebolig i bygda Hundeidvik”*. Fylkeslegen i Møre og Romsdal, Egil Storås, uttalar at han no vil granske drapssaka for å sjå om helsevesenet på nokon måte kan klandrast for episoden: *”-Vi ønsker ikke minst å bringe på det rene om den nå drapssiktete mannen var i kontakt med*

---

<sup>110</sup> Støtteforening for mennesker i psykiatrisk behandling.

<sup>111</sup> Det kan tolkast som at VG vil ha fram ein spesiell bodskap gjeldande psykiatriske pasientar og den behandling dei (ikkje) får i helsevesenet. I artikkelen *”Tvangsinnlagte må vente tre uker på lege”* same dagen (VG 06.10.1998) fokuserast det på manglande oppfølging av tvangsinnlagte ved Tronvik Psykiatriske Behandlingshjem i Sogn og Fjordane. I forhold til denne studien er det aktuelt å sjå korleis aviser kan stille saman fleire artiklar, eller artiklar og leiarar, for å fremme og forsterke bodskapen. Her ser vi kritikken mot behandling og oppfølging i psykiatrien.



*kommunehelsetjenesten i Sykkylven dagen før drapet*". Avslutningsvis påpeikast det at 29-åringen og hans offer blei kjærestar då dei begge var psykiatriske pasientar på ein institusjon i Molde. Vi ser korleis stadig meir *detaljerte* og *private* opplysingar ved den kriminelle gjerningsmannen vert avdekka og bringa ut i offentlegheita av avisa.

Eg har no sett til avisene som eg har vore innom i dei andre sakene, for å freste få fram denne forteljinga. På bakgrunn av manglane eller lite dekking i regionsavisene BA og BT, meldte det seg ein nyfikkenskap knytt til om saka hadde fått *lokal* omtale. Eg fann at Sunnmørsposten slo opp om saka to. To dagar etter hendinga (avisa kjem ikkje ut søndagar, som var dagen etter) kan vi lese på framsida om "Drapet alle frykta"; "*Vi har gått og frykta at noko tragisk skulle hende. Det var den vanlege reaksjonen blant folk...*" (Sunnmørsposten 06.10.1998). Her er det òg eit bilete av ambulanspersonell med båra med den drepne mellom seg. Inne i avisa kan vi lese at politiet sommaren same året ba om fengsling av mannen etter vald og trugsmål mot vald, men blei slept fri av forhøyreretten. Vidare at den sikta gjennom bråk og trugsmål har skremt opp bygdefolket i Hundeidvik fleire gongar i løpet av det halvanna året han har budd der, og at han har tilknytning til rusmiljøet i Ålesund. Ein nabo, som ikkje vil stå fram i frykt for hemnaksjonar frå rusmiljøet, uttalar at den trugande framferda til mannen har ført til at han ikkje har kjent seg trygg for seg sjølv og familien; "*Vi har ikkje vore vane med å låse husa våre her i bygda. Det er ei stor belastning for eit lite bygdesamfunn som vårt å få eit slikt miljø inn på livet*". Også i denne artikkelen vert forholdet mellom Nina Kaarina Rantatelkonen og den sikta omtala som eit "hat-kjærleiksforhold". Derimot vert det *ikkje* skrive om at også ho har vore psykiatrisk pasient. Det er òg trykt eit stort bilete av kriminalteknikarar, der den eine ber ut den stumpe gjenstanden ein meiner er drapsvåpenet. Eit anna bilete syner huset der dei to haldt til, som vert hevda å verre kjøpt av Statens vegvesen, og at dei budde der utan løyve.

Dagen etter står det i ein liten notis på framsida av Sunnmørsposten at 29-åringen er varetektsfengsla i 12 veker. Det er tydeleg korleis denne saka kjem i skuggen av ei anna sak som har dominert nyhendebiletet den siste tida, både lokalt og nasjonalt, der ein på dette tidspunkt har funne den sakna Inghild Hestholm (19) (Sunnmørsposten 06.10.1998). Artikkelen "*For sjuk til å møte i retten*" rettar fokus mot den sikta sin forsvarar, Erling Flisnes, som ikkje trur det vil verte reist straffesak mot 29-åringen fordi han ikkje er tilrekeleg: "*Han har i alle fall ikke noe i fengsel å gjøre*". Vi vert fortalt at mannen har hatt psykiske problem i lang tid. Vidare kritiserar forsvararen politiet; "*Hvis politiet i sommer*

mente at det var så viktig å fengsle mannen, hvorfor påkjærte de da ikke kjennelsen i Sunnmøre forhørsrett?”. Heller ikkje denne artikkelen kjem inn på den drepne sin psykiske tilstand, og trykkjer det same biletet av huset som dagen før. Vi rettar no blikket mot den tredje og siste saka i dette kapitlet.

## 6.4 Landås-saka

Hendinga til grunn for det som her vert kalla for Landås-saka finn stad i oktober 2000<sup>112</sup>. I korte trekk går denne saka ut på følgjande: Den 6. oktober 2000 gjer ein 30 år gamal somaliar under soning i fri sikring seg skuldig i tre lovbrott og blir valdssikta. Først freistar han å valda og ta livet av sin kvinnelege husvert, før han går laus på ein politimann. I tillegg tek han ein 12 år gamal mann som gissel. Somaliaren blei opphavleg dømt til fem års sikring i 1996 for drapsforsøk og valdtektsforsøk, og vart då sett som å vere alvorleg sinnslidande og med stor fare for å kunne kome til å ty til vald igjen.

I BT sin fyrste artikkel om denne saka er det gisseltakinga av den 12 år gamle guten som er i fokus (BT 07.10.2000). På framsida av avisa kan vi lese med stor tekst: *”Politiet skjøt gisseltaker”*, og det vert fortalt om den 12 år gamle guten som i over ein time blir haldt innesperra av ein mann som truar med å drepe han. Væpna politi stormar leilegheita på Landås og skyt gisseltakaren i foten, då han seier at han skal drepe 12-åringen. Både på framsida og i sjølve artikkelen er det bilete av dei tungt væpna tenestemennene. Bildeteksten kan berer preg av dramatik: *”Tjenestemennene som deltok i gårsdagens dramatiske aksjon på Landås, var tungt bevæpnet”*. På framsida vert det skriva om gisseltakaren si knivstikking av ei jamaldrande kvinne på Landås, som ikkje blir livstruande skada. Men i artikkelen inne i avisa vert det derimot ikkje fokusert i særleg stor grad på dette. Det er gisseltakinga, og særleg gjenforeininga mellom 12-åringen og foreldra, som er hovudtema. *”-Det sto om liv. Vi hadde ingen tid å miste. Våre forhandlere hadde telefonisk kontakt med gisseltakaren, men situasjonen ble så tilspisset at vi var nødt til å aksjonere”*, uttalar informasjonssjef ved Bergen politidistrikt, Trygve Hillestad, til Bergens Tidende. Vidare blir det vist til at

---

<sup>112</sup> Det føreligg ei større mengd artiklar om denne saka i datamaterialet. Det er særleg dei to lokale avisene BA og BT som dekkjer den, der BA av desse igjen har klart mest stoff. Det er i stor grad desse to avisene som vert gjenstand for merksemd her. I tillegg vert dei artiklane som Aftenposten og Dagbladet har trykt nytta, men vi skal sjå at mengda av artiklar er mindre i desse avisene. VG er lite nytta, på grunnlag av det omfattande materialet som allereie føreligg ved desse fire avisene. Poenget er ikkje, som tidlegare presisert, å gjeve ei total dekking av alle artiklar. Det gjerast ei naturleg utveljing knytt til mediebodskapen kring den kriminelle, sett i samband med rekkevidda for denne studien.

gisseltakaren stiller fleire krav medan det heile står på, blant anna forlangar han å få ein bil utanfor leilegheita. Dagen etter trykkjer same avisa artikkelen *"12-åring var tilfeldig offer"*, ein artikkel i langt mindre format enn dagen før (BT 08.10.2000).

I BA vert det slått stort opp om saka i den dobbelsides artikkelen *"Lykkelig slutt på gisseldrama"* (BA 07.10.2000). Overskrifta lyser imot oss med feite typar, og det er trykt eit svært bilete av tungt væpna politi med følgjande bildetekst til: *"Bevæpnet politi måtte til for å avslutte gisseldramaet på Lægdene"*. Det er òg to mindre bilete i artikkelen. Eit er av huset i Lægdesvingen 18, der dramaet utspant seg. Det andre er av gjenforeininga mellom 12-åringen og foreldra hans, på gata utanfor huset. Denne artikkelen bærer preg av meir detaljar i saka, samt fleire ytringar frå ulike personar. Vi vert her gjort kjent med at den utanlandske statsborgaren er ein somaliar. Ein nabo får uttale seg: *"-Det finnes ingen forklaring på knivstikkingen"*. Andre naboar fortel til BA at dei aldri har oppfatta mannen som problematisk på nokon måte. Vidare forklarar informasjonssjefen den væpna aksjonen med at situasjonen etter kvart blei livstruande for guten: *"-Gisselets liv ble satt opp mot handlingen"*.

I den tabloide versjonen frå Dagbladet vert det slått opp om gisseltakinga i artikkelen *"Gisseltaker skutt"* (Dagbladet 07.10.2000). Også denne teksten berer preg av feite typar, og eit stort bilete av politistyrkane. Biletet dominerar heilsidesartikkelen, og mindre plass er sett av til teksten. Overskrifta *"Gisseltaker skutt"* dominerar saman med biletet heile sida, noko som kan vere med på å forsterke inntrykket av dramatik for mottakaren. Vi ser uniformerte politistyrkar med våpen, hjelm og skjold idet dei stormar huset på Landås. Vidare er det også i denne artikkelen informasjonssjef Trygve Hillestad som uttalar seg, og fokuset er på at gisseltakinga vert sett som å vere ein svært *dramatisk* situasjon. Ein nabo uttalar at ho kjenner mannen som ein rolig og omgjengeleg mann. Guten sine pårørande orkar ikkje å snakke med Dagbladet i det dei føl 12-åringen til legevakta. *"-Fysisk skal han være uskadd, men de mentale følgene en slik opplevelse får, kan jeg selvfølgelig ikke si noe om"*, avsluttar Hillestad. VG slår likeeins opp med feite typar og stort bilete frå gisseldramaet. I den heller korte teksten vert saksforlaupet gjengjeve, nokså likt det beskrive frå Dagbladet overfor (VG 07.10.2000). Men over denne tosides artikkelen er det derimot trykt eit svært og dominerande bilete ambulanspersonell som er i ferd med å få den overmanna gisseltakaren inn i ambulansen, for å frakte han til sjukehuset. På sida av biletet står ein liten tekst på trykk, som fell litt vekk i forhold til det prangande biletet. I bildeteksten vert vi opplyste om at det skulle fire skot til for at politiet skulle greie denne overmanninga. Vidare kan vi lese at politiet etter

ordre frå politimeister Rolf B. Wegner storma kjellaren i det etablerte bustadstrøket på Landås i Bergen like før klokka 21 kvelden før. Dagen etter slår den same avisa opp at *"Gisseltageren truet med motorsag"* (VG 08.10.2000). Vi kan lese at mannen som knivstakk den kvinnelege husverten sin og tok den 11 år gamle guten som gissel, skal ha vore væpna med brødkniv, motorsag og ein hekkeklippar.

I motsetnad til desse større artiklane, har Aftenposten på trykk ein liten spalteartikkel dagen etter hendinga med tittelen *"Mann tok 12-åring som gissel"*. Dette kan sjåast som om ein nokså "nøytral" artikkel kva bodskap gjeld. Det same må seiast om Dagbladet-artikkelen dagen etter der saka berre blir slått opp i ein liten notis, med overskrifta: *"Gutten et tilfeldig gissel"* (Dagbladet 08.10.2000). I seg sjølv er ikkje dette artiklar som festar seg på grunn av store, oppsiktsvekkjande overskrifter, dramatiske bilete eller verdibasert innhald. Likevel kan dei vere med å fortelje noko om synet på den kriminelle – gjennom den enkelte avis sin logikk knytt til kriminalstoff og den kriminelle. Det kan tolkast som om saksforholdet ikkje appellerar til Aftenposten - som i det heile knapt dekkjer denne saka.

BA (08.10.2000) har derimot eit stort tosiders oppslag, der fleire aktørar enn det vi har sett tidlegare er tekne med i framstillinga av saka. I denne artikkelen er det eit stort bilete av politiet sine kriminalteknikarar som var på åstaden i Lægdesvingen for å sikre seg spor. Vidare er det eit mindre bilete av gjenforeininga mellom 12-åringen og foreldra, samt eit bilete på same storleiken av eit nabopar som såg heile dramaet. Foreldra til den 12 år gamle Gard Morken, som til no ikkje har ynskja å kommentere saka i pressa, ytrar seg til avisa: *"Han har det utmerket i dag"*, seier pappa Morten Morken. Familien ynskjer i utgangspunktet ikkje å møte pressa, men vil gjennom BA sende ei takk til politiet: *"-De gjorde en fantastisk jobb. Vi er svært takknemlige"*. Det påpeikast i same artikkelen at det framleis ikkje er klart kva motiv somaliaren hadde *" [...] da han på uforståelig vis gikk amok i det fredelige villastrøket"*. Naboar karakteriserer han som ein stille og fredeleg kar: *"-Jeg kan ikke skjønne at han kunne finne på noe slikt. Så lenge vi har bodd her har han vært en stille og rolig nabo det ikke har vært noen problemer med"*, fortel nabo May-Britt Oppedal til BA. Ho og Asle Vinje har budd i Lægdesvingen i vel eit år, og er sjokkerte over knivdramaet: *"Det kunne jo ramma oss"*, seier May-Britt og ser bort på dottera Vilde (3).

Dette er den første artikkelen i denne saka som bringar på bane *ekspertytringar* i forhold til det som skjedde med guten. Psykolog Marianne Straume kjem først med meir generelle

ytringar om barn og krisehjelp: ”-Det å bli holdt til fange og truet på livet vil merke et barn i lang tid. Å få krisehjelp i starten har mye å si for hvordan ettervirkningene blir”. Vi vert så fortalte at guten straks etter hendinga blir teken hand om av eit kriseteam leia av ein overlege med ekspertise på ungdomspsykiatri. På spørsmål frå BA om det har stor betydning for barnet at gjerningsmannen vert teken, er svaret frå psykologen dette: ”-Ja. De er ofte redd for at hendelsen skal gjenta seg, og ikkje minst at de igjen skal bli truet av den samme personen”. Her kan det kanskje tyde på siktemålet er å vinkle framstillinga inn mot dei konsekvensar slike hendingar kan få for ”oss normale”. Det kan ligge mellom linjene ein budskap om at gjerningsmannen må verte teken hand om, og at det viktigaste er *offer*vernet.

*Fagpersonell* bringast inn i framstillinga av saka neste dag (BA 09.10.2000). ”-Noe har *glippet*”, er innrømminga frå avdelingsoverlege Siri Nome ved sikkerhetsavdelinga på Sandviken sjukehus, og denne innrømmande uttalinga dominerar framsida av avisa, saman med eit bilete av avdelingsoverlegen. Ytringa utdjupast i artikkelen inne i avisa: ”-Dette er *ille*. Noe har *glippet*, og vi kan ikke stille oss likegyldige til det som har skjedd, vi må ta fatt i saken og få mannen innlagt hos oss så fort som mulig”. Siri Nome er avbilda på nesten ei heilside av denne totalt tosidige artikkelen. Bildeteksten er som følger: ”*Tar ansvar: Avdelingsoverlege Siri Nome ved sikkerhetsavdelingen på Sandviken Sykehus mener gisseltakeren fra Landås må legges inn så fort som mulig*”. Vidare skriv BA at til tross for at somaliaren skal ha vore utagerande under behandlingstida får han i mai same året flytte ut frå sjukehuset. Han blir overført til fri sikring og tildelt bustad på Landås, men er likevel framleis under det fagfolk kallar tvunge ettervern. ”-Det er klart vi har et ansvar for mannen. Her har et barn blitt tatt som gissel og en kvinne er knivstukket, og det er skrekkelig. I alle saker er vi avhengige av å foreta en sikkerhetsvurdering, noe vi jobber nøye med. Men vi har altså ikke klart å forutse dette”, held avdelingsoverlegen fram. Nome legg til at ein, trass strenge oppføljingskrav, aldri kan være 100 prosent sikre på at sjukehuset sin tryggleik held stikk. ”-Vi må få mannen tilbake hit. Her vil han måtte være i lang, lang tid nå som han har fått en ny sak på seg”, trur Siri Nome.

Kriminalomsorg i Frihet (KiF) bringast òg inn (BA 09.10.2000) i debatten, og det visast til at somaliaren fekk fagleg oppfølging fleire gongar i veka både på Sandviken Sykehus og av nettopp KiF. Overskrifta er: ”*Han ble ukentlig skjekket*”. Mannen blei følgd tett opp fordi han hadde ein alvorleg sikringsdom på seg. ”-Personer som er ilagt sikring er de mest krevende for oss. Målet er å beskytte samfunnet gjennom stor grad av kontroll, og i tillegg drive

*rehabilitering*". Dette opplyser kontorsjef Berit Drange i KiF, men ho ynskjer ikkje å kommentere gisseldramaet eller somaliaren si sak på noverande tidspunkt. Det gjer ho derimot dagen etter, og avviser all kritikk etter gisseldramaet (BA10.10.2000). *"Vi fikk ingen indikasjoner på at mannen ville gjøre noe så forferdelig. Vi kunne ikke spå at noe slikt kunne skje"*, seier kontorsjef Berit Drange i denne artikkelen. *"Jeg kan ikke se hvordan vi eller Sandviken sykehus kunne forutse at noe slikt ville skje. Det er selvfølgelig forferdelig tragisk at dette skjedde, men det med folks psykiske helsetilstand er vanskelig"*, held ho fram. Artikkelen avsluttast slik: *"Vi har orientert Justisdepartementet om at mannen har brutt regelen for fri soning. Vi går inn for at han føres tilbake til soning på Sandviken Sykehus. Der må han regne med å bli værende i lang tid"*, seier Drange til BA.

Vi ser at sjukehuset der 30-åringen sona sikringsdomen tek sjølvkritikk, medan KiF på si side ikkje kan sjå at dei har gjort noko feil i saka. Dette forholdet tek VG opp i den tosides artikkelen *"Tiet om voldsdom"* (VG 10.10.2000). "Tiet" er trykt med sær store og feite typar, og er retta mot KiF. Her vert på fyrste sida det faktum at Monica Lien utan å vete det har leigd ut hybelen sin til ein mann som tidlegare altså har vore dømd for voldtekts- og drapsforsøk, lagt vekt på. Somaliaren var under hybelvisninga ledesaga av ein saksbehandlar frå nettopp KIF, som hadde tausskapsplikt, og som ikkje sa eit ord om hans fortid som psykotisk valdskriminell. Far til Monica er rysta: *"En stor takknemlighet for at vår datter fortsatt lever og at gisselet er uskadet, er i ferd med å vike for et tiltagende raseri over norsk kriminalpolitikk, der hensynet til gjerningsmannen ser ut til å være mer fremtredende enn hensynet til ofrene"*. Han spør om omsynet til ein psykotisk, voldelig kriminell bør gå framfor omsynet til *den vanlege norske borgar*, og meiner at eit absolutt minimum av omsyn til *ofra* tilseier at gjerningsmennene bør sone ein heilt annan stad i landet enn der ugjerninga blei gjord. VG kjem med ei tilleggsopplysing om Reidar Lien: *"Lien er administrerende direktør i Bergensbanken og en av de mest kjente skikkelsene i Bergens finansliv"*. Det vert framheva at Lien har ei framtrudande stilling innan finansmiljøet, som banksjef. Eit ikkje usentralt spørsmål i denne samanheng kan stillast knytt til den enorme fokuseringa som har vist seg til denne saka, lokalt sett. Kan dette tenkjast å ha vorte forsterka på grunnlag av Lien sin posisjon? Vidare er på den andre sida av denne tosidge dekinga artikkelen *"Desperat kamp for å berge livet"* på trykk. Denne artikkelen skildrar den dramatiske hendinga relativt detaljert frå *offeret* si side, den drapstrua Monica Lien. Og mellom desse to artiklane visast eit stort bilete av ein alvorleg Reidar Lien saman med politiets kriminalteknikarar på åstaden.

Det er først fire dagar etter hendinga at avisa BT slår *stort* opp om denne saka (10.10.2000). Over halve framsida er det trykt eit bilete av far til offeret, Reidar Lien, under overskrifta *"Datteren overlevde knivdrama"*. Til bilete er teksten: *"Faren raser: Monica Lien (i sengen) overlevde så vidt knivdrapet fra den voldtektsdømte mannen. Faren hennes, direktør i Bergensbanken Reidar Lien, raser. "Jeg skulle like å vite om avdelingsoverlegen (ved Sandviken sykehus) eller ildsjelene i KIF ville latt denne mannen bo hos seg selv eller sin egen datter"*". Lien rettar her krass kritikk mot dei to institusjonane, og det kan synast som hans posisjon som kjend banksjef innan finansmiljøet gjev han autoritet i forhold til offerposisjonen. Artikkelen inne i avisa går over ei heilside, med eit nytt bilete, også her av ein gravalvorleg Reidar Lien. Det er ein artikkel som skildrar hendinga frå offeret, Monica Lien, si side, samt pårørande av offeret. Vidare er det detaljerte *offerskildringar* her: *"Hun virker bitteliten der hun ligger i sykehussengen. Hun er spinkel og spebygd og veier bare 48 kilo. Fordi hun har ME, et slags utmattelsessyndrom, er hun ekstra var for psykiske og fysiske anstrengelser. Fredag var hun i tillegg redusert på grunn av senebetennelse, et vondt kne og en fot som hun nettopp hadde tråkket over"*. Sjølv utalar ho: *"-Også ofrene har rett til å bli hørt. Derfor ber jeg om at han blir overført til en psykiatrisk institusjon på en annen kant av landet"*. I same avisa er det på neste side ein artikkel som rettar kritikk mot KiF, med tittelen *"Sjekket ikke husets beboere"*. Psykiater Berthold Grünfeld får her uttale seg, og viser til at det er to omsyn som står mot kvarandre her – tausskapsplikta mot ynsket om å informere: *"Men her i landet har lovgivere valgt bevisst å beskytte pasientene"*. Vidare får psykiateren rette kritikk mot media: *"-Slike hendelser som den i Bergen vekker alltid voldsomme reaksjoner. Og når sånt oppstår har spesielt media alltid behov for å finne noen å legge skylden på. Men dette er komplekse og vanskelige forhold"*. BT sitt fokus er vidare på omsynet til pasientane, og tausskapsplikta. Denne vinklinga forsterkast ved kronikken skriven av Reidar Lien same dagen: *"Norsk kriminalpolitikk – på gjerningsmannens side?"*. Her fortel Lien dottera si historie og rettar hard kritikk mot norsk kriminalpolitikk, og det at det synast viktigare å vareta rettane til gjerningsmenn enn til deira ofre. Reidar Lien vert også i BA dagen etter (11.10.2000) sitert på fleire uttalingar som peikar på ansvarsforhold: *"-De ansvarlige må vurdere sine stillinger"*, seier han, og er forferda over at den sinnslidande somaliaren fekk sleppe laus. *"-Min datter ble nær drept fordi noen ikke gjorde jobben sin. Jeg ønsker at de blir stilt til ansvar"*, han utelukkar difor ikkje at saka blir meld til politiet<sup>113</sup>. Han

---

<sup>113</sup> Vi kan lese i VG 13.10.2000 at Monica Lien og faren Reidar Lien har anmeldt saka, både Sandviken sjukehus og KiF i Hordaland. Dette vert gjort på prinsipielt grunnlag, for å sikre seg at saka vert grundig etterforska, slik at skyldspørsmålet vonleg skal verte avklart, seier Reidar Lien til VG. Han seier vidare at målet med anmeldinga

er opprørt over det han meiner er eit vern om dei kriminelle, og ikkje av dei uskyldige borgarane: *"-Vi kan ikke leve med et regelverk som tar mer hensyn til de kriminelle enn ofrene"*, seier Lien. Han peikar her på problematikken gjeldande den kriminelle i forhold til offeret, eit tema som dei seinare åra i større grad har kome fram i dagens lys. Om somaliaren seier han: *"-Han har misbrukt vår gjestfrihet på det groveste. I beste fall bør han sone på et annet sted av landet, men jeg har en gryende følelse av at utenlandske voldsforbrytere bør sone i sitt hjemland"*. Ein Aftenposten-artikkel kan relaterast til dette, der to sentralpolitikarar sine syn fremmast. Også dei, SV sin Olav Gunnar Ballo og Frp sin Harald T. Nesvik, er einige om at bustadutleigarar har krav på å få vite om leigebuaren er sikringsdømd (Aftenposten 17.10.2000). *"-Det er viktig å understreke at det er samfunnet som skal beskyttes, ikke den sikringsdømte"*, seier Ballo. *"-Taushetsplikten til fordel for den kriminelle må vike til fordel for rettssikkerheten for landets øvrige innbyggere"*, ytrar Nesvik. Ballo viser òg til at Erna Solberg (H) i 1996 stilte dåverande sosialminister Hill-Martha Solberg spørsmål om sosialarbeidarane si tausskapsplikt på bakgrunn av ei tilsvarande sak. Solberg lova den gong å sjå på retningslinjene, men åra har gått og det synast i følgje Ballo ikkje å ha skjedd mykje med saka. Her ser vi døme på eit tema som det er semje om mellom to politikarar tilhøyrande ulike parti, og som igjen rettar kritikk mot ein tredje representant frå eit tredje parti<sup>114</sup>.

I forlenginga av dette slår BA stort opp om sikringsdømde under fri soning og informasjon til huseigarar (BA 11.10.2000). Temaet er her gjort til framsideoppslag, og tittelen *"Holder fortiden skjult"* dominerar framsida. Vidare står her at elleve sikringsdømde som sonar i fridom rundt om i Hordaland, ikkje har informert huseigarane om rullebladet sitt. Det er òg trykt eit mindre bilete av Reidar Lien på framsida, som uttalar at det er sjokkerande at dei ikkje blei informerte om dette. Artikkelen inne i avisa har tittelen *"Elleve tikkende bomber som huseierne ikke kjenner til"*. Innleiingsvis skrivast det at: *"Akkurat nå soner 14 sikringsdømte i frihet rundt om i Hordaland. Bare tre av dem har informert huseierne om sitt rulleblad. Nå vil Justisdepartementet endre reglene"*. Det er kontorsjef Berit Drange som opplyser dette. Ho er for øvrig avbilda saman med Reidar Lien på eit stort bilete i denne tosidars artikkelen, og bildeteksten lyder slik: *"Kontorsjef Berit Drange bekrefter at Kriminalomsorg i frihet for tiden har 14 personer under fri sikring i Hordaland. –Dette er*

---

er *"... å få klarlagt om det ble handlet i tråd med retningslinjene da somalieren ble løslatt fra Sandviken sykehus og satt til soning på datterens hybel"*.

<sup>114</sup> Det sentrale er ikkje kva dei meiner om saka, men at det får "innpass" i avisredaksjonen og vert sitert. Vidare er det interessant å sjå dette i samanheng med kapittel 5.0, gjeldande kriminalpolitiske utspel og syn på den kriminelle.



*sjokkerende. Jeg trodde det var en glipp at vi ikke var informert, sier Reidar Lien, far til Monica Lien, som fredag brutalt ble overfalt av sin leieboer*". Drange grunnjev den manglande nabovarslinga med personvern og tausskapsplikta for KiF. På spørsmål frå BA om korleis dei kan vite at dei 14 personane ikkje finn på noko straffbart igjen, seier ho: *"-Vi har ingen garanti for at ting ikke kan skje igjen. Men vi har en tett oppfølging av disse personene, og vi vil fange opp signaler når tilstanden forandrer seg"*. Justisdepartementet vurderer som følgje av Landås-dramaet å endre retningslinjene. *"-Dette er et dilemma vi vil se nærmere på"*, seier ekspedisjonssjef Erik Lund-Isaksen. Han stadfestar òg at Justisdepartementet hadde godkjent at somaliaren fekk sleppe ut frå Sandviken sjukehus og sone under friare forhold.

Ein BT-artikkel føl opp saka med ei anna vinkling – eit fokus på politimannen som blei angripen av somaliaren under dramaet (BT 11.10.2000). Dette er førstesideoppslag, med bilete av politimannen. Det opplyst at han har anmeldt den sikringsdømde somaliske mannen for drapsforsøk. Inne i avisa skildrast det i artikkelen *"Forsøkte å drepe politimann"* ein dramatisk historie, sett frå politimannen sin ståstad. Hendinga er skriven i notid, noko som gjer dramatikken meir "levande" og direkte for lesaren. Det er som å lese ein kriminalroman: *"I samme øyeblikk som han ser somalieren igjen, ser Brattlie til sin forferdelse at han har tatt Brattlies lille nabo, Gard Morken (11) som gissel. Somalieren holder et kraftig tak rundt guttens overkropp, og har fortsatt kniven i hånden"*. Vi ser òg eit bilete av guten som gjenforeinast med sine foreldre. Vidare får politimannen ros, både av foreldra til Gard, og informasjonssjef Trygve Hillestad, for sin "forbilledlige innsats" (ref. Hillestad). På neste side trykkjast artikkelen *"Justisminister vil ha varsling"*. Her varslar justisminister hanne Harlem til BT at ho no vil gå inn i saksfeltet for å finne ut i kva type saker varsling bør verte betre, men at det er for tidleg å vete kvar grensa skal trekkjast. I tillegg til at justisministeren her uttalar seg, er det òg henta inn uttalingar frå to andre sentralpolitikarar, Olav Gunnar Ballo (Sv) og Høgre mannen Bjørn Hernæs, der førstnemnde er imot at ein ikkje kan varsle om dom, og Hernæs meiner at naudverjeretten må vege minst like tungt som tausskapsplikta. Det sentrale er korleis uttalingane frå sentralpolitikarane er på offeret si side, noko som svekkar budskapet om eit syn på den kriminelle som å trenge hjelp. Hovudvekta ligg på samfunnet rundt den kriminelle gjerningsmannen: *"Vi må kort sagt finne ut om samfunnets måte å beskytte seg på er god nok"*, hevdar Harlem. I artikkelen *"Skremt og opprørt"* på same sida, får nokre som ser seg som potensielle offer uttale seg til BT. Gørild Teigen, nabo til Monica Lien: *"Det kunne vært datteren min som ble tatt som gissel"*, seier ho og ser alvorleg på journalisten. Fotografen har òg teke bilete av dottera Anna (5) og mora ute i hagen deira – ei

uskyldig lita jente kunne etter denne relativt spekulative artikkelen å dømme vore offer for den dramatik som 12-åringen Gard fekk oppleve. Vi kan vidare lese om byretten som frykta gjentakingsfare for somaliaren, men at han likevel blei godkjend for frisikring av Sandviken sjukehus, KiF og Justisdepartementet, jf. BA overfor. Same dagen rettast fokuset mot fleire hald som hevdar at mange psykisk sjuke set i fengsel, som ikkje burde sitje der, samt at dei vert vurderte feil: *"Sinnssyk pedofil på åpen sikring"*, er tittelen på den første av denne typen artiklar (BT 11.10.2000). Denne innleiast slik: *"I juli slo retten fast at det var stor fare for at den pedofile og sinnssyke mannen kunne begå nye overgrep mot små barn. En måned senere fikk han åpen sikring"*. Igjen rettast det kritikk mot fagvurderingar. Det vert avslutningsvis fortalt om innsette som klinar til cella med avføring, som kan tolkast som ei forsterking av kor gale det kan gå om psykisk sjuke plasserast i fengsel.

Lova om strafferettslege særreaksjonar<sup>115</sup> vert trekt fram i BT sin neste artikkel, som har tittelen *"Kan dømmes til terapi"* (BT 12.10.2000). Det påpeikast at denne nye lova sitt hovudmål er å møte dei sinnslidande sine behov for behandling, samtidig som ein vernar samfunnet mot nye lovbrøt. Det er avdelingsdirektøren i JD som seier dette<sup>116</sup>. Same dagen finn vi artikkelen *"-Gi sikringsdømte kommunale boliger"*. Her står Stig Høisæther, leiar for Leieboerforeningen i Bergen, fram med ei anbefaling om at dei sikringsdømde får leige kommunale bustadar, då det er til skade for tusenvis av lovlydige leigetakarar at sikringsdømte forbrytarar fritt får leige bustadar på det private markedet. Vidare framhevar jurist Terje Dahl at Huseierforeningen også er skeptiske til at personar under fri sikring får leie fritt utan at huseigarane informerast.

Ei detaljert skildring av fortida og livet til den 30 år gamle somaliaren kan vi lese i VG sin artikkel *"30-åringen sier han hører stemmer som ber ham drepe. Nå sitter han fengslet for drapsforsøk"* (VG 13.10.2000). Artikkelen innleiast slik: *"Sammen med familien flyktet han fra borgerkrigen i Somalia. Nå har han utløst en storm av raseri i Norge"*, og skildrar vidare bakgrunnen hans punkt for punkt. Det vert mellom anna fortalt om familiære forhold i Somalia, når han kom til Noreg, ulike lovbrøt han har gjort, innlegging på sjukehus, sjølvdrapsforsøk, valdtektsforsøk, sikringsdom og dei siste hendingane. Vi ser her eit døme på

---

<sup>115</sup> Lov om særreaksjonar av 17. januar 1997 nr. 11 (i kraft 1. januar 2002 iflg. lov 15. juni 2001 nr. 64).

<sup>116</sup> Parallellane kan trekkjast til kapittel 4.0, og forteljinga om auka fokus på innhaldet i soninga i fengselet. Vi ser her parallellar i organisering og tilrettelegging for den kriminelle i institusjon og fengsel, sjølv om det er ulike typar kriminelle det er tale om.

korleis media detaljert skildrar *den enkelte forbrytar*, og slik kan fremme ein bodskap om ”den kriminelle”.

I artikkelen *”Han ville voldta og drepe den 32 år gamle husverten”* vert det lagt vekt på den brutale framferda til somaliaren (BA 10.10.200). Vi vert presenterte ulike detaljar. Han trengjer seg inn i leilegheita hennar og truar ho der på livet med kniv. Han truar med å drepe ho om ho skrik. Kvinna vert pressa opp i eit hjørne og freista avkledd, men ho kjem seg i eit ledig augeblikk fri og får rope om hjelp. Då stikk somaliaren kniven i låret hennar. Mannen sin forsvarar, Jostein Alvheim, meiner det er heilt unødvendig å be om varetekt for mannen: *”-Han er ikke ferdig med sin forrige sikringsperiode. Å gjøre om sikringsmidlene slik at vi får plassert han i en institusjon, vil ikke være noe problem. Fengsel er så avgjort ikke noe sted for min klient”*, seier Alvheim. Han var forsvarar også under sikringssaka i 1996. Vi ser igjen ei eksemplifisering på dilemmaet som kan oppstå mellom psykiatrien og jussen gjeldande kvar ein lovbrutar høyrer heime; i fengsel eller på institusjon.

Sandviken sjukehus kallar som ein direkte konsekvens av knivdramaet på Landås tilbake ein av sine utskrivne pasientar, samtidig som overvakinga på avdelingane strammast inn (Aftenposten 17.10.2000). Etter det BA kjenner til grunnast dette i ei frykt for at Landås-saka kan gje ei smitteeffekt også overfor andre pasientar på sjukehuset. Dette utdjuvar direktør Kjell Håland nærare dagen etter (BA 12.10.2000): *”-Generelt når det skjer episoder i samfunnet, det være seg drap, ulykker eller andre ting der psykiatriske pasienter er innblandet, er vårt personale på vakt”*. Sjukehusleiinga fryktar at pasientane skal bli påverka og bli urolige av det ei les i aviser, høyrer på radio og ser på TV, men svarar negativt på spørsmålet om ein ikkje kan nekte pasientane tilgang til medier: *”-Nei. Vi lever i et humanistisk samfunn. Jeg synes for øvrig at man ikke skal hause opp dette som nå har skjedd mer enn nødvendig”*. Vidare synast ikkje Håland at det er riktig å lempe på dei sjukehusinnsette si tausskapsplikt, og seier at det er eit spørsmål som Justisdepartementet må sjå nærare på. Han får full støtte av sin sjefslege Åsa Bjørndal: *”-Dette går på de psykiatriske pasientenes rettigheter. Vi er i et fag hvor taushetsplikt er viktig for å lykkes med det terapeutiske arbeidet [...] Pasienter må ikke bli redde for å bruke behandlingsapparatet”*. Fleire uttalingar frå ulike hald er med i denne artikkelen. Frå politisk hald meiner Frp sin gruppeleiar Arne Sortevik at ein må la tryggleiken for liv og eigedom kome først, ikkje omsynet til den kriminelle: *”-Hensynet til samfunnets lovlydige borgere blir åpenbart skjøvet til side”*, tordnar Sortevik, i følgje BA. Vi ser parallellane til Reidar Lien sine argument.

Fredag 13.10.2000 har BA på trykk artikkelen: *"Huseierforeningen lei av fyll og trusler"*. Her vert det skrive om korleis Huseierforeningen i Bergen reagerar kraftig på at KiF held informasjon om sikringsdømde hemmeleg, og at utleigarar bør ha krav på å få vite om leigetakaren er sikringsdømd: *"-Vi får regelmessig høre om fest, fyll og vold. Som forening kan vi ikkje gjøre stort annet enn å oppfordre husverten til å sende en advarsel. Å si opp en leieboer i dag er ikkje enkelt. Derfor er det ekstra viktig for huseier å være nøye med utvelgelsen"*, dette understrekar den juridiske rådgjeveren. Dagen etter står den tosides artikkelen *"-Urimelig leieboer-skjekk"* på trykk i den same avisa. Artikkelen har òg eit stort bilete av Stig Høisæther i leieboerforeningen og Terje Dahl i Huseierforeningen på trykk. Huseierforeningen hevdar saman med Leieboerforeningen at informasjonen frå *det offentlege* om psykiatriske pasientar og sikringsdømde må verte betre (Bergensavisen 14.10.2000). Stig Høisæther i Leieboerforeningen meiner det beste er å gje sikringsdømde eigne, kommunale bustadar åtskilt frå naboane. Terje Dahl uttalar her at: *"-Det offentlige må ta større ansvar, og ikke skyve problemene over på oss"*. Men einigheita stoppar med denne kritikken retta mot det offentlege. *"Man kan trygt si at det ble et heftig møte"*, er karakteristikken som vert gjeve av møtet. Vi får så gjengjeve ein del krasse argument frå begge hald gjeldande den nye husleigelova. Til Huseierforeningen sitt forslag om at leigebuarane skal vise fram attestar og referansar før kontrakten inngåast rasar Stig Høisæther at det er på kant med personvernet: *"Kommer man løpende med slike skjemaer blir det ren svartelisting av leieboere. Folk kan bli stemplet som bråkmakere, og får aldri mer tak i leiligheter. Dette forslaget stigmatiserer en hel gruppe"*. Han kjem med sterke uttalingar her: *"-Forkastelig! Dette er verdens dårligste forslag"*.

Eit interessant aspekt ved denne saka er at gisseldramaet fører til at utleigereglane til sikringsdømde vert endra, ei sak BT slår stort opp om både på framsida om inne i avisa (BT 19.10.2000). På framsida kan vi lese at: *"Harlem skjærper utleiereglene"*. Til biletet av Harlem som er trykt på framsida er teksten: *"Handlet raskt: Justisminister Hanne Harlem vil forsikre seg om at utleiare får vite det hvis de leier ut til sikringsdømte"*. Husvertar som leiger ut til sikringsdømde har etter lovendringa rett til å informerast om leigetakaren sin kriminelle bakgrunn. Dette opplyser justisminister Hanne Harlem i Stortinget sin spørjetime 18.10.2000. Knivdramaet står sentralt i denne spørjetimen, og sosial- og helseministerane får fleire spørsmål knytt til dramaet. Vi kan i artikkelen *"Utleier får vite om kriminelle"* lese at justisministeren handlar raskt på grunn av knivdramaet på Landås. *"-Vi kan ikke akseptere at*

*private huseiere risikerer å bli et element i en løslatelses- og rehabiliteringsprosess uten å vite det. Justisdepartementet har allerede begynt arbeidet med å revidere retningslinjene for saksbehandlingen, for å unngå at det som skjedde i Bergen skjer igjen*", sa Harlem i Stortinget. Knytt til denne heilsides artikkelen ser vi Harlem ståande med fleire mikrofonar retta mot seg, tydeleg i ein situasjon der ho må svare til pressa. Biletteksten lyder: *"Tar grep: Justisminister Hanne Harlem måtte i går svare på tre spørsmål i Stortingets spørretime om knivdramaet på Landås. Harlem lovet at nye regler om taushetsplikt og informasjon om kriminelle er på vei på flere områder"*. "Knivdramaet på Landås" er på dette tidspunkt vorte gjenstand for nasjonal kriminalpolitisk merksemd, og det verkar sentralt å få fram at den har fått omfemnande konsekvensar i favør av huseigar. Vidare bringast det i denne artikkelen fram synspunkt frå ulike hald – noko som kan syne avisa si vinkling av saka. Reidar Lien både kommenterar og er avbilda: *"-Jeg synes det er veldig positivt at justisministeren raskt har grepet tak i denne alvorlige saken"*. Han syns dette er eit steg i riktig retning: *"-Jeg håper de nye reglene blir raskt gjennomført også i praksis"*, seier han og syns likefullt det er eit tankekors at det skal ei så alvorleg hending til før noko konkret skjer. Også Janneche C. Lindtner, som har ansvar for den daglege drifta av Huseierforeningen i Bergen, ytrar seg og er avbilda, og meiner at samfunnet må verne private borgarar, ikkje berre dei kriminelle: *"- Derfor må det åpnes for mer informasjon samtidig som et visst taushetsvern opprettholdes"*.

Men forslaget møter òg motstand, som media trekkjer fram: *"-Jeg går sterkt imot justisministerens forslag om informasjon om kriminelles bakgrunn. Da skaper vi et gapestokksamfunn"*, seier Stig Høisæther i Leieboerforeningen, også han er avbilda. Også Olaf Bryner i Huseiernes landsforbund i Bergen er betenkt over Justisministerens forslag: *"- Tanken om å informere er god, men dette vil ikke fungere i praksis. Det blir som å sende en mann ut i fangedrakt for å søke om leilighet. Ingen vil ha ham [...] Det blir en for sterk inngripen i personvernet om alle sikringsdømte skal informere om sin bakgrunn"*. Både Høisæther og Bryner er av den formeining at myndigheitene *sjølve* må skaffe bustadar med tilsyn og butrening til personar som dei ser at samfunnet må vernast mot, og ikkje overlate dette til private huseigarar. Knytt til dette har BA på trykk artikkelen *"Nå skal de advares"* (BA 04.11.2000). Her skrivast det om korleis gisseldramaet på Landås no får konsekvensar. Justisdepartementet har gjeve KiF beskjed om at private utleigarar skal informerast når sikringsdømte skal leige bustad.

I BT kan vi dagen etter i ein mindre artikkel lese om ein 40 år gamal sikringsdømd som hevdar at sikring ikkje fungerer (BT 20.10.2000). *”-Jeg ville heller hatt åtte års fengsel, enn tre år i fengsel og fem års sikring. Hadde jeg fått sone alle årene, ville jeg vært ferdig med alt når jeg slapp ut. Nå blir jeg kontrollert stadig vekk. Friheten er minimal. Jeg har ikke lyst til å jobbe så lenge jeg er på sikring. Når arbeidskolleger får vite at jeg er på sikring, fryser de meg ut. Jeg har opplevd det før. Det går ikke an å leve slik”*. Her ser vi døme på korleis media kan trekkje fram den enkelte kriminelle, og sitere vedkomande sine meiningar om sitt eige tilvere. Det er krasse og bastante standpunkt retta mot sikringsinstituttet vi ser her. ”Petter” er av den oppfatning at det vil gjere vondt verre at huseigar no skal ha krav på å vite om ein leigebuar er sikringsdømd, og han meiner at du kan like godt hive folk i gapestokken.

Same dagen trykkjast leiarartikkelen *”For langt”* i BT. Her støttast justisminister Hanne Harlem når ho vil sikre utleigarar mot uvitande å få valdsdømde sikringsfangar i huset. Men ho vert her sett som å gå for langt når ho vil varsle nabolag mot folk som har sona ferdig både fengselsstraff og eventuell sikring. Det visast her til episoden på Landås, og vert peika på at Monica Lien ikkje fekk vite at somaliaren var dømd for mellom anna valdtektsforsøk. *”Selvsagt er det uakseptabelt at mennesker på denne måten blir brikker i et rehabiliteringsopplegg”*. Synspunktet som vert hevda er at samfunnet må sørge for at folk på sikring busetjast i eigne bustadar, til dømes i blokk: *”En eventuell ekstrakostnad er den ekstra sikkerheten verdt”*. Det vert derimot teke avstand frå eit anna signal Harlem vert hevda å ha sendt ut samtidig. I eit rundskriv vil ho pålegge politiet å varsle institusjonar – som barnehagar – og privatpersonar oftare om *”pedofile og andre potensielt farlige som opprettholder seg i nærmiljøet”*. Leiaren viser til at rettsstaten er bygd opp nettopp for å hindre at nokre erklærast fredlause eller at andre tek *”lova”* i eigne hender. Vi ser her korleis det visast til rettssikkerheita til den kriminelle, eller rettare sagt eks-kriminelle: *”Slik informasjon vil kunne inspirere den typen folkemobb vi har sett i Bergen den senere tid, og føre til at mennesker som har sonet sin straff må flykte fra sted til sted”*. Det kan kanskje indirekte lesast som eit syn på at òg den kriminelle har rett på å leve som *”den vanlege borgar”* etter enda soning. Sett i samanheng med artikkelen inne i avisa, *”Sikring fungerer ikke”*, syner artikkelen saman ei vinkling sett frå den kriminelle si side, og er samtidig eit døme på korleis ei avis sine leiarartiklar ofte må sjåast i samanheng med dei øvrige artikkelen om saka.

BT føl opp denne problematikken med artikkelen *"-Tar meg på grunn av gisselsaken"* (BT 28.10.2000). Det forteljust her om ein annan fange, som meiner han er offer for knivdramaet på Landås. For tredje gong på kort tid er ein sikringsdømd i Bergens-distriktet henta inn frå fri sikring, fordi politiet meiner det fare for nye straffbare forhold. *"-Jeg har klart meg veldig fint i det siste, men nå ser det ut som om alle som er på åpen sikring skal hentes inn etter det som skjedde på Landås"*, seier den 38 år gamle mannen som er blitt pågripen og framstilt for fengsling. Politiet på si side meiner han har brote sikringsvilkåra ved å ruse seg, og at han har vore aggressiv den siste tida. Sjølv seier han til BT: *"-Jeg har hatt rusproblemer hele mitt liv, men har klart å holde meg rusfri siden jeg ble løslatt. En eneste glipp burde ikke være nok til at jeg blir fengslet igjen. Det ødelegger alt, nå som jeg har fått jobb gjennom KIF og endelig har et sted å bo"*. Vidare visast det til at den offentlege debatt har rast rundt bruken av sikringsmidlar etter Landås-saka. Eit anna liknande forhold er ei hending der ein 29 år gamal mann som av legen blei sett som å vere eigna for frisikring blei taua inn igjen. Dette kan vi lese i artikkelen *"Offer for knivdrama"* (Bergensavisen 18.10.2000). *"-Jeg er blitt offer for et system som skal redde ansiktet sitt etter gisseldramaet på Landås. Jeg har holdt alle avtaler og var godt i gang med å starte mitt nye liv"*, hevdar mannen overfor BA. Frå fagleg hald uttalar sjefslege Åsa Bjørndal ved Sandviken sjukehus seg: *"-Det ligger en grundig faglig vurdering bak. Gisseldramaet har selvsagt vært en viktig del av denne vurderingen. Det viser seg å ha påvirket flere pasienter"*. Ved KIF avvisar kontorsjef Berit Drange at det skal vere noko delte meiningar mellom instansane: *"- Situasjonen for ein pasient kan endre seg fort. Årsakene til det kan være mange. Akkurat denne konkrete saken kan jeg derimot ikke kommentere"*. Overskrifta *"Offer for knivdrama"* med feite typar, og *"29-åring hentet tilbake fra frisikring etter Landås-dramaet"*, kan tolkast som ein bodskap om urettferdige konsekvensar for *gruppa* kriminelle, som resultat av det *ein* gjerningsmann har gjort seg skuld i. Ein annan artikkel som fokuserar på at den kriminelle kan vere feilplassert er på trykk i BT med tittelen *"-Blir sykere i fengselet"* (BT 17.10.2000): *"I tre dager har en sterkt sinnslidende mann vært plassert på glattcelle, trass i at alle instanser er enige om at han blir sykere av å sitte i fengsel"*. Det fokuserast her på manglande tilbod, og at vedkomande er ei sak for psykiatrien. Vidare visast det til Landås-saka: *Mannen skal blant annet ha kommet med foruroligende uttalelser til sin tilsynsfører fra KiF. Uttalelsene tydet på at mennene var sterkt opptatt av knivdramaet på Landås i forrige uke, der en sikringsdømt mann angrep to personer og tok en 12-åring som gissel"*.

I artikkelen *"Sikringsfangene klager på ledelsen ved Sandviken"* kan ein lese at som følgje av innstrammingane ved Sandviken sjukehus, som igjen var ein følgje av Landås-dramaet", skriv seks av dei ti innsette på den strengast bevokta avdelinga eit felles klagebrev til leiinga (Bergensavisen 31.10.2000): *"Vi som pasienter her ved avd. FKS (den fylkeskommunale sikkerhetsavdelingen) syntes ikke det er riktig at vi skal være skadelidende som en konsekvens utav en annen pasients handling og misbruk av institusjonens tillit og vurdering av denne pasients psykiske tilstand"*. Men denne artikkelen utgjer ein mindre del av det som kan verke som å vere hovudbodskapen på denne sida: *"-Har rømt flere ganger tidligere. Jevnlige fluktforsøk fra lukket avdeling"*. Igjen er det Siri Nome som må "til pers", og ho stadfestar at pasienten som stakk av og rana Spar-butikken på Birkebeinersenteret nokre dagar før, har rømt frå sikkerheitsavdelinga fleire gongar tidlegare. Vidare i BA: *"Hun er lei seg for at sykehuset på ny får negativ omtale. For tre uker siden gikk en sikringsdømt pasient amok på Landås, tok en gutt som gissel og knivstakk husverten"*. Sjukehusdirektør Kjell Håland uttalar at han vil sjå nærare på rutinane som følgje av rømminga i helga: *"-Sykehuset ser selvsagt alvorlig på denne saken, og jeg kan love at den vil bli fulgt opp internt"*, seier han. Vi ser at Landås-saka kan ha fått konsekvensar for *andre* enn dei innblanda.<sup>117</sup> Vidare står det i denne artikkelen om det nye sikringsinstituttet som skal kome frå årsskiftet (2001/2002)<sup>118</sup>. Dette gåast det imidlertid ikkje vidare inn på her.

---

<sup>117</sup> Rettssaka har nyleg funne stad i Bergen byrett (per mai 2002). I ein artikkel frå i Bergens Tidende (30.11.2001) kunne vi lese at *"Sikringsfangen som angrep sin kvinnelige husvert med kniv, og deretter tok en tolvåring som gissel på Landås i oktober i fjor, risikerer 15 års fengsel dersom han kjennes skyldig etter tiltalen som statsadvokaten i Hordaland har tatt ut"*. Den sikta måtte i retten svare for to drapsforsøk, eit valdtektsforsøk, to tilfelle av fridomsfrårvøving, drapstrugslar samt vald mot offentleg tenestemann. 24.04.2002 blei Abdi Aadan (som no òg er vorte namngjeven i avisene) dømd til forvaring i 12 år (BA 25.04.2002). Mannen blei dømd for drapsforsøk på Monica Lien og politimannen som kom til staden. Han blei også dømd for å ha freista å voldta Lien og for å ha tatt 12-åringen som gissel. Men han ble derimot frikjend for tiltala om at han skal ha utsett sin kvinnelige husvert for fridomsfrårvøving (BT 25.04.2002). Som ein kuriositet kan det nemnast at lokalavisene bringar fram i lyset ein skarp kritikk av politiet si handtering av gisseldramaet, med fokus på ein rapport som blei skriven av ein involvert tenestemann like etter dramaet: *"en rapport som konkluderer med at politiet kan takke høyere makter for at liv ikke gikk tapt"* (BT 19.04.2002). *"Hordaland politidistrikt har hele tiden betegnet sin håndtering av dramaet som en suksess. Nå slår fasaden sprekker"* (ibid).

<sup>118</sup> Sikring er i dag avskaffa og erstatta med forvaring. Forvaring er ei straff for farlege, tilregnelige lovbrutarar, som blei innført ved årsskiftet 2001/2002 (utilregnelege, derimot, vert dømde til tvungen behandling i psykiatrisk institusjon). Intensjonen med forvaring er at den dømde skal få eit betre aktivitets- og behandlingstilbod i fengselet (BT 29.12.2001). I ein faktaartikkel i BT (06.02.2002) kan vi lese at: *"De nye bestemmelsene fjerner sikringsinstituttet og skiller mellom håndteringen av tilregnelige og utilregnelige lovbrutere. Det er tilregnelige lovbrutere som skal holdes i forvaring i tillegg til straff når dette er nødvendig. Lovbrutere som blir vurdert som utilregnelige, er syke mennesker som skal behandles, ikke straffes"*.



## 6.5 Oppsummerande aspekt

*Austbø-saka* var gjenstand for stor merksemd i alle avisene utvalde for denne studien sitt fokus (Aftenposten, BT og Dagbladet). Særleg Dagbladet utmerkar seg med omfattande dekking av saka. Eit sentralt aspekt ser ut til å vere relativt detaljerte skildringar av ofra og deira situasjon, samt påpeikingar av det tragiske ved hendinga. Opprivninga av det elles så rolege øysamfunnet er definitivt eit aspekt som avisene vektlegg. Vi kan kanskje sjå tabloidavisene som å vere meir ”intime” og nærgåande enn dei meir ”seriøse” avisene. Døme på ulik biletbuk kan syne dette.

Den andre saka, *Sykkylven-saka*, fekk mindre merksemd. Likevel kan den seie noko om budskapen om den kriminelle med media som arena. Noko som utmerkar seg er at BA ikkje dekkjer denne saka med ein einaste artikkel, samt at BT berre har eit par spalteartiklar. Det er dei tabloide, landsdekkjande avisene som framstiller saka i dramatiske vendingar. Det vert i framstillinga av denne saka lagt stor vekt på at den kriminelle her er ein sjuk og einsam mann som treng hjelp. Vidare at han dagen før drapet av sin sambuar, som òg er psykiatrisk pasient, hadde freista få denne hjelpa hos kommunelegen, men vorte avvist. Framstillinga i fleire ulike artiklar, og frå ulike aviser gjev oss inntrykket av at det er systemsvikt som må sjåast som årsaka til denne hendinga, og ikkje i hovudsak gjerningsmannen sjølv.

Det vi har kalla for *Landås-saka* er den saka som her er trekt fram og vurdert i størst grad jamt over. Denne er særleg interessant på grunn av den omfattande bruken av feite typar, dramatiske skildringar og ikkje minst, dramatiske bilete, som særleg i lokal avispresse vert brukt for å fremme ein budskap om den kriminelle. Både BT og BA har langt breiare dekking av denne saka enn det som er tilfelle for hovudstadsavisene, noko som kan sjåast i samanheng med sakas lokale karakter. Det vert vidare i svært mange artiklar synt bilete av væpna politistyrkar som stormar åstaden og løyse gisselsaka. Dramatikk ser ut til å vere ein verkemiddel det vert spelt sær mykje på, i stor grad i BA. Også Dagbladet og VG dramatiserar, men dekkar saka berre dei to fyrste dagane etter hendinga. Vidare har vi sett at dette er ei omstridd sak, som går like til Stortinget. Den fører til at reglane for utleige av bustadar til sikringsdømde vert endra. Det er imidlertid ikkje noko nytt fenomen at media påverkar opinionen og såleis endrar politikarane sitt handlingsrom (Eide og Hernes 1987). Det sentrale er korleis det her kan utarte seg i forhold til kriminaliteten som eit problem, der media *sjølv* er ein aktør, både på sin eigen arena og overfor andre.

Felles for budskapen knytt til sakene er avisene sitt fokus på det som dreiar seg om ekspertkunnskap gjeldande den psykisk sjuke kriminelle, og eventuelle vurderingar med tanke på *risiko* og *fare* for gjentaking. Dette vert det i varierende grad vist til, særleg på lokalt plan. Her får psykiatrien i særleg stor grad kritikk. På det nasjonale plan, vert det oftast retta fokus og kritikk mot politikarane. Vidare går ulike ytringar i lei av fokuset på manglande *ressursar*, noko som òg syner seg å vere ein gjengangar for sakene. Eit anna sentralt aspekt er konsekvensane slike saker kan få for andre sikringsdømde enn dei som har vore innblanda i hendingane.

Trass i skiljet mellom arenaene i framstillingane i kapittel 4.0, 5.0 og 6.0, kan vi skimte samanhengar mellom dei. I studien sin neste del, vert desse skilja utfordra og oppløyse. Arenaene skal etter kvart sjåast i eit meir heilskapleg perspektiv, då fokuset mitt i tillegg til budskapen om den kriminelle er knytt til eventuelle verknader som medietalen kan gjeve seg utslag i.

## 7.0 Avvik og identitet. Ei analyse av diskursar kring den kriminelle innan fengselsinstitusjon, politikk og media

*”Språk og samfunn, diskurs og praksis, kan ikke løsrives fra hverandre. Å føre en diskurs er å utøve en praksis, som i sin tur er sammenvevet med andre praksiser”*

(Foucault 1999:61)

### 7.1 Innleiing

Dei tre kapitla i studien sin førre del har vore gjenstand for varierende forteljingar knytt til den kriminelle. Den fyrste forteljinga var den vi kunne finne på den fengselsinstitusjonelle arenaen, om bruken av program som ein del av fengselssoninga sitt innhald. Ny Start programmet utgjorde eit uttrykk for ei slik satsing, der fokuset ved denne modellen var knytt til den kriminelle sine kognitive ferdigheitar og korleis desse kan endrast. Kriminalomsorgsmeldinga frå 1997 utgjorde eit vendepunkt, ved at det frå politisk hald blei uttrykt ei satsing særleg på programverksemd som det sentrale verkemiddel knytt til gjengangerproblematikken. Dette som eit ledd i det overordna målet om redusert tilbakefall. Til sist såg vi korleis mediearenaen fremma sin bodskap om den kriminelle med eit fokus på enkeltsaker og enkeltskjebnar gjennom dramatiske framstillingar av kriminalsaker.

Dette kapitlet skal bringe til overflata korleis arenaene via ulike språkdrakter kan gje den kriminelle identitet og ”natur” eit meiningsinnhald. ”Den kriminelle” vert slik eit produkt av talen – ein språkleg effekt. Siktemålet er å gå *utover* den tale som aktørane sjølve kjenner seg att i. Ved å sjå etter det uuttala og det ordause som dei sjølve ikkje ser, kan språkets diskursive makt avdekkjast. Diskursane vert sett som å ha sitt opphav i ulike *menneskesyn*, då desse uttrykkjer grunnleggjande oppfatningar om kva det vil seie å vere menneske. Omgrepet om menneskesyn sjåast her i si mest utvida form - som å vere knytt saman med ulike verdisyn<sup>119</sup> tillagt den kriminelle, og som å variere i tid og rom og vere i stadig utvikling. Innleiingsvis er det viktig å poengtere at det etter kvart som diskursar og menneskesyn trer

---

<sup>119</sup> Omgrep som verdiar, haldningar, norm, etikk og moral inngår i ein slik femnande samanheng.

fram i analysen, vert sentralt å tenkje i ein vidare og større samanheng knytt til det potensialet som desse talene har gjeve meg. Dette i form av å kunne komparere og sjå samanhengar i spennvidda mellom fengselsinstitusjon, politikk og media knytt til ”den kriminelle” som eit definerbart omgrep, for ”[i]ntet befinner sig mer i hjertet af vores samfund og dets magtvirkninger end den gales ulykke eller den kriminelles vold” (Heede 1992:36).

## 7.2. Fengselet og disiplinering

Dette avsnittet skal omhandle synet på den kriminelle i meiningsrommet kring Ny Start, knytt til Foucault og hans teoretiske omgrep om disiplinens maktmekanismer. Det nye som har kome til i kriminalomsorga og ved det fengselsinstitusjonelle innhald i soninga er dei eksplisitte ytringar om *det enkelte individ sine behov*. Dette kan umiddelbart synast som ei dreining frå eit samfunnsretta perspektiv til meir individsentrerte haldingar som *ser* mennesket også i den innsette kriminelle. Eg vil her setje Foucault si tese om denne allstadesnærverande og einsretta disiplineringa innan fengselsinstitusjonen i forhold til eit program som Ny Start og dei meiningsdimensjonar som omgjev dette. Kan det trekkjast parallellar mellom denne tesen og programmet sine føresetnader, eller kan vi skimte at ein meir positiv, og *aktivt* status vert gjeven den innsette kriminelle – subjektet – gjennom den faglege trua på og vektlegginga av individet sine endringsmoglegheiter knytt til Ny Start?

### 7.2.1 ”Det enkelte individ” i fengselet

Ny Start og liknande program har fått vekse fram og blitt sett i verk på bakgrunn av ein type optimisme og entusiasme knytt til behandling og rehabilitering innan fengselsmurane. Å kunne påverke subjekta si sjølvanning og vidare kunne auke deira evner og kompetanse er argument som føl med denne positiviteten. Det enkelte individ sine behov vert hevda å vere meir i fokus gjennom nye programverksemder i fengselet. Ulike program skal anvendast for å kunne endre den enkelte kriminelle til å kunne leve eit kriminalitetsfritt tilvere: *den innsette må i mykje større grad ta ansvar for sitt eige liv enn før, du har å gjere med ei i mykje større grad individsentrert tenking på dette feltet enn før* (intervju med Torfinn Langelid 06.04.2001 – mi understreking). Det enkelte individ trekkjast inn i den dominerande tale om program generelt. Gjeldande Ny Start er fokuset særleg eksplisitt, då målet er å endre kognisjonane til den kriminelle. På bakgrunn av programmets føresetnadar skal den innsette utvikle større grad av livsmeistring, og det er ”*fangen sine behov som er utgangspunktet og avgjerande for tilrettelegging av opplæringstilbod. Fangen har ein kompetanse på eiga forhistorie, på kunnskapen om eigne behov og føresetnader*” (Langelid 1995:6). Programmet freistar å

påverke dei innsette sine underliggjande tenkjeprosessar eller det sjeleliv der åtferda har sitt opphav, og er på bakgrunn av dette omgjeve med positive syn knytt til at kan framtone positivt når *tenkinga er forandret, at du da er satt mer i stand til å mestre livet ditt, og at det er den viktige biten* (intervju med Leiv Waage 04.04.2001). Det synest som om aktørane sjølve oppfattar Ny Start som å vere grunna i *”eit positivt menneskesyn med tru på den innsette sine utsikter til å leve som eit lovlydig individ med føresetnader om vekst, utvikling og endring”* (Langelid 1995:4).

Det vert vidare lagt vekt på at den enkelte i større grad kan ta *ansvaret*, samt gjerast ansvarleg, for kontroll og styring over sitt eige liv: *”Det benyttes flere undervisningsmetoder i programmet. Det viktigste er kursledernes evne til å skape en god dialog med deltakerne. Det er ikke kurslederne som skal formidle hva som er riktig eller galt, men de skal i dialogen med deltagerne være spørrende og utfordrende til refleksjon og bevisstgjøring. Det har mye større effekt når ideer og forslag kommer som resultat av en aktiv prosess fra kursdeltagernes side, enn om de skal bli fortalt ulike fasitløsninger”* (Danielsen og Meek Hansen 1997:14 – mi understreking). Eksempelvis er rollespel ein metode som er flittig brukt, og *”tvinger kursdeltagerne til å være aktive, og det kan være nyttig for å redusere sosial angst”* (ibid:14 – mi understreking). Slike ytringar kan gjeve den kriminelle status som eit *aktivert endringssubjekt* som sett i samanheng med endringar i resten av samfunnet ”tvingar” også den kriminelle inn i det å aktivt skulle skape sitt eige liv og sjølv, skulle danne sin eigen identitet osv. *Innsatte skal bli mye mer aktive og deltagende, og fengselet skal tilrettelegge for en slik aktivitet* (intervju med Leif Waage 04.04.2001). Kanskje kan det at Ny Start har slått rot i delar av den norske fengselsinstitusjon samt til ei viss grad breia om seg, sjåast som ein prosess der ei mindre grad av foucaultiansk-oppfatta mekanismar i forhold til straff og behandling synast å vere i spel?

### 7.2.1.1 Fengsel og identitetsdanning

Eit slikt ansvar for eigen identitet og eige liv som synast å verte tillagt den innsette kriminelle kan vidareført sjåast i samanheng med at det sosiale er i endring fordi klassar og tradisjonar ikkje lenger gjev individet ein stabil identitet. Individet si fristilling i forhold til tidlegare strukturelle begrensingar har ført til at den enkelte sjølv må utforme sitt eige liv (Hauge 2001:155). Nye identitetar vert valde, framfor å vere gjevne frå fødselen av. Identitetane vert slik sett refleksive – i stand til å kunne betrakte identiteten utanfrå (Loga og Sirnes 2000). At også den kriminelle sin identitet er ein del av dette moderne samfunnet kan sett i samband

med argumenta overfor synast å liggje til grunn bak Ny Start. På bakgrunn av forfektinga av at det å måtte ta ansvar for sitt eige liv på ein slik måte som dei kognitive føresetnadane for tiltaket legg opp til kan dette kanskje hevdast. Slik synast vår kunnskap om oss sjølve og verda i kontinuerleg utvikling - også på fengselsinstitusjonens arena. Det kan slik knytt til modernitetens ustabile identitetsformingar og -kontinuitetar spørjast om Ny Start sitt møte med den fengselsinstitusjonelle praksis slik framhevar eit syn på den kriminelle som "likestillt" vedkomande med "vanlege" menneske og deira refleksive identitet, at også den kriminelle er del av den sosiale og kulturelle pluralisering. Eit program som vil leggje vekt på det enkelte individ sine behov saman med å gjeve det ansvar og stille krav til eiga rehabilitering, kan slik tolkast i eit meir positivt lys. Som å oppfordre til ein type *sjølvforvaltning* som ikkje lenger er orientert mot *felles* verdiar og haldningar, men mot dei innsette sine oppfatningar av seg sjølve og sitt liv.

### 7.2.2 Teknikkens tale

Problematiseringa overfor må sjåast i samband med sjølve tanken bak gjennomføringa av Ny Start. Her vitnar argumenta frå fagleg hald hovudsakleg om at aktørane ser Ny Start som ein form for manualisert og modulisert teknikk og metode som bør takast i bruk overfor den enkelte kriminelle gjerningsmann. Eit sentralt spørsmål knytt til dette er kva syn på den kriminelle som kan utspele seg i dette meiningsrommet. Det teoretiske grunnlaget, som vi i stor grad finn i boka *Time to think*, samt denne teorien i praksis (i form av ein modulisert modell) har eit siktemål om å gje utøvarane av programmet eit standardisert program å halde seg til. Men i tillegg til den psykologiske disiplin etablerar det seg andre faglege vurderingar i meiningsrommet gjeldande Ny Start som å vere ein teknologi. Desse kom fram særleg i intervjusamanheng: *[J]eg så at dette var en veldig grei teknologi, som var relativt oversiktlig, og det gikk an å lære seg det...I motsetning til mye annen psykologisk tenkning som ikke er så lett å få tak på...Her får du en kokebok opp i hånden...* (intervju med Leif Waage 04.04.2001 – mi understreking) og *Det som er det positive med sjølve denne Ny Start er jo at der er ein voldsomt strukturert manual, klart opplegg, anvisningar for korleis det skal gjennomførast, og disse som skal gjennomføre dette programmet får jo ei ganske grundig opplæring* (intervju med Torfinn Langelid 06.04.2001- mi understreking). Ytringane stammar frå høvesvis den psykologiske og den pedagogiske disiplin. Dei eksemplifiserar korleis det på det kommunikative nivå utspelar seg ein type *teknologisk* språkbruk gjeldande ambisjonane knytt til Ny Start, og kva som er mogleg å gjere knytt til endring av den kriminelle i løpet av fengselsssoninga.

Dette lagt til grunn, kan det i praksis synast som at kriminalomsorga ideologisk er påverka av menneskesyn av ein teknokratisk art (Nesvik 2001). Det teknokratiske menneskesynet går ut frå ei oppfatning om at ”... mennesket er et objekt som bør eller kan formes, forandres og manipuleres” (Hammerlin og Larsen 1997:38). Med eit slik syn på den kriminelle reduserast vedkomande som menneske til eit endringsobjekt, der det vert fokusert på kva teknikkar som må anvendast for å oppnå det ynskjelege resultat. Objekttermen indikerar at alle subjektsrelaterte aspekt ved den kriminelle vert overkøyrt av ekspertar og teknikarar sin hunger etter endringsresultat. Ser vi tilbake til Foucault si forteljing om fengselets historie, er det særleg brotet der ”lovbrytaren” vert omkategorisert til ”kriminell” og slik vert eit mål for ulike vitensdisiplinar, som aktualiserar synet på den kriminelle som mål for disiplin og endring. Knytt til programverksemd og Ny Start får termen *det enkelte individ* sin renessanse på det fengselsinstitusjonelle<sup>120</sup> plan, ein term som i seg sjølv indikerar eit distansert språk. Det kan umiddelbart synast å vere noko distanserende over ei språkleggjering som plasserar kvar enkelt kriminell i ei gruppering og kategorisering av enkeltindivid. Det er gjennom ei slik standardisert og distansert forståing av den kriminelle det trer fram ei form for distansering av det enkelte individ, gjennom talehandlingar. Gjennom detaljerte utveljingskriteriar skal ein innan fengselsmurane finne fram til dei som er best ”eigna” til å kunne nå målet om eit lovlydig liv via deltaking i Ny Start programmet.

Imidlertid synast ikkje det totale teknokratiske menneskesyn å tre fram på den fengselsinstitusjonelle arena via Ny Start. Dette fordi den *subjektive* dimensjon trer fram gjennom argumenteringane knytt til programmet (jf. 7.2.1). Slik reduserast ikkje den kriminelle til eit objekt til fulle på det kommunikative plan, då ytringar knytt til krav og ansvar setjast fram. Vi kan ikkje slik sjå den *tradisjonelle* dikotomien teknologi/objekt i spel på den fengselsinstitusjonelle arena gjennom dei føresetnadar for og syn på den kriminelle som Ny Start programmet er tufta på. Talen indikerar ikkje den fulle reduksjon til eit *endringsobjekt* utan rom for eigen identitet og sjølv på grunn av det synet på subjektet vi har sett føl med ei slik satsing innanfor fengselsmurane. På bakgrunn av den optimistiske og entusiastiske talen kring Ny Start kan det synast indikasjonar på at dei objektive element som *tradisjonelt* føl med det teknokratiske syn kan synast å verte utfordra av subjektive aspekt

---

<sup>120</sup> Denne termen må sjåast i nær samanheng med politikken tale, og vert kome tilbake til under 7.3.

gjeldande oppfatninga om dei kriminelle sine endringsmoglegheiter, samt vedkomandes ansvar.

Knytt til det bekjennande aspekt, kan individet - subjektsdimensjonen - problematiserast vidare på bakgrunn av ei påpeiking frå studien sitt teoretiske rammeverk, for ”[m]an skal ikke glemme, at Foucault fremhæver mindst to betydninger at ordet subjekt: subjekt for andre gennem kontrol og afhængighed samt fastnagling til ens egen identitet gennem bevissthet eller selv-kendskab” (Heede 1992:70). Det kan slik trekkjast teoretiske parallellar til det som vert hevda å vere Foucault sin tredje periode i hans forfattarskap (sjå 2.2.4)<sup>121</sup>. Her konsentrerte Foucault seg om det som blei betegna som det *bekjennande* ”subjekt”, der bekjenninga særleg frå slutten av 1700-talet blir den typiske måten å snakke om seksualitet på. Overalt bekjenner ein sine seksuelle begjær<sup>122</sup>, fantasiar og handlingar, der dette òg er blitt ei kommunikasjonsform som går langt utover det seksuelle området. Ny Start programmet kan sjåast i lys av ein slik kommunikasjonsform. Men der Foucault talar om ei bekjenning basert på frivilligskap i desse verka, må bekjenninga relatert til kriteria for Ny Start programmet motsetnadsvi sjåast meir som å vere *tvingande*. Bekjenninga verkar som ein føresetnad for først å få delta, for så vidare i programmet kunne nærme seg eit kriminalitetsfritt tilvere<sup>123</sup>. Slik takast heller ikkje steget heilt ut knytt til den subjektive dimensjon i forhold til kva syn som verkar å dominere diskursen kring Ny Start, då den teknologiske og modellaktige talen dominerar synet på måten programmet skal gjennomførast på. Denne *modelldiskursen* synast å styre i synet på den kriminelle som å kunne endrast og verte kriminalitetsfri gjennom at utanforliggjande og konkrete iverksetjingar overfor denne kan normalisere vedkomande. Dette førar oss nærare spørsmålet om Foucault sine oppfatningar knytt til det konstruerte subjekt, noko som vert teke opp i komande del.

---

<sup>121</sup> Som nemnt i studien sin teoretiske del, skal ikkje denne perioden av Foucault sitt forfattarskap vere i hovudfokus. Likevel trekkjast det inn her, då den vert sett som relevant å vise til gjeldande Ny Start sin ”bekjennande” dimensjon.

<sup>122</sup> I det begjæringsgrepet bringast på bane, kan det nemnast at ein kritikk av Foucault går på at han manglar ei analyse av *begjæret* og subjektet. Om ein skulle studert dette meir inngåande her, kunne Deleuze sitt omgrep om begjæret vorte bringa inn. Hans teori om begjæret som den absolutte drivkraft kunne verte sett opp mot Foucault si påvising av grunnleggjande epistemiske føresetnadar som å skape subjektet. Dei opererer med ulike typar ordenar i sine filosofiske/”idèhistoriske” arbeide.

<sup>123</sup> Det kan tenkjast at ei fullstendig analyse av ”sjølvets teknikkar” knytt til programverksemd og Ny Start kunne gjeve Foucault sine tekstar om seksualitet relevans, då han i denne seinare delen av sitt forfattarskap fokuserar på *refleksive* maktrelasjonar. Desse omhandlar ulike sjølvforholdsteknologiar, og korleis det utviklast strategiar for å konstituere seg sjølv som seksuelt og moralsk objekt. Foucault poengterar sjølv at seksualiteten som tema er av eksemplifiserande karakter: ”I must confess, that I am much more interested in problems about techniques of the self and things like that rather than sex.....sex is boring!” (Foucault 1988:4).



### 7.2.3 Ein ny type "sjelsteknologi"

Fokuset rettast etter problematiseringane overfor meir direkte mot i kva grad Ny Start sett i lys av uttalingane om det som å vere eit metodisk verkty og ein modellstrategi, kan sjåast i samanheng med Foucault si skildring av den "individualiserande viten" som i løpet av 1700-talet utkrySTALLISerte seg. Han skildrar korleis fangen i fengsla underleggjast disiplineringsteknikkar (metodar og tiltak) som skal måle, eksaminere, registrere, klassifisere og hierarkisera individa i forhold til andre individ (Foucault 1994). Også han ser mennesket - subjektet - *men* som å verte kategorisert gjennom ulike disiplineringsteknikkar i fengselet. Slik er det formbart og i stadig endring, der kriminelle tendensar er av ein større språkleg karakter heller enn å vere frambringa enten gjennom det ibuande i mennesket sjølv, eller som frambringa av kulturelle og samfunnsmessige forhold. Spørsmålet vert om tanken bak Ny Start programmet og dette sitt endringspotensiale, er noko *anna* enn ei ny moglegheit til å "sjå" den kriminelle gjennom å "invadere" det for å kunne disiplinere det.

Mellom ein total subjektiv dimensjon som ser den kriminelle som fristilla i forhold til å danne eigen identitet og den totale objektstatus innan eit teknokratisk system – synast diskursen å vere forma av eit teknikkens språk. Utveljingskriteria og sjølve gjennomføringa av programmet førar med seg ei utlevering og bekjenning som foucaultinspirert kan sjåast som uttrykk for ein type "sjels-teknologi", der kvar enkelte kriminelle si sjel skal utsetjast for teknikk for endring. Slike prosedyrar og teknikkar kan seiast å mogleggjere danninga av disiplinierende individ, i tråd med det konstruerte og underdanige subjekt. Det framskaffast viten om fangane innan den fengselsinstitusjonelle disiplin, noko som kan gjere det vanskeleg å sjå programverksemda generelt og Ny Start spesielt som noko radikalt nytt og betre som har fått innpass i fengselssystemet. I lys av Foucault sin terminologi kan det synast som om påverkingsprogram generelt og Ny Start spesielt lider under teknikarane, vitskapane (profesjonane) og statistikken sin tyranni. Dei kriminelle som er funne "passande" til å verte tilbydt programmet styrast etter eit fasttømra program av teknikkar, og gjennomføringa skjer i regi av fengselsbetjentar<sup>124</sup>. Slik stig dei inn i "eksperten" og "teknikaren" si rolle, ved i løpet av eit 10 dagar langt kurs å verte opplærde i den psykologiske vitskaps elementære kunnskap for å kunne gjennomføre programmet. *Det egner seg godt at folk ikke har all verdens*

---

<sup>124</sup> Som ein kuriositet kan det nemnast at det har føregått ein debatt knytt til fengselsbetjentane si rolle. Kritiske argument gjekk ut på at *det viktigaste ikkje blei å tjene den innsatte, men det blei like viktig å finne oppgaver for fengselsbetjenten* (intervju med Torfinn Langelid 06.04.2001) og *man har av og til lurt på hvem dette her egentlig er best for, er det liksom fengselsbetjentene eller er det fangene* (intervju med Herdis Dugstad 03.05.2001).

kompetanse i å få være med å drive dette, fordi du har disse manualene (intervju med Leif Waage 04.04.2001). Ytringa vitnar om ei oppfatning av det manualiserte opplegget som eignande til å kunne sikre den faglege, kognitiv-psykologiske kompetansen gjennom ein modell, der *alle kan jobbe med det, viss man får god opplæring og veiledning på innholdet* (ibid). Frå psykologisk til pedagogisk hald er spranget lite, då *det er helt klart at betjenter er kvalifisert* (ibid). Det vert på bakgrunn av slike aspekt oppfatta som relevant å kunne trekkje parallellar til dei disiplineringsmønster som Foucault såg gjennom stadig nye forsøk på verksame endringsprosjekt, om enn *her* i nye og meir ”oppfinnsame” former.

### 7.2.3.1 Bekjenning og normalisering

”Sjelsteknologien” syner også fram menneskesyn i høve omgrepa om normalitet og avvik. Det må vidare sjåast som eit normaliseringasprosjekt, der målet om å rette opp den ”skade” som ligg i den kriminelle natur er toneangjevande. Slik trer det formbare subjekt inn i normaliseringsmakta sin kategoriske identitetsdanning. Ved hjelp av ein modulisert og fasttømra modell, skal subjektet bekjenne private og nære forhold ved sin personlegskap som ein føresetnad for å kunne bli valt ut som deltakar. Sider ved eins eigen ”natur” vert sett som kriterium for eignaskap<sup>125</sup>. Som ei vidareføring av dette kan ein spore synet på den kriminelle som eit menneske som får sin subjektivitet gjennom ei vellykka endring av sjela. Sjela må *endrast* for å kunne opptre kriminalitetsfritt og i tråd med normaliteten ute i samfunnet. Det setjast standardar for den kriminelle. Vedkomande kan berre tre inn i normalitetens rekkjer via ei sjeleleg bekjenning og utlevering av sin eigen personlegdom. Det er sjelsdanninga som rår i talen kring Ny Start sin inntreden på den fengselsinstitusjonelle arena. Slik vert talen om det enkelte individ sine behov ”fanga” i ein teknikk for gjennomføring, og det menneskesyn dette grunnar på. Dei individualiserande aspekt som på det kommunikative nivå kjem til uttrykk gjennom optimismens dominerande tale, vert overdøyva av eit meir uuttala og bakanforliggjande syn som føl av teknikkens og metodens kategoriserande sjelsdanning<sup>126</sup>. Sett i samband med Foucault sine disiplinerande maktmekanismar og maktteknikkar kan dette sjåast i relasjon til ei *sjeleleg* stigmatisering og kategorisering av ulike individ. Dei kriminelle

---

<sup>125</sup> Ei slik bekjenning kan reise spørsmål om fangens integritet, då sensitive tema gjerast til kjenne gjennom spørjeskjema. Eksempelvis har KROM påpeika dette i ettertid, og kravd at det frå myndighetene si side bør sikrast at dei inneheld ein akseptabel etisk standard (Høringsuttalelse, KROM 22.12.2001).

<sup>126</sup> Knytt til ei slik meir kritiskanalytisk tolking av bekjenninga kan det trekkjast fram eit argument som kom fram i ei relativt ny høringsuttaling knytt til kriminalomsorga si vidare utvikling av klientretta tiltak, som tok utgangspunkt i tanken om behandling. Det vert her peika på at om ”...fengselsmyndighetene i forlengelsen av (eller også som ledd i) behandlinga samlar inn opplysningar ut fra en forhåpning om å kunne måle personlighetsendring – da vil fengselsmyndighetene kunne svare at: denne virksomheten slett ikke er (bare) behandling, men (også) en form for forskning” (Høringsuttalelse, KROM, 22.12.2001:6 – mi understreking).

omtaltast meir som ei *homogen* gruppe enkeltindivid, enn som å utgjere ein heterogenitet<sup>127</sup>. Talen kring den kriminelle ”natur” og identitet fjernar og distanserar seg vekk frå subjektet sin eigendanning, gjennom ein metodikkens og logikkens språk. Likevel utan å ende opp i ein objektivert dimensjon, då det stadig er sjela som er mål for endring og rehabilitering. Vidare kan ei slik tale vitne om eit syn på den kriminelle som å ha ondskapan og valdsdimensjonen *i* seg, der dette kan endrast og normaliserast gjennom Ny Start som ein manualisert modell. På eit slikt nivå skil tanken om Ny Start og dets endringspotensiale seg frå det synet som Foucault har på subjektet. For han har den kriminelle ingen indre kjerne på ein slik måte, men synet på den kriminelle er relativt gjennom den språklege effekt. Slik ville han truleg ikkje sett dei verdiar og oppfatningar som programmet byggjer på som den sentrale oppfatning av den kriminelle, men derimot framheva subjektsdimensjonen sett i samanheng med måten disiplinen og maktmekanismane kan utspele seg også kring den kriminelle i lys av Ny Start som eit normaliseringsprosjekt.

Sentralt knytt til den bekjennande dimensjon vert det å påpeike at det slik kanskje kan hevdast, i tråd med foucaultianske tankegang, at fangane *ikkje* vert forbetra etter ein slik strategi, som er det eksplisitte, uttrykt hevda målet frå politisk hald. For Foucault er fengselets fiasko noko som tilhøyrrer dets verkemåte, det vert stadig sett i verk forbetringstiltak og program som ikkje verkar heilt som dei skal (Foucault 1994, Schaanning 1997). Ny Start kan i eit slikt lys sjåast som ei forsterking av disiplineringsmekanismer ved sin inntreden i den norske fengselsinstitusjon. Hans skildring av mennesket som å verte subjekt for disiplinenes maktstrategiar kan sporast i programmet sin strategi, trass optimisme og entusiasme på det kommunikative plan. Satsinga på Ny Start kan slik tolkast som *endå* eit tiltak sitt møte med ein strengt disiplinerande, byråkratisk og rigid fengselsinstitusjon, og med eit slikt blikk ser vi ei kortslutning mellom ein vitensdisiplin (kognitiv psykologi) og eit praksisfelt (fengselet). Eit sitat frå pedagogisk hald i ettertid kan uttrykkje ei form for mislukkaskap sett i ein slik målestokk: *Eg var voldsomt positiv til desse Ny Start programma i utgangspunktet, er kanskje litt meir kritisk no, fordi at det som er viktig viss disse programma skal ha gjennomslag er jo at viss du går inn med slike program i ulike fengsel så må også det få konsekvensar for korleis institusjonen då tenkjer* (intervju med Torfinn Langelid 04.05.2001). Ytringa poengterar det

---

<sup>127</sup> Det kan i denne samanheng visast til Bourdieau sitt ”habitus”-omgrep. Eit kvart enkelt individ har med seg ei forhistorie som er nedfelt i vedkomandes habitus. Hans bidrag kan aktualiserast i forhold til kritikken av Ny Start fordi det set søkjelyset på at individet er mangfaldig, og at individa (her dei innsette) ikkje kan sjåast som ei einsarta gruppe med dei same behov og motiv. Habitus er kognitive føresetnadar, der individa ut frå desse føresetnadane omset sin kapital for å nå sine individuelle mål (Nesvik 2001:107).

viktige i å få *heile* fengselsinstitusjonen med på ei ny satsing knytt til den kriminelle, for *viss ikkje resten av fengselet er med i ein slik tankegang, så sakte men sikkert vert disse programma øydelagt* (ibid). Vi kan skimte ei oppfatning av at samkøyring av program og allereie etablerte strategiar og måtar å gjennomføre soninga på – vitenskap og praksis – kan synast vanskeleg å gjennomføre. At Ny Start kan bli endå eit tiltak som ikkje har fungert poengterast vidare: *Så slik sett så kan det bli ein happening, igjen, og der har du det med behandling; har eigentleg behandling fungert? Har alle disse gode tiltaka blitt prøvd, eigentleg, fordi at rammevilkåra ikkje har blitt lagt til rette, for viss ikkje rammevilkåra blir lagt til rette, så kan vi jo aldri få noko positivt resultat* (ibid). Utan at dette sitatet direkte gjev uttrykk for det, kan den innsette kriminelle tolkast plassert i eit passivt verke, der kringliggjande vitensfelt, byråkratiske strukturar og mangel på ressursar er bestemmande for vedkomandes liv innanfor fengselsmurane. Ei tolking i tråd med dette er at "eit fint fengselsaktig nett" (Foucault 1994) har fanga også dei kriminelle som er kvalifiserte og "passande" til å delta i Ny Start programmet.

### 7.2.3.2 Kognisjonar som "det sjelelege fundament"

Den psykologiske vitenskap ligg grunnteoretisk og vitenskapleg bak Ny Start programmet, og har ei sterk stemme gjennom den *kognitive* psykologi sine premisser. Tanken er at det er viktig å forstå og endre *tenkjemåten* til dei som er kome på kant med samfunnet. Imidlertid har det vorte retta kritikk mot mykje av den kognitive psykologien som meiner at forholdet mellom menneske vert sett på som determinert utelukka gjennom kognisjonar. Eit slikt perspektiv kan verke reduserande og avgrensande for den kriminelle, som slik vert forstått berre med utgangspunkt i si eiga subjektive oppleving av omverda. Vedkomande sin kriminalitet ligg inne i ein sjølv, og det er slik det indre som vert endringsmålet. Kritikken fokuserar på at òg *andre* aspekt enn eigne motiv og eiga overbevising har betydning for framferda og utsikta for endring. Både sosial omsorg og støtte frå omverda i form av materielle og immaterielle ressursar er avgjerande for det eventuelle kriminalitetsfrie tilveret. Ein slik kritikk tek utgangspunkt i at eit kognitivt psykologisk fundamentet både kan bli mentalistisk og idealistisk (Hammerlin og Larsen 1997:117).

At mennesket kan sjåast som eit kulturelt og samfunnsmessig produkt er aspekt som kan synast uteletne om vi ser til den grunnteoretiske, psykologiske tale kring Ny Start: *"The major premise of the model is that the offender's cognition, what and how he thinks, how he*

*views his world, how he reasons, how well he understands people, what he values, and how he attempts to solve problems play an important role in his criminal behavior*” (Fabiano og Ros 1985:11). Forholdet til omverda vert definitivt tona ned, og den innsette kriminelle er i stor grad overlata til andre menneske og vitskapar si verksemd og merksemd – som eit slags formbart subjekt. Omkringliggjande og faktiske forhold knytt til den kriminelle sitt tilvære skyvast vekk til fordel for oppfatninga om ein ”this works” tankegang retta mot den innsette kriminelle. At eit kvart menneske har ein sosial posisjon og ein sosial identitet i samfunnshierarkiet synast overskygga av kva som der og då – det vil seie i løpet av soningstida – kan endrast ved den kriminelle sine kognisjonar. Den kognitive psykologi føyer seg slik via Ny Start inn i disiplineringsmekanismenes rekkjer, og synet på kriminaliteten som å vere ein dimensjon ved menneskets subjektive kjerne som kan endrast og normaliserast. Når dette er sagt, synast Ny Start likevel omgjeve av argument av eit samfunnsvernande preg – samfunnet er sentralt, men på eit *komande* og *etterføljande* stadie, gjennom ytringar kring ettervern som ein viktig faktor knytt til Ny Start spesielt og programverksemda generelt.

#### **7.2.4 Frå vitskap til politisk arena - på eit teoretisk grunnlag**

For Foucault utgjør bestemte vitensdisiplinar om mennesket, fengselet og den politiske avgrensinga av kriminalitet ulike element i eit system – i det fengselsaktige nettet. Fengselet betraktast som ”bindeledd” mellom vitensproduksjon og den statlege maktutøvinga. Han påstår ikkje at fengselets fiasko er tilsikta, men at fiaskoen slik fungerer innan eit større maskineri (Schaanning 1997:258). Vi skal på bakgrunn av dette kaste blikket i større grad over mot den komponenten av dette maskineriet som fram til no ikkje har vorte gjenstand for analyse – den politiske arena. Politiske syn knytt til kriminalitet og den kriminelle avvikar må sporast rundt dei vedtak og avgjerder som blei gjort gjeldande særleg programsatsinga generelt, samt sjåast i ein samheng med den fengselsinstitusjonelle arena. Fokuset er retta mot korleis politiske aktørar har debattert i den offentlege tale. Det er med fokus på menneskesyn og eventuelle gjennomslag for arenaens praksis overfor kriminalitet som samfunnsproblem generelt og den kriminelle spesielt, at *diskurs*produksjonen kan avdekkjast.

### **7.3 Politikens fraksjonerte taler**

Det ligg alltid menneskesyn bak planar og vedtak om kriminalpolitikk, uavhengig av om menneskesynet som ligg til grunn aktivt er freista forstått eller analysert hos dei som lagar eller vedtek planane. I denne studien har vi sett at det frå politisk hald vert fokusert på å nå

målet om redusert tilbakefall til ny kriminalitet, og *skal vi få ned tilbakefallsprosenten så er jeg ikke i tvil om at innholdet i fengselet er viktig* (intervju med Kristin Krohn Devold, H, 03.05.2001). Ytringa er illustrerende for ei dominerande oppfatning på Stortinget knytt til fengselsssoninga, og vedtak av satsing på programverksemd nedfelte seg i stortingsmeldinga av 1997 som eit prioritert satsingsområde for å få bukt med kriminaliteten. Dette avsnittet skal spore kva syn på den kriminelle som skjular seg bak ei slik satsing, og om det er visse taler som synast å dominere det politiske meiningsrom gjeldande kriminalitet og den kriminelle. Fokuset går frå Ny Start konkret over til eit fokus på programverksemd og fengselsssoninga sitt innhald meir generelt.

### **7.3.1 "Det enkelte individ" på politikken arena**

Også frå politisk hald er det eit uttala fokus knytt til den individuelle dimensjon: *Det er jo ingen andre enn den enkelte kriminelle sjølv som kan ta ansvar for seg sjølv og sin egen situasjon* (intervju med Ane Sofie Tømmerås, Ap, 02.05.2001). Og det er vidare særleg knytt til den politiske arena at det oppstår fraksjonar og nyansar som kan uttrykkje faseterte syn på den kriminelle. I motsetnad til den meir einsidig fokuserte teknifiserte og distanserende talen vi såg gjeve næring til ein *modelldiskurs* knytt til iverksetjinga av Ny Start på den fengselsinstitusjonelle arena, kan vi skimte ei større grad av forskjelleenskap i argumenta på den politiske arena relatert til den enkelte kriminelle. Slik ligg det også ulike vurderingar og kriteriar bak termen om det enkelte individ på den politiske arena.

Ikkje overraskande kjem bodskapan om *nestekjærleik og menneskeverd* fram i Krf-talen i den kriminalpolitiske debatt. Det er å anta at desse politikarane i stor grad argumenterar politisk i tråd med eit kristent menneskesyn, der den grunnleggjande overbevisinga er at mennesket er skapt i Guds bilete. Å vere skapt i Guds bilete inneberer både at mennesket er i ei særstilling blant alt som lever, og har eit verd som gjer det ukrenkjeleg samt til eit mål i seg sjølv (Henriksen og Vetlesen 2000:123). Også Sv-representantar hellar mot slike verdiar. Vidare er dei eksplisitt opptekne av *normoppløysa* i dagens samfunn, som bekymringsverdig for mellom anna kriminalitetsutvikling og haldningar generelt. Dei saknar også ein eksplisitt *verdidebatt* gjeldande *metodar* i kampen mot kriminalitet.

Vidare gjeldande partipolitiske fraksjonar og nyansar bak programsatsinga og kriminalpolitikk generelt, er det lite overraskande at Frp-talen er dominert av kravet om strengare straffer der den kriminelle skal gjere opp for seg. Dette er straff der hemntanken er

sentral. Sett i lys av menneskesyn nyanserar desse syna knytt til menneskeverd og desse argumenta sin framtrede i Stortinget: *"Høyre, som snakker om at vi ønsker å få et humant og godt samfunn, bør først og fremst tenke på at målet må være å få ned kriminaliteten og bruke nødvendige virkemidler for å nå denne målsettingen"* (Jan Simonsen, Frp, stortingsdebatten 22.10.1998). Ytringa både nyanserar forholdet mellom Høgre og Frp sin kriminalpolitikk, samt framhevar målsetjinga om å få ned kriminaliteten som det overordna mål. Høgre synast mindre bastante gjeldane straffene sin strengskap enn det Frp gjer via sine argumenteringar. Vidare er det Ap-talen som i hyppigast grad ser ut til å vektlegge *den enkelte sine behov* om ein ser til debatten kring meldinga, men likevel som eit ledd i det overordna mål om å få ned kriminalstatistikkane. Men òg visse argument frå dette partiet går i lei av menneskeverdsdimensjonen, då *"reaksjonene skal gjennomføres på en human måte"* (ibid). Vi ser at ulike premissar og kriteriar er i spel på den politiske arena, i form av partimessige fraksjonar.

### 7.3.1.1 Menneskeverd og humanisme

Det er ei *anna* type tale kring *det enkelte individ og deira behov* vi kan sjå i spel her. Både i si generelle form når det gjeld bakanforleggjande partimessige fraksjonar, men òg ved at det til ei viss grad kan skimtast eit aspekt som går på menneskeverd og humanisme. Det er særleg Krf-talen som trekkjast fram i denne samanheng, då argumenta på det kommunikative plan gjev til kjenne eit noko *anna* syn enn det vi såg i spel knytt til Ny Start og det meir tekniske aspekt. Omsorg for dei svake og marginaliserte, ut frå anerkjenninga om at dei er like mykje Guds skapningar som alle andre, alltid vore eit sentralt motiv i kristent menneskesyn. Å vise barmhjertigskap og omsorg mot andre kan vere ein måte å synleggjere respekten for menneskeverdet på. *"Å anerkjenne et menneskes menneskeverd er derfor å sikre det frihet og mulighet til fortsatt liv på en måte som gjør at det kan erfare seg selv som verdifullt og verdsatt"* (ibid:125). Om vi ser til stortingsdebatten av 22.10.1998, ser vi argument kring eigenverdi i spel: *"En kriminalomsorg som tar sikte på at mennesker skal endre holdninger og adferd, må nettopp ta utgangspunkt i respekt og egenverdi for å fremelske og stimulere de positive mulighetene til forandring"* (Finn Kristian Marthinsen, Krf). Ei slik vektlegging av det særeigne ved mennesket har kristendomen til felles med humanismen. Eit humanistisk menneskesyn i tradisjonell forstand går i kortskap ut på at mennesket er eit subjekt, eit unikt "jag" som har fridom, ansvar og verdigheit. Enkeltmennesket, og den enkelte sin integritet, må sikrast, det må ikkje brukast som eit middel for andre (Hammerlin og Larsen 1997:38). Etter eit slikt syn er alle likeverdige, og har ein eigenverdi i seg sjølv. Mennesket er skapande

og har ei fri visse til å forme sitt eige liv, det skal danne seg sjølv for å verte menneske. Det er gjennom dei mange argumenta om satsinga på det enkelte individ sine *behov* som det sentrale ledd i tilbakefallsproblematikken, at ein vert leia inn i ei tale som tilsynelatande kan utgjere humanismens språk: *”Det er et hovudmål at straffereaksjonene gjennomføres straks de er rettskraftige. Reaksjonene skal gjennomføres på en human måte og sikre den enkeltes rettssikkerhet og likebehandling”* (Vidar Bjørnstad, Ap, stortingsdebatten 22.10.1998). Men spørsmålet vert om desse *dannar* den hegemoniske tale på den politiske arena, lagt til grunn eit meir kritisk-analytisk perspektiv. For å opplyse det, må den hyppig uttrykte argumentasjonen knytt til tilbakefall takast i omsyn.

### 7.3.1.2 Tilbakefall og normalisering

Redusert tilbakefall til kriminalitet er eit hovudmål som alle partia på Stortinget synast å ha einast om. I den sentrale meldinga frå 1997 er dette nedfelt eit utal stader, i form av at *”[d]en største utfordringa for kriminalomsorgen er å bidra til å redusere tilbakefallet til kriminalitet etter endt soning”* (St.meld. nr.27 1997-98 *Om Kriminalomsorgen*). Vidare hevdast det i debatten knytt til denne meldinga at *”[h]ovedutfordringen er å strukturere og målrette soningsinnhold som bedre kan legge til rette for en kriminalitetsfri tilværelse”* (Vidar Bjørnstad, Ap, stortingsdebatten 22.10.1998 – mi understreking). Men som vi har sett, ligg det ulike premisser bak denne tilsynelatande eininga knytt til det kriminalpolitiske felt. Denne ”overordna” tilbakefallstalen kan problematiserast ved å setje den opp mot menneskeverdige og humanistiske nyansar i det politiske verdigrunnlag. Det kan såleis spørjast om det kan sporast argument knytt til menneskeverd som går i lei av at det berre er eit *kriminalitetsfritt* tilvere som er verdig, eller om talen gjenspeglar eit syn som verdset den som innanfor fengselsmurane framleis har status som kriminell.

Knytt opp til meir humanistiske og menneskeverdige argument kan det synast som desse argumenta kan vere fanga inn i den dominerande talen om tilbakefall. Det talast om det enkelte individ og at også den kriminelle har krav på rettar og plikter som den ”vanlege” samfunnsborgar har, og med dette føl òg det individuelt tilpassa opplegg der den kriminelle må ta ansvar. Det vert argumentert for progresjonsretta soning, der *”domfelte som ledd i en progresjonsrettet soning bør gå mot en stadig mer normalisert tilværelse”* (Innst.St. nr.6 (1998-99):11). Men *”[d]en største utfordringa for kriminalomsorgen er å bidra til å redusere tilbakefall til kriminalitet etter endt soning”* (ibid:5). Argumentet om redusert tilbakefall er gjennomgåande på arenaen, både i meldingar, innstillingar og debattar. Trass i at vi har sett



ulike nyansar knytt til politiske parti og aktørar, synast det som om talen om menneskeverd og humanisme og tilbakefallsdiskursen vert til *eitt*, der tilbakefallsdiskursen dominerar trass argument knytt til aspekt ved den kriminelle sitt menneskeverd. Slike argument når ikkje gjennom i den hegemoniske talen om tilbakefall. Det overordna mål er å få ned tilbakefallsstatistikkane, ved å bringe den kriminelle inn i eit "normalisert" tilvere. Det kan tolkast som kriminelle vert gjeve ei form for "degradert" menneskeverd, trass i dei ulike ytringar som forfektar kriminelle sine rettar. Politikarane kan gjennom si overordna og gjennomgåande tilbakefallstale synast å ville skape ikkje-kriminelle, og slik gjeve den kriminelle sin identitet gjennom at berre eit kriminalitetsfritt tilvere er eit menneskeverdig tilvere. På denne måten får ikkje den tidlegare omtala individualiseringsprosessen i dagens pluralistiske samfunn betydning for denne politikartala.

Den kriminalpolitiske debatt kan slik verte forstått ut frå ein normalitet/avviksdiskurs, der det politiske spelet dreiar seg om å ha *makt* til å gjeve det avvikande sitt innhald i form av vedtak og tiltak. Slik gjev også politikarane eit innhald til kva som er det normale i samfunnet, om enn i fraksjonerte framtoningar, reint partimessig sett. Men desse fraksjonane vert nedtona, då det overordna målet er å hindre tilbakefall og få den kriminelle inn i eit "normalt" tilvere. Den kriminelle kan ikkje skiljast ut og danne sin eigen identitet, men skal normaliserast. Slik freistast ein gjeven politisk standard nådd gjennom ei satsing knytt til fengselets og soninga sitt innhald. Foucault sitt syn på subjektet og hans omgrep om normalitet og avvik kan koplast til ei form for grensedraging relatert til tilbakefallsproblematikken. Normaliseringstanken kan uttrykkje syn på den kriminelle som undergrev vedkomande si moglegheit for sjølvdanning av sin eigen identitet. Vi kan trekkje parallellar til det som tidlegare kom fram gjeldande det enkelte individ og identitetsdanning, der metodikkens og teknikkens språk hindrar den kriminelle si utfolding i forhold til eigen identitet (jf. 7.2). Slik ser det ut til at kriminalitetens valdelege og onde dimensjon oppfattast som å liggje *i* den kriminelle sin natur, som mål for endring. Ein type einsrettande og homogeniserande normaliseringspolitikk kan skimtast kring den kriminelle knytt til debattane kring fengselssoninga sitt innhald og programverksemda. Den humane tale om respekt og omsorg er i lita grad til stades i debatten, til liks med at ein meir homogeniserande og einsrettande teknikk setjast ut i live<sup>128</sup>.

---

<sup>128</sup> Her knytast politikken direkte til Ny Start. Imidlertid er programmet *eit* av fleire program og tiltak som må sjåast som å liggje innbakt i den meir generelle politiske talen knytt til programverksemd og fengselssoninga sitt innhald.

Illustrerende for slike påstandar er nokre uttalingar frå justisminister Aure i debatten knytt til 97-meldinga. Ho argumenterar der for at det er sentralt å sjå at straffetiltak kan få veldig mange ulike former, og at det difor er grunnleggjande viktig at utøving av samfunnsmakt må baserast på "*eit verdigrunnlag, eit samfunnssyn og eit menneskesyn*" (Aure i stortingsdebatten av 22.10.1998 – mine understrekingar). Partikollega Finn Kristian Marthinsen meiner vidare at det i meldinga tydeleg går fram eit *menneskesyn* som framhevar einkvar person sin eigenverdi og krav på respekt og støtte, og er på vegne av partiet veldig positiv: "*Etter Kristelig Folkepartis mening viser meldinga en god kombinasjon av realisme og visjonær målsetting*" (ibid). På det kommunikative utspelar det seg ein optimisme gjennom at *de* (politikarane – min merknad) *har utrolig store forventningar i forhold til det de setter i gang* (intervju med Herdis Dugstad 03.05.2001). Ein optimisme som kan diskuterast meir kritisk og i lys av disiplin, normalisering om menneskesyn i eit slikt meiningsrom. Framhevar ei utøving av kriminalpolitikk basert på *eit verdigrunnlag, samfunnssyn og menneskesyn* (Aure) einkvar person sin eigenverdi og krav på respekt og støtte? Eller kan det motsetnadsvis sjåast som nok ei ytring som fremmar at den disiplinerande teknikk kan få tre fram i praksis på den fengselsinstitusjonelle arena? For eit slikt homogeniserande og einskapleg krav gjev vanskeleg rom for dei kriminelle som å ha ulike behov – på line med slik andre borgarar i eit pluralistisk samfunn har det. Partipolitiske (men fraksjonerte) omsyn på eigeoppfatta haldningsnivå (humanitet) vert gjennom handling (praktisk politikk) utfordra av det som i eit foucaultiansk lys kan vurderast som *inhumanitet*, då disiplinens makt nødvendigvis setjast i spel om slike syn får gjennomslag på den fengselsinstitusjonelle arena.

I det vi har tredd inn på den politiske arena aktualiserast dei normaliseringsprosjekt i regi av statlege verksemder som Foucault var oppteken av, knytt opp mot disiplinering som teknikk for ei "plassering" av den kriminelle i høve til grensa mellom normalitet og avvik. Foucault snakka *også* om *humanisme* og om dei humanistiske menneskevitskapane som å gjere sitt inntog på den fengselsinstitusjonelle arena. Men i lys av hans studiar tona ikkje denne humanismen fram som eit *forbetringsprosjekt* knytt til den kriminelle på bakgrunn av eit humanistisk menneskesyn – slik vi kan få inntrykk av på det uttala nivå på den politiske arena. Heller er såkalla humanistiske verdiar og tiltak gjennomsyra av *makt*, i følge Foucault. Han snakkar om det moderne humanismens menneske som å vere bringa fram av disiplinen. I hans perspektiv setjast dei disiplinerande mekanismane *saman med* humanismens språk i ein normalitet/avviksdiskurs som trekkjer opp grensa mellom det normale og det avvikande. Sett i eit slikt lys kan den *uttala* humanismens språk som fraksjonert sett utartar seg både i skriftlege

offentlege dokument og i stortingstalar samt intervju, diskursivt sjåast som eit mislykka forsøk på å bringe omgrep om menneskeverd inn på ein allereie tungt disiplinert arena – den fengselsinstitusjonelle.

### 7.3.2 Fengselsinstitusjonens innverknad på politisk arena

Normaliseringspolitikken omtala overfor må sjåast i nær samanheng med det vi har sett utspele seg diskursivt på den fengselsinstitusjonelle arena. Gjeldande Ny Start såg vi i kapittel 4.0 korleis det frå fagleg hald blei gjort ulike studiereiser til Canada, og på bakgrunn av dette teke initiativ til iverksetjing av ulike program. Etter slik påverking og initiativtaking har (delar av) programverksemda vakse fram som satsingsprosjekt. Med det synast det å ha følgd premissar for tale og kommunikasjon, der fengselsinstitusjonen kan tolkast som å ha lagt premissane for politisk diskurs. At tilbakefallstalen dominerar det politiske biletet må slik vidare sjåast i ein samanheng med dei premissar som har kome frå fengselshald, då å redusere tilbakefall til ny kriminalitet også her har sitt utspring direkte gjennom program. Eksempelvis finn vi i det canadiske, grunnteoretiske materiale som ligg bak Ny start, argument knytt til tilbakefall og følgeleg i lei av samfunnsvern som synast samanfallande med politisk tale. Hovudoppgåva er å ”...contribute to the protection of society by actively encouraging and assisting offenders to become lawabiding citizens, while exercising reasonable, safe, secure and human control” (The Mission Document). Sett i ein norsk samanheng framhevast tilsvarande hovudmål innleiingsvis i prosjektplanen for oppstart av Ny Start programmet: ”Utarbeide nye soningsprogrammer som kan redusere tilbakefall til ny kriminalitet (...) Avklare valg av modell. Innkjøpt fra Canada eller selvkomponert” (Prosjektplan ”Ny Start” 27. februar 1996:2b – mine understrekingar). Vi ser korleis dei to arenaene må sjåast i ein samanheng, og som å gjenspegle meiningsrom som gjev form til diskursar som fortonar seg annleis enn slik det sjølvoppfatta og uttala nivå kan synast. Der politikarane sjølve kan ha ei oppfatning om å vere premissleverandørar for det som skjer på den fengselsinstitusjonelle arena knytt til soninga sitt innhald (slik eksempelvis talene i stortingsdebattane kan gje inntrykk av), ser det ut til at fagfelte har vore meir aktive som premissleverandørar enn det politikarane kanskje ser.

Politikken har slik i mindre grad sitt eige, klårt definerte språk knytt til kriminalitet og den kriminelle – språket synast lagt på faglege og fengselsinstitusjonelle premissar. Det som i større grad *kunne* vore deira eiga, sjølvstendige og aktive tale er redusert til ei tilbakefallstale, med eit framheva fokus på å få ned kriminaliteten. Når dette er sagt, ytrast det om ”det enkelte

individ” også politisk sett - ei tale som slik går på tvers av arenaene. Men der dette fokuset på den fengselsinstitusjonelle arena produserar ein *modelldiskurs* i form av ei eiga og sjølvstendig tale, spriker fokuset på politikken arena meir mellom ulike fraksjonerte (partimessige) taler. Men både argumenta om menneskeverd og humanisme samt dei endå meir nedtona om strengare straffer og eit hardare strafferegime, vert nedtona av den dominerande talen om tilbakefallsreduksjon og satsinga på program, som igjen ”skjuler” dei disiplinerande mekanismars makt som skjer innan fengselets murar. Det kan synast som om initiativ og språk frå fagleg hald har teke form i ei lite sjølvstendig tale, og altså som delvis å vere danna av *andre* felt. Kanskje kan dette i ei vidarefortolking uttrykkje ein underliggjande politisk budskap som finn ein slik *tilbakefallsdiskurs* som samlande utad - eit felles aspekt å fokusere mot på kriminalpolitikken krevjande område. Det påverkast og stillast krav og forventingar frå mange hald<sup>129</sup>, og slik ”nedtonast” dei fraksjonerte taler på arenaen til fordel for eit meir samlande felles fokus utad. Etter ei slik tolking framtrer i mindre grad dei ulike syn på den kriminelle partipolitisk sett i den toneangjevande budskap om tilbakefallsreduksjon frå politikken arena. Det kan vere at ei slik tolking av manglande klår og offensiv politisk budskap må sjåast saman med individualisering og pluralisering gjeldande skiftande og flytande identitetar. Der desse kan føre politikken inn i område dei ikkje er budde på å takle basert på gjeldande haldningar relatert til likskapskategoriar (jf. normaliseringspolitikken).

På bakgrunn av dei dominerande taler, både politisk og fengselsinstitusjonelt sett, kan den kriminelle sjåast som eit *middel* i kriminalomsorga sitt fremste mål om å få ned tilbakefallsstatistikken, der ”den største utfordringa for kriminalomsorgen er å bidra til å redusere tilbakefallet til kriminalitet etter endt soning” (St.meld. nr.27 1997-98 Om kriminalomsorgen:5). Programverksemda blir her eit sentralt verkemiddel: ”Som et ledd i kriminalitetsbekjempelsen går departementet inn for en markant utbygging av disse tiltakene” (ibid:71). Program og tiltak kan slik sjåast som eit målrasjonelt verkemiddel. Dette er i tråd med Max Weber sin målrasjonalitet, der middel og mål skal stå i forhold til kvarandre. Hovudtanken kan sjåast som ein type årsak-verknadsrelasjon. Ein straffar (årsak) for å hindre nye lovbrøt (verknad). På denne måten har program sin legitimitet gjennom målbare kriterium i form av tilbakefallsstatistikk. Til liks med dette utgangspunktet og slik argumentering i meldinga av 1997, er det fleire politikarar i den påføljande debatten som synast å følgje

---

<sup>129</sup> Dette poenget vil utdjupast knytt til mediearenaen sin verknad på politikken.

argumenta om redusert tilbakefall relatert til ein type årsak-verknads-relasjon. Enkeltmennesket synast å verte redusert til eit passivt individ for endringstiltak – den kriminelle vert eit middel i målet om redusert tilbakefall. Det vert i den aktuelle debatten uttrykt full semje i justiskomiteen om ambisjonsnivået gjeldande programverksemda (Bjørnstad, Ap, Stortingsdebatt 22.10.1998), noko som kan forsterke eit slikt syn på den kriminelle. Paradokset er at denne talen får sitt innpass i den talen som *eigentleg* handlar om behandling, *rehabiliteringsmålsettingen* og talen om at ”*det er avgjørende at de enkelte tiltak og påvirkningsprogram er differensierte og har et individuelt tilpasset innhold*” (Innst.S. nr.6 (1998-99):24). Forbetringstanken sitt inntog gjennom program (og slik Ny Start) kan kanskje sjåast som lite samanfallande med ei meir foucaultiansk tolking av Ny Start som ein disiplinierende strategi som skjer på den fengselsinstitusjonelle arena gjennom programverksemda.

### **7.3.3 Kringliggjande verdiar om omsorg og respekt**

På same tid kan vi sjå *andre* i kringliggjande innspel samtidige med dei overførnemnde talane relatert til program, som peikar på andre verdiar knytt til forbetringstanken enn det Foucault ser i det velsmurte ”fengselsmaskineri”. Dette kan vidare sjåast som motstridande diskursive innspel som kjempar om definisjonsmakt over den kriminelle som kategori. Innspela trer fram gjennom argument knytt til menneskeverd relatert til det Foucault ser som fengselets fiasko. Desse innspela fokuserar på kva program som Ny Start *faktisk* kan bety for ein kriminell sitt liv *sjølv* om det eksempelvis ikkje fungerer etter siktemålet om å få ned kriminaliteten. Særleg det kriminologiske fagfelt synast å fremje syn som går på at også den kriminelle har visse grunnleggjande rettar knytt til menneskeverd og eit godt liv, *like fullt* om effektmåla knytt til residiv ikkje vert oppfylde.

Eit fokus på tilbakefall som effektmål nærar opp under enkeltindivida som å verte tal i ulike statistikkar. Enkelte aktørar synast å tone ned den tilsynelatande einsidige talen om redusert tilbakefall og tilhøyrande metodikkar, då det frå nokre hald vert påpeika at det kan vere *andre* målsetjingar enn det å redusere tilbakefall som kan vere viktige og ha noko og bety i satsinga på innhaldet i fengselssoninga, samt at tiltak kan ha i seg utilsikta og uventa aspekt: *Og hvis du på en måte skal måle effekten til disse tiltakene ut i fra det (residiv – min merknad), så trur jeg at disse tiltakene vil forsvinne ganske raskt, altså! Så jeg har ikke tro på den målsettingen, sånn sett, også fordi det er så vanskelig å måle dette her. Men at det kan ha noen verdi i hverdagen for fangene, det tror jeg! Men når du på en måte har det omfattende målet om*

reduksjon av tilbakefall så er faren at de forsvinner når de ser at de ikke reduserer tilbakefall, hvis det er det de ser (...) [D]et jeg tenker at de programmene gjør, de kan tilføre ressurser til fengslene, de prøver i alle fall noe, ikke sant, og jeg tenker at det er bedre enn å ikke ha noe tilbud i det hele tatt. Det kan bryte opp en sånn monoton hverdag for fangene (intervju med Herdis Dugstad 03.05.2001)<sup>130</sup>. Eit anna døme frå 2000-talet og oppfatningar av effektar og element av målforskyving i forhold til det som var utgangspunktet, kan synast gjennom denne uttalinga frå ein fengselsbetjent i Skien krets fengsel: "Etter hvert ble vi nødt til å moderere målsetningane om at dette programmet kunne endre tilbakefallsstatistikken. Nå er målet at deltakerne skal lære seg å minske problemene, ikke å øke dem (Østlie 2000:11). Vidare meiner Dugstad at om det viser seg at tiltaka ikkje reduserar residiv, kan det likevel vere grunn til å oppretthalde slike tiltak, men at "det medfører at man må gå bort fra å betegne tiltakene som forebyggende eller rehabiliterende. I stedet bør slike tiltak være et mål i seg selv" (Dugstad 1999:157 – mi understreking). Og vidare: "Hvis du på en måte skal måle effekten til disse tiltakene ut i fra det (tilbakefall, min merknad), så trur jeg tiltakene vil forsvinne ganske raskt, altså!...Men at det kan ha noe verdi i hverdagen for fangene, det tror jeg!...og for noen gjøre fengselshverdagen bedre, ikke sant" (intervju med Herdis Dugstad 03.05.2001). Dette kan ei uttaling frå ein fange ho intervjuar i samband med hovudfagsstudien sin syne: "Jeg tror egentlig at den største verdien (av tiltaka – min merknad) er den du har akkurat der og da, men jeg tror ikke det vil virke så enormt mye i ettertid" (Knut)(Dugstad:157)<sup>131</sup>.

Til grunn for ytringar om det verdimesig viktige med omsorg og respekt for den kriminelle, ligg normative vurderingar som synast å sjå verdet i den kriminelle "natur". Argumenta går ut

---

<sup>130</sup> Ytringane kan stå for ei faktisk synleggjering av aspekt som idéhistorikaren Espen Schaanning er inne på i *Den onde vilje. En kriminal-filosofisk pamflett* (1994). Der tek han mellom anna opp behandlingstanken si oppblomstring på 1950- og 60-talet, og at ein då var optimistiske og fulle av pågangsmot. Men så kom dei nedslåande resultatane, der den eine undersøkinga etter den andre syntte at all denne behandlinga ikkje hjelpte. Same kva reaksjon ein brukte overfor den kriminelle, såg det ikkje ut til å gjere nokon særskild forskjell på tilbakefallsprosenten. Han skriv mot dette: "Det kan ikke være sant at den (behandlinga – min merknad) bare var mislykket. Resultatet var nok skuffende målt med tilbakefallsprosenten som målestokk. Men det finnes også andre verdier i verden [...] Den må ha gitt både fanger og pårørende rikere liv og større glede. Dette viste seg imidlertid ikke i tilbakefallstallene" (Schaanning 1994:64).

<sup>131</sup> Slike tankar hadde dei fleste fangane i Dugstad sitt utval. Dei var meir opptekne av tiltaka sin verdi i forhold til den noverande soningssituasjonen, medan effekten tiltaka kunne ha i ettertid, det vil seie lauslatingen, var dei mindre opptekne av. I tråd med Stanley Cohen (1985) hevdar Dugstad at det er dei grunnleggjande verdiane som må vere viktigaste å oppnå: "Where desired values are achieved [...] then we are preperating great cruelty if we abandon a good policy on the grounds that it does not reduce crime" (Cohen 1985:264). Avslutningsvis skriv Dugstad at tiltaka må sjåast som ein verdi i seg sjølv, der det er opp til fangane – på deira premisar – å definere måla, og: "[D]er det grunnleggjende bør være at man ønsker å gjøre noe for at fangenes soningssituasjon skal bli best mulig".

på at dei som må tilbringe tid bak fengselsmurane òg har krav på omsorg og respekt, til liks med andre samfunnsborgarar som lever i eit fritt tilvere der dei ikkje tilbringer dagen innesperra. Dei meir teknifiserte aspekt kan med ei slik tale kontrasterast med det humanistiske menneskesynet. Kant sitt kategoriske imperativ vert aktualisert knytt til tilbakefall. Hans moralfilosofi bygde gjennom dette imperativet på at vi aldri skal behandle andre personar berre som middel, men alltid også som formål i seg sjølv (Johansen og Vetlesen 1996:142). Til ei viss grad bryt ei merksemd kring slike verdiar med dei premissar som er lagde for fokuset på tilbakefallsproblematikken (politikk), og den meir distanserende modelltalen (fengsel). At forhold som omsorg og respekt kan ha verdi i seg sjølv – kanskje til og med vere eit mål i seg sjølv – har i liten grad vore gjenstand for *eksplisitt* debatt knytt til politisk gjennomføring og iverksetjing av program og Ny Start. Innspelet overfor kan sjåast som eit samtidig innspel mot den fengselsinstitusjonelle og den politiske arena, men *utan* å ha fått nokon diskursiv status. Modelldiskursen oppfattast som å ha ein hegemonisk status – direkte på den fengselsinstitusjonelle arena, og meir indirekte på den politiske arena. I politikken synast talen òg å romme om eit slikt distanserende aspekt knytt den kriminelle, men meir ”innpakka” i talen om tilbakefall.

#### **7.4 Den kriminelle i medietalens makt**

Zügmunt Bauman beskriv postmoderniteten som ei tid der det avfødest enkeltsakskampanjar i konkurransen om publikum si merksemd, der merksemd er den knappaste ressurs (Bauman 1996:136). Han meiner dette er grunnen til at det fokuserast på enkeltsaker, som igjen framførast med sterkare og sterkare verkemiddel (Loga 1998:186). Dette kan danne utgangspunktet for denne delen av analysen, som skal fokusere på medieblippet og den budskap media gjev om den kriminelle. På bakgrunn av medietalene er det vidare fokus knytt til at media ”set dagsorden”, formidlar verdiar og er ein sentral aktør i ulike samfunnsdebattar. Mitt anliggjande er på bakgrunn av mediebudskapen vidare å analysere *verknadar* av medietalen, eksempelvis i form av kva makt arenaen diskursivt kan ha knytt til andre arenaer. Men fyrst skal den kriminelle eksplisitt sjåast i lys av Foucault sin normalitet/avviksdiskurs, og korleis denne kan utfalde seg gjennom medieopplaga i dei tre kriminalsakene.

### 7.4.1 Avvikets smerter

Kriminalsakene synte oss korleis enkeltsaker og enkeltlagnadar gjennom dramatiske skildringar er i fokus i medias blikk<sup>132</sup>. Gjennom mediebialetet av dei tre sakene trer det som kan karakteriserast som *den enkelte si smerte* fram. Den kriminelle får kome til med *si* tale gjennom avisartiklane. Dette skjer i stor grad i Austbø-saka, då det kjem fram nære og private detaljar om gjerningsmannen, den kriminelle vert gjeven ei stemme. Eksempelvis slår Dagbladet dramatisk opp om korleis drapsmannen blei avvist av den biologiske mora si. Hans uttaling ”-Jeg vet ikke hvem jeg er” er beskrivande for poenget om at ei identitetskrise har gjort han til dobbeltmordar. Men det er ei indirekte tale, sett i scene gjennom vener og kollegaer. Eit anna døme på ei slik detaljert skildring av *den enkelte forbrytar* ser vi i ein VG-artikkel gjeldande Landås-saka: ”30-åringen sier han hører stemmer som ber ham drepe. Nå sitter han fengslet for drapsforsøk” (VG 13.10.2000). Artikkelen skildrar punkt for punkt fortida og livet til den 30 år gamle somaliaren, og private og nære detaljar vert gjorde offentlege. Talen kring den kriminelle gjev rom for ein type *nærleik* som fostrar den kriminelle smerte. Den kriminelle setjast fram i lyset og gjerast til offentleg skåe – avviket får eit ansikt.

#### 7.4.1.1 Normalisering?

Denne kriminelle smerta kan vidare setjast i samband med offeromgrepet, og slik gjere synleg mediebodskapen om gjerningsmannen sjølv som å vere eit offer. Smertedimensjonen kan frambringe ei tale som gjer vedkomande til eit offer for samfunnet og fråverande kjensler, omsyn og omsorg. Vi kan med dette skimte ein mediebodskap som ser den kriminelle som noko som samfunnet, eller *kulturen*, har bringa fram gjennom manglande omsut. Det trer ikkje fram ein eindimensjonal gjerningsmann-offer diskurs som trekkjer eit klårt skilje mellom dei kriminelle og ofra. Det farlege avviket trer inn i normaliteten gjennom ein slik offerstatus, og truar det etablerte skiljet mellom Oss normale og dei Avvikande kriminelle. For på mediearenaen vaklar dette skiljet straks bodskapen vert vinkla i lei av å gje den kriminelle eit ansikt ut til resten av samfunnet. Ein ytterlegare faktor er at denne bodskapen kan vere av ein karakter som ser den kriminelle som å ha kriminaliteten *i* seg, eller som å vere

---

<sup>132</sup> Trass desse fellesnemnarane, kom det fram tre forteljingar som romma ulike saksforhold og utfall i kapittel 6.0. Illustrerande her er det korleis to av sakene endar med drap (Austbø og Sykkylven), medan den siste ikkje får eit slikt utfall (Landås). Sistnemnde leiar derimot hen imot eit anna interessant resultat, lovendinga av husleigelova som kom som ein direkte konsekvens av saka. Vi skimtar samanhengar mellom arenaer på det faktiske plan gjennom ulike handlingar som finn stad. Den språklege dimensjonen skal bringast inn i tillegg på dette stadiet av studien, for å komplettere det diskursive nivå.



forma i det kulturelle og samfunnsmessige rom. Media kan såleis seiast å spele på kjensledimensjonen også relatert til den kriminelle, og eksempelvis føre vedkomande inn i normalitetens dimensjon med sin budskap om den kriminelle som òg å vere eit offer. Paul Leer-Salvesen<sup>133</sup> problematiserar omgrepa gjerningsmenn og offer, knytt til menneskesyn. Han meiner at dei fleste gjerningsmenn òg har mange erfaringar med å vere offer, samt at dei også er det under opphaldet i fengselet. Vidare likar han ikkje orda, då dei byr på problem som har med menneskesyn å gjere; *”Både gjerningsmannen og offeret står i fare for å bli identifisert med det som har skjedd”* (Leer-Salvesen 1997:99). Sagt med andre ord står dei i fare for å få sin identitet gjennom si handling. Likevel nyttar han omgrepa sjølv, då det er dei som nyttast i daglegspråket. Det fins i hans auge ingen gode alternativ på norsk. Hans problematisering av omgrepa trekkjast fram her, fordi den syner at gjerningsmann<sup>134</sup> og offer ikkje finnast i ”reine” former. Likevel nyttar eg omgrepa, i tråd med Leer-Salvesen si grunngeving, og ser at dei gjennom medietalen fyllast med ulikt innhald.

#### 7.4.2 Normalitetens smerter

Det er ikkje berre den kriminelle sine smerter, enten sett som avvik eller som å tre over i normalitetens rekkjer, som tonar fram i medietalene. Om vi ser til Landås-saka, ser vi korleis det kjem fram ei *anna* type smertetale. Denne talen vert gjeven ei stemme frå eit offer slik det kan karakteriserast gjennom tradisjonelle offerdefinisjonar på kriminaliteten sitt område<sup>135</sup>. På same måte som vi får innblikk i *den kriminelle* sine smerter i Austbø-saka, kjem *offeret* si smertelege tale fram i Landås-saka<sup>136</sup>. Det mest iaugefallande offeret her er den angrepne og forvaldne Monica Lien, då ho vert gjeven klårt mest merksemd i avisene sine framstillingar av saka. Ho overlever, og får kome med sine kjensler og synspunkt formidla gjennom fleire avisartiklar. Den gisselhaldne 12-årige Gard og politimann Brattlie er gjeven meir

---

<sup>133</sup> Paul Leer-Salvesen har skrivne både skjønnlitteratur og faglitteratur. Han har arbeida som fengselsprest og journalist og har drive forskning innan kriminologi.

<sup>134</sup> Eg sidestiller omgrepet ”gjerningsmann” med omgrepet ”kriminell”.

<sup>135</sup> I dag nyttast omgrepet offer i vid forstand om menneske som rammast av sjukdomar, ulykker, tap, diskriminering og skade. Offerproblematikken for denne studien er knytt til kriminalitet, og difor snevrare. Hovudsakleg er fokuset knytt til menneske som krenkast og skadast som ei følgje av andre menneske sine handlingar.

<sup>136</sup> Det er freistande å trekkje parallellen frå media si framsyning av smerta til den franske filosofen Emmanuel Levinas sin nærleiksetikk, og hans omgrep om den Andre. Han er oppteken av korleis nauda i den Annen sitt ansikt kan utfordre moralen i mennesket. Vi vert menneskelege i møtet med den Andre, ved at undringa og medkjensla for medmennesket vert pådytta oss utanfrå. *”Det er jegets erfaring, som vekker moralen i mennesket”* (sjå Loga 1998, samt Vetlesen 1996). Å sjå smerta i den enkelte sitt Ansikt gjennom medieskildringar, kan skape empati med offeret. Vetlesen skriv om korleis nokre veldig få av dei fjerne andre kan verte til ein av dei nære andre ved at deira ansikt vert viste i massemedia (Vetlesen 1999).

”tilbaketrekt” offerstatus i medieforteljinga. Kanskje var ikkje dramatikken og grusamheita ”stor nok” knytt til medias logikk i kriminalitetens sfære?

Det er hovudsakleg ei indirekte offertale som er i spel, då det er far hennar som uttalar seg i dei aller fleste tilfella (Monica uttalar seg sjølv berre i ein artikkel). Det er særleg i den sjølvskrivne kronikken sin i BT; ”*Norsk kriminalpolitikk – på gjerningsmannens side?*” (BT 10.10.2000), at denne kjem til uttrykk. Her fortel Lien dottera si historie og rettar hard kritikk mot norsk kriminalpolitikk. Han hevdar at det synast viktigare å vareta rettane til gjerningsmenna enn til ofra. I tillegg til kronikken er det same dagen på trykk artiklar med fokus på Reidar Lien og via han ytringar og synspunkt gjeldande dottera, som vidare må sjåast som forsterkande mekanismar knytt til medietalen sin smertelege dimensjon. Bilde både på framsida av avisa og i artiklane gjev ei ytterlegare styrking – framsyninga av det personlege og nære via spelet på det kjenslemessige er gjennom avisartiklane av både tekstuell og visuell karakter. Den *kriminelle* si eiga stemme vert her nedtona til fordel for offeret sine smertelege erfaringar med den kriminelle ”natur”. I lys av Foucault sitt skilje mellom det avvikande og det normale, kan ei slik framstilling på offerets premissar, uttynne avvikets ”bekjenning” om sine smertelege erfaringar. I Landås-saka demmast den kriminelle si tale ned av eit medieblikk retta mot *offer*kategorien i sin tradisjonelle forstand. Vidare fører denne offertalen farlegskapen og galskapen fram i lyset, og aktualiserar slik fleire foucaultianske termar på mediearenaen. Den kriminelle subjektssdimensjonen synast imidlertid å vere tillagt kriminaliteten som å liggje i vedkomandes natur. Dette skil seg frå Foucault si subjektforståing knytt til den språklege dimensjon, som gjer at kriminalitet ikkje vert noko som må ”temmast” eller endrast. Avviket gjerast til skåe for offentlegheita, men på offerets premissar, gjennom at avisene i stor grad siterar desse i sine dekkningar av sakene. Landås-saka hevast fram i dette avsnittet om *normalitetens* smerter, då offerdimensjonen og normaliteten trer særleg klårt fram gjennom denne. Slik farleg gjerast den kriminelle ytterlegare, ved at det ikkje spelast på offerdimensjonen i forhold til den kriminelle sin ”natur”. Den kriminelle framstillast ikkje som offer, men som kriminell i tradisjonell forstand – og kriminaliteten synast naturgjeven i subjektet.

### **7.4.3 Grensedragingar**

Foucault var gjennom sitt forfatterskap oppteken av grenser. Han ser grensa som konstituerande for ein kultur sin identitet, og som å komme til uttrykk overfor fenomen den ikkje vil kjennast ved. Foucault ynskjer å gripe den tildraginga kor grensa trekkjast, vert til og

overskridast (Eliassen i Foucault 1996). Ved å relatere grensa til hans omgrep om normalitet og avvik, er også medietalen med å trekkje og setje grenser som spelar på identitet og kategoriseringar av menneske, samt på samfunnet si innside og utside.

Medieforteljinga om Sykkylven-saka har ei framtoning av ein slik karakter. Det er slående korleis denne saka, trass sitt skandaliserande og katastrofale innhald, får minimal merksemd i nasjonal og regional presse. Mest merksemd får den lokalt. Om vi ser dette i lys av omgrepsdikotomien normalitet/avvik, kan det spørjast om manglande pressedekning kan vere eit resultat av at det tydelege og vanlege identitetsskilje mellom gjerningsmann og offer ikkje kan gjerast, då dei *begge* er psykiatriske pasientar. Offeret er *sjølv* ein del av samfunnet si utside, fordi *"29-åringen skal i en årrekke ha vært psykiatrisk pasient [...] det samme skal ha vært tilfelle for samboeren"* (VG 05.10.1998). Deira psykiske lidingar poengterast fleire gongar: *"Den nå drapssiktede 29-åringen og hans offer ble kjæresten da de begge var psykiatriske pasienter på en institusjon i Molde"* (VG 07.10.1998) [...] *"Den drepte var langtidspasient ved Åse psykiatriske avdeling..."* (Dagbladet 05.10.1998)<sup>137</sup>. Foucault har gjennom sine studiar synt oss korleis kriminaliteten med å verte synleg for alle skapte ei frykt for avviket. Denne synleggjeringa gav grobotn for skiljet mellom Oss og dei Andre – mellom normalitet og avvik. Saksforholda i Sykkylven-saka gjenspeglar ikkje ein vanleg avstand mellom Oss og dei Andre – mellom den "normale" samfunnsborgarar som vert offer for ei kriminell handling, og den avvikande kriminelle som utførar gjerninga. Slik trer ikkje dei same dimensjonelle spennan mellom avvik og normalitet fram i denne saka, og medietalen fortonar seg i lys av dette på ein annan måte enn ved dei to andre forteljingane. Grensedraginga legg seg meir på det samfunnsmessige nivå, då eit skilje mellom "innside" og "utside" trer fram. Også reint geografisk kan gjerningsmann og offer sin posisjon i lokalsamfunnet symboliserast, ved at drapet *"skjedde i en avsidesliggende enebolig i Hundeidvik"* (Sunnmørsposten 06.10.1998). Det visuelle inntrykket forsterkar dette ytterlegare, ved eit bilete av det vesle huset deira liggjande åleine og øyde i skogen.

Knytt an til avviket og smertedimensjonen, trer ikkje denne fram i den same språkdrakta i Sykkylven-saka som i Austbø-saka og Landås-saka. Når dette er sagt, ser vi korleis den

---

<sup>137</sup> Imidlertid er det berre dei tabloide avisene Dagbladet og VG som gjer eit poeng ut av at både gjerningsmann og offer var psykiatriske pasientar. Dette vert ikkje nemnt i lokalavisa Sunnmørsposten, som for øvrig framstiller saka på ein meir stigmatiserande måte. Avisa vektlegg særleg korleis både gjerningsmann og offer er ein del av eit belasta rusmiljø på staden. Stigmatiseringa syner seg òg gjennom avisa si skildring av den frykt og påvente som lokalbefolkninga synast å ha av at dette kom til å hende.

drepe Nina får kome med si tale om frykt og eit turbulent kjærleiksforhold. Døme på dette kan vi sjå i artikkelen "*Nina fryktet å bli drept*", som Dagbladet har på trykk. Men denne talen når ikkje ut på same måten som både den kriminelle og offeret si tale gjer i dei to andre sakene. Den synast ikkje like sterk og markant, på grunn av det fordunkla og tvitydige skiljet mellom normalitet og avvik. Ei forsterking av den nedtona smertetalen kjem fram gjennom vektlegginga av *fryktaspektet*. Dette er "*drapet alle frykta*" (Sunnmørsposten 05.10.1998).

Gjennom medietalen skjer det ei *samanstilling* av to kategoriar som tradisjonelt vert halde sterkt frå kvarandre. Den vert trekt *nye* grenser på kostnad av den tradisjonelt opptrekte grensa mellom gjerningsmann og offer. Dette skiljet går mellom dei to som å vere meir som *eitt*, og lokalsamfunnet rundt som å vere *eitt* – "innsida" og "utsida" er sett i spel. Likevel kan ikkje dette sjåast som eit like sterkt og fast skilje som det tradisjonelle skiljet. Saksforhold som går på at Nina *sjølv* frykta sambuaren sin, og blei utsett for vald i hat-kjærleiksforholdet gjer at ho i medietalen bevegar seg nærare grensa mot Oss, men utan å få ta steget fullt ut.

Motsetnadsvis ser det ut til at dei grensene som avisene er med å trekkje opp mellom normalitet og avvik skjer i meir *tradisjonelle* former i Landås-saka. Offeret er ei heilt "vanleg" kvinne, som utan førevarsel vert utsett for ein psykisk sjuk sine kriminelle handlingar. Gjennom detaljerte skildringar av både hendingsforlaup, somaliaren og Monica Lien ser vi korleis skiljet mellom Oss og den Andre fell inn i allereie opptrekte grenser mellom kriminell og offer. Når dette er sagt, er det ein annan dimensjon ved saka som i avisartiklane si framstilling av den kan vere med å *forsterke* dette skiljet. Somaliaren gjer seg til gjerningsmann for *fleire* kriminelle handlingar. Det er ikkje berre *eit* offer i denne saka, men tre. Også 12-årige Gard og politimann Bratlie framstillast som offer, og forsterkar skiljet mellom det farlege Avviket og Oss. Vidare kan Austbø-saka sidestillast med Landås-saka knytt til overfornemnde gresedraging, då eit tradisjonelt skilje kan trekkjast mellom den avvikande gjerningsmann og dei to ofra. At utfallet blei drap kan vere med å forsterke denne budskapen. Det *dramatiske* ved hendinga får ein forsterkande effekt.

#### **7.4.4 Den emosjonelle dimensjon**

I lys av ei foucaultiansk tilnærming skapar media "sanningar" om den kriminelle avvikar gjennom sine framstillingar. I dette meiningsrommet dominerar smerta og ei gresedraging mellom kriminell og offer i relasjon til normalitet og avvik. Mediebodskapen om kriminalitetsdimensjonen som å vere ibuande i individet, eller som å vere eit kulturelt og

samfunnsmessig produkt utspelar seg vidare. Medielogikken har slik ein avgjerande *makt*posisjon knytt til ulike diskursar kring den kriminelle, då vi veit kor nært knytt omgrepa om sanning og makt er i diskursproduksjon. Personfokuseringa<sup>138</sup> gjennom enkeltsaker og enkeltlagnadar er saman med dramatikk og skandalisering eit gjennomgåande trekk. Eit slikt fokus på den enkelte og lagnaden til vedkomande kan sjåast i tråd med det å ville appellere til folk sine kjensler. Gjerningsmenn og offer sine nære og smertelege taler utgjør eit spel på emosjonar og kjensler, som bringast fram i offentlegheita gjennom kriminalsakene. Ein *emosjonell diskurs* trer fram i meiningsrommet kring dei ”intime” og nære forteljingane om både kriminell og offer.

Imidlertid er det ein relativt tvitydig emosjonell dimensjon som trer fram på mediearenaen, om vi ser til dei tre sakene denne studien kastar lys over. Det er inga eindimensjonal og openbar smertetale som kan vekke fram universelle og sjølvsegde kjensleerfaringar for mottakarar av ein slik mediebodskap. For det er ikkje gjeve kva kjensler som skal framkallast og setjast i spel, når det faktisk er tale om kriminelle gjerningsmenn som har gjort seg skuld i kriminelle handlingar. Deira smerte (ulykkeleg barndom, mangel på omsorg og respekt etc.) vert ikkje nødvendigvis like klår som det ei medietale knytt til det tradisjonelle offer kan vere. Dette fordi sistnemnde ikkje har skuld i hendinga, men vert eit offer av ”verkeleg” storleik. Likevel synast avisene å spele på det. Det er som om den ”tause kunnskap” gjeldande korleis sakene skal framstillast i ein mediesamanheng trer i kraft – ein uuttala medielogikk som har i seg blikket for den emosjonelle dimensjon. Eit slikt uuttala aspekt kan sjåast i samanheng med at i konkurranse med andre saker, så vil saker retta mot det kjenslemessige og det som kan bringe fram ei eller anna form for empati – det vere seg knytt til kriminell eller offer – stå sterk i konkurransen om folks merksemd. Smerta rår i medietalen, med ei kraft som appellerar til folks kjensler.

Desse aspekta må naturlegvis sjåast i ein vidare samanheng som har med avisene sine salstal å gjere. Kriminalsaker generelt og eit fokus på den kriminelle og offerets enkeltlagnader spesielt, inngår som gunstige fyrstesideoppdrag med tanke på salstal. Jo meir dramatisk og

---

<sup>138</sup> Den amerikanske sosiologen Richard Sennet innførte omgrepet ”intimitetstyranni”, og peika på modernismens sjukelege opptatleik av jeg-et (Sennet 1992). Han skriv om korleis vi skal heilt inn under huden, heilt inn i den offentlege personen sitt kjensleliv. Dette utgjør derimot ein skilnad frå dei kriminelle som enkeltpersonar, då dei ikkje kan sjåast som offentlege personar. Når dette er sagt, kan kriminelle *bli* offentlege personar gjennom medieoppdrag. Eksempelvis Orderud-saka (2002) førte Per og Veronica Orderud inn i offentlegheita sitt lys og ”omgjorde” deira posisjon i samfunnet frå privatpersonar til offentlege personar.

skandaløst, dess betre. Trass i ei slik meir generell påpeiking av mediestrategiar og taktikkar, har dette avsnittet nyansert desse ved å problematisere det empatiske aspekt. Det vidare fokus skal kaste lys over *verknader* som slike medietaler kan ha, sett i forhold til den fengselsinstitusjonelle og særleg den politiske arena. Med eit slikt fokus på arenaene skal vi sjå at det også setjast fengselsinstitusjonelle forventningar i spel. Neste avsnitt skal omhandle nettopp *effektar* av den tilskjerde medietalen, knytt saman med den fengselsinstitusjonelle tale, og korleis desse diskursivt må sjåast saman med den politiske røynda. Slik skjer det ei ytterlegare problematisering av samanhengar mellom nivå, i tillegg til det vi allereie har sett i spel, knytt til den fengselsinstitusjonelle og den politiske tale. Det er fyrst no, etter å ha sett diskursar i spel på dei ulike arenaene, det vert gjeve rom for å komparere arenaene i forhold til kvarandre på ein meir heilskapleg måte.

#### 7.4.5 Ulike taler og verknader

Både den fengselsinstitusjonelle-, den politiske- og medietalen må sjåast i ein samanheng og på tvers av det konstruerte skiljet som meir eller mindre blei oppretthalde i dei tre forteljingane frå arenaene i studien sin andre del. Det som udiskutabelt løyser opp dei institusjonelle skiljelinene er dei krav og forventningar som setjast i scene gjennom dei diskursive talene som har vorte identifiserte.

Om vi stiller *modelldiskursen* saman med *den emosjonelle diskurs*, kjem det fram eit skilje kring talen om den enkelte kriminelle som ikkje kan sameinast. Likevel kan desse synast å finne saman inn mot det politiske plan, i form av krav og forventningar. Gjennom det språk og den meiningshorisont som skapar desse diskursane gjevast det form til *forventningsdiskursar*. Gjennom media og fengselsinstitusjonen si stemme synast det å liggje under krav til det politiske system om å løyse kriminalitet som samfunnsproblem, politikarar og styresmakter skal handtere desse motsetnadane. Politiske aktørar er slik forventa å skulle syne sin *klokskap* gjeldande kriminaliteten som det ”uhandterlege” problem, som breiar om seg i dagens samfunn<sup>139</sup>.

---

<sup>139</sup> Det er freistande å trekkje inn Jürgen Habermas sin teori om kommunikativ rasjonalitet (Theorie des Kommunikative Handels) her. Ole Brekke skriv mellom anna dette om ein slik kommunikative prosessen: ”Det er gjennom en mest mulig åpen, offentlig og tvangsfri kommunikasjon at normativt baserte konsensuser som kan danne grunnlag for en politisk-rettslig styring av den teknologiske utvikling lar seg etablere. Verdispørsmål kan bare avklares i en diskurs rettet mot forståelse, gjennom en kommunikativ deliberasjon (drøfting, overveiing), og den offentlige diskursen framstå hos Habermas som en slik kommunikativ viljesdannelsesprosess” (Brekke 1995:44). Knytt opp til denne studien sine påviste diskursive felt, der den politiske arena kjem i ein ”mellomposisjon”, ville ein bruk av Habermas kanskje heller kunne betegnast meir som ein 'ironisk' bruk. Dette på bakgrunn av at semje gjennom drøfting og deliberasjon ser ut som å vere eit umogleg krav å kome med på

#### 7.4.5.1 Media og politikk

*Kriminalpolitikken er det området som er mest utsatt for tilfeldigheter og i alle fall mest utsatt for kva medier kan finne på å meine. Fordi at alle har sterke meiningar om dette, og alle i samfunnet blir berørt eller meiner voldsomt mykje om det på ulike måtar* (intervju med Torfinn Langelid 06.04.2001). Medierøynda er ein uåtskiljeleg del av den politiske røynda, og i talen om den enkelte si smerte synast det å vere ein underliggjande dimensjon av fortvilning som særleg rettast mot den politiske arena. Dette skjer ikkje i form av eksplisitte ytringar siterte i avisartiklane, men heller som ein verknad i form av fleire framstillingar av enkeltlagnadar som til saman dannar forventningsdiskursen om at det er eit politisk anliggjande å få bukt med dagens kriminalitetsutvikling og den farlege (men samtidig forsømde) kriminelle.

I kapittel 4.0 såg vi at sentralpolitikarar blei trekte inn i forteljingane. Dei blei forventa å skulle uttale seg på kort tid. Særleg var dette tilfelle i Landås-saka og Austbø-saka, og aller mest ved sistnemnde, då denne saka er den av størst nasjonal karakter sett i avissamanheng. Men trass i hyppigheitsfrekvensen i dekkinga av Austbø-saka, er det lovendinga knytt til Landås-saka som skil seg ut i mediediskursen. I ein spørjetime på Stortinget (18.10.2000) opplyser justisminister Hanne Harlem at reglane for utleige av bustadar til sikringsdømde vert endra, ved at husvertar som leiger ut til sikringsdømde skal informerast av leigetakaren si kriminelle bakgrunn. *”Justisministeren har handlet raskt på grunn av knivdramaet på Landås”* (BT 19.10.2000). Vi ser at medietalen kan få faktiske konsekvensar politisk sett. Avisene si framstilling av saka har medført ei slags definisjonsmakt over måten politiske aktørar fattar vedtak og tek avgjerder. Med dette føl det at det som kan karakteriserast som den emosjonelle diskurs sin hegemoniske status, får verknader på politikken tale og praktiske politikk.

Det politiske vedtaket, og framstillinga i avisene får vidare konsekvensar for det syn på den kriminelle gjerningsmann som får utspele seg på mediearenaen. Lovvedtaket oppfattast frå nokre hald som å gjere det vanskelegare for den kriminelle å unngå stigmatisering og å kvitte seg med stempelet på vegen til eit ”normalt” liv: *”-Det blir en for sterk inn gripen i*

---

kriminalitetens område - teke talen som formar diskursane i omsyn, saman med budskapet om den faktiske kriminalitetsutvikling som å auke i dagens samfunn. Særleg mediearenaen synast å gjeve uttrykk for ein budskap om at kriminaliteten er ute av kontroll, som vidare kan tolkast som eit samfunnsproblem ein ikkje kan einast om etter habermasianske prinsipp.

*personvernet om alle sikringsdømte skal informere om sin bakgrunn* (Olaf Bryner i Huseiernes Landsforbund) [...] ”-Vi skaper et gapestokksamfunn” (Stig Høisæther i Leieboerforeningen). Vidare finn Reidar Lien dette svært positivt, saman med Janneche C. Lindtner i Huseierforeningen: ”Samfunnet må verne private borgere, ikke bare de kriminelle” (ibid). Knytt til avvik/normalitetsdiskursen vert den kriminelle omtala i offentlegheitas lys, som ei gruppe *avvikarar* som ved denne lovendringa kan sjåast som ei ytterlegare stigmatisert gruppe. Samspelet mellom arenaene nærar her opp under ei stigmatisert kategorisering av den kriminelle sin identitet, ved å vedta ei lov som kan forsterke avviket, og skyve vedkomande endå lenger ut i avviket som definert kategori for den kriminelle. Dette kan tolkast som ein type ”skjult” disiplinering av avviket – det skyvast lenger ut i avvikskategorien, gjennom ein av samfunnets disiplinierende maktteknikkar.

Vidare må det som her har kome fram knytt til forventningar og krav, sjåast i samanheng med det som tidlegare kom fram gjeldande politikken såkalla usjølvstendige tale (jf. 7.3). No er det imidlertid media som kjem inn og utfordrar politikken knytt til deira eiga og sjølvstendige tale. Det er med dette som om politikken ”mistar” moglegheita for den eigne og sjølvstendige tale på det kriminalpolitiske felt, på bakgrunn av den dominerande og tvingande tala som pressar seg på frå mediearenaen (i tillegg til det vi har sett gjeldande fengselets premissar). Det rettast krav mot politikken, krav som ikkje kan handterast på bakgrunn av deira *eiga* tale knytt opp mot residiv, tilbakefallsprosentar og inntrykket dei gjev av å ha *kontroll* med kriminalitetsutviklinga gjennom val av stadig nye metodar og verkemiddel retta mot den kriminelle. Andre grep må takast – grep som media til ei viss grad kan tvinge fram gjennom sin budskap om den kriminelle. Synt gjennom Landås-saka ser vi mediemakta i spel, gjennom korleis politikken kan synast å overta presset som vert retta mot dei, i form av å gjere det som ein del av si eiga tale om den kriminelle. Politiske aktørar vik og gjev etter for mediepresset.

Samtidig kan det tyde på at politikarane *sjølve* kan oppfatte presset mindre problematisk enn det vi ser her. Eksempelvis var eit svar på spørsmål om kjensla av press frå media gjennom enkeltsaker at *jeg føler at det er helt uproblematisk. For når du rusler og går i korridorene her, så blir du etter hvert ganske tykkhudet [...] jeg tror pressens betydning er overdrevet* (intervju med Kristin Krohn Devold 03.05.2001). Det blei vidare peika på at *pressen er veldig viktige vaktbikkjer til å passe på hvis ikke systemet blir praktisert slik som er lovgivers og Stortingets intensjon. Og veldig ofte så har pressen faktisk et poeng, og da er det vi på Stortinget som må skjekke at det vi faktisk har bestemt blir fulgt opp i praksis*. Frå Frp er ikkje



uventade haldninga også positiv til dette, fordi *det er jo stort sett skandalar de slår opp, og det syns jeg er viktig kommer frem [...] da får også folk ute i samfunnet se hva som skjer, og så har vi anledning til å stramme opp departementet og de som er ansvarlige* (Intervju med Jan Simonsen 02.05.2001). Argumenteringa vitnar om ei tiltru til media som å kunne påverke i positiv lei. Dette kan òg opplevast som frustrerande *fordi media slår opp en sak veldig stort og veldig ensidig [...] men altså jeg føler meg ikke pressa som politiker i forhold til det, fordi vi har et gjennomtenkt, gjennomarbeidet syn på hvordan Kriminalomsorgen bør være [...] men det er frustrerende hva slags signaler de sender ut til folk, altså...* (intervju med Ane Sofie Tømmerås, Ap, 02.05.2001). Argumenta svingar som vi ser mellom media som ein viktig kontrollmekanisme, men òg som å kunne vinkle enkeltsaker stort og ensidig. Det sentrale er imidlertid *eigenoppfatninga* kring presset som ikkje å ha betydning for dei partipolitiske program og syn – sett i forhold til det konkrete døme overfor. Spriket mellom dei ser vi, då politikken tale og handling har vorte utfordra og endra gjennom spelet mellom arenaer og deira taler kring ”den kriminelle”.

Eksemplifisert gjennom avismaterialet såg vi korleis Kristin Krohn-Devold blei pressa av media då ho *”allerede en halv time før politidrapsmannen på Austbø overga seg, hevdet at psykiatriske pasienter burde settes i fengsel”* (Dagbladet 13.03.1998), og fekk ein storm av kritikk mot seg. Om vi ser til komitéinnstillingar og uttalingar i Stortinget knytt til denne type kriminalitetsproblematikk, er ikkje slike argument å finne att nokon stad på 1990-talet. Det kan tyde på at det politisk føregår ei *anna* tale i media enn det som er tilfelle i planlagde komitémøte og stortingsdebattar, som kanskje kan stå som ein direkte konsekvens av den utvikling som har skjedd på mediearenaen gjeldande budskapet om kriminalitet og den kriminelle. Uttalinga blir vidare teken opp i eit tredje fora, då Krohn-Devold i intervjusamanheng presiserar ytterlegare kva ho eigentleg meinte med uttalinga. Ho tek sjølvkritikk i etterkant, og uttalar at *”jeg burde ha vært klarere [...] mine uttalelser var ment å være generelle, kanskje burde jeg presisert at jeg ikke kjenner denne saken”* (ibid), men presiserar at føresetnadar og nyansar blei vekke på vegen. Vidare rettar ho kritikk mot media, og hevdar at det herskar ein viss dobbeltmoral i at journalistar kan ringe ho midt på natta for kommentar, og etterpå kritisere ho for å vere for rask. Ho set òg media opp mot partiet sitt og veljarane, i artikkelen referert til overfor: *”Både partiet og velgerne gir meg positiv respons på at jeg er åpen, klar og direkte”*. Det er ein meir fritalande politiskar som står fram i Dagbladet og i intervjusamanheng enn det vi har sett i stortingsdebatten. Medievinklingar av saker synast gjennom eit slikt døme å kunne leggje press på politikarar på ein anna måte enn

det som er tilfelle i meir etablerte og strukturerte fora, med premissgjevingar frå byråkratisk og vitskapleg/fagleg hald.

#### 7.4.5.2 Media og fengselsinstitusjon

Òg mellom media og fengselsinstitusjon<sup>140</sup> utspelar det seg verknadar på bakgrunn av mediebodskapan som har kome fram. Igjen er det Landås-saka som syner dette, og korleis vurderingar innan psykiatriens område får konsekvensar for *andre* sikringsfangar – via dramatiske medieoppdrag. Det er fleire som vert ”*offer for knivdrama*” (BA 18.10.2000), i form av at ein utskreve pasient under frisikring blei taua inn att på bakgrunn av Landås-saka. Det er vidare fleire saker av same art over eit kortare tidsrom etter saka. Saka fekk store konsekvensar for andre enn dei som direkte var innblanda, som ein konsekvens av medietalen som dominerte forteljinga. Ved den dominerande medietalen gjeldande offeret sine smerter, lidingar og fortvilning, synast psykiatrien å følgje opp dette på det handlingsmessige plan. Sett i eit vidare perspektiv ser vi korleis medietalen kan få ein verknad i lei av forsterking av ei stigmatisering av det kriminelle som avvik. Vi ser korleis *ein* kriminell har fått teke steget over i normalitetens rekkjer, ved å ha vorte skriven ut og fått frisikring og såleis til ei viss grad bevega seg vekk frå den avvikande kategori. Men med ei slik heilomvending frå den psykiatriske disiplin kan det derimot sjåast som om ei *redefinering* av den (gale) kriminelle finn stad, der vedkomande får sin gamle identitet tilbake på grunnlag av medietalen som rår - og slik har synt fram den *farlege* kriminelle.

#### 7.4.5.3 Fengselsinstitusjon og politikk

Talen som dannar forventningsdiskursen frå fengselsinstitusjon til politikken arena ber preg av å utøve eit visst press mot politiske aktørar. Knytt til fengselsinstitusjonen ligg desse forventningane både forut for tiltak og iverksetjing av program, samt i etterkant. Det vert *forventa* at dei signal som kjem frå politisk hald er skikka til å gjere noko med den avvikande kriminelle og vedkomandes tilbakevending til kriminelle gjerningar. I relasjon til fengselsinstitusjonen er det ei relativt gjennomgåande påpeiking av manglande økonomiske ressursar som utspelar seg frå fleire hald. Interessant er det korleis det òg visast til det som går på kunnskap og kompetanse: *Det er veldig lite pengar i Justisdepartementet å bruke, og det er veldig lite kunnskap* (intervju med Leif Waage 04.04.2001). I tillegg til argument om


---

<sup>140</sup> Imidlertid er det ikkje fengselet i fysisk forstand det er snakk om her, då fokuset er lagt til psykisk sjuke kriminelle. Følgjene er med dette i relasjon til behandlingssinstitusjon, utan at dette har noko praktisk betydning for denne delen si påpeiking av samanhengar mellom media og psykiatri/vitskap.

manglande kunnskap retta frå fagleg til politisk hald blei fagkunnskapen som omgjev Ny Start og andre program også påpeika av fagfolk sjølv, her frå ein pedagogisk ståstad: *Men utifrå den kunnskap som vi har, i alle fall ein del av oss som har jobba med dette i årevis, så kunne det jo ha vore gjort så mykje, mykje meir på desse felta, det er det som er problemet* (intervju med Torfinn Langlid 06.04.2001). Desse uttalingane kan eksemplifisere dei fengselsinstitusjonelle forventningar, men utgjer berre *eit* aspekt av denne forventninga, som òg har dominert talen i det skriftlege materialet som studien er tufta på. Eksempelvis blei det i initiativfasen gjennomført studiereiser til Canada for å skaffe dokumentasjon av at Cognitive Skills (som blei til Ny Start i Noreg) var det rette for norsk fengselsvesen, og *”dokumentasjonen på de gode resultatene virker overbevisende”* (Rapport frå besøk i Canadisk kriminalomsorg 1993:8). Rapportar og tilrådingar blei skrivne og sende til politisk hald, med ynskje om iverksetjing. Gjennom språk og handling rettast det eksplisitte krav og forventningar i retning det politiske system frå fagleg hald. Her kan det trekkjast inn korleis fengselsarenaen kan sjåast som ”språkleverandørar” for politikken tale gjennom fokuset på den tekniske gjennomføringa av programmet knytt til tilbakefallsproblematikken (jf. 7.3). Det har utvikla seg ei eigeprofilert tale på fagnivå knytt til fengselet. Basert på det som kom fram i 7.2.1 knytt til modelldiskursen, samt det no påviste kravet om ressursar og iverksetjing, tonar det fram ei sjølvstendig tale relatert til den kriminelle på den fengselsinstitusjonelle arena.

Som ei avrunding i denne omgang gjeldande diskursive taler og nokre verknadar, poengterast det at aspekt som i utgangspunktet og på overflata kan synast som ei formidling av kriminalitet (media) og ei sjølvoppfatta vending mot eit meir individorientert straffesystem i form av rehabilitering gjennom Ny Start og andre program (fengselsinstitusjon), kan på eit diskursivt nivå mellom anna utarte seg meir som ein todelt forventningshorisont som finn saman kring arenaen som vert forventa å skulle hamle opp og utvise klokskap (politikken). Dette kan, saman med visse aspekt som har kome fram på eit tidlegare stadium i analysen, illustrerast slik:

Figur IV: Døme på taler, krav/forventningar og påverknad i spel mellom dei tre arenaene



## 7.5 Den farlege kriminelle - ny risiko

Gjennom den personretta, intime talen i media visast den farlege, kriminelle ”natur” fram på ein heilt anna måte enn det som er tilfelle gjennom talene som fremmast på dei andre arenaene<sup>141</sup>. Det smertefulle, farlege og risikable ved kriminaliteten og den kriminelle vert ”pakka inn” i andre termar og omgrep, som gjer distansen mellom normalitet og avvik større enn på mediearenaens område. Der kan smerta, personifiseringa og den kriminelle identitet synast fram – risikoens natur får tre fram i dagens lys. Ved å gje kriminell og offer eit ansikt, får dei som fell utanfor og dei som er råka av ei slik utanforheitas lagnad sjølv kome med si tale ut til offentlegheita. Vi ser her tendensar til ein skilnad frå Foucault si subjektforståing, der mennesket ikkje har noko ingen indre og absolutt kjerne, men derimot som å vere meir

<sup>141</sup> Det må her poengterast at den kriminelle sin ”natur” er ulik på arenaene. Fengselet og Ny Start programmet ekskluderar psykisk sjuke kriminelle, medan media kan seiast å syne fram denne ”utanforskapen”. Den gales tale (jf. Foucault 2000) får sleppe til på mediearenaen, då avvikets ytterpunkt får tre fram her. Imidlertid er det ikkje *type* kriminell som er det sentrale aspekt, men derimot *bodskapen* om den kriminelle slik den trer fram.

språkleg gjevne og såleis relativ. Gjennom medietalen synast ondskapen i mennesket – kriminaliteten - å kunne bu i mennesket, og vere eit produkt av naturen og ikkje kulturen. Vi kan såleis på eit vis kjenne igjen Foucault si forteljing om den farlege kriminelle, der avviket vert ekskludert som det dyriske ved vår ”natur”, og vi får eit skilje som går på menneske versus ikkje-menneske.

Mediediskursen har openbart eit fokus på kriminaliteten som eit faremoment i samfunnet og den kriminelle som farleg. Gjennom ei offentleggjering og framsyning av alle dei aspekt som gjer at den kriminelle vert ekskludert som avvik, ser vi ei underliggjande tale retta mot risiko og fare. Denne risikotalen aktualiserar å trekkje inn Ulrich Beck sin teori om risikosamfunnet. Han fokuserar på særleg ny teknologi og den teknisk-vitskaplege utviklinga som ny risiko, noko som umogleggjer industrisamfunnet sitt framhald (Beck 1992). Om ein i forlenginga av denne risikoen let den gjelde òg for den kriminelle ”natur” som å vere risikofylt, kan teorien tenkjast å kaste lys over dei aspekt som Foucault sine teoretiske bidrag ikkje høver å fange opp. Siktemålet er å analysere korleis den kriminelle på mediearenaen trer fram i eit risikoens språk – som ein *dobbel* risiko.

### **7.5.1 Det gjeld oss alle – om den doble risiko**

Det som kan karakteriserast som ei *utvida* offersmerte kjem fram i medietalen via sakene. Særleg klårt kjem ei slik smerte til syne i den emosjonelle diskursen i Austbø-saka. Det er i mindre grad gjerningsmannen si eiga oppleving av å ikkje verte teken opp i samfunnet som er i fokus. Heller er det den smerte som eit lite samfunn føler etter hendinga som bringast fram, offersmerta er kledd i ei anna språkdrakt. I tillegg til dei to ”verkelege” ofra, dei avlidne politimenna, ser vi eit anna offer – det vesle øysamfunnet. I denne samanheng sjåast dette samfunnet i *eitt*, som eit offer for det utenkjelege. I mindre grad fokuserast det på enkeltmenneska som bur på øya. Det trekkjast i lita grad fram enkelttaler og enkeltlagnadar i form av offerskildringar av tradisjonell art. ”*Skytetragedien hadde lammet det vesle øysamfunnet fullstendig... Øya virket øde...*” er karakteristiskar som kan signalisere budskapet av eit samfunn som å vere offer. Framleis synast den farlege kriminelle fram, men på eit *samfunnsmessig* og *risikofylt* plan. Offeromgrepet vert fylt med eit nytt innhald då avviket ikkje berre truar enkeltlagnadar som offer, men synast å utgjere ein risiko for eit heilt lite samfunn. På ei anna side kan også øysamfunnet tolkast som ein risikostad for *produksjon* av farlege kriminelle. I at enkelte kan felle utanfor og tre inn i ei asosial utanforskap i eit lite øysamfunn, kan det slik skimtast ein potensielt risikodannande dimensjon.

### 7.5.1.1 Potensielle som offer

Frykta for potensielle kriminelle hendingar gjer oss alle til *potensielle offer*. Om ein legg eit perspektiv om potensielle offer til grunn, ser det ut som at heile det vesle, tette samfunnet skildra gjennom Austbø-saka splittast opp igjen, til å sikte mot kvar einskild som potensielle offer. Den enkelte vert som ein metafor på dette *alle*. Sagt på ein annan måte, offeret vert som eit symbol på oss alle som enkeltindivid. Det er særleg kring Landås-saka vi kan finne talen som gjer ein kvar borgar til eit potensielt offer. Det er i mindre grad empatiske utsegn i favør av den kriminelle som får tone fram i forteljinga, heller kjem det fram kor grusam ein farleg kriminell kan vere i sin "natur" - gjennom offertalene. Særleg forsterkar Reidar Lien si stemme denne potensialiteten som gjeld oss alle, ved at han gjennom mediekanalen får kome til med kritikk av psykiatriens vurderingar og hensikter. Argumenta uttrykkjer ein uvurderleg risiko. På eit diskursivt nivå gjev dette grobotn til påstanden om at det skjer eit *møte* mellom ulike potensielle offer, gjerningsmann og "verkelege" offer i aviser sine framstillingar av kriminalsaker. Dette er sjølv sagt ikkje eit møte i fysisk forstand, men kan like fullt vere kjenslebasert for mottakarar av ei slik medietale, då mediebodskapen spelar på det emosjonelle aspekt.

Media må slik sjåast som produsentar av ein bodskap som går på at *alle* kan vere trua i dagens samfunn – gjennom kjenslemessige framstillingar av kriminelle avvik. Vi ser likskapen til Foucault sitt blick på den kriminelle som å tre fram på alle stadar i samfunnet. Dette formast av mediebodskapen som dreiar seg om potensialet for normaliteten som å tre inn i avvikskategorien – vi kan alle verte kriminelle. Vidare setjast onskapens tale i spel og gjer til kjenne det *atomistiske* menneskesyn. Vi såg i kapittel 3.0 korleis den kriminelle etter eit slikt syn sjåast som heilt ulik normaliteten. Det kan synast som eit slikt syn dominerar denne undertalen knytt til offerkategorien. Men bodskapen har imidlertid ein annan dimensjon, som syner steget *vidare* frå Foucault og hans skildring av den farlege kriminelle. Risikoens natur er intim og personleg. Slik fører den oss over til det andre aspektet ved denne risikoen sin dobbeltskap.

### 7.5.1.2 Potensiell som kriminell

Ei anna side ved risikosamfunnet er, i følgje Beck, at industrisamfunnet sine sosiale bærebjelkar som klassar, sosiale lag og familien misser mykje av si betydning for den enkelte. Resultatet er slik den såkalla individualisering og frisetting av enkeltindivid. Dette er eit sentralt kjenneteikn ved det som vert kalla det postmoderne samfunn. Tidligare autoritetar

som familie og skule gjev ikkje lenger eintydige svar på den enkelte sine verdispørsmål. Det vert dermed stilt store krav til den enkelte om å velje sine egne verdiar og sin egen livsstil. Desse krava kan opplevast som fridom for ressurssterke, men som ein håplaus tvang for ressurssvake som i utgangspunktet ikkje har noe fellesskap å stø seg til.

Samtidig med ein bodskap om at vi alle risikerar å verte offer for kriminalitet og den kriminelle natur, kan det sporast element av ei anna risikotale knytt til mediebodskapens utspringing. Det er den som synleggjer det uuttala risikable i at vi alle er potensielle for å kunne tre inn i den kriminelle dimensjon. Gjennom skildringar av ulykkeleg barndom (jf. Austbø-saka, der gjerningsmannen blei avvist av mor si), og eit liv på ”skråplanet” (jf. Sykkylven-saka, der gjerningsmannen lenge hadde vore ”uromoment” i lokalsamfunnet) vert vi på det uuttala nivå kanskje eigentleg gjeven ein bodskap om at vi alle kan vere i ei viss faresone om vi knyter dette opp til modernitetens individualitet og oppløysing av identitetar. Den kriminelle sjåast slik som likare oss enn vi kanskje vil vere ved, og aktualiserar med dette det *organiske* menneskesynet. Det er ikkje ein ondskap *i* den kriminelle sjølv som avgjer den kriminelle ”natur” si utbreiings og spreing, men heller forhold *i* samfunnet. Ulykkeleg barndom, familiære tragediar og andre forsømmingar og svik, kan true alle sin posisjon innan normalitetens rekkjer. Slik vaklar grensedraginga mellom det normale og det avvikande meir enn nokon gong – ein *ny risiko* har fått sin aktualitet knytt til kriminaliteten som samfunnsproblem. Ein risiko som både er tosidig og tvitydig på ei og same tid. Tosidig i form av potensialiteten både som offer og kriminelle, og tvitydig då den gjer ei klår grensedraging mellom normalitet og avvik vanskeleg. Media kan fremme ein bodskap om at danninga av ein kriminell natur kan liggje på eit samfunnsmessig nivå – kulturelle dimensjonar kan gjeve form til den kriminelle identitet. Utanforskapan sin utskiljande karakter trer fram i mediebodskapen, slik også han ser den i Foucault sine studiar av marginaliserte grupper.

### **7.5.2 Mistilliten til vitskapen - ein tvitydig dimensjon**

Vi har sett korleis det kan verte retta kritikk, reist krav og retta forventningar mot politisk hald. I forlenginga av dette kan *tillitsomgrepet* hevdast å verte sett i spel. Det som umiddelbart utspelar seg på det kommunikative nivå som å vere ein total mangel på tillit retta mot politikarane, må sjåast forsterka gjennom den *mistillit* som også rettast mot den psykiatriske disiplin. Det rettast gjennom medietalen krass kritikk mot vurderingar gjort av ekspertisen innan *psykiatrien*, knytt til den kriminelles eignaskap til å fungere i samfunnet etter enda opphald i institusjon. Artikkelvinklinga på dette området let det klårt skine gjennom kva som

er budskapet, noko vi mellom anna kan sjå også på bakgrunn av kven som vert siterte og kva dei vert siterte på. Ulike døme er mediebudskapet om at gjerningsmannen i Austbø-saka ikkje har vorte teken hand om av det offentlege helsesystemet i tilstrekkeleg grad. Og i Sykkylven-saka skrivast det om ein kriminell som *"dagen før han brutalt slo i hjel sin samboer ba om å bli lagt inn til psykiatrisk behandling. Forgjeves."* (VG 05.10.1998) – den kriminelle har ikkje vorten bønhovert.

Men det klåraste dømet ser vi i måten avisene let Reidar Lien kome til med sin krasse kritikk av psykiatrien sine siktemål og faglege/vitskaplege vurderingar. Hans argumentasjon er klårt offerfokusert, og vert særleg gjengjeve i lokalpressa, med fokus på at *"også ofrene må ha rett til å bli hørt"* (BT 10.10.2000). Vidare rasar han: *"Jeg skulle like å vite om avdelingsoverlegen ved Sandviken sykehus eller ildsjelene i KiF ville latt denne mannen bo hos seg selv eller sin egen datter"* (ibid). Han peikar på forhold som tyder på at han tillegg psykiatrien ei hensikt om å bruke Oss som offer i sine vurderingar, gjennom si retoriske spørsmålsstilling. Det trer fram ei slags underliggjande tale om at aktørane innan psykiatrien er villege til å ofre og bruke oss i sine vurderingar av den farlege kriminelle, men ikkje seg sjølve og sine. På det uuttala, diskursive nivå inkluderar den psykiatriske vitskap *samfunnet* i si behandling av psykisk sjuke kriminelle. Ved å la ein psykiatrisk pasient leige hos ei "normal" og uvitande kvinne, først ho og samfunnet ikring, utan at dei veit det, inn i ein slags behandlande strategi – ein svært risikobetona form for behandling. Det såast tvil kring motiv, vurderingar og hensikter som psykiatrien byggjer sine avgjerder på, noko som set i scene eit slikt meir underliggjande scenario. Sjølv om vi ikkje vil det vert vi, som ein del av samfunnet, del av eit behandlingsopplegg, i alle høve om vi bevegar oss under dei uttrykk og argument som Reidar Lien her set fram i BT.

Ein stor del av studiematerialets artiklar er fleire stadar vinkla opp mot ei undergraving av tilliten til psykiatrien og deira vurderingar og omsyn knytt til hjelp og behandling av psykisk sjuke kriminelle. Men når dette er sagt, er det paradoksale aspekt her at det på same tid gjennom ulike oppslag rettast krav om auka ressursar til denne "håplause" psykiatrien. Dette gjev rom for å tale om ein *forholdsvis*, men ikkje total mangel på tillit – den *tvitydige* tillitsdiskurs utspelar seg. For midt oppe i ei voldsam undergraving av tilliten synast det å eksistere ei tale som fokuserar på at det er ei viss tiltru til psykiatrien, sett på bakgrunn av ynskja om å tilføre meir ressursar til disiplinen. Dobbeltheita kan stå til uttrykk for ein slags underliggjande mediebudskap om at det faktisk er igjen visse fornuftige og velfunderte



avgjerder innan psykiatrien knytt til kriminalitetens område. Samt at vi faktisk *treng* ekspertisen – kven skal elles kunne ta vurderingar i forhold til farlege kriminelle? Med auka ressursar kan den kanskje vidareutviklast og forbetrast på dette området. På ei anna side kan slike krav også tolkast i lei av at ein i fortvilninga og desperasjonens augneblink ikkje veit anna råd enn å halde fram med å rope om auka ressursar, trass håpløysa som rår i kriminalitetens risikofylte dilemma.

### 7.5.3 Politikk i lys av medietalen og angstskaping

På bakgrunn av det vi har sett av medietale og fokuset på dramatiske og katastrofeprega enkeltsaker, kan vi karakterisere dette som ein slags kontinuerleg angstskaping, som politikarane vert dregne inn i. Medietalen skildrar kriminaliteten og der igjennom den kriminelle som eit meir eller mindre uhandterleg problem som har slått inn over samfunnet - som ein type ny og uhandterbart risiko. Politikken kan tolkast som til ei viss grad å ha utspelt si rolle på det kriminalpolitiske område: *”Sentralpolitikken har ikke (lenger) definisjonsmakten for hva som er politisk, det bestemmes på andre nivåer, som sideeffekter av beslutninger foretatt i tradisjonelt ikkepolitiske arenaer”* (Brekke 1995:223). Bakgrunnen for ei slik tolking er at media kjem inn som ei tung diskursiv makt med sterk påverkningskraft på kriminalpolitikken område. Når dette er sagt, ser vi her eit *anna* mønster i medietalen knytt til den politiske arena - enn det Beck omhandlar i sin teori om risikosamfunnet. Politikken rolle i Beck sitt risikosamfunn er særleg knytt til dei teknologiske vitenskapar som å gjere politikken vitensbestemt. Dette i form av at media som ein komponent i det som kallast subpolitikken formidlar ny vitenskap inn mot den politiske arena. Imidlertid synast det knytt til denne studiens diskursive taler på arenaene å tre fram ei medietale som *ikkje* vektlegg funn og nytenking knytt til psykiatrien som humanvitenskap. Heller synast det som om tilliten til humanvitenskapane har fått ein solid knekk, ved at dei nærast får ”skulda” for den farlege kriminelle som å kunne tre inn på det enkelte individ sin arena i dagens samfunn. Slik er det ikkje dei ”siste psykiatrivitenskaplege funn” som formidlast inn i politikken gjennom mediearenaens tale, men heller budskap av ein karakter som at der ute i samfunnet er *”[e]lleve tikkende bomber som huseierne ikkje kjenner til”* (BA 11.10.2000). Det er ei dramatisk tale som handlar om risiko, skrekk og mangelen på kontroll som utspelar seg overfor politikken arena. Og slik setjast politikken ut av spel, då *mistilliten* og samtidig *forventningane* synast å overgå politikken fornuft.

Vidare konstruerast den kriminelle gjennom media. Men også ein type allminneleggjering av *angsten* er i spel, som vidare kan utdefinere politikkenes avgjerslemakt og politiske hegemoni. Medias framstillingar og taler ”fintar ut” politikarane, og får dei med på mediepremissar, ikkje *eigne* premissar. Eksempelvis såg vi korleis Kristin Krohn Devold (H) blei ringt opp midt på natta, men likevel uttala seg rimeleg kjapt og kontant – ho kan spelet, og er ein del av det. Kriminalitet og handsaming av dei kriminelle har, om ein føl Beck sin terminologi, svive ut og vorte eit uhandterleg problem for det politiske nivå, noko som har gjeve mediearenaen eit ”innpass” til å fylle den kriminelle som kategori med eit emosjonelt innhald som dreiar seg om risiko og fare. Det er slik vi kan hevde at politikken har mista si sjølvstendige tale knytt til dette området – premissane leggjast andre stader. Media utgjer hovudpremissane, medan vitenskapens (her psykiatrien) rolle synast tvitydig og diffus. Dette på grunnlag av særleg psykiatrien sine mange feilsteg og kritikkverdige vurderingar, sett i eit medieperspektiv. Eksempelvis såg vi knytt til alle dei tre kriminalsakene korleis vinklinga legg skulda til dei psykiatriske institusjonane og vurderingane føreteke der. ”-Noe har glippet” (BA 09.10.2000), var ei framsideoverskrift knytt til Landås-saka, som kan syne både avisa si oppfatning av situasjonen, samt institusjonen sin sjølvkritikk på bakgrunn av mediepresset rundt saka.

I risikoar kjem hovudsakleg ein *framtidig* komponent til uttrykk, i denne forstand betyr risikoar ei framtid det gjeld å forhindre. Gjeldande kriminalitetsbodskapen tikkar tidsbomba, og den kriminelle avvikar kan sjåast som den tikkande bomba. ”*Dersom noe går galt, blir de politiske institusjonene gjort ansvarlige for beslutninger de ikke tok og for konsekvenser og trusler de ikke kjenner*” (Beck 1997:279). Dette kan synast å samsvare med det vi har sett i samband med den kritikk som vert retta mot politisk hald og mot (den psykiatriske) ekspertise, men samtidig som det vert retta krav om auka ressursar. Menneskevitskapen vert ikkje vist full tillit lenger, samtidig som dobbeltheita slår inn i krav om ressursar – den tvitydige tillit utspelar seg. Beck talar om politikarane som må legitimere avgjerder tekne av andre (fagfolk/vitskapane). Slik har ikkje den sentrale politikken definisjonsmakta over kva som er og skal vere politisk, då det avgjerast på andre nivå.

#### 7.5.3.1 ”Det nye regimet” – ein politisk fallitt?

Påstandane overfor knytt til politikkenes utspelte rolle kan opplysast gjennom ei konkretisering, ved å sjå til at det frå politisk hald har kome fram ei rekkje argument som har gjort til kjenne ein voldsam *optimisme* knytt til å få *kontroll* med kriminaliteten som

samfunnsproblem, særleg etter at 1997-meldinga kom. I debatten knytt til meldinga uttala justisminister Aure: ”Jeg innledet med å si at vi er ved en milepæl. Når Stortinget nå har tydeliggjort det kriminalpolitiske fundamentet for kriminalomsorgen og gitt rammer for organisering av etaten, går vi over til neste fase: å realisere alt dette. Jeg går nå tilbake til Justisdepartementet med tydelige bestillinger fra Stortinget, og vi setter straks i gang” (Aure i Stortingsdebatten 22.10.1998). Vidare har enkelte i etterkant ytra at eit ”nytt regime” har funne stad i tida fram mot årtusenskiftet: *Det er et nytt regime, ikke minst fordi det har festa seg [...] Men det er klart at særleg sånn i oppbyggingsfasen av et nytt regime, så må det tilføres penger, altså* (intervju med Ane Sofie Tømmerås, Ap, 02.05.2001 – mine understrekingar). Politiske aktørar gjev til kjenne oppfatningar om at ei endring av strafferegimet er i emning (førut for iverksetjinga, jf. innstillingar, melding og debatt), samtidig som det i etterkant talast om at dette *har* funne stad og festa seg (jf. intervju). poenget her er at det er som om ei oppfatning av *kontroll* med kriminaliteten utspelar seg på politikken arena. Satsinga på programverksemd og verkemiddel (jf. Ny Start) har fått gjennomslag på det politiske og fengselsinstitusjonelle nivå. Språk og handling må her sjåast i ein samanheng – talen kring iverksetjing av program gjev til kjenne ein type *optimistisk* diskurs på tvers av det politiske og fengselsinstitusjonelle meiningsrom.

Likevel kan samtidige innspel nyansere og tale *mot* denne iaugefallande optimismen samt at eit nytt regime har tredd fram: ”Nei, jeg er ikke noen optimist når det gjelder norsk kriminalpolitikk fremover” (intervju med Jan Simonsen, den gong Frp, 02.05.2001), og i ein slags ”mellomposisjon”: ”Jeg tror både Ny Start og mange av disse nye metodene som går på å få den kriminelle til å tenke annerledes, bryte handlesettet sitt, er veldig positivt! Og jeg er veldig fornøgd med at vi kan kombinere det med fengselsstraff, og at fengselsstraff foregår på en annen måte enn tidligere ved at du altså legger mye mer vekt på både utdanning og forbedring av egen tenkemåte og handling i fengselsstraffen” (intervju med Kristin Krohn-Devold, H, 03.05.2001). Teoretisk kan parallellen trekkjast til det som i kapittel 2.0 blei omtala som Foucault sin fyrste periode av forfattarskapet, der han er oppteken av ulikskap, brot og diskontinuitet. Det kan spørjast om det faktisk føreligg *brot* og *diskontinuitet* innan arenaene om ein vurderar den tale om den kriminelle som vi ser frå tidleg 1990-tal og til seint same tiåret<sup>142</sup>. Eller er det derimot slik at dette er eit *sjølvoppfatta* aspekt for dei som er aktive

---

<sup>142</sup> Gjeldande studien sitt fokus, er det heller ikkje denne perioden hos Foucault som utgjer hovudtyngda ved bruk av hans bidrag for analysen. Likevel nemnast parallellane her, då skilja mellom periodane i hans

i tilknytning til arenaen, men at det fortonar seg motsett om ein ser på medietalen og knyter denne opp mot Beck og ny risiko. Oppfatninga er at *kontrollen* er tilsynelatande om vi ser bodskapane på arenaene i ein samanheng. Mediebodskapen om ”den kriminelle” som ny og uhandterleg risiko fintar ut politikken og vitskapen sine roller. Den kriminelle som det farlege avvik rådar over angstproduksjon i kriminalitetens risikosamfunn - gjennom medietalens makt.

## 7.6 Oppsummert

Analysen har avdekka nokre av dei dominerande taler som har gjeve form til ulike diskursar kring ”den kriminelle” på arenaene. Det har også blitt spora ulike brot mellom arenaene, i form av ulikearta bodskap som har kome fram gjeldande den kriminelle sin identitet. Trass slike brot har analysen også spora ei kontinuerleg, men like fullt mangfaldig, grensedraging mellom normalitet og avvik på arenaene. I lys av dette har vi mellom anna kunna sjå korleis det kan bringast fram bodskap om den kriminelle som å ha kriminaliteten i seg, eller som å vere danna av kulturelle og samfunnsmessige frambringingar.

Trass positive og entusiastiske haldningar knytt til det enkelte individ sitt rehabiliterings- og endringspotensiale knytt til programverksemda, kan det på det meir uuttala nivå hevdest at der mot slutten av 1990-åra gjennom Ny Start tredde fram ein modelldiskurs på den fengselsinstitusjonelle arena. Denne var kjenneteikna ved ein språkleg og handlingsmessig dimensjon i lei av ein modulisert og modellbasert tilnærming til den kriminelle gjeldande innhaldet i fengselssoninga. Eit meir teknifisert og distanserande menneskesyn syntest å kome til syne i diskursen, som oppfattast å dominere den fengselsinstitusjonelle arena. Men teknokratiets objektiviserande menneskesyn tredde ikkje fram i sin heilskap, då subjektdimensjonen var med gjennom positiviteten og entusiasmen knytt til endringshaldningar gjeldande den innsette kriminelle sitt potensiale. Desse forholda teke i omsyn gav opphav til ei meir aktiv og sjølvstendig tale, der fokuset på Ny Start som ein ny teknikk/strategi/modell gav til kjenne modelldiskursens opphav. Vidare var synet på den kriminelle knytt til valden som å liggje i vedkomandes natur, som slik måtte ”temmast” eller endrast.

---

forfatterskap ikkje kan sjåast som konsekvente og absolutte, men heller som å ha innverknad på og betydning for kvarandre.

Talen om det enkelte individ var også framtredd på den politiske arenaen, trass i at subjektssdimensjonen tredde fram i andre og til ei viss grad meir fraksjonerte språkdrakter der. Det individualiserande aspekt synest slik å ha gått på tvers av arenaene, men å ha produsert ulik diskurs. Politiske aktørar si eiga oppfatning av å vere premissleverandørar til fengselet som institusjon, tredde på eit diskursivt og uuttala nivå fram i motsett retning. Gjennom fagfolk og ”ekspertar” sine taler synast dette språket til ei viss grad å ha vorte overført til den politiske arena, i form av pågang for å få sett i verk program og tiltak på eigen arena knytt til tilbakefallsproblematikken, samt gjennom eit krav om ressursar. Det er slik det som vert sett som ein meir passiv og usjølvtendig tilbakefallsdiskurs på politisk hald kan hevdast. Slik utgjorde heller ikkje humanistiske og menneskeverdrelevante ytringar eller straffa sin strengskap nokon ”trussel” for den hegemoniske diskursen knytt til tilbakefallstalen. Desse ytringane sjåast som samtidige innspel i ei satsing på og gjennomføring av nye verkemiddel på den fengselsinstitusjonelle arena, utan at dei synast å ha trua diskursane i spel på den fengselsinstitusjonelle og den politiske arena. Politikken fraksjonerte ytringar kan i ei vidarefortolkning sjåast som nedtona til fordel for det samlande utad gjennom ei slik tale, i lys av individualiseringsprosessen sine skiftande og uklare identitetar som å kunne setje politikken tale ut av spel. Sett i eit større og meir komparativt fokus mellom arenaene synleggjorde dette effektar av diskursane og verknadane mellom arenaene. Relatert til politikken arena oppfattast politikken usjølvtendige tale som å ha blitt pressa og forsterka ytterlegare gjennom forventningar og krav frå dei to andre arenaene i form av forventningsdiskursar, der særleg mediearenaen trer fram med si tunge diskursive makt.

I lys av desse forholda skjedde det grensdragingar knytt til normalitet/avviksdiskursen på alle arenaene. Særleg på mediearenaen utspelte det seg ulike sonderingar mellom normalitet og avvik som kategoriar, og fleire grensdragingar blei tekne i mediemaktas regi. Det særreigne for den talen som kom fram på mediearenaen var den emosjonelle diskurs, der medias dramatiske framstillingar av enkeltsaker og enkeltlagnadar spelar på kjensler og emosjonar. Den meir distanserte kriminelle som vi skimta knytt til fengselsinstitusjonell og politisk arena, blei *farleg* nær på mediearenaen, så nær at talen om ”den kriminelle” som ny risiko tredde fram. På bakgrunn av slike forhold blei Beck og risikosamfunnet nytta for å opplyse den farlege kriminelle i ei vidare grad enn det Foucault sitt analyseverktøy gav rom for. Mest iaugefallande var medietalen kring risiko og fare knytt til kriminelle ”tikkande bomber”. Det farlege og risikobetona blei gjort nært og til kjenne gjennom media (aviser), som på sin eigen måte skapte dramatiske og skandaleprega oppslag ut av kriminalsaker, og

var på denne måten med på å spreie ein bodskap relatert til angst og panikk. Avviket vaks og trua normaliteten på ein måte vi ikkje såg igjen i Foucault si historie om det innesperra kriminelle avvik.

Studiens siste kapittel skal innehalde oppsummerande og avsluttande refleksjonar, i forhold til nokre aspekt som har kome fram i analysedelen, samt eit vidare fokus på dei to teoretiske bidraga sett i forhold til kvarandre. Siktemålet er å kunne seie noko om dei teoretiske bidraga sine styrker, veikskapar og nytte for denne studien, og om det kan påpeikast eventuelle grenser ved bidraga knytt til studiens empiriske materiale.

## **8.0 Oppsummerande og avsluttande refleksjonar**

### **8.1 Innleiing**

Siktemålet med studien har vore å studere omgrepet om ”den kriminelle” og diskursive danningar knytt til normative oppfatningar rundt den kriminelle som kategori. Med utgangspunkt i dette har innfallsvinkelen vore å freiste forstå korleis ulike menneskesyn knytt til ”den kriminelle” formast og utspelar seg - avgrensa til fengsel, politikk og media som sosiale system. Det har også vore sentralt å tenkje i ein vidare og større samanheng knytt til det potensialet som desse talene knytt opp mot menneskesyn har gjeve, i forhold til å kunne sjå samanhengar i spennvidda mellom fengselsinstitusjon, politikk og media knytt til ”den kriminelle” som eit formbart omgrep – både i historisk og kulturell forstand. Med ei oppfatning av at teoriane utgjer mitt analyseverktøy for å forstå den empiri som eg har valt ut, har eg freista forstå ”røynda” og ”sanninga” slik den kan tre fram om det kriminelle avvik.

I dette avsluttande kapitlet er hovudsiktemålet å sjå dei teoretiske bidraga i forhold til kvarandre, samt å påpeike eventuelle styrker og veikskapar ved bidraga i seg sjølve og ved å nytte dei i ein studie med fokus på kriminalitet og den kriminelle. Men fyrst vert det freista å samle nokre av trådane som har vorte lagde ut undervegs knytt til ulike dikotomiserte omgrep som kringgjev den kriminelle. Det siktast ikkje mot noko utførleg gjennomgang i forhold til dette. Heller skal det setjast fram eksemplifiseringar, for å syne det definisjonsmessige spennet som er i spel når det gjeld tematikken for denne studien – diskursive danningar knytt til omgrepet om ”den kriminelle”.

### **8.2 Tilskjeringar og grensedragingar**

Dette avsnittet vil på bakgrunn av det som kom fram i studiens analytiske del freiste samle trådane kring tilskjeringar av diskursar og grensedragingar mellom omgrep som utgjer kjende og etablerte dikotomiar som utspelar seg i meiningsrommet kring ”den kriminelle”. Kring denne sett som ein definerbar kategori, skjer det nye diskursive danningar som mellom anna utfordrar individ/samfunnsdikotomien saman med det som handlar om behandling og straff (sjå 3.5). Slike omgrepsspar har hatt ein meir latent status gjennom studien. Poenget er å hente dei fram avslutningsvis, for å illustrere litt av spennvidda for studiens tilnærming.

Studiens tema har tredd fram i eit spenn mellom dikotomiane omtala overfor, der ulike syn på den kriminelle både historisk og i dag svingar mellom desse (sjå 3.5). Etter å ha sett dei empiriske forteljningane i eit meir kritisk-analytisk perspektiv, kan det på dette tidspunkt i studien påpeikast korleis det i relasjon til dei ulike arenaene skjer diskursive spel i lys av desse omgrepsspara. Modelldiskursen knytt til Ny start og den fengselsinstitusjonelle arena gjev seg på eit sjølvoppfatta nivå hos aktørane ut for å vere meir individretta og fokusert på behandling av den innsette kriminelle, enn det ei opplysing på bakgrunn av Foucault sine teoretiske omgrep gav rom for. Diskursen gjev rom for individet, men vert på bakgrunn av teknikkens tale ikkje ei individfokusering som vektleg individet sine behov, då det synast som om disiplinerande maktmekanismer er i spel også her. Slik trer forbedringstanken kring Ny Start inn i den disiplinerande makta sine rekkjer innan fengselsinstitusjonen, der målet er å endre den kriminelle natur. På politikken arena ser vi derimot element av samfunnsvernet i spel, på ein klar måte. Tilbakefallstalen har eit allmennpreventivt preg, og gjer den kriminelle som individ sekundær i forhold til vernet om Oss andre. Fokuset er på den behandlande strategi i form av programverksemda, men hemntanken kan skimtast, særleg om ein ser til ulike partimessige fraksjonar. Men sett i ein større samanheng på bakgrunn av studiens utvalde arenaer, er det som om talene på den fengselsinstitusjonelle og den politiske arena i meir eller mindre grad vert dempa ned i forhold til ei meir ”tvingande” tale, som kan sjåast i samanheng med krav, forventingar og press – frå mediearenaen. Denne kan sjåast som å dominere det diskursive rom, arenaene sett under eitt, då den emosjonelle og personretta budskapen si sprengkraft og styrke overfor særleg politikken domene er særige og sterk. Dette kan hevdast etter å ha sett dei tre arenaene i ein større samanheng, på bakgrunn av dei ulike budskapane som tredde fram.

Knytt til mediearenaen syner individ/samfunnsdikotomien seg på særige vis, eksempelvis der presset i aukande grad vert knytt opp til å få kjensla av kontroll og vern. Det fokuserast på den enkelte si smerte gjennom kjenslemessige skildringar, der det synast som om både individuelle og samfunnsmessige faktorar trer fram i eit nytt og annleis spel. Gjennom mediebudskapen som kan syne at vi alle er potensielle offer for kriminaliteten, går talen i lei av å få bukt med kriminaliteten som samfunnsproblem. Men budskapen om at vi alle kan sjåast som potensielle kriminelle, kan i lys av denne dikotomien synast meir tvitydig. Samfunnsvernkravet ligg der, men kanskje meir nedtona til fordel for eit fokus på individet. For identitetsskaping og –danning i det moderne samfunn er av ein annan art enn før, då vektlegginga av individet si fristilling i forhold til tidlegare strukturelle begrensingar har ført



til at den enkelte sjølv må utforme sitt eige liv. Men korleis ta hand om den kriminelle knytt til modernitetens individualisme? Ulykkeleg barndom, manglande familiære relasjonar og manglande omsorg og respekt frå samfunnet rundt, kan på medietalens premisser true oss alle som potensielle kriminelle. Både den enkelte kriminelle, det tradisjonelle offer og samfunnet som offer trer gjennom mediebodskapen fram på ein sær eigen måte, og fører tradisjonelle allmennpreventive og individualpreventive fokus inn i *nye* og udefinierbare termar, til liks med at den kriminelle kan sjåast som det moderne samfunns nye risiko. Slik vert det kanskje freista å gjeve meir individualistiske forklaringar på kriminalitet, i forhold til dei som legg vekt på sosiale forhold. Men det kjem ingen eintydig og klår bodskap til syne her.

Samtidig som vi kan trekkje fram eit utsnitt av stadige, men også nye spenn mellom behandling/straff og individ/samfunn ser vi korleis desse saman utspelar seg i meiningsrommet kring den kriminelle, og at dei slik inngår i ein slags heilskap. Slik diskursane har synt seg på og mellom arenaene, tilsynegjev dei normalitet/avviksdiskursen sitt spenn i materialet. Det må presiserast korleis denne dikotomien har vore omhandla på eit meir eksplisitt nivå gjennom studien, då utgangspunktet for denne dikotomien er eit direkte utspring av delar av det teoretiske rammeverket. Dei to overførnemnde omgrepsspara har slik utarta seg på eit plan som normalitet/avviksdikotomien har vore ”heva over”. Vidare har den utgjort angrepsvinkelen overfor den kriminelle som kategori, og slik kunna syne fram den evige pendelen mellom dei omgrepa som dannar dei meir empirisk relaterte dikotomiane. Grensedragingane vi har sett utspele seg mellom normalitet og avvik på dei ulike arenaene inspirert av Foucault sine teoretiske (og metodiske) bidrag, har femna om ulike empiriske omgrep med det spenn dei bringer med seg gjennom studiens empiriske materiale. Desse har vidare gjort til kjenne ulike menneskesyn i relasjon til den kriminelle som ein definerbar kategori. Både det distanserande og det nære er i spel, arenaene sett i ein samanheng. Der både fengselsinstitusjonelt og politisk nivå trer inn i ei meir distanserande språkdrakt gjennom talene i relasjon til den kriminelle, synast mediearenaen å nærme seg avviket på ein dimensjonalt annleis måte. Her trer avviket fram i lyset, på ein svært personretta og intimiserande måte. Alt i alt er det eit komplekst mønster som utspelar seg på arenaene gjeldande den kriminelle – der det teoretiske rammeverket har gjort det mogleg å kaste lys over *delar* av det. Dette bringar oss over i neste avsnitt, som skal omhandle teoriane på eit meir eksplisitt og problematiserande nivå.

### **8.3 Om Foucault og Beck som tilnærmingar til ”den kriminelle”**

Eit utgangspunkt i Foucault sin teori om disiplinering og avvik, vert vurdert som eit fruktbart verkty for å opplyse ulike aspekt ved det empiriske materialet gjeldande ”den kriminelle”. Likevel synte Beck sin teori om risikosamfunnet seg som eit aktuelt teoretisk supplement, for å kunne opplyse den farlege kriminelle i ei ytterlegare og annleis grad enn det fyrste teoretiske bidraget. Dette avsnittet skal fyrst peike på det som kan kallast for ein omvendt parallellitet som synte seg mellom teoriane gjennom det empiriske materialet. Deretter skal det gjerast ei vurdering av tilnærmingane i seg sjølve. Siktemålet er å klargjere relevante vurderingar i forhold til desse som teoretisk verkty for denne studien.

#### **8.3.1 Om fengselets fiasko på det kulturelle plan - ein empirisk samanheng**

Foucault er ein blant mange teoretikarar som søkjer ei skjult meining bak tilsynelatande uforklarlege fenomen. Eksempelvis var han oppteken av fengselets framhald og utbreiing som straffeanstalt i samfunnet, trass i manglande resultat knytt til forbetring av fangen. Ein framskaffar viten om fangen og søkjer dernest å disiplinere dei ut frå denne viten. Men fangane vert ikkje forbetra, og ein freistar derfor å reformere fengselet ved å utnytte denne viten slik at fangen kan disiplinrast på nye måtar. På denne måten er fengselets fiasko samtidig måten det verkar og får sitt framhald på, det produserast slik ”kriminalitet” og forbrytarar. Samtidig peikast det i fengselet ut bestemte typar menneske som skal forbetrast og bestemte typar lovbrøt som skal forhindrast. Her kan parallellen trekkjast til Ny Start, der Foucault truleg ville sett programmet som *nok* ein disiplinierende teknikk overfor subjektet. Trass siktemålet i talen kring Ny Start som kan tolkast i lei av å skulle gje den kriminelle ei opplæring til å ta konsekvensar av sine val og danne sin eigen identitet, differensierast og innordnast det på same tid gjennom den bekjennande teknikk. Slik kan fengselsinstitusjonen skape eit fokus som gjer at ein veit kva og kven ein snakkar om når ein politisk diskuterar korleis ein skal kjempe mot kriminaliteten som samfunnsproblem. Dette er imidlertid *idealet* om ein ser mot den politiske arena. Staten disiplinrar gjennom eit straffesystem som er gjennomsyra av makt, ei foucaultiansk maktforståing. Gjennom denne studien har dette aspektet tona fram noko annleis. Det som i utgangspunktet, og på aktørane sin eigne premisser kunne sjå slik ut, utvikla seg via den politisk lite eigendefinerte tale fram til mediearenaens budskap om mangel på tillit og kontroll.

Som ei vidareføring av slike aspekt, er det sentrale her korleis det via Beck sitt bidrag kan setjast fram ein påstand om fengselets fiasko knytt til den kriminelle *natur* som å ha tredd

fram på det *kulturelle* plan. Gjennom fengselets mislykkaheit i å korrigere den kriminelle natur, trer fiaskoen fram også på det kulturelle og samfunnsmessige plan. Fengselet skapar ein fiasko som den sjølv handterer, den skapar sin eigen risiko. Det er i ein slik samanheng Ny Start synast å finne sin plass, sett i eit foucaultiansk lys. Programmet fungerer ikkje som ikkje å kunne gje den kriminelle ein ny og annleis identitet, men vert endå eit forsøk på eit sjeleendrande prosjekt som vert fanga i det fengselsaktige nett. Det er slik arenaen kan hevdast å danne sin eigen risiko, som vidare er ein dimensjon som i dag ligg utanfor både vitskapane og politikkenes kontroll. Og som har gjeve media ei sterk diskursiv makt knytt til defineringa av den kriminelle sin identitet og ”natur”. Det spelast på kjensler og nærleik, der individet trer ut i samfunnets sfære på ein sær eigen måte. Media gjev fengselet<sup>143</sup> som fiasko dens kulturelle og samfunnsmessige dimensjon, ved å bringe fram til ålmenta den farlege kriminelle som den nye risikoen. Gjennom si framstilling av enkeltlagnadane og den sjelelege smerte, som er utanfor all kontroll, har fengselets fiasko tredd ut i samfunnet og fått eit slags kulturelt tilsnitt. Medietalen gjev rom for stemmer som fengselet døyver gjennom si distansierende og modellaktige tale. Risikoen sin natur trer fram, og vert gjort synleg for på ein dimensjonalt annan måte enn det fengselsarenaen mogleggjer – det spelast på det emosjonelle aspekt.

### **8.3.2 Om teoriane sine fordelar og veikskapar - teoretiske vurderingar**

Foucault sjølv har vore tilbakehalden med å gjeve oppskrifter i forhold til korleis han skal lesast og nyttast som analytisk tilnærming. Nettopp dette som kan gje rom for ei spennvidde for studiar som nyttar hans bidrag som teoretisk og metodisk tilnæringsgrunnlag. Dette aspektet har gjeve meg rom for å angripe det empiriske materialet på *min* måte, men likevel inspirert av delar av Foucault sitt mangfaldige arbeide. Eg har vore metodisk inspirert av hans diskursanalytiske tilnærming gjennom anvendinga av hans teoretiske omgrep om disiplineringsmakt, normalitet og avvik. Dette var fruktbart til det punkt der farlegskapen ved den kriminelle syntest å ta form i ein risikodimensjon på det samfunnsmessige plan. Dette bringa delar av Beck sin teori inn i studiens avsluttande fase, som eit fruktbart verkty på dette stadiet. Medietalens makt resulterte i denne vinklinga på materialet.

Teoriane må sjåast som å operere på ulike nivå, og med ulike siktemål. Men på eitt område er dei like, der dei finn saman om det som handlar om fare i samfunnet. Imidlertid er deira

---

<sup>143</sup> Og for denne studien psykiatriske behandlingstiltak, då fokuset med mediearenaen er lagt til psykisk sjuke kriminelle.

angrepsvinkel av ulik karakter. Foucault ser på den innesperra farlegheita, og er meir oppteken av fengselet og strafferetten sin individualprevensjon. Han ser korleis straffa skulle freiste å forbetre fangen, men som bar med seg disiplinen og maktstrategiar for kontroll og produksjon av nye tilbakefall. Beck fokuserar på farlegheita som å breie om seg i samfunnet, ei utbreiinga som er utanfor vår kontroll. Når dette er sagt, kan det problematiserast gjeldande å nytte eit teoretisk utgangspunkt som opphavleg handlar om naturvitskapanes uhandterlege utvikling og ny risiko knytt til dette, for ein studie om den kriminelle. Men slik studien har teke form, og med eit fokus også på verknadar av diskursane på og mellom arenaene, sjåast det å plukke ut nokre omgrep frå ein teori og ”tøye” desse til eige materiale både legitimt og fruktbart. For i risikosamfunnet kan ein seie at freistnaden på å få styring og kontroll over risiko og dens spreining, krev store delar av eit samfunn sine ressursar. Beck har gjort det mogleg å kunne opplyse korleis dette på kriminalitetens område kan gjeve utslag i både mistillit og forskyvingar i forhold til politikken og vitskapen si rolle. Også media inntek ei ny rolle – som formidlar av den risikofylte kriminelle ut i samfunnet i sin heilskap.

Det er eit felles fokus på *det truande* ved desse bidraga som dannar grunnlag for å nytte dei i ein og same studie. Imidlertid har Foucault ein relevans for studiens tematikk som Beck ikkje kan tilskrivast. Som sagt skriv Foucault ei fengselets historie, der kategoriseringa av den kriminelle står sentralt. Derimot fokuserar Beck i si faretale på særleg dei tekniske vitskapars utvikling som ei fareutvikling ute av kontroll i dagens samfunn. Men ved å trekkje parallellar frå slike faredimensjonar til kriminalitetens rekkjer, ved òg å sjå den kriminelle som ein ny risiko, har bidraget sådd frukter også for denne studien. Imidlertid har vi sett korleis desse aspekta på bakgrunn av studiens empiriske materiale fekk eit *anna* mønster, då det synast som å utspele seg ein mediebodskap som legg opp til at den er utanfor både politikken og vitskapane sin kontroll. Der Beck talar om korleis media *opplyser* politikken arena om nye vitskaplege vinningar og funn, er mediebodskapen av ein annan art her. Media spreiar faren og mistilliten til særleg psykiatrien ut i samfunnet – det gjeld oss alle. Dette syner ei grense også ved Beck sitt bidrag i forhold til studiens materiale.

#### **8.4 Ei uhandterleg framtid?**

Det har i denne studien utvikla seg eit grep om mediearenaen som å vere ei sterk og skapande kraft i det dei produserar katastrofar ved hjelp av enkeltsaker og enkeltlagnadar. I eit slikt lys

må aviser uunngåeleg tilskrivast mykje av den makta vi ser knytt til diskursproduksjon<sup>144</sup>. Er det katastrofefokus og skildringa av den enkelte si smerte som aviser kan ha, eit uttrykk for ein bodskap om at vi med dagens kriminalitetsomfang har å gjere med eit problem som er, og for framtida vert, uhandterleg?

Ulike studiar syner at angsten for å bli utsett for kriminelle handlingar openbart har auka og aukar i takt med samfunnsutviklinga. Nils Christie påpeikar dette allereie tidleg på 80-talet, i *Pinens begrensing* (1982). Han viser der til ein studie gjort av Baldvig (1979), som konkluderar med at redselen for å bli offer for kriminelle handlingar aukar dess meir isolerte menneske er. Vidare hevdar Nils Christie, Thomas Mathiesen og Leif Petter Olaussen i ein nyare artikkel i Aftenposten at vi er inne i ei *angstbølge*, heller enn *valdsbølge* (Aftenposten 02.03.1999). Informasjonsstraumen, velferdstaten si usikre framtid, og ei endring i vår forståing av kva som er vald, er nokre av forklåringane dei gjev på kvifor angstbølgja er så sterk i dag. Likevel er det ikkje nødvendigvis nokon systematisk samanheng, i den forstand at angsten ikkje avspeglar kor *reelt* utsett ein er for kriminelle handlingar: ”Vi mener å kunne trekke den konklusjon at kriminalstatistikken er beheftet med betydelig usikkerhet når den brukes til å måle voldsnivået i et samfunn, og følgelig bør den brukes med varsomhet” (BT 16.01.2002). Tilsvarende skriv lege og psykiatrispesialist Finn Skårderud i boka *Uro. En reise i det moderne selvet* om den massemediale hypokondrien, der han påpeikar at Dagbladet er smitteberaren for enkelte ”sjukdomar”, som til dømes kreftangst eller andre psykiske lidingar (Skårderud 1998). Skandalegenren vert slik sjølve *risikoskaparen*. Slik sett har ikkje nødvendigvis sjukdomar auka sett i ein empirisk samanheng, eller kriminaliteten auka i sitt omfang. Angsten for kriminalitet og den kriminelle meir eit *diskursivt* anleggjande, der språk- og talehandlingar av skandalemessig karakter vert sjølve *risikoskaparen* i det moderne, individualiserte samfunn. Om ein avslutningsvis ser dette i samband med Foucault og Beck sine tilnærmingar, kastar dei begge lys over identitetens relativitet og skiftbare dimensjon. Gjennom individualiseringa sin aukande tendens kan ein i følgje Beck skifte identitet lettare enn før, og i tråd med Foucault er identitetsskapinga språkleg gjeve og føl tendensane i den stadig skiftande og varierende kategoriseringa av subjektsstatusar.

---

<sup>144</sup> Espen Schaanning skriv mellom anna om aviser og diskursproduksjon; ”[K]riminaliteten blir utskilt som objekt (i avisene - min merknad), samtidig som det produseres enormt med diskurs omkring den” (Schaanning 1997:80). Mitt fokus har vore i tråd med ei slik oppfatning av media og kriminalitet - det skapast diskurs i meiningsrommet som omgjev mediearenaen. Men eg har teke steget vidare frå Schaanning sitt utsegn, og med dette hevde at det i denne utskillinga av kriminaliteten som objekt også skjer ein diskursproduksjon kring den kriminelle som subjekt.

Vi har sett korleis ”den kriminelle” har fått sitt innhald gjennom tre ulike arenaer sine taler, og vidare vurdert denne budskapen i ein større samanheng. Det blei innleiingsvis påpeika at *andre* arenaer kunne ha gjeve form til andre budskapar og syn, og ”den kriminelle” som definerbar kategori får slik ingen endeleg eller fastsett identitet ved denne studiens bidrag. Det kan ikkje konkluderast i forhold til det kriminelle avvik og identitetsdanning, studien har omhandla ”den kriminelle” i omgrepsrelativitetens namn. Og nettopp dette opnar opp for utallege måtar å studere ulike arenaer og diskursive danningar av avvikande kategoriar – kategoriseringar av den kriminelle og andre avvikarar er i kontinuerleg endring.

## Litteratur- og kildehenvisingar:

### Bøker, tidsskrift, artiklar o.l.:

- Alexander, Jeffrey (1982): *Theoretical Logic in Sociology*, kap. 1-3. Berkley: University of California Press.
- Allern, Sigurd (2001): *Flokkdyr på Løvebakken. Søkelys på Stortingets presselosje og politikken medierammer*. Oslo: Pax.
- Andenæs, Johs., Anders Bratholm og Nils Christie (1966): *Kriminalitet og samfunn: artikler og foredrag*. Oslo: Pax.
- Andenæs, Johs. (1974): *Alminnelig strafferett*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Andenæs, Johs. (1994): *Straffen som problem*. Oslo: Exil forlag.
- Arveng, Bjørn (1996): "Cognitive Skills hva er det? Fengselsvesenet i front i nytt læringsprogram" i *Østre*, nr. 3/1996: 6-9.
- Batiffol, Henri (1990): *Rettsfilosofi*. Oversetjing av Eva Kinn og Ingvald Sivertsen. Oslo: Sigma Forlag.
- Bauman, Zygmund (1978): *Hermeneutics and Social Science*. Columbia: Universal Press.
- Bauman, Zygmund (1996): "Postmodernitet, identitet og moral" i *Nærhetsetikk*, redigert av Arne Johan Vetlesen, 122-139. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Beck, Ulrich (1992): *Risk Society. Towards a new modernity*. Sage publications.
- Beck, Ulrich (1997): *Risiko og frihet*. Oversetjing av Are Eriksen. Fagbokforlaget.
- Berg Eriksen, Trond (red.) (1993): *Vestens tenkere*, bind I-III. Oslo: Aschehoug.
- Berger, Peter L., og Thomas Luckmann (1966): *Den samfundsskabte virkelighed: En videnssociologisk afhandling*. København: Lindhardt og Ringhof.
- Bojer, Hilde, Fredrik Engelstad, Knut Heidar, Helga Hernes og Steinar Stjernø (1993): *Norsk samfunnsleksikon*. Oslo: Pax.
- Bourdieu, Pierre & Loic J. D. Wacquant (1993): *Den kritiske ettertanke: Grunnlaget for samfunnsanalyse*. Oslo: Samlaget.
- Brekke, Ole (1995): "Differensiering og integrasjon. Debatten om bioteknologi og etikk i Norge". Hovudfagsoppgåve ved administrasjon- og organisasjonsvitenskap. LOS-rapport 9509. Universitetet i Bergen.

- Bøe, Bjarne (2000): "Kva er arbeid?" i *Rus & avhengighet*, nr. 6/2000: 18-20.
- Christie, Nils (1982): *Pinens begrensning*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Danielsen, Trond og Wilhelm Meek Hansen (1997): *Ny Start for norsk fengselsvesen?* Oslo: KRUS.
- Dugstad, Herdis (1999): "Glem residivprosentene. Om tre kriminalitetsforebyggende tiltak i et fengsel". Hovudfagsoppgåve i kriminologi. Universitetet i Oslo.
- Eide, Martin og Gudmund Hernes (1987): *Død og pine! Om massemedia og helsepolitikk*. Oslo: FAFO.
- Engelstad, Fredrik (red.) (1999): *Om makt. Teori og kritikk. Makt- og demokratiutredningen 1998-2003*. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Fabiano, Elizabeth A. og Robert R. Ross (1985): *Time to think*. Tennessee: Institute of Social Sciences and Arts.
- Fabiano, Elizabeth A., Frank J. Porporino og David Robinson (1996): "Canadas cognitive kurs om ferdigheter retter opp lovbyrernes gale tankegang". Oversatt av Erling Lein, i *KT*, nr. 1/1996: 27-29.
- Fairclough, Norman (1992): *Discourse and Social Change*. Polity Press.
- Finlay, Marika (1987): *Powermatics. A discursive critique of new communications technology*. London and New York: Routledge and Kegan Paul.
- Folkedal, Gyda og Kristian Solaas (1996): "Diskursen om de nye mediene i dagspressen". Hovudfagsoppgåve i medievitenskap. Universitetet i Bergen.
- Foucault, Michel (1972): *The archaeology of knowledge and The discourse on language*. New York: Pantheon Books.
- Foucault, Michel (1988): *Technologies of the self. A seminar with Michel Foucault*. Redigert av Luther H. Martin, Huck Gutman og Patrick H. Hutton. The University of Massachusetts Press.
- Foucault, Michel (1994): *Overvåkning og straff. Det moderne fengsels historie*. Oversetjing av Dag Østerberg, forord av Thomas Mathiesen: VII-XVII. Oslo: Gyldendal.
- Foucault, Michel (1995): *Seksualitetens historie. Viljen til viten*, bind I. Oversetjing, forord og etterord av Espen Schaanning. Halden: Exil.
- Foucault, Michel (1996): *Tingenes orden. En arkeologisk undersøkelse av vitenskapene om mennesket*. Oversetjing av Knut Ove Eliassen. Oslo: Aventura.
- Foucault, Michel (1999): *Diskursenes orden*. Tiltredingsforelesing holdt på Collège de France 2. desember 1970. Oversetjing og etterord av Espen Schaanning. Oslo: Spartacus forlag.



- Foucault, Michel (2000): *Galskapens historie i opplysningens tidsalder*. Innleiande essay av Erling Sandmo, oversetjing av Fredrik Engelstad og Erik Falkum. Bokklubben Dagens Bøker.
- Froestad, Jan (1999): "Normalisering og disiplinering" i *Normalitet og identitetsmakt i Norge. Makt- og Demokratiutredningen 1998-2003* redigert av Siri Meyer og Thorvald Sirnes, 76-98. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Froestad, Jan (2000): "Evaluering av Ny Start – Et samarbeidsprosjekt mellom kriminalomsorgen og arbeidsmarkedsetaten". Upublisert notat.
- Froestad, Jan, Per Solvang og Mårten Söder (red.) (2000): *Funksjonshemming, politikk og samfunn*. Oslo: Gyldendal.
- Førland, Tor Egil (red.) (2000): *Bidrag til verdienes historie*. Oslo: Pax.
- Giddens, Anthony (1990): *The consequences of modernity*. Cambridge: Polity Press.
- Giddens, Anthony (1997): *Modernitetens konsekvenser*. Oversatt av Are Eriksen. Oslo: Pax.
- Gilje og Grimen (1993): *Samfunnsvitenskapenes forutsetninger. Innføring i samfunnsvitenskapenes vitenskapsfilosofi*. Universitetsforlaget.
- Goffman, Erving (1961): *Asylums: essays on the sosial situation of mental patients and other inmates*. New York: Doubleday.
- Goffman, Erving (1967): *Anstalt og menneske: den totale institution sosialt set*. Oversatt av Knud Eilskov. København: Paludan.
- Gripsrud, Jostein (1999): *Mediekultur, mediesamfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hammer, (1997): "Diskursbegrepet – semiotisk kontekst eller praksisformasjon? Vitenskapsteoretisk essay til dr.polit.graden". Senter for teknologi og samfunn. NTNU.
- Hammerlin, Yngve (1993): "Tjenestemannsrolleprosjektet 1988-91 – noen allmenne betraktninger", i *Fengselsforum* nr. 4/1993: 9-16.
- Hammerlin, Yngve og Egil Larsen (1997): *Menneskesyn i teorier om mennesket*". Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Hauge, Ragnar (red.) (1986): *Utenfor samfunnet. Om avvik og avvikergrupper i det norske samfunn*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Hauge, Ragnar (2001): *Kriminalitetens årsaker*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Heede (1992): *Det tomme menneske: introduktion til Michel Foucault*. København: Museum Tusulanums Forlag.

- Heigre, Siri (2001): "Frykt og avsky i Finnmark. En diskursanalyse av prostitusjonsdebatten i Tana kommune 1997-2001". Hovudfagsoppgåve ved administrasjon- og organisasjonsvitskap. Universitetet i Bergen.
- Henriksen, Jan-Olav og Arne Johan Vetlesen (2000): *Nærhet og distanse. Grunnlag, verdier og etiske teorier i arbeid med mennesker*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Holme, Idar M. og Bernt K. Solvang (1996): *Metodevalg og metodebruk*. Oslo: Tano.
- Hoy, David Couzens (red.) (1986): *Foucault: A Critical Reader*. Oxford: Basil Blackwell.
- Huitfeldt, Iver (1987): "Fra kriminalpolitisk behandling til sosialpolitisk resosialisering" i *Forbrytelse og straff* redigert av Bjørn Storedrange. Oslo: Universitetsforlaget.
- Järvinen, Margaretha og Margareta Bertilsson (red.) (1998): *Socialkonstruktivisme. Bidrag til en kritisk diskussion*. København: Hans Reitzels Forlag.
- Johansen, Kjell Eyvind og Arne Johan Vetlesen (1996): *Etikk – i historie og samtid*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Klingsheim, Ranveig (2002): "Tvetydigheter og skillelinjer – En studie av metadondebatten i Norge fra 1980-2000". Hovudfagsoppgåve ved administrasjon- og organisasjonsvitskap. Universitetet i Bergen.
- Kolnar, Knut (1999): "Vold, sex og identitet" i *Normalitet og identitetsmakt i Norge. Makt- og demokratiutredningen 1998-2003*, redigert av Siri Meyer og Thorvald Sirnes, 133-169. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Krippendorff, Klaus (1980): *Content Analysis. An Introduction to its Methodology*. London: Sage Publications.
- Laclau, Ernesto og Chantal Mouffe (1985): *Hegemony & socialist strategy: towards a radical democratic politics*. London: Verso.
- Langelid, Torfinn (1982): "Straff og pedagogikk – To sosialiseringssystem i konflikt?" Hovudfagsoppgåve i historie. Universitetet i Oslo.
- Langelid, Torfinn (1995): "Kognitive metodar i fengsla" i *Spesialpedagogikk*, nr. 9:1995: 3-9.
- Loga, Jill M. (1998): "Mellom 'erfaring' og 'kategori'. En studie av kirkeasylets aktualisering i Norge". Hovudfagsoppgåve i administrasjon- og organisasjonsvitskap. Rapport nr. 67 (1998). Universitetet i Bergen.
- Loga, Jill M. og Thorvald Sirnes (2000): "Verdier under en ny regjering" i *Morgenbladet*, nr. 15/16/2000.
- Lund-Isaksen, Erik (1996): "Påvirkningsprogrammer – et element i etatsutviklinga" i *Aktuelt for kriminalomsorgen*, nr. 2/1996: 3-5.
- Mathiesen, Thomas (1987): *Kan fengsel forsvares?* Oslo: Pax.

- Mathiesen, Thomas (1992): *Det uferdige: tekster om opprør og undertrykkelse*. Oslo: Pax.
- Mathiesen, Thomas (1993): *Makt og medier. En innføring i mediesosiologi*. Oslo: Pax.
- Melvold, Håkon (1997): "Programvirksomheten i anstaltene, tiltakenes sammenheng og utfyllende effekt" i *Aktuelt for kriminalomsorgen*, nr. 2/1997: 6-7.
- Meyer, Siri (1999): "Identitetsmakt i Norge" i *Normalitet og identitetsmakt i Norge. Makt og Demokratiutredningen 1998-2003*, redigert av Siri Meyer og Thorvald Sirnes, 9-29. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Mills, Sara (1993): *Discourse*. London: Routledge.
- Neumann, Iver B. (2001): *Mening, materialitet, makt: En innføring i diskursanalyse*. Oslo: Fagbokforlaget.
- Nesvik, Stig (2001): "Ikke-residiv som suksesskriterium. En kritisk analyse av bruken av metaanalyser i kriminalomsorgsvirksomhetens behandling av tilbakefallsproblematikken". Hovedoppgåve i sosiologi. Universitetet i Oslo.
- Olaussen, Leif Petter (1976): "Avspeiler straffen arbeidsmarkedssituasjonen?" i *Sosiologi i dag*, nr. 4/1976.
- Repstad, Pål (1998): *Mellom nærhet og distanse. Kvalitative metoder i samfunnsfag*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Risøy, Sølvi Marie (1999): "Mot normalt? Landsforeningen Rettferd for Taperne og den norske taperdiskursen". Hovedfagsoppgåve i administrasjon- og organisasjonsvitenskap. Rapport nr. 71 (1999). Universitetet i Bergen.
- Robinson, David (1995): "The Impact of Cognitive Skills Training on Post-Release Recidivism among Canadian Federal Offenders". Research report.
- Rusche, Georg og Otto Kirchheimer (1939): *Punishment and social structure*. New York: Russel and Russel.
- Sandmo, Erling (2000): "Farlige forbindelser – om 1600-tallet, kommunitarismen og Verdikommisjonen" i *Bidrag til verdienes historie* redigert av Tor Egil Førland. Oslo: Pax.
- Sandmo, Erling (1999): *Voldssamfunnets undergang. Om disiplineringen av Norge på 1600-tallet*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Schaanning, Espen (1992): *Kommunikative maktstrategier. Rapporter fra et tårn*. Oslo: Spartacus forlag.
- Schaanning, Espen (1993): *Modernitetens oppløsning. Sentrale skikkelser i etterkrigstidens idéhistorie*. Oslo: Spartacus forlag.

- Schaanning, Espen (1994): *Den onde vilje. En kriminal-filosofisk pamflett*. Oslo: Spartacus forlag.
- Schaanning, Espen (1997): "Foucaults intervensjon i strafferetten" i *ARR Idèhistorisk tidsskrift*, nr. 3/1997: 66-89.
- Schaanning, Espen (1997): *Vitenskap som skapt viten. Foucault og historisk praksis*. Spartacus forlag.
- Sennet, Richard (1992): *Intimitetstyranniet*. Oversett av Eivind Tjønneland. Oslo: Cappelens Forlag AS.
- Sirnes, Thorvald (1999): "Alt som er fast, fordamper?" i *Normalitet og identitetsmakt i Norge. Makt- og Demokratiutredningen 1998-2003* redigert av Siri Meyer og Thorvald Sirnes, 29-76. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Skårderud, Finn (1998): *Uro. En reise i det moderne selvet*. Oslo: Aschehoug.
- Skjørten, Kristin (1997): "A new start? A critical look at "cognitive skills"". Seminarinnlegg på NSfK sitt kontaktseminar 21.-22. mai 1997.
- Sti, Hilde (1998): "Kognitiv mestringstrening for fengselsinnsatte". Hovedfagsoppgåve i psykologi. Universitetet i Bergen.
- Storedrange, Bjørn (red.) (1987): *Forbrytelse og straff. Ulike kriminalitetsforebyggende strategier*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Trippestad, Tom Are (1999): "Som man reder, ligger man" I *Normalitet og identitetsmakt i Norge. Makt- og Demokratiutredningen 1998-2003* redigert av Siri Meyer og Thorvald Sirnes, 187-218. Oslo: Ad Notam Gyldendal.
- Vetlesen, Arne Johan (1996): *Nærhetsetikk*. Oslo: Gyldendal.
- Vårdal, Jan (1993): "Det ubevisste i kunnskapen og samfunnet: Michel Foucault". Hovedfagsoppgåve i filosofi. Universitetet i Bergen.
- Weber, Max (1971): *Makt og byråkrati*. Innleiing og utval av Egil Fivelsdal. Oslo: Gyldendal.
- Wikstrøm, S. (hovedred.) og H. Rønning (red.) (2001): *Caplex leksikon*. Oslo: Cappelens forlag.
- Øiern, Tone (2000): "Ny Start i arbeidslivet" i *Rus & Avhengighet*, nr. 1/2000: 26-27.
- Østlie, Jan-Erik (2000): "Minske problemene, ikke øke dem" i *Rus & Avhengighet*, nr. 1/2000: 11-15.

## Offentlege dokument:

Brev til høringsinstansene frå JD, datert 05.10.2001: ”Høring – forslag om sentrale føringar og faglige retningslinjer for kriminalomsorgens vidare utvikling av klientrettete tiltak”.

Evaluering av fengselsundervisninga. Tilbodsdokument 1999. Kyrkje-, utdannings- og forskningsdepartementet/Statens utdanningskontor i Hordaland.

Høringsuttalelse datert 22. desember 2001: ”Høringsuttalelse om sentrale føringar og faglige retningslinjer for kriminalomsorgens vidare utvikling av klientrettete tiltak”, KROM.

Innst.O. nr.60 (2000-2001) Innstilling fra justiskomiteen om lov om gjennomføring av straff mv. (straffegjennomføringsloven).

Innst.S nr.192 (1991-92) Innstilling fra Justiskomiteen om bekjempelse av kriminalitet.

Innst.S. nr.6 (1998-99) Innstilling fra Justiskomiteen om kriminalomsorgen.

Innst.S. nr. 113 (1999-2000) Forslag fra stortingsrepresentant Tor Nymo om å utrede tiltak for å styrke voldsofrenes rettigheter.

Lov om Fengselsvesenet av 12.12.1958, nr 07 (Fengselsloven).

Lov om gjennomføring av straff mv. av 18.05.2001 (Straffegjennomføringsloven), ( i kraft 1. mars 2002).

Lov om særreaksjonar av 17.01.1997, nr. 11 (i kraft 1. januar 2002 iflg. lov 15. juni 2001 nr. 64).

Notat udatert, juni 2001: ”Sentrale føringar og faglige retningslinjer for kriminlaomsorgens vidare utvikling av klientrettete tiltak”. Til kriminalomsorgas etatsleiing frå ei arbeidsgruppe, JD.

NOU 1997:11 Lov om kriminalitetsofferfond.

Ot.prp. nr.4 (2000-2001) Om lov om erstatning fra staten for personskade voldt ved straffbar handling m.m.

Ot.prp. nr.72 (1989-90) Endringer i straffeloven mv (samfunnstjeneste).

Prosjektplan ”Ny Start”, februar 1996. Kriminalomsorgsavdelingen.

Rapport frå besøk i canadisk kriminalomsorg, januar 1993.

St.meld. nr.23 (1991-92) Om bekjempelse av kriminalitet. Justis- og politidepartementet.

St.meld. nr.25 (1996/97) Om psykiske lidelser og tjenestetilbudet. Sosial- og helsedepartementet.

St.meld. nr.27 (1997-98) Om kriminalomsorgen. Justis- og politidepartementet.

Stortingsdebatt 12.06.1992. Stortinget.

Stortingsdebatt 22.10.1998. Stortinget.

### **Avisartiklar:**

Bergens Tidende	18.06.1996	”Tenkehjelp for fanger”
Dagbladet	09.08.1996	”To av tre tatt for nye forbrytelser”
Bergens Tidende	16.05.1997	”Ny Start for fengselsfugler”
Aftenposten	12.03.1998	”Lover nye tiltak i psykiatrien”
Aftenposten	12.03.1998	”Psykiater kritisk til tidlig utskriving”
Aftenposten	12.03.1998	”Psykiatrisk pasient siktet for drap”
Aftenposten	12.03.1998	”-Vurdering av sinnslidende for dårlig”
Bergens Tidende	12.03.1998	”Det skrekkelige døgnet”
Bergens Tidende	12.03.1998	”Evakuert”
Bergens Tidende	12.03.1998	”Mer penger kommer”
Bergens Tidende	12.03.1998	”Må ikke isoleres”
Bergens Tidende	12.03.1998	”-Reell livstid for politidrap” (nettversjon)
Bergens Tidende	12.03.1998	”Siktet for forsettelig drap”
Bergens Tidende	12.03.1998	”Våpenloven i nytt lys”
Dagbladet	12.03.1998	”Meid ned i nattemørket”
Dagbladet	12.03.1998	”Politiaksjonen som gikk galt”
Dagbladet	12.03.1998	”Politidrapene på Helgeland” (leiar)
Dagbladet	12.03.1998	”Jeg vet ikke hvem jeg er”
Dagbladet	12.03.1998	”Ofrene”
Dagbladet	12.03.1998	”Skuddene lammet øya”
Aftenposten	13.03.1998	”Ikke utslag av ressurskrisen”
Aftenposten	13.03.1998	”Politimennene skutt i hodet på nært hold”
Aftenposten	13.03.1998	”Sykehuset: Full selvransakelse”
Aftenposten	13.03.1998	”Øyboerne søker trøst hos hverandre” (nettversjon)
Bergensavisen	13.03.1998	”Tid for ettertanke” (leiar)
Bergens Tidende	13.03.1998	”Bak tragedien” (leiar)
Bergens Tidende	13.03.1998	”Blomsterhav hos politiet”
Bergens Tidende	13.03.1998	”Forbrytelser umulig å forutsi”
Dagbladet	13.03.1998	”Angrer du, Krohn Devold?”
Dagbladet	13.03.1998	”-Vi laget mat og drakk pils”
Dagbladet	15.03.1998	”46-åringen skjøt for ikke å bli tvangsinnlagt”
Dagbladet	16.03.1998	”Ikke resultat av smitteeffekt”
Dagbladet	16.03.1998	”Krafttak for psykiatrien” (leiar)
Aftenposten	18.03.1998	”Fengsel feil for sinnslidende”
Dagbladet	19.03.1998	”Samboeren til 46-årig drapssiktet refser psykiatrien. Han er verdens snilleste mann”.
Aftenposten	20.03.1998	”Fagfolk har sin del av skylden”
Aftenposten	22.03.1998	”Psykiater: Medie-fokusering fører til smitteeffekt”
Aftenposten	23.03.1998	”Brolagt med gode forsetter” (kommentar)
Aftenposten	23.03.1998	”Fra dårekiste til dagsenter”

Aftenposten	23.03.1998	”Skyteepisodene er ingen voldsbølge” (nettversjon)
Dagbladet	23.07.1998	”-Ikke sinnssyk”
Dagbladet	24.11.1998	”21 års fengsel”
Bergens Tidende	04.10.1998	”Sykkylven-drapet: Ba om å bli innlagt”
Dagbladet	04.10.1998	”Hardt skadd etter gjengsslagsmål”
Dagbladet	04.10.1998	”Kvinne (24) drept i Sykkylven i natt”
Dagbladet	05.10.1998	”Nina fryktet å bli drept”
Verdens Gang	04.10.1998	”Kvinne funnet drept i natt”
Aftenposten	05.10.1998	”Forsøkt fengslet i juli – drepte samboeren lørdag”
Bergens Tidende	05.10.1998	”Siktet for drap på 24-årig kvinne”
Sunnmørsposten	05.10.1998	”Ville ha drapsmannen fengsla alt i sommar”
Sunnmørsposten	06.10.1998	”For sjuk til å møte i retten”
Verdens Gang	05.10.1998	”Drepte kjæresten”
Verdens Gang	05.10.1998	”Eksplodivt forhold”
Aftenposten	06.10.1998	”Fengslet for drap på samboer”
Verdens Gang	06.10.1998	”Tvangsinnlagte må vente tre uker på lege”
Verdens Gang	06.10.1998	”Vennen sjekkes”
Verdens Gang	07.10.1998	”Hodet fullt av stemmer”
Aftenposten	08.10.1998	”Individets integritet og psykiatriens galskap” (kronikk)
Verdens Gang	04.11.1998	”-Han var sinnssyk”
Dagbladet	24.11.1998	”Austbø-drapene: 21 års fengsel”
Aftenposten	02.03.1999	”Angstbølgen og tallenes tale”
Aftenposten	07.10.2000	”Mann tok 12-åring som gissel”
Bergensavisen	07.10.2000	”Lykkelig slutt på gisseldrama”
Bergens Tidende	07.10.2000	”12-åring reddet i siste sekund”
Dagbladet	07.10.2000	”Gisseltaker skutt”
Verdens Gang	07.10.2000	”Tok 12-åring som gissel – skutt ned”
Bergensavisen	08.10.2000	”-Gard har det helt utmerket”
Bergens Tidende	08.10.2000	”12-åringen var tilfeldig offer”
Dagbladet	08.10.2000	”Gutten et tilfeldig gissel”
Verdens Gang	08.10.2000	”Gisseltageren truet med motorsag”
Bergensavisen	09.10.2000	”Gisseltakeren sonet sikring. Sandviken sykehus innrømmer glipp”
Bergensavisen	09.10.2000	”Han ble skjekket ukentlig”
Bergensavisen	10.10.2000	”Han ville voldta og drepe den 32 år gamle husverten”
Bergensavisen	10.10.2000	”-Vi kunne ikke spå dette”
Bergens Tidende	10.10.2000	”Norsk kriminalpolitikk – på gjerningsmannens side?” (kronikk)
Bergens Tidende	10.10.2000	”Sjekket ikke husets beboere”
Bergens Tidende	10.10.2000	”-Ufattelig at det kunne skje”
Verdens gang	10.10.2000	”Desperat kamp for å berge livet”
Verdens Gang	10.10.2000	”Innrømmer ingen feil”
Verdens Gang	10.10.2000	”Tiet om voldsdom”
Bergensavisen	11.10.2000	”Elleve tikkende bomber som huseierne ikke kjenner til”
Bergens Tidende	11.10.2000	”Forsøkte å drepe politimann”
Bergens Tidende	11.10.2000	”Justisminister vil ha varsling”
Bergens Tidende	11.10.2000	”Sinnssyk pedofil på åpen sikring”
Bergens Tidende	11.10.2000	”Skremt og opprørt”
Bergensavisen	12.10.2000	”De blir truet hver uke”
Bergens Tidende	12.10.2000	”Dramaet minutt for minutt”

Bergens Tidende	12.10.2000	”-Gi sikringsdømte kommunale boliger”
Bergens Tidende	12.10.2000	”Kan dømmes til terapi”
Bergensavisen	13.10.2000	”Huseierforeningen lei av fyll og trusler”
Verdens Gang	13.10.2000	”Stemmene ber ham drepe”
Bergensavisen	14.10.2000	”-Urimelig leieboer-skjekk”
Bergensavisen	14.10.2000	”-Urimelig leieboerskjekk”
Bergens Tidende	17.10.2000	”-Blir sykere i fengselet”
Aftenposten	17.10.2000	”Sv og Frp enige etter kniv-drama i Bergen: -Utleier bør få vite at leietager er sikringsdømt”
Bergensavisen	18.10.2000	”Offer for knivdrama. 29-åring hentet tilbake fra frisikring etter Landås-dramaet”
Bergens Tidende	19.10.2000	”Utleier får vite om kriminelle”
Bergens Tidende	20.10.2000	”For langt” (leiar)
Bergens Tidende	20.10.2000	”Sikring fungerer ikke”
Bergens Tidende	28.10.2000	”-Tar meg på grunn av gisselsaken”
Bergensavisen	31.10.2000	”-Har rømt flere ganger tidligere. Jevnlige fluktforsøk fra lukket avdeling”
Bergensavisen	31.10.2000	”Sikringsfangene klager på ledelsen ved Sandviken”
Bergensavisen	04.11.2000	”Nå skal de advares”
Bergens Tidende	30.11.2001	”Gisseltaker tiltalt for to drapsforsøk”
Bergens Tidende	29.12.2001	”Kan få forvaring på livstid”
Bergens Tidende	21.01.2002	”Drev kampanje for å felle Jagland”
Bergens Tidende	06.02.2002	”Dette er forvaring”
Bergens Tidende	19.04.2002	”-Gamblet med gisselets sikkerhet”
Bergensavisen	25.04.2002	”12 års forvaring for gisseltaker” (nettversjon)
Bergens Tidende	25.04.2002	”Dømt for drapsforsøk - frikjent for gisseltaking” (nettversjon)

## Internettsider:

<http://home.online.no/~vegma/innhold.html>

<http://webatekst.aftenposten.no>

<http://www.hf.uio.no/ff/filologen/99-2/denandre.html>

<http://www.jussnettavis.no/news>

<http://www.odin.dep.no/jd>

<http://www.presse.no/varsom.asp>

[http://www.vg.no/din\\_verden/html/filosofi9.html](http://www.vg.no/din_verden/html/filosofi9.html)

<http://folk.uio.no/annl/amnesty.html>



## **Intervju:**

Intervju med Leif Waage, fengselspsykolog og regionsdirektør for Kriminalomsorga, region Vest-Norge, 04.04.2001

Intervju med Torfinn Langelid, rådgjevar og leiar for fengselsundervisinga ved Statens utdanningskontor i Hordaland (SU-H), 06.04.2001

Intervju med Ane Sofie Tømmerås, Stortingsrepresentant for Ap, 02.05.2001

Intervju med Jan Simonsen, Stortingsrepresentant for Frp (den gong), 02.05.2001

Intervju med Kristin Krohn Devold, Stortingsrepresentant for H og leiar for justiskomiteen, 03.05.2001

Intervju med Herdis Dugstad, kriminolog, 03.05.2001

Intervju med Asbjørn Langås, Avdelingsdirektør ved Kriminalomsorgsavdelinga, Justisdepartementet, 03.05.2001

## **Anna:**

K7 Bulletin, studentavisa ved Noregs Handelshøgskule, 01/2002

*Nordisk Kriminologi*, nr. 1/2002

Rekommendasjon nr. R (89) 12 (1989): "Opplæring i fengsel", vedteke av Europarådet sin Ministerkomité. Strasbourg.